# Årsmelding 2024
# Volda Kommune

# Kommunedirektøren si innleiing

Volda kommune har fødselsoverskot med 28 personar. Innbyggjartalet var ved avslutning av året på 11131. I kommuneplanen er det ein medveten strategi for tilrettelegging av arbeidsplassar, busetting og bulyst. Næringsområda er utbygde og vi har resultert i at vi har måtta setje i gang ei analyse for å finne løysingar på meir næringsareal. På Grodås og i sentrumsområdet i Volda er det i den siste tida bygt ut fleire leilegheiter og kommunen har både bygt ut og er i ferd med å byggje ut nye bustadfelt. Volda kommune har over tid lagt til rette for auka bulyst. Voldabadet og Volda samfunnshus med ny kino, ungdomsklubb og allbrukslokale er dei to prosjekta som gjekk mot ferdigstilling i løpet av fjoråret. Som vertskommune for regionale funksjonar som høgskule og sjukehus kviler det eit ansvar for at vi er attraktive nok for framtidig rekruttering som er avgjerande for framtida for desse institusjonane. Det gjeld også næringslivet. Gjennom fjoråret har Volda kommune også vore involvert i prosjektet Aasenkvartalet. Prosjektet som selskapet Sisa Invest AS står bak utvikla seg frå eit romprogram for kontor til Høgskulen i Volda, bank, Norsk Innovasjonssenter, kultur- og konferansescene på 5 000 kvadratmeter til eit prosjekt på 14 000 kvadratmeter med hotell og større utleigeareal til helseaktørar mv.

Den geopolitiske utviklinga prega oss også siste året. Renta har halde seg stabilt høg. Vi har hatt auka fokus på beredskap med særleg risiko knytt til dataangrep. Endring i klimaet med mildare og våtare vær har gjort at vi også i 2024 har sett beredskap når vegar vert stengde og grendesamfunn isolerte. Vi busette bortimot 100 flyktningar i fjor. Etter fleire år med høg busetting har dette ført til press på tenestene. Dette gjeld særleg i skulen og i legetenesta. Det vert gjort ein stor innsats blant dei tilsette for å gi både innbyggjarane og flyktningane tilstrekkelege tenester. Det er også positivt at vi om lag 30 % av flyktningane som er busett siste året har kome i ulike former for arbeidsmarknadstiltak og arbeid.

Vi ser at utgiftene til sosialhjelp har høg auke også i fjor. Mykje av denne veksten er relatert til flyktningar som ikkje har kome over i arbeid og tiltak enda. Erfaringane frå både i fjor og åra før viser det vert viktig å styrke den sosiale berekrafta i samfunnet. Det er eit tankekors at 228 personar mellom 15 og 29 år i Volda er utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak.

Det er ein vekst i talet på barn og unge som strevar med si psykiske helse. Dei statlege reformene har gitt kommunane større ansvar for å tilby hjelp og behandling. Eit viktig tiltak er etableringa av seksjon for familie- og ungdomsstøtte som ligg i ny avdeling for barn og familie under oppvekstsektoren.

Den lenge varsla situasjonen med aukande andel eldre i høve til yrkesaktive har begynt å slå til. Aldersbereevnen: 2004 ca 3,5 ca 2,8 og 2040 ca 2,4 Tal i yrkesaktiv alder (20 – 64 år pr eldre over 65 år. Det vert større vanskar med å rekruttere folk. I helse- og omsorgssektoren er dette særleg krevjande. Vi får ikkje fylt opp årsverka med faste tilsette. Dette resulterer i høge utgifter til vikarar og overtid. Ressursane kunne vore utnytta betre med fast personell, og tenestene vil verte betre med meir stabilitet. Løysinga på dette er meir heiltid blant turnustilsette. Det har vore jobba tett med heiltidskultur gjennom heile fjoråret med sjukeheimen i Hornindal og Kleppevegen i bu og habilitering som pilotar. Årsturnus med utgangspunkt i brukarane sine behov og større stillingar i heile helse- og omsorgssektoren er ei stor omstilling. Det tek tid involvere alle leiarane og tilsette til å få felles forståing og eigarskap til dette som felles beste løysing og bryte med innarbeidde rutinar og individuelle rettar. Full effekt får vi først når vi får sentralisert turnusplanlegginga ved bruk av digitale løysingar. I heiltidserklæringa til Volda kommune sette vi som mål å auke andelen heiltid med 5 % kvart år fram til at heiltid er dominerande i alle sektorane. I 2023 hadde var gjennomsnittleg stillingsstorleik for alle tilsette 75,5%, i 2024 har denne auka til 77 %. I 2023 var gjennomsnittleg stillingsstorleik i helse og omsorg 69 %, i 2024 var denne auka til 72 %. I 2023 var det 21 % av tilsette i helse- og omsorg som gjekk deltid, i 2024 har dette auka til 27 %. Tala for helse og omsorg inkluderer alle som går dagstilling og

leiarar i 100 % stilling. Vi har enda ikkje fått tal for heiltid for turnustilsette, og det er først når desse tala kjem vi kan seie om vi verkeleg er på rett spor.

Det er nasjonale føringar på at kommunane bør nytte digitalisering for å drifte tenestene med redusert tilgang på arbeidskraft. I den interkommunale legevakta er det innført digital heimeoppfølging. I helse- og omsorgstenesta vert digitalisering mellom anna nytta for å forenkle rapportskriving og sensorar nytta for å gi auka tryggheit.

Sjukefråværet auka i fjor og er på eit for høgt nivå. Det vil seie at i overkant av 90 årsverk har vore borte frå jobb kvar dag på grunn av sjukefråvær. Forsking viser at ca. 30 % av sjukefråværet er relatert til arbeidet. Det er etablert betre rutinar og system for å følgje opp sjukefråværsarbeidet. Vidare er det retta sterkt fokus på kartlegging av risikofaktorar for å førebyggje og utvikle arbeidsmiljøet på arbeidsplassane. På turnusarbeidsplassar er i tillegg organisering av arbeidet og arbeidstidsordningar med årsturnus grunnleggjande for å auke stabiliteten og styrke arbeidsmiljøet.

På grunn av gode rutinar kunne rekneskapen også i år leverast tidleg for fjoråret. Å vere tidleg ute er ein del av økonomistyringa for å sjå historikken opp mot rapportering og styring gjennom budsjettåret. Vi fekk overforbruk på ca. 11 millionar. Vi hadde om lag 2 millionar i mindreforbruk i sektorane, men vi fekk 13 millionar mindre i frie inntekter, dvs. skatteinntekter og rammeoverføring frå staten. Etter ti år med meirskatteinntekter får vi no ein korreksjon der vi får mindre vekst i dei frie inntektene. Ei lang periode med meirskattevekst og låg rente har gjort at kommunane rundt omkring i landet fekk mindreforbruk (positive driftsresultat) og kunne byggje opp disposisjonsfond. Dette gjeld også Volda kommune. I 2024 budsjetterte Volda kommune med å bruke 28 millionar av disposisjonsfondet. Ettersom vi fekk eit meirforbruk vert bruken av disposisjonsfondet 39 millionar. Med andre ord vi hadde ei drift som var 39 millionar høgare enn inntektene. Vi tømer fondet i løpet av tre til fire år og må omstille for å tilpasse drifta til inntektene.

Volda er saman med Asker og Bærum dei tre beste kommunane i landet på verksemdstyring. Heilskapleg verksemdstyring handlar om å ha ein raud tråd frå kommunestyret sine målsettingar i samfunnsplanen, gjennom kommunedel- og temaplanar og til økonomiplan- og budsjett, der måla, tiltaka og oppdraga vert følgt opp gjennom gode system og rutinar gjennom året. Verksemdsytinga byggjer på planverket og er kopla til leiing og organisasjonsutvikling der vi brukar digitale verktøy til å skaffe oss god styringsinformasjon og gjere informasjonen meir tilgjengeleg.

Volda kommune forvaltar store økonomiske og menneskelege ressursar. Vi har moglegheiter for å omstille oss og møte framtidas utfordringar. Ein styrke for å lykkast er at vi har godt samarbeid mellom politikarane, administrasjonen og dei tilsette.

Rune Sjurgard

kommunedirektør

# Organisasjon

## Organisasjonskart




## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Administrasjonsstab | 9,80 | 0,74 | 0,20 | 10,74 |
| Oppvekst | 372,35 | 36,35 | 28,09 | 436,79 |
| Samfunnsutvikling | 99,83 | 1,96 | 0,72 | 102,51 |
| Helse og Omsorg | 309,51 | 18,20 | 11,77 | 339,48 |
| Personal | 6,23 | 0,00 | 22,54 | 28,77 |
| Økonomi | 6,01 | 0,75 | 0,00 | 6,76 |
| **Total** | **803,73** | **58,00** | **63,32** | **925,05** |

## Status årsverk

Årsverk-rapporten i Framsikt var ny i 2024. Vi har brukt litt tid på å finne ut kva type stillingar som skal vere med, og kva rapporten faktisk fortel og korleis vi skal bruke den.

Totalt har vi brukt 925,5 årsverk i 2024. Av desse var 803,73 fast tilsette. Dei øvrige var vikarar av ulike slag.

I 2024 starta vi med årsverksrapportering, og vi ser veldig tydeleg at permisjonar, sjukefråvær og vakansar til saman utgjer ei stor problemstilling for oss. Berre sjukefråværet aleine betyr at over 90 årsverk er vekke frå jobb kvar dag gjennom året. Mange leiarar melder at dei nyttar store deler av sin

arbeidskvardag med å skaffe vikarar, og når vi har store rekrutteringsutfordringar på kritiske stillingar i tillegg,  er dette eit område som må følgast tett framover. I 2025 vert det enda tettare fokus på oppfølging av årsverk og rekruttering.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 994 | 324 | 257 | 67 | 556 | 188 |

## Likestilling - Løn

| | Antall ansatte | | Årsverk | | Kjønnsfordeling i % | | Gj.snitt årslønn | | Kvinner si gjennomsnittlege løn i prosent av menn si løn | Gj.snitt stillingsprosent | | Gj.snitt ansiennitet | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **KS stillingsgruppe** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| Kap 3 - Ledere kap. 3.4.1 | 2 | 5 | - | - | 28,6 % | 71,4 % | - | - | - | - | - | - | - |
| Kap 3 - Ledere kap. 3.4.2 | 29 | 13 | 23 | 11 | 69,0 % | 31,0 % | 803 841 | 880 918 | 91,3 % | 46,7 % | 39,4 % | 30 | 25 |
| Kap 3 - Ledere kap. 3.4.3 | 38 | 14 | 34 | 12 | 73,1 % | 26,9 % | 705 846 | 706 839 | 99,9 % | 42,4 % | 41,2 % | 28 | 25 |
| Kap 4 - Stillingskoder for arbeidsleder/formann, leder og fagleder | 16 | 20 | 12 | 6 | 44,4 % | 55,6 % | 633 661 | 575 111 | 110,2 % | 28,0 % | 11,6 % | 25 | 27 |
| Kap 4 - Stillinger uten særskilt krav til utdanning | 200 | 74 | 102 | 40 | 73,0 % | 27,0 % | 437 862 | 442 278 | 99,0 % | 19,9 % | 25,0 % | 17 | 14 |
| Kap 4 - Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger | 191 | 83 | 137 | 29 | 69,7 % | 30,3 % | 494 727 | 498 647 | 99,2 % | 24,7 % | 13,0 % | 24 | 22 |
| Kap 4 - Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning | 4 | 0 | - | 0 | 100,0 % | 0,0 % | - | 0 | - | - | 0,0 % | - | 0 |
| Kap 4 - Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning | 310 | 61 | 230 | 41 | 83,6 % | 16,4 % | 570 577 | 571 524 | 99,8 % | 26,6 % | 22,4 % | 17 | 17 |
| Kap 4 - Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning | 73 | 10 | 57 | 8 | 88,0 % | 12,0 % | 612 554 | 613 117 | 99,9 % | 27,5 % | 30,5 % | 20 | 20 |
| Kap 4 - Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillinger med krav om 5-årig U/H-utdanning | 82 | 28 | 68 | 26 | 74,5 % | 25,5 % | 646 905 | 641 749 | 100,8 % | 27,4 % | 27,4 % | 19 | 18 |
| Kap 4 - Lektor og Stillinger med krav om mastergrad | 18 | 2 | 11 | - | 90,0 % | 10,0 % | 677 787 | - | - | 35,1 % | - | 14 | - |
| Kap 4 - Lektor med tilleggsutdanning | 14 | 7 | 12 | 6 | 66,7 % | 33,3 % | 690 161 | 702 771 | 98,2 % | 36,5 % | 50,0 % | 16 | 17 |
| Kap 5 | 31 | 19 | 22 | 14 | 62,0 % | 38,0 % | 797 403 | 819 379 | 97,3 % | 39,1 % | 33,2 % | 20 | 5 |
| Kap 5 - Stillingskoder for ledere | 0 | 2 | 0 | - | 0,0 % | 100,0 % | 0 | - | - | 0,0 % | - | 0 | - |

| | | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kap 5 - Utdanningsstillinger | 3 | 4 | - | - | 42,9 % | 57,1 % | - | - | - | - | - | - | - |
| Andre stillinger | 7 | 7 | 2 | 1 | 50,0 % | 50,0 % | 462 892 | 411 796 | 112,4 % | 11,2 % | 5,0 % | 31 | 21 |
| Andre stillinger - Utdanningsstillinger | 25 | 5 | 17 | - | 83,3 % | 16,7 % | 423 486 | - | - | 36,0 % | - | 1 | - |
| **Total** | **994** | **324** | **733** | **205** | **75,4 %** | **24,6 %** | **554 365** | **570 305** | **97,2 %** | **77,3 %** | **65,6 %** | **19** | **18** |

# Status likestilling

## Status likestilling

Med grunnlag i likestillings- og diskrimineringslova § 1 har arbeidsgjevar ei plikt til å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å skape meir likestilling og hindre diskriminering på arbeidsplassen. Volda kommune er IA-verksemd.

Heilt sida ny kommune vart etablert har vi hatt dokumenterte forventingar til leiarskapen i organisasjonen vår. I 2024 kom det vi har kalla ein medarbeidarplattform, der tilsvarande forventningar til alle tilsette er skissert. Felles for begge desse er nokre forventingar til ønska veremåte, der vi blant anna sei:

“I Volda har vi nulltoleranse mot mobbing og trakassering. Vi unngår uttrykk, vitsar eller meiningar som rettar seg mot kjønn, graviditet, etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, alder eller funksjonsnedsetting på ein negativ måte."

Lønspolitikken er eit anna viktig verkty, samt at all lønsfastsetting utafor garantilønn i HTA er delegert til personalsjef. Dette gjer at lønsfastsetting vert føreseieleg og at ein ser heile organisasjonen under tet, og reduserer risiko for uønskt forskjellar.

Prosedyre for rekruttering er også med på å kvalitetssikre prosessane ved tilsetting, slik at vi fyl lova og ingen vert diskriminert.

Volda kommune har gode rutinar for å handtere mobbing og trakassering og konfliktar mellom tilsette. Det har ikkje vore personalsaker med mobbing eller trakassering som tema i 2024.

**Lønstabell**

| Justert for | Årstall | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2022 | | 2023 | | 2024 | |
| | Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinners grunnlønn i prosent av menns | Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinners grunnlønn i prosent av menns | Kvinners månedsfortjeneste i prosent av menns | Kvinners grunnlønn i prosent av menns |
| Ujustert | 93,2 | 93,5 | 94,5 | 94,5 | 95,7 | 96,1 |
| Alder | 93,2 | 93,5 | 94,5 | 94,5 | 95,7 | 96,1 |
| Stillingsgruppe | 96,2 | 97,7 | 97,1 | 98,1 | 97,8 | 99,1 |
| Stillingskode | 97,5 | 98,5 | 98,5 | 99,4 | 98,7 | 99,7 |
| Utdanning | 93,1 | 94,0 | 94,8 | 95,5 | 95,9 | 97,2 |

Tabellen viser kvinner si prosentvise grunnløn i høve til menn. Generelt sett ser vi at kvinner si månadsforteneste har auka. Noko som betyr at gapet mellom kvinner og menn si løn har blitt mindre.

Kvinner si samla løn er likevel lågare enn menn si løn. Hovudårsaka til dette er den kjønnsdelte arbeidsmarknaden. Kvinner og menn fordeler seg ulikt på stillingar med ulikt lønsnivå. Tal justert for stillingsgruppe og stillingskode, er dei tala som bør nyttast som mål kjønnsforskjellen, da dei tala i størst grada held utafor den delen av lønsforskjellen som skuldast ulikskapar i yrkesval.

## Heiltidskultur

Prosjekt Heiltidskultur starta opp i 2023, og er eit satsingsområde for heilskapleg organisasjonsutvikling, dokumentert gjennom Kommuneplan 2023-2024, i Helse- og omsorgsplanen 2022-2023 og i Økonomiplan for 2024.

2024 starta med ei stor samling for leiarar, tillitsvalde og verneombod. Samlinga var ei oppfølging av oppstartssamlinga *Kick off 2023,* og hadde tema: *Status i Volda – kva skjedde i 2023, kva har vi gjort, lært og erfart?* I tillegg var same målgruppe invitert til fagkonferanse på Uppheim i mars 2024 *"Når jobben blir for mye".* Tema for dagen var emosjonelle og relasjonelle belastningar, noko som kan ha stor innverknad på om ein maktar å gå i full stilling.

Vi har i 2024 hatt ulike utprøvingar som ny turnus med langvakter på helg ved Hornindal omsorgssenter, og utprøving av Dynamon ved Hornindal omsorgssenter, i alle gruppene i heimetenesta, i Kleppevegen og på Sevrinhaugen. Dynamon er ei KI-basert digital løysing for å forenkle og effektivisere turnusarbeid og identifisere turnusalternativ. Som ledd i dette arbeidet inviterte vi tilsette og leiarar i både Volda og Ørsta til fagdag om turnus og Dynamon i september 2024.

Kleppevegen i avdeling Bu- og habilitering har vore pilot for Tørn Nasjonalt læringsnettverk og bruk av metodikken tenestestyrt bemanningsplanlegging. Det handlar om å organisere arbeidet og arbeidstida basert på brukarane sine behov. Arbeidsgruppa har delteke på 3 nasjonale (digitale) samlingar i 2024 og skal delta på 2 i 2025.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på permisjonspraksisen vår, og ei arbeidsgruppe som ser på kva konsekvensar rekrutteringsstrategi og utlysningspraksis har for å nå målet om å bygge ein heiltidskultur. Begge desse prosjekta skal avsluttast i 2025.

I heiltidserklæringa til Volda kommune sette vi som mål å auke andelen heiltid med 5 % kvart år fram til at heiltid er dominerande i alle sektorane.

I 2023 hadde var gjennomsnittleg stillingsstorleik for alle tilsette 75,5%, i 2024 har denne auka til 77 %.
I 2023 var gjennomsnittleg stillingsstorleik i helse og omsorg 69 %, i 2024 var denne auka til 72 %.
I 2023 var det 21 % av tilsette i helse- og omsorg som gjekk deltid, i 2024 har dette auka til 27 %.

Tala for helse og omsorg inkluderer alle som går dagstilling og leiarar i 100 % stilling. Vi har enda ikkje fått tal for heiltid for turnustilsette, og det er først når desse tala kjem vi kan seie om vi verkeleg er på rett spor.

## Fråvær per tenesteområde

| Tenesteområde | Fråvær 2024 Korttid i % | Langtid i % | Samla fråvær i % | Fråvær 2023 Korttid % | Langtid i % | Samla fråvær i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Administrasjonsstab | 1,27 % | 7,80 % | 9,06 % | 2,36 % | 2,65 % | 5,01 % |

| Tenesteområde | Fråvær 2024 | | | Fråvær 2023 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Korttid i % | Langtid i % | Samla fråvær i % | Korttid % | Langtid i % | Samla fråvær i % |
| Oppvekst | 2,92 % | 6,24 % | 9,15 % | 3,10 % | 5,38 % | 8,49 % |
| Samfunnsutvikling | 2,96 % | 8,16 % | 11,12 % | 2,58 % | 6,38 % | 8,96 % |
| Helse og Omsorg | 3,44 % | 8,10 % | 11,55 % | 3,86 % | 7,01 % | 10,87 % |
| Personal | 2,68 % | 1,65 % | 4,33 % | 2,76 % | 2,29 % | 5,05 % |
| Økonomi | 2,15 % | 0,00 % | 2,15 % | 3,22 % | 4,35 % | 7,57 % |
| Sum tenesteområde | 3,08 % | 6,96 % | 10,05 % | 3,31 % | 6,00 % | 9,30 % |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,11 % | 8,26 % | 11,37 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,31 % | 6,00 % | 9,30 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,08 % | 6,96 % | 10,05 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Det samla sjukefråværet i 2024 var 10,05 %. Sjølv om dette er ein liten nedgang frå 2023, er det likevel høgare enn ønska. Det høge sjukefråværet i Volda kommune er ein del av ein nasjonal trend, og er likt for dei fleste kommunane i området. I ei analyse gjort av NAV psykiske lidingar, luftvegssjukdommar og "long covid" ein stor del av forklaringsbilete. STAMI sei at mellom 30-40 % av sjukefråværet er relatert til arbeidet, og det er dette fråværet vi som arbeidsgivar kan jobbe aktivt med.

I 2024 har vi hatt stort fokus på å auke kvaliteten i det systematiske HMS-arbeidet, slik at vi jobbar førebyggande mot belastningar, sjukdom og skade. Volda kommune nyttar Compilo som sitt kvalitets-system og dokumentarkiv. Her er det i løpet av året gjort store forbetringar, som gjer det lettare for leiarar og tilsette å navigere i systemet og finne relevant HMS-informasjon. Det er jobba tett opp mot AMU for å betre AMU sin rolle og funksjon i HMS-arbeidet og for å sikre at vedtak i AMU kjem ut i organisasjonen og vert iverksett. Det har og vore eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta for opplæring og utføring av ROS-analyser. Alle våre arbeidsplassar skal gjennomføre ei overordna grunnleggande kartlegging av risikofaktorar i arbeidsmiljøet, og i tillegg har fleire tenester andre lovpålagde risikoanalyser dei må gjennomføre. Det er derfor svært viktig at vi har gode verkty for gjennomføring. Dette arbeidet vil fortsette i 2025.

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Internkontroll

Internkontroll og statleg tilsyn

Internkontrollen eller eigenkontrollen for sektor samfunnsutvikling er ein del av heile kommunen si verksemd. Det er ikkje nokon sentralt fastsett mal for internkontrollsystem, og den enkelte kommune må tilpasse dette ut frå eigne behov for å ha god kontroll og setje ambisjonsnivå for kommunen. Sektor for samfunnsutvikling sin status og ambisjonsnivå for internkontrollen vert relatert til pyramide for modenheitsnivå for internkontrollen som vist under.




Skisse internkontroll

Ambisjonsnivået er å setje internkontroll på dagsorden med sikte på at vi ved utgangen av året er på systematisert nivå (gult nivå) og prioritere internkontroll og ROS-analyse i årshjulet.

## Beredskap og samfunnsikkerheit

Beredskapsarbeidet vert gjort i samsvar med årshjulet i kvalitetssystem for beredskap.

Den pågåande sikkerheitspolitiske situasjonen utfordrar beredskapsarbeidet i Norge og lokalt i kommunane. Kommunen må vere budd på å møte trugslar som kan utfordre den kommunale drifta. Særleg er digitale angrep tilhøve som vi må vere oppmerksame på. Kommunen forventar også å sjå resultat av klimaendringar framover som auka nedbør, fare for erosjon, skred, flaum og sterk vind. Dette kan mellom anna føre til bortfall av mobilnett, internett og straum. I juni 2024 godkjente kommunestyret kommunen sin heilskaplege ROS. ROS-rapporten tek føre seg dei nemnde senarioa ovanfor og viser risiko som kommunen har og foreslår tiltak for å redusere konsekvens og sårbarheit. Oppfølging av ROS-rapporten vert gjort i samband med budsjett og økonomiplanprosessen.

Frivillige organisasjonar er viktige samarbeidspartar for totalberedskapen, det vart signert ny samarbeidsavtale med Sanitetslaga i Volda.

Det var ingen alvorlege hendingar knytt til beredskap i Volda i 2024.

# Oppfølging handlingsregler

## KOSTRA hovudtall

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 11,1 % | 7,8 % | 0,6 % | 8,0 % | 9,3 % |
| **Økonomi** | | | | | |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 2,5 % | -2,5 % | -7,7 % | -1,2 % | -1,0 % |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B) | 135,9 % | 140,0 % | 120,5 % | 109,6 % | 100,4 % |

## Finansielle måltall

Volda kommune har definert og vedteke finansielle måltal i budsjettvedtaket. Tabellane “Kostra hovudtall” og “Samla oversikt” viser måltala slik dei ligg i 2021-2023, resultat 2024 amt budsjettal for åra 2025 -2027 basert på budsjettvedtaket.

Dei reelle tala for rekneskapen 2023 ligg ikkje i dei automatiske tabellane i Framsikt men følgjer i tabellen under:

**Resultat finansielle måltal Volda kommune:**

| | Mål | Resultat 2024 |
|---|---|---|
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 1,75 % | -2,0 % |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | < 120 % | 150,3 % |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | > 5 % | 8,6 % |

**Netto driftsresultat** viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at utgifter er trekt i frå. Finansinntekter og –utgifter er ein del av netto driftsresultat. Netto driftsresultat kan nyttast til investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi anbefalar ei netto resultatgrad på 1,75 %.

**Lånegjeld** utover 100 % av kommunen sine samla inntekter gir lågt handlingsrom. For å arbeide mot måltalet betyr det at nye investeringar må vere mindre enn det kommunen kvart år betalar i avdrag.

**Disposisjonsfond** er oppsparte midlar som kommunen fritt kan nytte til finansiering av både drift- og investeringsutgifter. Frå og med rekneskapsåret 2020 skal eit mindreforbruk setjast av til disposisjonsfond, og tilsvarande skal eit meirforbruk finansierast frå disposisjonsfondet.

Dei finansielle måltala skal vere eit styringskompass for kommunestyret for å ivareta sitt overordna økonomiske ansvar og den økonomiske handleevnen over tid. I FN sin berekraftrapport frå 1987 er berekraftig utvikling uttrykt som «utvikling som tilfredsstiller dagens behov utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter til å tilfredsstille sine behov.»

Dersom ein har høg gjeld må ein kompensere med høgare netto driftsresultat. Det inneber i praksis at ein må effektivisere og kutte i drifta for å tole høge kapitalkostnader. Har ein eit stort disposisjonsfond kan ein tære på dette og ev utsetje å effektivisere og kutte i drifta. Dersom ein brukar denne utsettinga til å førebu omstilling og effektivisering i drifta, vil ein kunne ha ei planlagt god økonomistyring. Dersom ein berre utset å omstille og redusere drifta vil ein styre mot ein opplevd krisetilstand.

Volda kommune har høg lånegjeld og vi har eit stykke igjen før vi nærmar oss det finansielle måltalet. I vedteken økonomiplan for år 2025-2028 er det gjort vedtak om at vi dei neste åra skal investere mindre enn det kommunen betalar i avdrag slik at vi på sikt vil nærme oss måltalet. Det å ha ei høg lånegjeld inneber ein risiko når rentene stig og ein må finne dekning for dette i ordinær drift.

## Samlet oversikt

| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter | 1,9 | 1,8 | |
| Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter | 6,6 | 8,0 | |
| Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter | 129,6 | 133,4 | |

## Korrigert netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0 | 0,0 | |
| Resultat/Budsjett | -1,3 | 1,1 | |
| Handlingsregel | 0,0 | 0,0 | |

## Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0 | 0,0 | |
| Resultat/Budsjett | 1,9 | 1,8 | |
| Handlingsregel | 1,8 | 1,8 | |

## Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter




| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0 | 0,0 | |
| Resultat/Budsjett | 6,6 | 8,0 | |
| Handlingsregel | 5,0 | 5,0 | |

## Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter




| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0 | 0,0 | |
| Resultat/Budsjett | 129,6 | 133,4 | |
| Handlingsregel | 120,0 | 120,0 | |

## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar




| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0 | 0 | |
| Resultat/Budsjett | 134 623 | 146 719 | |
| Handlingsregel | 120 000 | 120 000 | |

## Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter




| Indikator | KOSTRA 2021 | KOSTRA 2022 | Regnska |
|---|---|---|---|
| Resultat/Prognose | 0 | 0,0 | |
| Resultat/Budsjett | 5,0 | 6,8 | |
| Handlingsregel | 7,3 | 7,3 | |

# Økonomirapportering drift

## Totaloversikt økonomi

*Beløp i 1000*

| | Opph. bud. | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum generelle driftsinntekter | -958 966 | -976 318 | -963 306 | -13 013 | -1,3 % |
| Netto finansutgifter | 133 265 | 122 480 | 121 959 | 522 | 0,4 % |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | -69 893 | -25 852 | -36 469 | 10 617 | 41,1 % |
| **Til disposisjon** | **-895 594** | **-879 690** | **-877 816** | **-1 874** | **-0,2 %** |
| Administrasjonsstab | 34 776 | 36 831 | 34 238 | 2 593 | 7,0 % |
| Oppvekst | 373 270 | 375 110 | 377 133 | -2 022 | -0,5 % |
| Samfunnsutvikling | 100 057 | 93 915 | 88 345 | 5 570 | 5,9 % |
| Helse og Omsorg | 362 831 | 373 348 | 380 514 | -7 166 | -1,9 % |
| Personal | 15 238 | 15 100 | 14 528 | 572 | 3,8 % |
| Økonomi | 9 422 | -14 615 | -16 942 | 2 328 | 15,9 % |
| **Sum disponering** | **895 594** | **879 690** | **877 816** | **1 874** | **0,2 %** |
| | | | | | |
| **Meirforbruk +/mindreforbruk -** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0,0 %** |

Volda kommune sitt rekneskap viser eit negativt netto driftsreultat på 33,4 mill kroner. Dette er omlag 11 million dårlegare enn budsjettert.

| **Driftsrekneskap** | | | | |
|---|---|---|---|---|

| Tal i 1 kroner | Endeleg Rekneskap 2024 (etter strykningar) | Rekneskap før strykningar | Revidert budsjett vedtatt av kommune-styret | Opprinneleg budsjett 2024 |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **Netto driftsresultat** | **33 398 269** | **33 398 269** | **28 358 729** | **72 337 465** |
| Avsetninger til bundne driftsfond | 14 584 237 | 14 584 237 | 11 391 281 | 0 |
| Bruk av bundne driftsfond | -9 120 565 | -9 120 565 | -11 886 230 | -4 343 983 |
| Overføring til investering* | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 0 |
| Avsetning til disposisjonsfond ihht årsbudjsett og fullmakter | 0 | 44 879 866 | 44 374 241 | |
| Bruk av disposisjonsfond ihht årsbudjsett og fullmakter | -38 961 941 | -72 843 646 | -72 338 021 | -67 993 482 |
| Budsjettert dekning av tidligere års merforbruk | 0 | | | |
| **Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykningar)** | **0** | **10 998 161** | **0** | **0** |

Hovudårsaka til at rekneskapen avviker 11 million mot budsjett handlar om ein reduksjon i forventa tilskot gjennom dei Frie inntektene. Her har vi mottatt 13 million Minde enn budsjettert. Dette vert nærare omtala under sentrale inntekter.

Som vi ser av tabellen Totaloversikt økonomi er avviket i sektorane eit samla mindreforbruk på 1,9 million.

Nærare detaljar om økonomien i sektoren finn du under “Kommunen sine tenesteområde”.

## Totaloversikt drift - fordelt på rammeområde

*Beløp i 1000*

| Tenesteområde | Rekneskap 2023 | Opph. budsjett 2024 | Justert årsbudsjett 2024 | | | Rekneskap 202 | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | Utgift | Inntekt | Budsjett 2024 | Utgift | Inntekt | Re |
| Administrasjonsstab | 34 498 | 34 776 | 55 750 | -18 918 | 36 831 | 58 149 | -23 911 | |
| Oppvekst | 354 441 | 373 270 | 538 437 | -163 326 | 375 110 | 536 297 | - 159 164 | |
| Samfunnsutvikling | 78 269 | 100 057 | 181 727 | -87 812 | 93 915 | 181 919 | -93 575 | |
| Helse og Omsorg | 355 250 | 362 831 | 519 426 | -146 078 | 373 348 | 529 297 | - 148 783 | |
| Personal | 13 970 | 15 238 | 16 732 | -1 633 | 15 100 | 16 797 | -2 269 | |
| Økonomi | -42 767 | 9 422 | 98 869 | -113 484 | -14 615 | 95 033 | - 111 975 | |
| Kommunestyret | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | |
| **Totalsum** | **793 662** | **895 594** | **1 410 942** | **-531 252** | **879 690** | **1 417 492** | **- 539 676** | |

## Sentrale inntekter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Frie disponible inntekter** | | | | | | |
| Rammetilskot | -449 536 | -486 350 | -495 850 | -489 526 | -6 323 | -1,3 % |
| Inntekt- og formuesskatt | -310 330 | -329 203 | -325 086 | -318 417 | -6 668 | -2,1 % |
| Eigedomsskatt | -35 303 | -37 611 | -37 611 | -37 956 | 345 | 0,9 % |
| Andre generelle driftsinntekter | -124 950 | -105 803 | -117 772 | -117 406 | -365 | -0,3 % |
| **Sum Frie disponible inntekter** | **-920 119** | **-958 966** | **-976 318** | **-963 306** | **-13 013** | **-1,3 %** |

På slutten av år 2024 kom regjeringa med ei ekstra auke i rammetilskotet til kommunene. Volda kommune la denne inntekta inn i budsjettet gjennom vedtak 2. tertialrapport. Midlane vart og budsjettert inn mot ei styrking av disposisjonsfondet.

Rekneskapen viser at skatteinngangen for november vart låga budsjettert, både for Volda og for landet. For Volda gjer dette seg utslag i både redusert skatteinntekt, men  o redusert rammetilskotet då vi får mindre kompensert gjennom inntektsutjamninga.

| Måned | Skatt inngang | Skatt budsjett | Avvik Skatt | Rammetilskot inngang | Rammetilskot budsjett | Avvik rammetilskot | Inntekts-utjamning rekn | Inntekts-utjamning Bud | Avvik inntektsutjamning | Inntekts-utjamning KS |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Januar | 39 531 350 | 39 423 200 | **108 150** | 40 076 500 | 40 076 500 | - | | | 0 | **8 918 000** |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Februar | 3 189 142 | 1 108 229 | **2 080 913** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | | | 0 | **-955 000** |
| Mars | 52 521 499 | 52 408 299 | **113 200** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | 8 918 097 | 10 816 440 | -1 898 343 | **13 302 000** |
| April | 2 982 681 | 1 883 766 | **1 098 915** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | -954 954 | -802 475 | -152 479 | **273 000** |
| Mai | 54 172 069 | 59 002 516 | **-4 830 447** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | 13 310 037 | 15 846 531 | -2 536 494 | **20 997 000** |
| Juni | 6 808 540 | 7 169 485 | **-360 945** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | 304 350 | -565 944 | 870 294 | **2 426 000** |
| Juli | 38 079 389 | 37 210 596 | **868 793** | 40 705 261 | 40 076 500 | **628 761** | 21 053 932 | 15 660 771 | 5 393 161 | **6 871 000** |
| August | 2 635 562 | 2 537 965 | **97 597** | - | | **-** | - | - | | **2 615 000** |
| September | 56 947 058 | 56 925 533 | **21 525** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | 9 342 804 | 12 106 023 | -2 763 219 | **13 880 000** |
| Oktober | 1 537 204 | 1 384 430 | **152 774** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | 2 473 022 | 2 900 789 | -427 767 | **965 000** |
| November | 59 363 018 | 65 014 969 | **-5 651 951** | 40 076 500 | 40 076 500 | **-** | 13 880 514 | 12 016 318 | 1 864 196 | **7 142 000** |

| | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Desember | 4 764 856 | 5 134 012 | **-369 156** | 8 912 000 | 7 755 633 | **1 156 367** | 10 892 620 | 19 350 547 | -8 457 927 | **2 789 000** |
| **Sum** | **322 532 368** | **329 203 000** | **-6 670 632** | **410 305 761** | **408 520 633** | **1 785 128** | **79 220 422** | **87 329 000** | **-8 108 578** | **79 223 000** |

Tabellen viser at vi i november og desember får større avvik både på eiga skatteinntekt og inntektsutjamninga:

Samla avvik skatteinntekt år 2024, minus 6,67 mill kroner
Samla avvik inntektsutjamning år 2024, minus 8,1 mill kroner
Samla avvik rammetilskot år 2024, auke på 1,8 mill kr

## Finansinntekter og -utgifter

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Finansinntekter/-utgifter** | | | | | | |
| Renteinntekter | -15 334 | -9 130 | -12 930 | -12 016 | -915 | -7,1 % |
| Utbytte | -7 911 | -7 910 | -8 700 | -8 731 | 31 | 0,4 % |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel | -12 699 | -7 300 | -12 620 | -13 137 | 517 | 4,1 % |
| Renteutgifter | 58 318 | 86 193 | 84 818 | 83 942 | 875 | 1,0 % |
| Avdrag på lån | 65 804 | 71 413 | 71 913 | 71 900 | 13 | 0,0 % |
| **Sum Finansinntekter/-utgifter** | **88 178** | **133 265** | **122 480** | **121 959** | **522** | **-0,4 %** |

## Finansielle omløpsmidlar og renteinntekter

Volda kommune brukar Odin som forvalte av porteføljen for langsiktig forvaltning. I tillegg så har vi og brukt Odin som forvaltar av midlar som kan plasserast meir kortsiktig (rentepapirer).

År 2024 har vore eit år med god avkastning, noko som har tilført Volda kommune ei inntekt på 13 mill kroner. Dette gir ei avkastning på 6,3 %.

Porteføljen fordeler seg slik mellom aktivaklassene:

| AKTIVAKLASSE | Markedsverdi 1.1. | Kjøp/sal/flytting | Resultatført verdiendring | Markedsverdi 31.12 |
|---|---|---|---|---|
| Rentepapirer | 131 064 983 | -30 000 000 | 6 296 216 | 107 361 199 |
| Aksjefond | 18 344 695 | | 3 242 767 | 21 587 462 |
| Egenkapitalbevis | 802 672 | | 130 392 | 802 672 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sertifikater | | | | - |
| Obligasjoner | 57 503 977 | | 3 467 853 | 60 971 830 |
| **SUM** | **207 716 327** | **-30 000 000** | **13 137 228** | **190 723 163** |

| **Odin** | **IB 01.01.2024** | **UB 31.12.2024** | **Endring IB UB** | **Avkastning 2024** |
|---|---|---|---|---|
| Odin Norge A | 3 234 841 | 3 915 555 | 680 714 | 680 714 |
| Odin Global A | 11 501 500 | 13 731 237 | 2 229 737 | 2 229 737 |
| Odin Norden A | 2 242 685 | 2 543 596 | 300 911 | 300 911 |
| Odin Eigedom A | 1 365 669 | 1 397 074 | 31 405 | 31 405 |
| **Sum aksjefond** | **18 344 695** | **21 587 462** | **3 242 767** | **3 242 767** |
| Odin Europeisk Obligasjon A | 28 362 578 | 30 017 162 | 1 654 584 | 1 654 584 |
| Odin Norsk Obligasjon A | 29 141 399 | 30 954 668 | 1 813 269 | 1 813 269 |
| **Sum obligasjoner** | **57 503 977** | **60 971 830** | **3 467 853** | **3 467 853** |
| Odin Likviditet A | 131 064 983 | 107 361 199 | -23 703 784 | 6 296 216 |
| **Sum renter** | **131 064 983** | **107 361 199** | **-23 703 784** | **6 296 216** |
| **Sum portefølje Odin** | **206 913 655** | **189 920 491** | **-16 993 164** | **13 006 836** |
| Eigenkapitalbevis Sparbank1 | 802 672 | 802 672 | 0 | 130 392 |
| **Eigenkapitalbevis Sparbank1** | **802 672** | **802 672** | **0** | **130 392** |

## Lånegjeld og renter

Låneporteføljen til Volda er fordelt mellom Husbanklån, ordinære lån med både fast og p.t rente, sertifikatlån og obligasjonslån:

| Eksterne lån | Bokført verdi 01.01.24 | Endring i året | Bokført verdi 31.12.24 |
|---|---|---|---|
| Obligasjonslån | kr. 600 315 196 | kr. 211 419 000 | kr. 811 734 196 |
| Sertifikatlån | kr. 635 110 380 | -kr. 261 419 000 | kr. 373 691 380 |
| Andre lån | kr. 608 345 220 | kr. 228 100 000 | kr. 836 445 220 |
| Husbanklån | kr. 119 296 214 | kr. 17 055 573 | kr. 136 351 787 |
| **Lånegjeld Volda** | **kr. 1 963 067 010** | **kr. 195 155 573** | **kr. 2 158 222 583** |

**Nøkkeltal i låneporteføljen pr 31.12.2024**

| | |
|---|---|
| Lån med forfall i 2025 | kr. 362 181 220 |
| Herav lån som må refinansierast | kr. 362 181 220 |
| Langsiktig gjeld med fast rente over 1 år | kr. 537 890 667 |
| Langsiktig gjeld med flytande rente | kr. 1 620 331 916 |
| Rentebindingstid | 1,02 år |
| Vekta  gjennomsnittsrente | 4,37 % |
| Kapitalbinding | 7,57 år |

***Rentebindingstid:***
Porteføljen si vekta gjennomsnittlege rentebindingstid. Talet viser tida renta på sertifikat, lån og obligasjonar er fast. Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege renteinnbetalingar har ei rentebindingstid på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.

***Kapitalbinding:***
Porteføljen si vekta gjennomsnittlege kredittbinding. Talet viser tida det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt eller forfalt til betaling. Til høgare tal, til mindre er Refinansieringsrisikoen i porteføljen.

**Rentebinding**

70,8 % av låneporteføljen låg ved årsskifte med flytande rente med forfall under 1 år. Ei av årsakene til at dette er at vi den 22. desember hadde to lån med fastrente i Kommunalbanken som gikk ut. Desse vart endra til lån med p.t og gjort klar for refinansiering tidleg i år 2024.

Tabellen under viser oversikt over alle lån i låneporteføljen, fordelt på lånegjevar, endringar i året, hovudstol og forfall:

| | IB 2024 | Endring 2024 | UB 2024 |
|---|---|---|---|
| DNB Bank ASA NO0013028845 | -158 588 529 | 0 | -158 588 529 |
| DNB Bank ASA NO0012508516 | -225 000 000 | 0 | -225 000 000 |
| DNB Bank ASA NO0012913922 | -216 726 667 | 0 | -216 726 667 |
| DNB Bank ASA NO0013233080 | | -211 419 000 | -211 419 000 |
| **Sum obligasjonslån** | **-600 315 196** | **-211 419 000** | **-811 734 196** |
| DNB Bank ASA NO0013010413 | -223 691 380 | 223 691 380 | 0 |
| DNB BAnk ASA NO0012843046 | -211 419 000 | 211 419 000 | 0 |
| DNB Bank ASA NO0012934605 | -200 000 000 | 200 000 000 | 0 |
| DNB Bank ASA NO0013162750 | | 0 | 0 |
| DNB Bank ASA NO0013167221 | | -150 000 000 | -150 000 000 |
| DNB Bank ASA NO0013329318 | | -223 691 380 | -223 691 380 |
| **Sum sertifikatlån i kapitalmarkedet** | **-635 110 380** | **261 419 000** | **-373 691 380** |
| Kommunalbanken fastlån 20190371 | -220 000 000 | 0 | -220 000 000 |
| KLP 83175689411 | -137 181 220 | 0 | -137 181 220 |
| KBN 990020100854 (BULL 17.12.25) | -101 164 000 | 101 164 000 | 0 |
| KBN 990020160297 (BULL 19.06.41) | -150 000 000 | 150 000 000 | 0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| KBN 20160297 | | -178 100 000 | -178 100 000 |
| KBN 20240068 Fastrente 4 år | | -101 164 000 | -101 164 000 |
| KBN 3 mnd Nibor | | -200 000 000 | -200 000 000 |
| **Sum Andre lån** | **-608 345 220** | **-228 100 000** | **-836 445 220** |
| Sum Husbanklån | -1419 296 214 | -17 055 573 | -136 351 787 |
| LÅNGJELD VOLDA KOMMUNE | -1 963 067 010 | -195 155 573 | -2 158 222 583 |

## Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Rev.bud. 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Avsetnader og bruk av avsetnader** | | | | | | |
| Overføring til investering | 0 | 0 | 100 | 100 | 0 | 0,0 % |
| Avsettingar til bundne driftsfond | 10 829 | 0 | 11 385 | 10 804 | 581 | 5,1 % |
| Bruk av bundne driftsfond | -20 033 | -1 900 | -9 373 | -8 410 | -962 | -10,3 % |
| Avsettingar til disposisjonsfond | 48 553 | 0 | 44 374 | 0 | 44 374 | 100,0 % |
| Bruk av disposisjonsfond | -1 070 | -67 993 | -72 338 | -38 962 | -33 376 | -46,1 % |
| **Netto avsetnader** | **38 278** | **-69 893** | **-25 852** | **-36 469** | **10 617** | **41,1 %** |

## Disposisjonsfond, ubundne- og bundne fond

Pr. 31.12.2024 har Volda kommune over 268 mill kr på fond som kan nyttast inn mot drift/investering.

| | Rekneskap 2024 | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2022 |
|---|---|---|---|
| Disposisjonsfond | 104 664 774 | 143 626 715 | 96 143 717 |
| Bundne driftsfond | 51 196 790 | 45 733 118 | 54 599 532 |
| **Sum driftsfond** | **155 861 564** | **189 359 833** | **150 743 249** |
| Ubundne investeringsfond | 79 444 467 | 79 444 467 | 78 487 564 |
| Bundne investeringsfond | 35 396 121 | 26 534 398 | 26 394 820 |
| **Sum investeringsfond** | **114 840 588** | **105 978 865** | **104 882 384** |

Bundne fond er øyremerka til spesifikke formål, der fleire av dei har rapporteringsplikt og må tilbakebetalast om midlane ikkje vert nytta.

***Bundne driftsfond fordelt på sektor:***

| **Bundne driftsfond fordelt på sektor** | **31.12.2024** | **31.12.2023** | **31.12.2022** |
|---|---|---|---|
| Administrasjonsstab - bundne driftsfond | 17 226 398 | 16 008 851 | 19 353 964 |
| Økonomi - bundne driftsfond | 1 019 345 | 1 325 218 | 1 712 664 |
| Skule - bundne driftsfond | 4 784 000 | 4 184 390 | 7 897 678 |
| Barnehage - bundne driftsfond | 1 137 286 | 1 277 075 | 2 058 125 |
| Barnevern - bundne driftsfond | 2 344 372 | 2 302 836 | 2 738 917 |
| Helsestasjon - bundne driftsfond | 2 997 434 | 2 648 014 | 894 841 |
| Helse og omsorg - bundne driftsfond | 4 378 136 | 4 790 271 | 5 128 507 |
| Samfunnsutvikling - bundne driftsfond | 16 661 177 | 12 076 567 | 14 814 836 |
| Kultur* - bundne driftsfond | 648 640 | 1 119 896 | |
| **Sum bundne driftsfond** | **51 196 790** | **54 599 532** | **54 599 532** |

**Kultur sine bundne driftsfond har tidlegare lagt under Administrasjon/Samfunnsutvikling. Skilt ut frå og med 2023.*

Dei største bundne driftsfonda er:

- Tilskot frå kraftfond Volda 8,68 mill kr
- Kommunale vassverk 7,8 8mill kr
- Kommunale avløp 5,96 mill kr

***Bundne investeringsfond***

Volda kommune har 3 investeringsfond:

- Etablering barnefamiliar - leige til eige 7,2 mill kr
- Husbanken 28,1 mill kr
- Svor Museum 60 000 kr

# Investeringar

## Status investering og finansiering (2A)

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Politisk vedtatt budsjett 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2024 | Avvik k |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Investeringar i varige driftsmidlar | 282 694 | 314 057 | 388 573 | 278 136 | 110 437 | 28,4 % | 388 573 | 110 43 |
| Tilskot til andre sine investeringar | 747 | 0 | -210 | 197 | -407 | -194,0 % | -210 | -40 |
| | | | | | | | | |
| Investeringar i aksjar og andelar i selskap | 2 332 | 0 | 0 | 2 481 | -2 481 | | 0 | -2 48 |
| Utlån av eigne midlar | 809 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Avdrag på lån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| **Sum investeringsutgifter** | **286 583** | **314 057** | **388 363** | **280 814** | **107 548** | **27,7 %** | **388 363** | **107 54** |
| | | | | | | | | |
| Kompensasjon for meirverdiavgift | -39 941 | -49 149 | -66 058 | -39 658 | -26 400 | -40,0 % | -64 714 | -25 05 |
| | | | | | | | | |
| Tilskot frå andre | -2 098 | 0 | 0 | -1 478 | 1 478 | | 0 | 1 47 |
| Sal av varige driftmiddel | -839 | 0 | 0 | -4 100 | 4 100 | | 0 | 4 10 |
| Sal av finansielle anleggsmiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Utdeling frå selskap | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Mottatte avdrag på utlån av eigne middel | -1 261 | 0 | 0 | -53 | 53 | | 0 | 5 |
| Bruk av lån | -261 563 | -284 908 | -342 205 | -259 479 | -82 726 | -24,2 % | -343 549 | -84 07 |
| | | | | | | | | |
| **Sum investeringsinntekter** | **-305 701** | **-334 057** | **-408 263** | **-304 768** | **-103 495** | **-25,4 %** | **-408 263** | **103 49** |
| | | | | | | | | |
| Vidareutlån | 20 945 | 20 000 | 20 000 | 24 388 | -4 388 | -21,9 % | 20 000 | -4 38 |
| | | | | | | | | |
| Bruk av lån til vidareutlån | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Avdrag på lån til vidareutlån | 4 166 | 0 | 0 | 2 678 | -2 678 | | 0 | -2 67 |
| Mottatte avdrag på vidareutlån | -7 089 | 0 | 0 | -9 445 | 9 445 | | 0 | 9 44 |
| **Netto utgifter vidareutlån** | **18 022** | **20 000** | **20 000** | **17 620** | **2 380** | **11,9 %** | **20 000** | **2 38** |
| | | | | | | | | |
| Overføring frå drift | 0 | 0 | -100 | -100 | 0 | 0,0 % | -100 | |
| Avsettingar til bundne investeringsfond | 4 561 | 0 | 0 | 9 032 | -9 032 | | 0 | -9 03 |
| Bruk av bundne investeringsfond | -1 584 | 0 | 0 | -170 | 170 | | 0 | 17 |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond | 1 261 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -3 141 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |

| | Rekneskap 2023 | Opph. bud. 2024 | Politisk vedtatt budsjett 2024 | Rekneskap 2024 | Avvik i kr | Avvik i % | Rev. bud. 2024 | Avvik k |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dekning av tidlegare års udekka beløp | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| **Sum overføring frå drift og netto avsettingar** | **1 096** | **0** | **-100** | **8 762** | **-8 862** | **-8861,7 %** | **-100** | **-8 86** |
| | | | | | | | | |
| **Framført til inndekning i seinare år (udekt)** | **0** | **0** | **0** | **2 429** | **-2 429** | | **0** | **-2 42** |

## Hovudprosjekt med underprosjekt

### Hovudprosjekt med prosjekt

*Beløp i kroner*

| Hovudprosjekt (tekst) | Prosjekt (tekst) | Rekneskap 2024 | Opphaveleg budsjett 2024 | Revidert budsjett 2024 | Restramme etter 2. tertial |
|---|---|---|---|---|---|
| Avløpsanlegg | Nytt reinseanlegg Mork | 308 425 | 1 500 000 | 1 914 850 | 1 606 425 |
| Avløpsanlegg | Ombygging Vikeneset RA | 303 012 | 0 | 378 834 | 75 822 |
| Bustadfelt under utbygging | B58 Øvre Heltne | 13 532 772 | 2 000 000 | 13 500 000 | -32 772 |
| Bustadfelt under utbygging | Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra | 6 856 808 | 11 166 000 | 6 864 642 | 7 834 |
| Grunn og næringsutvikling | Bømarka 6C | 2 893 533 | 0 | 0 | -2 893 533 |
| Grunn og næringsutvikling | Opparbeiding Raudemel aust | 0 | 2 272 000 | 2 272 000 | 2 272 000 |
| Grunn og næringsutvikling | Strategisk eigedomsutvikling | 5 176 018 | 7 728 000 | 7 863 272 | 2 687 254 |
| Hamna 20 | Hamna 20 | 14 481 064 | 25 000 000 | 35 014 727 | 20 533 663 |
| Helseplattforma | Helseplattforma | 914 438 | 1 000 000 | 1 000 000 | 85 562 |
| IKT investeringar Oppvekst | Digital satsing i barnehagen | 0 | -1 000 000 | 0 | 0 |
| IKT investeringar Oppvekst | Digitalisering skulen, visningsflater | 709 206 | 0 | 1 300 000 | 590 794 |
| IKT investeringar Oppvekst | IKT-investeringar i skulen | 0 | 1 300 000 | 0 | 0 |
| IKT investeringar Oppvekst | Innkjøp digitale læremiddel hele klassesett | 449 577 | 1 000 000 | 458 235 | 8 658 |
| IKT investeringar Volda kommune | Infrastruktur nettverk IKT | 0 | 625 000 | 0 | 0 |
| IKT investeringar Volda kommune | Modernisering og oppgradering av møterom og utstyr | 588 393 | -525 000 | 565 956 | -22 437 |
| IKT investeringar Volda kommune | Programvare barnevern | 439 476 | 900 000 | 900 000 | 460 524 |
| IKT investeringar Volda kommune | Programvare bibliotek | 0 | 150 000 | 0 | 0 |
| IKT investeringar Volda kommune | Programvare flyktning | 0 | -1 861 | 0 | 0 |

| Hovudprosjekt (tekst) | Prosjekt (tekst) | Rekneskap 2024 | Opphaveleg budsjett 2024 | Revidert budsjett 2024 | Restramme etter 2. tertial |
|---|---|---|---|---|---|
| IKT investeringar Volda kommune | Programvare vaksenopplæring | 0 | -176 278 | 0 | 0 |
| Kommunale vegar | Utbetring på vegar, bruer, gang og sykkelvegar | 4 047 592 | 0 | 4 747 819 | 700 227 |
| Ledningsprosjekt | Avløp uforutsette hendingar | 0 | 1 500 000 | 291 395 | 291 395 |
| Ledningsprosjekt | Bekkeopning | 164 716 | 0 | 100 000 | -64 716 |
| Ledningsprosjekt | HB1 rehabilitering og utviding | 287 260 | 10 000 000 | 4 985 000 | 4 697 741 |
| Ledningsprosjekt | Industrigata | 34 694 | 0 | 750 000 | 715 306 |
| Ledningsprosjekt | Ledningsutskifting Heltne | 302 930 | 7 000 000 | 5 000 000 | 4 697 070 |
| Ledningsprosjekt | Leidningsutskifting Furene | 6 652 551 | 3 399 859 | 6 634 859 | -17 692 |
| Ledningsprosjekt | Pumpestasjon x2 Hornindal avløp | 176 265 | 1 210 770 | 1 210 770 | 1 034 505 |
| Ledningsprosjekt | Reduksjonskum Kirkhornsbakkane | 450 825 | 0 | 600 000 | 149 175 |
| Ledningsprosjekt | Samankopling Grodås Holebakkane | 10 423 753 | 6 720 000 | 8 000 000 | -2 423 753 |
| Ledningsprosjekt | Samankopling med Ørsta | 0 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Ledningsprosjekt | Systervegen | 2 636 615 | 2 700 000 | 2 700 000 | 63 385 |
| Ledningsprosjekt | Vatn uforutsette hendingar | 0 | 1 000 000 | 271 271 | 271 271 |
| Ledningsprosjekt | Vikebygdvegen | 697 260 | 0 | 600 000 | -97 260 |
| Ledningsprosjekt | Ytrestøylen aggregat | 17 960 | 18 330 | 18 330 | 370 |
| Ledningsprosjekt | Øvrevegen | 0 | 0 | 2 950 000 | 2 950 000 |
| Maskin og utstyr eigedom | Bilar heimbasert reinhald | 1 284 984 | 1 150 000 | 1 150 000 | -134 984 |
| Maskin og utstyr eigedom | Elektrisk minidumpar samfunnsutvikling | 0 | 0 | 241 317 | 241 317 |
| Maskin og utstyr Utvikling | Digital kartlegging | 25 000 | 1 090 988 | 481 856 | 456 856 |
| Maskin, bilar og utstyr brann | Fornying av frigjeringsutstyr | 370 000 | 350 000 | 350 000 | -20 000 |
| Maskin, bilar og utstyr brann | Skifte av brannbil | 365 238 | 250 000 | 2 250 847 | 1 885 609 |
| Maskin, bilar og utstyr brann | Utskifting av bil frå 1981 ved Hornindal statsjon | 547 793 | 1 000 000 | 548 000 | 207 |
| Maskin, bilar og utstyr brann | Utskifting av vaktbil for mannskap | 531 214 | 400 000 | 801 000 | 269 786 |
| Maskin, bilar og utstyr Veg og Park | Kantslåttapparat - traktor | 0 | 0 | 697 013 | 697 013 |
| Maskin, bilar og utstyr Veg og Park | Maskiner, bilar og utstyr - robotklippar | 380 625 | 225 000 | 225 000 | -155 625 |
| Maskin, bilar og utstyr Veg og Park | Ny traktor - Myrtun | 153 399 | 0 | 0 | -153 399 |
| Ny ungdomsskule | Ny ungdomsskule | 3 954 816 | 5 000 000 | 6 426 651 | 2 471 835 |
| Oppgradering kommunale bygg | Bratteberg skule, oppgradering | 95 857 | 0 | 0 | -95 857 |

| Hovudprosjekt (tekst) | Prosjekt (tekst) | Rekneskap 2024 | Opphaveleg budsjett 2024 | Revidert budsjett 2024 | Restramme etter 2. tertial |
|---|---|---|---|---|---|
| Oppgradering kommunale bygg | Byggscanner for kartlegging av kommunal bygningsmasse | 21 699 | 0 | 900 000 | 878 301 |
| Oppgradering kommunale bygg | Etablering av carport ved Volda omsorgsenter | 3 371 223 | 4 000 000 | 4 000 000 | 628 777 |
| Oppgradering kommunale bygg | Etablering av personalbase Bømarka 8 | 2 049 381 | 1 000 000 | 2 267 000 | 217 619 |
| Oppgradering kommunale bygg | Etablering av solcelleanlegg Volda Kommune forprosjekt | 893 156 | 500 000 | 500 000 | -393 156 |
| Oppgradering kommunale bygg | Ny komprimator Volda Omsorgsenter | 604 689 | 0 | 605 000 | 311 |
| Oppgradering kommunale bygg | Ombygging Smiebakken 4B | 339 911 | 0 | 500 000 | 160 089 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering brannsentralar | 1 839 906 | 1 250 000 | 1 250 000 | -589 906 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering kommunale bygg | 0 | 4 625 000 | 1 225 000 | 1 225 000 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering kommunale leikeplassar barnehagar | 894 778 | 1 000 000 | 1 000 000 | 105 222 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering leikeområde Folkestad, Austefjord og Hornindal barnehage | 64 590 | 0 | 0 | -64 590 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering rådhuset | 582 286 | 1 179 636 | 1 179 636 | 597 350 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering Sevrinhaugen 5 | 39 657 | 35 536 | 35 536 | -4 121 |
| Oppgradering kommunale bygg | Oppgradering Volda omsorgssenter | 2 299 121 | 0 | 2 000 000 | -299 120 |
| Oppgradering kommunale bygg | Solskjerming kommunale bygg | 799 950 | 2 500 000 | 1 895 000 | 1 095 050 |
| Oppgradering kommunale bygg | Volda Samfunnshus | 37 042 572 | 45 500 000 | 48 436 057 | 11 393 485 |
| Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak | Groparken - Grodås | 41 048 | 30 000 | 30 000 | -11 047 |
| Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak | Offentleg toalett sentrum nord | 309 317 | -30 000 | 240 000 | -69 317 |
| Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak | Parkeringsplass for dagsturhytte Grodås | 360 671 | 0 | 508 330 | 147 659 |
| Trafikktrygging | Trafikktryggingsplan - gjennomføring av tiltak | 247 153 | 1 250 000 | 4 903 552 | 4 656 399 |
| Utbygging kommunale vegar | Gangveg langs Uravegen | 0 | 1 069 000 | 1 069 000 | 1 069 000 |
| Utbygging kommunale vegar | Kontroll og enkelt vedlikehald kommunale bruer | 475 455 | 1 150 000 | 1 150 000 | 674 545 |

| Hovudprosjekt (tekst) | Prosjekt (tekst) | Rekneskap 2024 | Opphaveleg budsjett 2024 | Revidert budsjett 2024 | Restramme etter 2. tertial |
|---|---|---|---|---|---|
| Utbygging kommunale vegar | Opprusting Engesetvegen forbi omsorgsenteret til samleveg | 130 269 | 0 | 0 | -130 268 |
| Utbygging kommunale vegar | Samleveg Urbakkfoten | 12 171 769 | 12 100 000 | 21 483 609 | 9 311 840 |
| Utbyggingsavtalar | Strandfeltet utbygging | 0 | 0 | 1 086 652 | 1 086 652 |
| Vassverk | Dam-rehabilitering | 534 391 | 1 000 000 | 1 000 000 | 465 609 |
| Vassverk | Kraftproduksjon i Volda vassverk | 15 105 | 0 | 155 820 | 140 715 |
| Vassverk | Nytt renseanlegg i eksisterande bygg vd HB2 | 263 001 | 9 000 000 | 9 245 677 | 8 982 676 |
| Vassverk | Oppgradering av Grodås | -182 935 | 20 344 | 344 | 183 279 |
| Vassverk | Overtaking Høydal vassverk | 1 291 531 | 7 300 000 | 7 300 000 | 6 008 469 |
| Velferdsteknologi Helse og omsorg | Velfersdteknologi Helse og omsorg | 223 399 | 625 000 | 2 019 081 | 1 795 682 |
| Voldabadet | Voldabadet | 131 158 680 | 121 000 000 | 146 523 702 | 15 365 022 |
| **Totalsum** | | **278 135 840** | **314 057 324** | **388 572 640** | **110 436 800** |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| | Budsjett for året | | | |
| Avløpsanlegg | 2 294 | 611 | 26,7 % | 1 682 |
| Bustadfelt under utbygging | 20 365 | 20 390 | 100,1 % | -25 |
| Eigenkapitaltilskot og aksjar | 0 | 2 481 | 0,0 % | -2 481 |
| Grunn og næringsutvikling | 10 135 | 8 070 | 79,6 % | 2 066 |
| Hamna 20 | 35 015 | 14 481 | 41,4 % | 20 534 |
| Helseplattforma | 1 000 | 914 | 91,4 % | 86 |
| IKT investeringar Oppvekst | 1 758 | 1 159 | 65,9 % | 599 |
| IKT investeringar Volda kommune | 1 466 | 1 028 | 70,1 % | 438 |
| Kommunale vegar | 4 748 | 4 048 | 85,3 % | 700 |
| Ledningsprosjekt | 36 112 | 21 845 | 60,5 % | 14 267 |
| Ny ungdomsskule | 6 427 | 3 955 | 61,5 % | 2 472 |
| Oppgradering kommunale bygg | 65 793 | 50 939 | 77,4 % | 14 854 |
| Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak | 778 | 711 | 91,4 % | 67 |
| Trafikktrygging | 4 904 | 247 | 5,0 % | 4 656 |
| Utbygging kommunale vegar | 23 703 | 12 777 | 53,9 % | 10 925 |
| Vassverk | 17 702 | 1 921 | 10,9 % | 15 781 |
| Velferdsteknologi Helse og omsorg | 2 019 | 223 | 11,1 % | 1 796 |
| Voldabadet | 146 314 | 131 159 | 89,6 % | 15 155 |
| Sum andre prosjekt | 7 832 | 3 856 | 49,2 % | 3 976 |
| **Sum** | **388 363** | **280 814** | | **107 548** |

# Oppfølging av klima

## Klimastatistikk

## Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn $CO_2$-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

| | Volda | Ørsta |
|---|---|---|
| Industri, olje og gass | 0,0 | 0,0 |
| Luftfart | 0,0 | 594,9 |
| Oppvarming | 1 040,1 | 1 480,9 |
| Sjøfart | 5 640,0 | 8 980,1 |
| Veitrafikk | 15 678,9 | 11 211,4 |
| Avfall og avløp | 576,3 | 1 069,4 |
| Jordbruk | 14 587,8 | 13 390,7 |
| Energiforsyning | 0,0 | 143,0 |
| Annen mobil forbrenning | 4 179,4 | 5 004,4 |
| **Sum** | **41 702,4** | **41 874,6** |

## Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

| | 2013 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Luftfart | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Oppvarming | 1 296,1 | 934,5 | 1 041,1 | 979,6 | 950,3 | 779,2 | 916,5 | 877,3 | 970,9 | 1 040,1 |
| Industri, olje og gass | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Sjøfart | 8 627,1 | 8 614,7 | 8 633,1 | 8 932,3 | 8 619,1 | 9 055,5 | 9 220,1 | 4 978,7 | 5 560,3 | 5 640,0 |
| Veitrafikk | 19 250,6 | 19 181,8 | 18 347,4 | 17 117,4 | 17 832,3 | 16 897,1 | 16 493,4 | 16 776,8 | 16 505,8 | 15 678,9 |
| Avfall og avløp | 1 214,7 | 1 250,2 | 1 256,6 | 1 262,4 | 1 239,9 | 1 226,3 | 1 197,8 | 1 129,7 | 557,0 | 576,3 |
| Annen mobil forbrenning | 3 144,8 | 3 625,4 | 3 786,2 | 3 139,8 | 3 291,2 | 3 303,7 | 2 684,4 | 2 892,8 | 3 711,7 | 4 179,4 |
| Jordbruk | 13 734,2 | 13 928,9 | 14 075,4 | 14 401,9 | 14 186,7 | 14 134,3 | 15 386,0 | 15 527,7 | 15 470,8 | 14 587,8 |
| Energiforsyning | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| **Sum** | **47 267,6** | **47 535,5** | **47 139,8** | **45 833,3** | **46 119,5** | **45 396,0** | **45 898,1** | **42 183,0** | **42 776,6** | **41 702,4** |

## Utslepp av klimagassar per gass

Grafen viser sum utslepp fordelt per sektor og type utslepp




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

| | 2023 |
|---|---:|
| Industri, olje og gass | 0,0 |
| Sjøfart | 5 640,0 |
| Avfall og avløp | 576,3 |
| Veitrafikk | 15 678,9 |
| Annen mobil forbrenning | 4 179,4 |
| Energiforsyning | 0,0 |
| Jordbruk | 14 587,8 |
| Luftfart | 0,0 |
| Oppvarming | 1 040,1 |
| **Sum** | **41 702,4** |

## Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

| | 2013 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 4,7 | 4,7 | 4,6 | 4,4 | 4,5 | 4,4 | 4,4 | 3,9 | 4,0 | 3,8 |
| Ørsta | 4,7 | 4,6 | 4,5 | 4,3 | 4,5 | 4,4 | 3,9 | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Møre og Romsdal | 21,4 | 22,4 | 21,6 | 22,0 | 22,3 | 21,5 | 21,7 | 20,9 | 20,2 | 19,0 |
| Kostragruppe 07 | 7,5 | 7,3 | 7,1 | 7,0 | 7,1 | 6,8 | 6,6 | 6,7 | 6,5 | 6,2 |
| Sum | 38,3 | 38,9 | 37,8 | 37,8 | 38,3 | 37,0 | 36,6 | 35,4 | 34,5 | 32,8 |

## Klimaregnskap

## Gjennomsnittleg klimafotavtrykk




# Samfunns- og befolkningsutvikling

## Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2024

| | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| **Folketal ved inngangen av kvartalet** | **10 781** | **10 809** | **10 960** | **11 093** |
| Fødde | 123 | 96 | 98 | 114 |
| Døde | 78 | 77 | 78 | 88 |
| **Fødselsoverskot** | **45** | **19** | **20** | **26** |
| Innvandring | 101 | 154 | 130 | 90 |
| Utvandring | 59 | 78 | 59 | 90 |
| Innflytting, innanlands | 699 | 729 | 794 | 693 |
| Utflytting, innanlands | 755 | 676 | 751 | 678 |
| **Netto innvandring og flytting** | **-14** | **129** | **114** | **15** |
| **Folkevekst** | **28** | **151** | **133** | **38** |
| **Folketalet ved utgangen av kvartalet** | **10 809** | **10 960** | **11 093** | **11 131** |

## År




**Fylke**




## Sysselsetjingsstatistikk 2024

## Sysselsette fordelt på næring




# Næringsutvikling

## Næringsfond/kraftfond



Kraftfondet hadde i 2024 ein tilvekst på kr 3 447 636,-.

Av dette utgjorde konsesjonsavgifta frå Tussa Energi AS kr 2 931 337,00, og frå Steinsvik kraft AS kr 161 268,00,-. Renteinntektene var kroner 355 031,-.

Næringsfonda før kommunane vart slått saman og Næringsfond Covid lagt har tidlegare vore konsolidert under kraftfondet. I 2024 måtte unytta covid-tilskot (825 000) tilbakebetalast til staten.

Det har vore gitt nye tilsegn i 2024 på kr 5 317 155,- av kraftfondet. Tilsegn som er gjevne og som ikkje er utbetalt i 2024 er i storleik kr 2 164 359-. Fondet sin storleik etter utbetalte og disponerte tilsagn er 6 524 159 kroner.  Dette betyr at fondet er noko styrka ved års-slutt 2024 samanlikna med års-slutt 2023. Det er venta at størstedelen av dei ikkje utbetalte tilsegna vert utbetalt innan fristane som er sett.

**Kjøp og sal av eigedom**

Kommunen har kjøpt to eigedomar i år. Røysgata 8 (strategisk grunnkjøp) og Bømarka 6C til ein samla verdi av kr 4 858 500.

# Oppfølging av mål og satsingsområder

## Livskvalitet og meistring

### Beskriving av satsingsområde

**Generelt om satsingsområde**

Dei tre satsingsområda “vekstkraft og attraktive lokalsamfunn”, "livskvalitet og meistring" og "grøn omstilling" representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet “organisasjonsutvikling” handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.

**Kven er *vi*?**

Økonomiplanen og årsbudsjettet er knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for prioriteringar.




Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova “ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon”. Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Det er *vi,* voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

**FN sine berekraftsmål**

Livskvalitet og meistring er eit satsingsområde inn mot FN sine berekraftsmål

3 – God helse og livskvalitet
4 – God utdanning
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

**Livskvalitet og meistring**

For voldasamfunnet er det viktig at innbyggjarane og sektorane i kommunen tek aktiv del i folkehelsearbeidet og jobbar for at alle skal meistre liva sine og nytte ressursane til beste for seg sjølv og samfunnet rundt seg. Kommunen har ei viktig rolle i å medverke til at barn, unge og vaksne har tru på framtida og moglegheitene som ligg der: At dei meistrar tilværet, sjølve livet. Folkehelsearbeid handlar både om å fremme livskvalitet og trivsel, og om førebyggande arbeid for å redusere risiko for sjukdom, funksjonsnedsetting, psykiske og sosiale problem.  Det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenkjer "helse i alt vi gjer". Samarbeid på tvers av fagområda og med innbyggjarar og frivillige er viktig for å sikre livskvalitet og meistring. Tiltak som fremjer mangfald og integrering er òg ein viktig del av dette arbeidet.

Barnehage, skule og SFO er viktige arenaer for læring, for å etablere sosiale relasjonar og for utvikling av sjølvkjensle og sjølvtillit. Dette er igjen grunnleggjande for motivasjon, oppleving av meistring og utvikling av tru på eigne evner, og kan i høg grad verke inn på psykiske helseforhold, positivt og negativt, både i barndom og seinare som ung og vaksen. Volda kommune skal ha trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer.

Frivillige lag og organisasjonar er nokon av dei viktigaste samfunnsbyggjarane i eit lokalsamfunn, og har arenaer der både born, ungdom, vaksne og eldre kan lære, meistre, vere i aktivitet, skape og få til ting – saman. Frivilligheit skaper engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt. «It take`s a village to raise a child» er eit gamalt afrikansk ordtak. Barn sin oppvekst krev ein felles innsats frå både familie, naboar, vener, barnehagen, skulen og samfunnet i vid forstand.  Gjennom samarbeid og samskaping skal vi legge til rette for sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn der born får ein god oppvekst og vaksne trivst. Uformelle møteplassar og arenaer for leik, aktivitet og friluftsliv bidreg til auka fysisk aktivitet, kontakt mellom folk og meistringsopplevingar uavhengig av sosial tilhøyrsle og alder.

Befolkingsframskrivingane for Volda kommune viser at vi i tida framover får fleire eldre innbyggjarar og forsørgerbyrda vil auke. Aldersvenlege lokalsamfunn handlar om å gjere samfunnet i stand til å møte utfordringane og moglegheitene knytt til ein aldrande populasjon. Eit aldersvenleg samfunn er eit samfunn der eldre mellom anna har reell moglegheit til å ferdast i og nytte nærmiljøet, kan bu heime lengst mogleg, har aktivitetar dei har lyst til å delta på og moglegheit til å kome seg dit, unngår einsemd og sosial isolasjon og kan delta og bidra som den ressursen dei er. Satsing på universell utforming og tilgjenge i offentlege bygg, anlegg og uterom, inkludert gang-, sykkel- og kollektivløysingar, er ein del av dette.

Tidleg innsats inneber førebyggande arbeid i tenestetilboda og handlar om å gi adekvat hjelp så tidleg som mogleg i eit menneske sitt liv før vanskane vert komplekse og fastlåste. Tidleg inn kan vere tidleg i alder, men også tidleg i eit forløp. Med tidleg innsats kan vi unngå at utfordringane blir så store at det oppstår andre tilleggsutfordringar.

Tilgang til reint drikkevatn er ein føresetnad for god helse. Reint drikkevatn og god vasskvalitet er også ein viktig del av folkehelsearbeidet.

**Korleis kan ditt nærmiljø bli ein enda betre stad å bu og vekse opp?**

**Kva meiner du er viktig for å utvikle eit aldersvenleg samfunn?**

## Målsettingar

- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar

## Mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | Ønska 2023 resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving resultat indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | | Andel som takkar ja til heimebesøk etter fødsel | 76,0 % | 80,0 % | |
| | | | Fristbrot i undersøkingssaker (Barnevern) | 5,0 % | 5,0 % | |
| | | | Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta - elevundersøkinga | 90,0 % | 90,0 % | |
| | | | Andel elevar med spesialundervisning (reduksjon) | 5.5 | 5,5 % | |
| | | | Trivsel i grunnskulen | 4.2 | 4,2 | |
| | | | Gjennomføring i vidaregåande opplæring | 85,0 % | 85,0 % | |
| | | | Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar | 100,0 % | 100,0 % | |
| | | | Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg | 3.6 | 3,6 | |
| | | | Auka nærvær barnehagar | 91.5 | 92,0 % | |
| | | | Auka nærvær skule | 93,0 % | 93,5 % | |
| | Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. | | Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året | 5.4 | 5,5 | |
| | | | Andel 80 åringar som takkar ja til førebyggande heimebesøk | 77,0 % | 78,0 % | |
| | | | Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand | 22,0 | 20,0 | |
| | Vi prioriterer tidleg innsats, | | Einsemd, ungdom | 20,0 % | 18,0 % | |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving resultat indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | helsefremmande og førebyggande arbeid. | | | | | | |
| | | | Prosentdel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av depressive symptom | 17,0 % | 15,0 % | | |
| | | | Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | 21,0 | 20,0 | | |
| | Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen. | | Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar | 4.8 | 4,8 | | |
| | | | Innvandrarar i arbeid | 0 | 0 | | |
| | Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik, og tilgang til aktivitets- og friluftslivsområde | | Tal søknader til tilskotsordning leike- og aktivitetsområde | 12,0 | 12,0 | | |

# Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

## Beskriving av satsingsområde

### Generelt om satsingsområde

Dei tre satsingsområda "vekstkraft og attraktive lokalsamfunn", "livskvalitet og meistring" og "grøn omstilling" representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet "organisasjonsutvikling" handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.

### Kven er *vi*?

Økonomiplanen og årsbudsjettet er knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for prioriteringar.




Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova "ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon". Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Det er *vi,* voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

**FN sine berekraftsmål**

Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

9– Industri, innovasjon og infrastruktur
11- Berekraftige byar og lokalsamfunn
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

**Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn**

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, og det er forventa at veksten skal halde fram. Volda og Ørsta er definert som ein økonomisk region. Det er korte avstandar og mykje pendling mellom dei to tettstadane, og fleire regionale funksjonar som sjukehus, høgskule, jordskifte, tingrett, Statens lånekasse, HELFO, vegstasjon og flyplass er lokalisert her. Samla sett utgjer Volda og Ørsta «den fjerde byen» i Møre og Romsdal fylke. For å styrke og vidareutvikle den regionale rolla må vi vere ein aktiv utviklar av lokalsamfunn som er attraktive for busetnad, næringsutvikling, handel og tenesteyting. Trygge og gode barnehagar og skular er ein viktig del av dette. Samarbeid på tvers av kommunegrenser er også avgjerande for å utvikle ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion.

Høgskulen i Volda er blant dei største utdanningsinstitusjonane mellom Bergen og Trondheim. Studentane, studentlivet og kompetansemiljøet på høgskulen har stor verdi både for lokalmiljøet og regionen, og gir Volda ein nasjonal posisjon. Sjukehuset er ein av dei største arbeidsplassane i kommunen, og er samtidig ein avgjerande tryggleik for innbyggjarane i regionen.

Eit velfungerande sentrum er ein nøkkelfaktor for å oppretthalde Volda sin regionale funksjon. Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenteret. Volda sentrum har fortettings- og

transformasjonspotensiale, og må vidareutviklast til eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet. Det vil vere viktig å fortette med kvalitet, og ta i vare, framheve og utvikle viktige blågrøne strukturar, område for leik og opphald og element som gir Volda sentrum særpreg og identitet. Viktige sentrumsfunksjonar bør vidareutviklast og styrkast.

Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus er lokalsentra. Levande bygder er viktig for å sikre busetting i alle delar av kommunen. Dei er også viktige for å sikre framtida sin matproduksjon, for å utvikle kommunen som ein reise- og opplevingsdestinasjon og for lokalisering og utvikling av anna økonomisk aktivitet. Tenestetilbodet i lokalsentra bør bygge på kunnskap om framtidige tenestebehov og ressursbruk for berekraftige tenester.

Både krig, energikrise og synlege klimaendringar som varmebølgjer og tørke i Europa er vekkjarar for at landet bør sikre større grad av sjølvforsyning i eigen matproduksjon og stimulere til større og meir variert lokal produksjon. Det er viktig å sjå landbruksnæringa i samanheng med anna næringsutviklingsarbeid i kommunen, og legge til rette for vekst og utvikling. Også fjordbruk er ei verdifull næring i og for kommunen.

God digital infrastruktur i heile kommunen er viktig for busetting og næringsutvikling og for å kunne sikre gode velferdstenester i framtida. Større vegprosjekt, som fjordkryssingar, ny E39 i tunnel mellom Volda og Furene og opprusting av fv60 mellom Tomasgard og Røyrhus bru vil redusere reisetid, binde saman ulike delar av regionen og styrke kommunen sin regionale posisjon. Sjøvegen er også ein viktig transportåre, som har utviklingspotensiale. Det vil og vere viktig å sikre tilgang på mineralressursar for planlagt utbygging og utvikling.

I Volda kommune kan ein utforske storslåtte fjell, fiske på fjorden eller sjå etter sjøorm i Europas djupaste innsjø; Hornindalsvatnet. Reiselivsnæringa har eit potensiale for utvikling. Nye tilbod, aktivitetar og attraksjonar kan óg gjere lokalsamfunna meir attraktive, og auke busettinga. Å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom frivillige, næringsliv, kommunen, nabokommunar og andre. Gjennom samskaping og samarbeid med ulike samfunnsbyggjarar skaper vi vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.

[redacted]

[redacted]

## Målsettingar

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.

## Mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Vi legg til rette for næringsutvikling og er ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike typer bedrifter, organisasjonar og offentlege verksemder. | | Tal verksemder | 1 236,0 | 1 256,0 | | |
| | | | Arbeidsplassdekning | 100,0 % | 101,0 % | | |
| | | | Jordbruksareal i drift | 28 264 | 28 264 | | |
| | Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særpregа sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet. | | Befolkning Volda sentrum | 4 720,0 | 4 770,0 | | |
| | | | Tal verksemder i Volda sentrum | 370,0 | 375,0 | | |
| | Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne. | | Besøk i folkebibliotek per innbygger (B) | 3.5 | 3,5 | | |
| | | | Besøk per kinoforestilling (antall) | 17.1 | 17,1 | | |
| | | | Tal aktive Aktivitetsvennar | 35,0 | 40,0 | | |
| | | | Tal søknader til tilskotsordning kulturmidlar | 13,0 | 16,0 | | |
| | | | Idrett: Aktivitetsandel | 35,0 % | 36,0 % | | |
| | Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar. | | Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet | 100 | 105 | | |
| | | | Turisme: opne kommersielle bedrifter februar månad | 7 | 8 | | |
| | | | Turisme: Overnattingar | 6 100,0 | 6 300,0 | | |
| | Vi skal ha god teknisk og digital | | Breiband - hastighet | 89,0 % | 90,0 % | | |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | infrastruktur i heile kommunen | | | | | | |

# Grøn omstilling

## Beskriving av satsingsområde

### Generelt om satsingsområde

Dei tre satsingsområda "vekstkraft og attraktive lokalsamfunn", "livskvalitet og meistring" og "grøn omstilling" representerer dei tre berekraftdimensjonane; den økonomiske dimensjonen, den sosiale dimensjonen og den miljømessige dimensjonen. Det fjerde satsingsområdet "organisasjonsutvikling" handlar i hovudsak om Volda kommune som organisasjon. Samtidig er både satsingsområda og dei tre berekraftdimensjonane knytt til kvarandre og påverkar kvarandre på ulike måtar. Kvart satsingsområde inneheld hovudmål og delmål for korleis vi skal møte langsiktige utfordringar.

### Kven er *vi*?

Økonomiplanen og årsbudsjettet er knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel som grunnlag for prioriteringar.




Kommuneplanen sin samfunnsdel skal i fylgje plan- og bygningslova "ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap, og kommunen som organisasjon". Samfunnsdelen skal med andre ord både handle om kommunen som organisasjon, men også om kommunen som samfunn; voldasamfunnet. For å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom innbyggjarar, frivillige, næringsliv, kommunen og andre. Det er *vi,* voldasamfunnet, som saman må finne løysingar på framtidige utfordringar og samarbeide for å realisere målsettingar.

### FN sine berekraftsmål

Grøn omstilling er eit satsingsområde i Volda kommune. Satsingsområdet er understøtta av FN sine berekraftsmål

13– Stoppe klimaendringar
17 – Samarbeid for å nå måla
16 – Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

**Grøn omstilling**

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane samfunnet står ovanfor i dag. Grøn omstilling handlar om å bidra til å møte klima- og miljøutfordringane, både ved å redusere utslepp, og ved å tilpasse oss klimaendringane som vi veit kjem.

Vi har eit mål om at voldasamfunnet skal redusere sine direkte utslepp med minst 55 % innan 2030, samanlikna med referanseåret 2009. 2009 er anbefalt referanseår, då Miljødirektoratet sin statistikk for klimagassutslepp viser årleg utvikling for kommunane med tidsserie som går tilbake til 2009. Statistikken viser direkte utslepp innanfor kommunen sitt geografiske område, der direkte utslepp er det som fysisk skjer innanfor Volda kommune sine grenser; til dømes knytt til transport, avfallshandtering eller jordbruk.

Transportsektoren er ein av dei største utsleppskjeldene i Volda kommune. Eit lokalsamfunn med kort avstand mellom heim, barnehage, skule, arbeidsplass og daglege gjeremål reduserer trafikkmengda. I Volda sentrum er det moglegheiter for fortetting og transformasjon. Da er det viktig å fortette med kvalitet, og ta i vare blågrøne strukturar og område for leik og opphald.
Korte avstandar mellom målpunkt gjer det også enklare for fleire å gå eller sykle i kvardagen. Å gjere det attraktivt å gå og sykle inneber å utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelvegar. Dei bilane som er igjen på vegane bør ha så lite utslepp som mogleg. Kollektivtilbodet har eit utviklingspotensial. Endring i reisemiddel vil kunne redusere klimagassutslepp, men også gje ein gevinst i lokale miljøforbetringar (redusert støy, støv mv.). Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er eit viktig verkemiddel for å nå reduksjonsmålet. Gjennom å redusere transportbehovet og legge til rette for utsleppsfrie reiser vil utsleppa påverkast positivt. Gjennom å ta i vare karbonrike areal vil ein også auke klimagassopptaka.

Det meste av energien vi nyttar lokalt kjem frå vasskraft og er fornybar, men når fossil energi skal fasast ut og samfunnet i større grad skal elektrifiserast trengst stadig meir fornybar kraft. Det ligg eit potensiale i å nytte fleire og andre fornybare energikjelder, som til dømes solkraft, jord- og sjøvarme og biogass. Forbruket av energi er også unødig høgt, mange bygningar nyttar til dømes meir energi enn nødvendig. Energieffektivisering av bygg kan mellom anna handle om smartare straumstyring, betre isolasjon, utnytte solvarme, varmegjenvinning og energieffektiv belysning.

Produksjon av varer fører til utslepp av klimagassar, mikroplast og miljøgifter. I ein sirkulær økonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt og så lenge som mogleg, i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Når vi til dømes kjeldesorterer avfall er vi med på å ta vare på ressursane, slik at dei kan brukast på nytt. Samtidig er lågare forbruk naudsynt for å redusere utsleppa.

Det er kritiske suksessfaktorar at både kommunen som organisasjon og heile voldasamfunnet er villige til å ta konsekvensane av kva eit fastsett klimamål faktisk inneber. Er vi villig til å investere i miljøvenlege produkt og tenester, leggje offentlege institusjonar og bustadfelt langs kollektivaksane, nytte meir

kollektivtransport, røyve oss meir fysisk i staden for å køyre, reise mindre og gjenbruke meir? Kunnskapsdeling, god informasjon og haldningsskapande arbeid er også ein viktig del av arbeidet som må til for å nå måla.

Uansett om vi klarer å redusere utsleppa vil klimaet halde fram med å endre seg. Her lokalt kan vi vente oss vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, regnflaum, skred og stormflo i åra framover. Klimatilpasning handlar om å gjere samfunnet i stand til å handtere klimaendringane.
Det inneber mellom anna å bygge hus, vegar og anna infrastruktur slik at det toler framtidas klima. Klimaendringar, meir ekstremver og fortetting gjer at større mengder overvatn skal handterast samtidig. I tettbygde strok må vi legge til rette for og prioritere naturbaserte overvassløysingar som bekkeopning og drenerande flater. Vi ynskjer å nytte blågrøn faktor som eit verkty for å sikre at vegetasjon og ulike løysingar for open overvasshandtering vert teke inn tidleg i planlegginga av byggeprosjekt.

Ein viktig føresetnad for å nå FN sine berekraftsmål er å ta i vare natur og artar. Vi er avhenging av naturen for å ha ein velfungerande økonomi, for å ha levebrød, mattryggleik og god helse. Endring i arealbruk er den største trusselen mot biologisk mangfald. Ved å vere ein arealnøytral kommune vil vi redusere tap av natur. Å vere arealnøytral vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må vi først ta ut gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal. Det betyr at vi ved neste rullering av kommuneplanen sin arealdel må vi vurdere alle ubebygde areal i kommuneplanen på nytt.

**Korleis kan vi redusere klimagassutslepp i vårt lokalmiljø?**

## Målsettingar

- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringan** | Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt. | | Klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) | 38 869,0 | 37 772,0 | | |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **e. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | | | | | | | |
| | | | Utslepp frå veitrafikk | 12 471,0 | 12 129,0 | | |
| | | | Elbil per ladepunkt (antall) | 16.8 | 16,7 | | |
| | | | Elbiler i kommunen (antall) | 360,0 | 390,0 | | |
| | | | Hurtiglading (antall) | 30,0 | 32,0 | | |
| | | | Normallading (antall) | 11,0 | 12,0 | | |
| | | | Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for | 8.2 | 8 | | |
| | Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, frilufts- og landbruksverdiar. | | Dyrka jord omdisponert etter Plan- og bygningslova | 2.5 | 2,5 | | |
| | | | Dyrka jord omdisponert etter jordlova | 1.3 | 1,3 | | |
| | | | Våtmark | 13.87 | 13,9 | | |
| | | | Økologisk tilstand, alle overflatevann | 89,0 % | 91,0 % | | |
| | Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og klimagassutslepp ved nye utbyggingar. | | Formålsbygg, kommune Strøm Energibruk (MWh) | 6 869 | 7 000 | | |
| | | | Herav energikostnader per kvadratameter (kr) | 87,0 | 86,0 | | |
| | Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege | | Del av kommunen sin person- og | 40,0 % | 50,0 % | | |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | | varebilpark som er elbil | | | | |
| | | | Klimakrav i anbod og kontrakt | Ja | Ja | | |
| | | | Avfall levert til materialgjenvinning | 56,0 % | 58,0 % | | |
| | | | Tal bedrifter i kommunen som er Miljøfyrtårnsertifisert | 10,0 | 11,0 | | |
| | Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane | | Årleg gjennomgang av beredskapsplan | Gjennomført | Gjennomført | | |

# Organisasjonsutvikling

## Beskriving av satsingsområde

Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde i Volda kommune som er forankra i kommunen sine verdiar




Organisasjonsutvikling er eit satsingsområde som er forankra i kommunen sine verdiar Raus – Modig – Kompetent – Lærande. Volda kommune skal vere ein føreseieleg og attraktiv arbeidsgjevar som er tydeleg i sine forventningar, der dei tilsette meistrar, trivest og får nytta ressursane sine.

Ei meistringsorientert leiing har ein tydeleg retning med definerte roller, krav og mål og ein tydeleg meining, der ein motiverer og inspirerer til måloppnåing. Ei meistringsorientert leiing gir også individuell merksemd og støtte.

I eit arbeidsmiljø med godt meistringsklima blir tilsette motivert av å lære, utvikle seg og gjere kvarandre gode. Ein har også god delingskultur. I eit arbeidsmiljø med stor grad av meistringstru har kvar enkelt tilsett tiltru til eiga kompetanse og moglegheit til å meistre utfordringar i jobbsamanheng.

Volda kommune er ein stor arbeidsplass med mange tilsette i ulike fagområde. Kommunen har ei viktig oppgåve som samfunnsutviklar, samtidig som ein arbeider for å tilby innbyggjarane gode tenestetilbod. Volda kommune sin økonomi er utsett, med pressa drift, høg lånegjeld og framleis trong om store investeringar. Det er viktig at politikarar, innbyggjarar og administrasjon har felles kunnskap om

situasjon og utfordringar, og at lokaldemokratiet meistrar å prioritere ressursbruken i eit langsiktig og heilskapleg berekraftperspektiv. Eit levande lokaldemokrati med aktive borgarar er viktig for det samla norske demokratiet. Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. Representasjon i den politiske deltakinga skal spegle samfunnet.

## Målsettingar

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

## Mål

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner. | | Høg rolleklarheit | 0,0 | 4,2 | 4,0 | |
| | Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru | | Meistringstru | 0,0 | 4,3 | 4,1 | |
| | | | Meistringsorientert leiing | 0,0 | 4,0 | 3,8 | |
| | | | Meistringsklima | 0,0 | 4,1 | 3,9 | |
| | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | | Ei drift i samsvar med budsjettramme | 100,0 % | 100,0 % | | |
| | | | Investering i samsvar med budsjettrammer | 95,0 % | 97,0 % | | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og | | Sjukefråvær i avdeling | 0,0 % | 8,7 % | | |

| Hovudmål | Mål | Statusbeskrivelse delmål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | helsefremmande arbeidsplassar | | | | | | |
| | | | Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt | 0,0 % | 5,0 % | 5,0 % | |
| | | | Årleg auke i heiltidsandel for turnustilsette i helse og omsorg | 0,0 % | 5,0 % | 5,0 % | |
| | Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. | | Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning | 3.7 | 3,7 | | |
| | | | Valgdeltaking kommunestyreval | 70.5 | 0,0 % | | |
| | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | | Tal sidevisningar på menypunktet "Saksdokument og møteplan" på heimesida | 10 300 | 10 400 | | |
| | | | Tal som ser politiske møter på nett | 1 350 | 1 400 | | |
| | | | Følgjarar i SoMe (FB, Snap, Instagram) | 8 100 | 8 400 | | |

# Kommunen sine tenesteområde

## Administrasjonsstab

### Skildring av tenesteområde

I administrasjonsstaben har ein samla ansvar for informasjon, beredskap, innovasjon og digitalisering, prosjektutvikling og rådgjeving. Sakshandsaming etter alkohollova og serveringslova ligg til administrasjonsstaben. Skal ein nå satsingsområda som ligg i kommuneplanen, samtidig som vi skal oppnå krav om effektivisering og innsparing, må ein ha eit målretta fokus nettopp på tenesteutvikling, mål- og kvalitetsarbeid og digitalisering. Samfunnsutviklinga medfører behov for endringar. I administrasjonsstaben er det to stillingar innanfor innovasjon og digitalisering i tillegg til spesialrådgjevar som er dediserte ressursar for sektorane til å bestå i omstillingsprosessar. I tillegg initierer administrasjonsstaben eigne prosessar for utvikling og omlegging av arbeidsprosessar med fokus på best mogleg utnytting av ressursar – til beste for heile Volda kommune.

Kommunikasjonsmål i Volda kommune

Gjennom vår kommunikasjon, både internt i kommunen og eksternt til innbyggjarar og andre interessentar, har vi som mål å;

- Gjere informasjon om kommunen sine tenester og tilbod lett tilgjengeleg.
- Leggje til rette for medverknad i saker som vedkjem innbyggjarar.
- Gi auka kunnskap om kommunen sine samfunnsoppdrag.
- Formidle komplekse saker på ein enkel og forståeleg måte.
- Synleggjere kommunen sine aktivitetar og resultat i ulike sektorar.

### Viktige hendingar

**Personvern**

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit sterkt fokus i Volda kommune i løpet av 2024, både gjennom opplæring, kartlegging og arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe. Det har blitt gjennomført DPIA og ROS-analyser knytt til personvern og informasjonssikkerheit på fleire fagsystem og i samarbeid med sektorane. Kommunen har delteke i sikkerheitsopplæring i regi av DFØ, i tillegg til at det er gjennomført kampanje om informasjonssikkerheit på kommunen sitt intranett.

**Kommunikasjon**

Administrasjonsstaben har det overordna ansvaret for informasjons- og kommunikasjonsarbeidet i Volda kommune. Kommunen har eit lovpålagt ansvar for å sikre god og open kommunikasjon med innbyggjarane, og det vert stadig stilt høgare krav til tilgjengeleg og relevant informasjon. Informasjonsflyten i samfunnet er i kontinuerleg endring, og kommunen må tilpasse seg for å nå ut der folk er.

I 2024 har kommunikasjonsarbeidet vore prega av høg aktivitet, brei kontaktflate og fokus på klart språk og universell utforming. Heimesida hadde i underkant av 3000 daglege besøk, og kommunen har vore aktiv på Facebook, Instagram, LinkedIn og X/Twitter. Kommunestyremøta vart direktesendt gjennom året, frå alternative lokale medan samfunnshuset var under ombygging. I november tok kommunestyret i bruk nytt utstyr for direktesending i det rehabiliterte samfunnshuset.

Tre kommunikasjonsstudentar frå Høgskulen i Volda hadde praksis i kommunen, og samarbeidet med høgskulen vart vidareført gjennom deltaking i eit felles FOU-prosjekt. Samarbeidet med Ulstein og Skjåk kommunar fekk 300 000 kroner i tilskot frå statsforvaltarane i Møre og Romsdal og Innlandet. Prosjektet skal styrke kommunane si evne til å møte utfordringar knytt til demografi, digitalisering og kommunikasjon. Det vert utvikla eit opplæringsprogram med fokus på blant anna kunstig intelligens, målgrupper og bodskapsformidling.

Det er også jobba med å forbetre digitale skjema og forenkle kontakten mellom innbyggjarar og kommunen. Kommunen inngjekk avtale med Oclin for kommunikasjonstenester. Det vart produsert video og foto med særleg vekt på rekruttering til helse- og omsorgssektoren.

Kommunikasjon er ei nøkkeloppgåve i ein moderne kommune, og arbeidet i 2024 viser at Volda kommune tek dette ansvaret på alvor.

**Heiltidskultur og Tørn**

Kommunestyret vedtok i møte 16.12.21 i PS 138/21, å setje i gang eit prosjekt om heiltidskultur. Kommunestyret gav føringar for satsinga i møte 22.06.23, PS 40/23 og PS 41/23. Tiltak og aktivitetar er m.a.: Heiltidserklæring, Oppgåvekartlegging, Utrekningspraksis og rekrutteringsstrategi, Permisjonspraksis, kompetanseprogram og Kick-off for verneombod, tillitsvalde og leiarar for etablere felles plattform om kvifor og korleis arbeide med å utvikle ein heiltidskultur. I oppstartsfasen til medio 2023 fekk kommunen bistand frå KS Konsulent med kunnskap om heiltidskultur og oppgåvekartlegging, der Hornindal institusjons- og heimeteneste var pilot. Frå 2024 har kommunen delteke i Tørn Nasjonalt læringsnettverk, med Kleppevegen i avdeling bu og habilitering som pilot. Frå oppstart og ut 2024 var personalsjefen prosjekteigar for Heiltidskulturprosjektet. Prosjektgruppa var samansett av fagpersonell frå helse og omsorg, barnehage, skule og reinhald, hovudtillitsvalde og hovudverneombod. Administrasjonsstaben har bidrege med prosjektstøtte. PSU var styringsgruppe. Prosjektgruppa gjennomførte 16 møter, og heiltidskultur var tema på dei fleste PSU-møta.. Det er utarbeidd ein undervegsrapport om arbeidet fram til 2024.

Frå 2025 ønsker kommunedirektøren og hans leiargruppe å spisse arbeidet med heiltidskultur mot helse og omsorg. Det er helse og omsorg som er målgruppe for Tørn og sektoren har store utfordringar med aukande behov for helse- og omsorgstenester, aukande mangel på personell til å yte tenestene, høg andel deltidsstillingar, høgt sjukefråvær og omfattande bruk av vikarar. Samtidig må vi sikre kvalitet, kontinuitet og kompetanse i tenestene for å ivareta både brukarane og dei tilsette. For å møte utfordringane må vi organisere oppgåver og arbeidstida på nye måtar gjennom oppgåvekartlegging og oppgåvedeling, nye arbeidstidsordningar som er meir effektive og framtidsretta, og bruk av velferdsteknologi. Kommunalsjef Svein Berg Rusten er prosjekteigar for arbeidet med heiltidskultur frå 2025. Styringsgruppe er kommunedirektoren si leiargruppe. Overordna STIM-gruppe i helse og omsorg er utvida prosjektgruppe. Administrasjonsstaben bidreg med prosjektstøtte. Prosjektet er rigga med organisering og mandat. Prioritering av tiltak og framdriftsplan er under arbeid. Tenestestyrt bemanningsplanlegging er ein metodikk vi må verte fortrulege med når vi skal endre arbeidsprosessar og flytte ressursar for å prioritere dei mest kristiske behova. Vidare arbeid med heiltidskultur i skule, barnehage og reinhald vil halde fram på leiarnivå og i STIM på overordna og arbeidsplassnivå.

**Voldakortet**

Voldakortet for studentar har vore ei insentivordning for studentar som melder flytting til Volda kommune i perioden 01.08.2020-31.12.2024. I perioden ordninga har eksistert har totalt har 1 464 studentar fått eit Voldakort med ein verdi på kr 5 000 til bruk i lokalt næringsliv. Frå januar 2025 vart ordninga avvikla som følgje av at det ikkje lenger er økonomisk grunnlag for å halde fram m.a. som følgje av endringar i inntektssystemet og at mange studentar melder fråflytting før 1. juli (som er reknedatoen for innbyggjartilskotet i inntektssystemet). I 2024 fekk totalt 214 studentar innvilga Voldakortet. Haustsemesteret i studieåret 2024/2025, som vart siste semester med insentivordninga, fekk 195 studentar innvilga Voldakortet.

**Dokumentasjon og service**

Ørsta kommune drifter sentralbordet for Volda kommune frå 1. mars 2024, og det fungerer godt.

Volda og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre oppgraderte innsynsløysinga i desember 2024, denne løysinga er meir brukarvenleg for publikum.

Arbeidet med å få sluttført arkivuttrekk frå databaser i tidlegare Hornindal kommune blei sluttført hausten 2024. Dei blir avlevert til Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal for langtidsoppbevaring.

**Politisk**

Ny digital løysing for handsaming av politiske møte blei tatt i bruk i november 2024. Løysinga omfattar gjennomføring av møte med innkalling, tid- og talestyreing, digital votering, streaming/direktesending av møte med teksting, samt påfølgjande tilrettelegg av opptak.

**Innovasjon og digitalisering**

**Sprek på nett**

Auka digital deltaking og kompetanse for innbyggjarar - har god framdrift og godt tal besøkande kvar gong med mellom 25 til 40 deltakarar. Kommunen lærer mykje og vil tilpasse og tilretteleggje for utvikling av tilbode framover. Prosjektet vert ferdigstilt april 2025.

Volda og Ørsta kommune har også fått innvilga ein million krone frå digitaliseringsdirektoratet for eit prosjekt, “Digital kvardag - meistring for alle”. Prosjektet har oppstart våren 2025.

**Heving av basis IT-ferdigheiter for tilsette**

Heving av grunnleggande IT-ferdigheiter for tilsette er eit prioritert satsingsområde. I siste halvår av 2024 vart det gjennomført ein prosess for å avklare og forankre gjennomføringa, samt avviklinga av e-læringsløysinga basert på ECDL (EU, Noreg Datakortet). Det vart inngått avtale, og eit oppstartsmøte vart gjennomført. Grunna interne forhold i Volda kommune vil utsending av e-læringspakken skje i februar 2025. Opplæringa vert gjennomført med ei kartlegging av ferdigheiter som legg grunnlaget for individuelt tilpassa opplæring. Kartlegginga er anonymisert og aggregert for å gi eit overordna bilete av kompetansenivået på sektornivå før og etter opplæring.

**Avslutting av drift for tidlegare Hornindal kommune sine IKT-system**

Eksportering og import av data frå tidlegare Hornindal kommune til Volda kommune har tatt lang tid då leverandørmarknaden fekk kapasitetsutfordringer grunna alle kommunesamanslåingane. Volda kommune måtte difor ha ei avtale med IKT Nordfjord (Nordfjordnett) for drift av IT-systema fram til all data er henta ut og tatt inn i SSIKT. Avtala med med IKT Nordfjord (Nordfjordnett) vart avslutta 31. desember 2024.

**Kunstig intelligens**

Dette er eit stort og omfattande tema med ei rekkje ulike muligheitar og fallgruver. Både innanfor storspråkmodellar, så vel som maskinlæring og optimalisering. Kommunen samarbeider tett med Norsk Innovasjonssenter(NIAS) og Høgskulen i Volda for etablering av eit KI-Senter. Kommunen har signert intensjonsavtale for deltaking i TRUST-KI senter ved HiVolda. Kommune deltek også i utgreiingar gjennom Digi Møre og Romsdal, og KS.

## Tenestekvalitet

**Innovasjon og digitalisering**

- Volda kommune har ein godt utbygd digital infrastruktur mellom bygdene og kommunale bygg. For bygdene betyr det at dei har god dekning for breiband og mobiltelefon. Vidare er det godt utbygd IKT-nettverk inne i kommunale bygg, men her viser erfaringane frå 2024 at det er behov for eit modernisering av IKT-nettverket i bygg der t.d velferdsteknologi og anna sensor-teknologi skal takast i bruk. Nye teknologiske løysingar gir nye moglegheiter for å betre kvardagen til både tilsette og bebuarar, men IKT-nettverket som vart designa for om lag ti år sidan treng modernisering då desse nye løysingane krev meir av nettverket. Denne utgreiinga vil vi arbeide vidare med i 2025, med sikte på budsjettprosessen for 2026.
- Volda kommune har ei omfattande portefølje av system for å levere tenestene våre. I 2024 starta vi ei kartlegging av desse systema, og innan første halvår 2025 skal vi ha dokumentert formål, eigarskap, kostnader, integrasjonar og bruksområde. Målet er betre systemstyring, kostnadskutt og effektiv drift, samt å identifisere mogleg systemoverlapping.

  For innbyggjarane vil dette gi meir brukartilpassa tenester, betre personvern og tryggare handtering av personopplysningar gjennom oppdaterte behandlingsprotokollar, ROS-analyser og DPIA-vurderingar. Vi har sett oss eit mål om å redusere systemkostnadene med 500 000 kroner i 2025, mellom anna ved å utnytte eksisterande system betre og ta i bruk nasjonale fellesløysingar. Når dokumentasjonen er ferdig, vil ho leggje grunnlag for prioriteringar i kommunen sin digitaliseringsstrategi

- Avdelinga for innovasjon og digitalisering spelar ei viktig rolle i den digitale utviklinga av kommuna sine tenester ved å vere både ein støttespelar og ein fasilitator. Avdelinga legg føringar for retninga kommunen si digitalisering skal ta, samtidig som ho sikrar at system og ressursar vert utnytta på ein effektiv måte. Gjennom verktøy innan tenestedesign bidrar avdelinga aktivt i anskaffingar og endringsprosessar, slik at kommunen er godt rusta for framtida.

  Arbeidet spenner over alle sektorar, med særleg innsats innan velferdsteknologi, porteføljestyring, prosjektstyring, digibarnevern og breibandsutvikling. Alle innbyggjarar har no

tilgang til godt breiband, noko som gir auka moglegheiter for både næringsliv og privatpersonar. I tillegg har kommunen redusert kostnader i anskaffingar og innføringar.

## Utvalde resultat

**Innovasjon og digitalisering**

**Breiband**

Kommunen har lykkast godt med å både stimulere til kommersiell utbygging der utbyggar bygg ut utan offentleg stønad, og utbygging med støtte frå den nasjonale breibandsordninga som er forvalta av Fylkeskommunen. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet sitt dekningskart synar at 99,1% av alle husstandar i Volda kan få hastigheitar på 100Mbit/s eller meir.

**Kurs i M365 i Volda**

I løpet av 2024 har vi gjennomført om lag 25 kurs i generell bruk av Microsoft Teams. Kurset har vore ope for påmelding for alle, og vi har nådd ut til alle sektorar.

Kurset har dekt hovudtrekka i bruk av Microsoft 365: lagring i OneDrive og SharePoint, bruk av Teams og kanalar, samt gjennomføring av møter. Målet har vore å gi alle ei felles forståing av korleis dei administrative verktøya fungerer, og korleis vi best kan bruke dei i kommunen. Vi har også gått gjennom ulike applikasjonar og vurdert kva kanalar som passar best til ulike typar kommunikasjon og lagring av dokument.

Dei fysiske samlingane har stort sett hatt 8–12 deltakarar frå same seksjon. Undervisninga har vore basert på ein PowerPoint-presentasjon, med høve til å stille spørsmål undervegs. I tillegg har deltakarane fått to praktiske oppgåver for å prøve seg sjølve.

Tilbakemeldingane har vore svært positive, spesielt frå legevakta og kulturavdelinga. Desse har allereie uttrykt ønske om eit oppfriskingskurs og meir vidaregåande opplæring.

Kursa har stort sett vart i to timar, avhengig av spørsmåla på slutten. Mange har stilt spørsmål utanfor agendaen, noko som viser at dei tilsette ønskjer å lære meir og finne betre løysingar for arbeidskvardagen sin.

## Omstilling og digitalisering

**Dokumentasjon og service**

Arkivgruppa starta hausten 2024 opp prosjekt “Automatisering av arkivoppgåver”. Målet med prosjektet er å få til ei meir effektiv og framtidsretta dokumentasjonsforvaltning og arkivering i kommunane i samarbeidet på Søre Sunnmøre, gjennom automatisering av arkivoppgåver og eit formalisert samarbeid mellom kommunane. Prosjektetperioden går til desember 2025.

Kommunen har tatt i bruk den nasjonale løysinga for digitalt ledsagarbevis, slik at brukar og/eller ledsager kan ha ledsagerbevis lett tilgjengeleg på telefonen når dei skal delta på ulike arrangement.

**Politisk**

Den nye løysinga for handsaming av politiske møte betyr auka digitalisering for Volda kommune, mellom anna gjennom digital votering og automatisk teksting av opptaka frå dei direktesendte møte. Dette skal også frigjere tid for utvalssekretærane, som ikkje lenger treng å vere til stades under møta i tenesteutvala.

**Innovasjon og digitalisering**

DigiBarnevernsløysing

Innføringa av DigiBarnevernsløysinga i Volda kommune har allereie ført til fleire positive gevinstar. Automatisering av KOSTRA-rapportering har redusert manuelt arbeid, både i Volda som vertskommune og i samarbeidskommunane. Løysinga gjev betre oversikt over rapporteringstala, noko som aukar effektiviteten i tenesta. Det nye fagprogrammet, Modulus, tilbyr betre fagstøtte enn tidlegare system, noko som på sikt vil heve kvaliteten på arbeidet og styrkje grunnlaget for avgjersler i barnevernstenesta.

Sjølv om opplæring og tilpassing til den nye løysinga krev tid og innsats, ser ein allereie no tydelege fordelar. Volda kommune har også hatt ansvar for anskaffing av det nye fagprogrammet for 15 kommunar i Møre og Romsdal, noko som legg til rette for eit fellesskap som kan styrkje samarbeid og effektivitet på tvers av kommunegrenser i Møre og Romsdal.

DigiBarnevern (KS og Bufdir) har utvikla fleire digitale verktøy som kan støtte barnevernstenesta sitt arbeid, mellom anna "Min kommune – barnevern" og "sikker chat", som gir høve til trygg og effektiv kommunikasjon mellom barnevernet og barn, unge og føresette. Volda kommune har per i dag ikkje teke desse verktøya i bruk, men det ligg føre ei moglegheit for å innføre dei i løpet av 2025 dersom det blir prioritert. Dette kan ytterlegare forbetre kommunikasjonen og medverknaden i tenesta, samt gi barn og familiar enklare tilgang til informasjon og dialog med barnevernet.

Samla sett viser erfaringane frå Volda kommune at innføringa av DigiBarnevernsløysinga allereie har gitt gevinstar i form av meir effektiv ressursbruk, høgare kvalitet i saksbehandlinga og betre oversikt over sentrale data. Vidare utvikling og eventuell innføring av dei digitale kommunikasjonsverktøya vil kunne styrkje tenesta ytterlegare og gjere ho meir tilgjengeleg og brukarvennleg.

Studio – innspeling av videoar på rådhuset

I 2023 bestilte kommunedirektøren eit innspelingsstudio som tilsette kunne bruke sjølv. Målet var å styrke innbyggardialog og demokrati, effektivisere opplæring, heve kvaliteten på internkommunikasjon og styrke rekrutteringsarbeidet.

Studioet kom i drift i starten av 2024, og sidan då har vi spelt inn over 35 opplærings- og informasjonsvideoar. Vi har òg produsert helsingar, sosiale bodskap og rekrutteringsannonser til sosiale medium. Hovudtyngda av opplæringsvideoane er knytt til helse- og omsorgssektoren, men alle sektorar har teke del i arbeidet.

Studioet er spesielt godt eigna til bodskap som skal nå fleire grupper. Ein video kan spelast inn éin gong og visast for ulike grupper ved behov. Dette gir både berekraftige og effektive løysingar.

Døme på tema vi har spelt inn:

- Opplæring i bruk av Somnofy i helse- og omsorgssektoren
- Opplæring i bruk av Gerica EPJ
- Kroppsspråk – kurs for tilsette i oppvekstsektoren
- «Liten og ny i barnehagen» – informasjon til foreldre
- Utlysing av stilling som kommunalsjef for samfunnsutvikling – rekrutteringsvideo

Studioet gir oss òg moglegheit til å gjennomføre både interne og eksterne webinar med høg kvalitet i eit «ein til mange»-format. I tillegg aukar det produksjonsverdien på større møte.

Vi har framleis ein veg å gå for å få fleire til å bruke studioet og utforske nye måtar det kan skape verdi for innbyggarane. Vi håper 2025 blir året der tenesta verkeleg tek av og kjem både innbyggarar og tilsette endå meir til gode.

## Internkontroll og statleg tilsyn

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har hatt eit sterkt fokus i Volda kommune i løpet av 2024, både gjennom opplæring, kartlegging og arbeid i kommunedirektøren si leiargruppe. Det har blitt gjennomført ROS-analyser knytt til personvern og informasjonssikkerheit på fleire fagsystem og i samarbeid med sektorane. Personvernrådgjevar og sikkerheitsansvarleg har delteke i utarbeiding av sjekkliste for å ivareta krava til personvern og informasjonssikkerheit ved bruk av nye fagsystem/appar.

Det har ikkje vore statleg tilsyn innanfor administrasjonsstaben sitt område i 2024.

## Beredskap og samfunnssikkerheit

Beredskapsarbeidet vert gjort i samsvar med årshjulet i kvalitetssystem for beredskap.

Den pågåande sikkerheitspolitiske situasjonen utfordrar beredskapsarbeidet i Norge og lokalt i kommunane. Kommunen må vere budd på å møte trugslar som kan utfordre den kommunale drifta. Særleg er digitale angrep tilhøve som vi må vere oppmerksame på. Kommunen forventar også å sjå resultat av klimaendringar framover som auka nedbør, fare for erosjon, skred, flaum og sterk vind. Dette kan mellom anna føre til bortfall av mobilnett, internett og straum. I juni 2024 godkjente kommunestyret kommunen sin heilskaplege ROS. ROS-rapporten tek føre seg dei nemnde senarioa ovanfor og viser risiko som kommunen har og foreslår tiltak for å redusere konsekvens og sårbarheit. Oppfølging av ROS-rapporten vert gjort i samband med budsjett og økonomiplanprosessen.

Frivillige organisasjonar er viktige samarbeidspartar for totalberedskapen, det vart signert ny samarbeidsavtale med Sanitetslaga i Volda.

Det var ingen alvorlege hendingar knytt til beredskap i Volda i 2024.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Administrasjonsstab | 4,00 | 0,00 | 0,00 | 4,00 |
| Dokumentasjon og service | 5,80 | 0,74 | 0,20 | 6,74 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Politisk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Total** | **9,80** | **0,74** | **0,20** | **10,74** |

## Status årsverk

Administrasjonsstaben har i alt hatt 10,74 årsverk i år 2024. 0,94 av desse er knytt til vikarar eller stilling inn mot prosjekt der vi får refusjonar/prosjektmidlar inn mot finansiering.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 11 | 3 | - | - | - | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 11-Administrasjonsstab | 5 625 | 7 248 | 8 106 | 2 481 | 30,6 % |
| 13-Dokumentasjon og service | 6 121 | 5 924 | 6 214 | 93 | 1,5 % |
| 14-Politisk | 5 284 | 5 279 | 5 186 | -99 | -1,9 % |
| 15-Innovasjon og digitalisering | 17 208 | 16 325 | 17 326 | 118 | 0,7 % |
| **Sum** | **34 238** | **34 776** | **36 831** | **2 593** | **7,0 %** |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 13 451 | 14 423 | 14 482 | 60 | 0,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 10 297 | 11 593 | 11 111 | -483 | -4,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 12 722 | 15 155 | 14 570 | -585 | -4,0 % |
| Overføringsutgifter | 9 876 | 16 977 | 15 587 | -1 391 | -8,9 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **46 345** | **58 149** | **55 750** | **-2 399** | **-4,3 %** |
| Salgsinntekter | -10 240 | -8 084 | -10 080 | -1 996 | 19,8 % |
| Refusjoner | -1 570 | -15 826 | -8 838 | 6 988 | -79,1 % |
| Overføringsinntekter | -37 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-11 847** | **-23 911** | **-18 918** | **4 992** | **-26,4 %** |
| **Netto resultat** | **34 498** | **34 238** | **36 831** | **2 593** | **7,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

Volda kommune har i år 2024 fått meir inntekter enn budsjettert knytt til kraftsal. Dette ser vi av avviket på inntektssida. Som følgje av avtalen med Ørsta knytt til grensejustering skal delar av denne inntekta overførast til dei. Dermed får vi og eit avvik på utgiftssida.

## Grafar Økonomi

## Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Detaljvisning drift (graf)







## Status hovudmål

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.
- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Vi skal ha god teknisk og digital infrastruktur i heile kommunen | Breiband - hastighet | 99,0 % | 90,0 % | 99,0 % | |
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Ei drift i samsvar med budsjettramme | | 100,0 % | 93,0 % | |
| | | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 70,1 % | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Sjukefråvær i avdeling | | 8,7 % | 9,1 % | |
| | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | Følgjarar i SoMe (FB, Snap, Instagram) | 8 179 | 8 400 | 7 344 | **11 Administrasjonsstab**<br><br>Facebook og Instagram |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane | Årleg gjennomgang av beredskapsplan | Gjennomført | Gjennomført | Gjennomført | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) | 6 212 | 7 267 | 6 381 | 7 103 | 6 135 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) | 463 | 507 | 461 | 484 | 424 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) | 4 258 | 5 046 | 5 080 | 5 314 | 4 607 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B) | 215 | 215 | 271 | 276 | 149 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B) | 5,6 % | 5,4 % | 6,3 % | 6,4 % | 6,1 % |
| **Levekår** | | | | | |
| Indeks berekna utgiftsbehov | 1,028 | 1,043 | 1,057 | 1,034 | 1,015 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| IKT investeringar Volda kommune | 1 466 | 1 028 | 70,1 % | 438 |
| **Sum** | **1 466** | **1 028** | | **438** |

## Statustekst investeringar

**IKT investeringar Volda kommune**
Prosjekter går som planlagt. Digi Barnevern blir gjennomført og avslutta før årsslutt.

## Samandrag status investeringar

**Innovasjon og digitalisering**

Alle investeringsprosjekt har gått som planlagt. Særleg vil vi framheve prosjektet for nytt system til barnevern, kalla DigiBarnevern.

Volda kommune vart spurt av Digi MR om å vere anskaffingskommune for totalt 15 kommunar i Møre og Romsdal. Kommunen aksepterte oppdraget.

Anskaffinga vart gjennomført med forhandlingar og då dette var ei stor felles anskaffing oppnådde vi ein svært god pris. Vi har derfor eit mindreforbruk i høve til budsjettet.

Prosjektet er eit konkret døme på gevinstrealisering gjennom Digi MR-samarbeidet, noko som er tydeleg i prosjektet sitt mindreforbruk.

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunedirektøren gjennomfører informasjonstiltak til tilsette | 0,0 | 45,0 | 46,0 | 45,0 | 45,0 |
| Voldakortet- nye studentar som melder flytting | 0,0 | 0,0 | 214,0 | 150,0 | 150,0 |
| Årleg beredskapsøving og rapportering | 0,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,94 % | 1,79 % | 4,73 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,36 % | 2,65 % | 5,01 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,27 % | 7,80 % | 9,06 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i sektorane har auka samanlikna med år 2023, frå 6,65 % til 9,06 %. Det er spesielt langtidssjukefråværet som har auka.

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Administrasjonsstab

### Tenestekvalitet

### Omstilling og digitalisering

### Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Administrasjonsstab | 4,00 | 0,00 | 0,00 | 4,00 |
| **Total** | **4,00** | **0,00** | **0,00** | **4,00** |

### Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 2 | 2 | - | - | - | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 5 625 | 7 248 | 8 106 | 2 481 | 30,6 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 5 064 | 5 242 | 5 131 | -111 | -2,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 6 562 | 6 756 | 6 933 | 177 | 2,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 275 | 748 | 0 | -748 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 9 678 | 9 004 | 7 586 | -1 419 | -18,7 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **21 579** | **21 750** | **19 650** | **-2 100** | **-10,7 %** |
| Salgsinntekter | -9 715 | -7 274 | -9 800 | -2 526 | 25,8 % |
| Refusjoner | -264 | -8 850 | -1 744 | 7 107 | -407,5 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-9 979** | **-16 125** | **-11 544** | **4 581** | **-39,7 %** |
| **Netto resultat** | **11 600** | **5 625** | **8 106** | **2 481** | **30,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*

## Driftsutgifter




## Driftsinntekter



## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | Følgjarar i SoMe (FB, Snap, Instagram) | | 8 400 | 7 344 | Facebook og Instagram |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) | 6 212 | 7 267 | 6 381 | 7 103 | 6 135 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) | 4 258 | 5 046 | 5 080 | 5 314 | 4 607 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B) | 215 | 215 | 271 | 276 | 149 |
| Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B) | 5,6 % | 5,4 % | 6,3 % | 6,4 % | 6,1 % |
| **Levekår** | | | | | |
| Indeks berekna utgiftsbehov | 1,028 | 1,043 | 1,057 | 1,034 | 1,015 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,69 % | 2,72 % | 5,41 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,70 % | 0,00 % | 0,70 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 0,69 % | 0,00 % | 0,69 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Dokumentasjon og service

### Skildring av tenesteområde

Avdelinga har ansvar for servicekontoret på rådhuset og for servicekontoret i Hornindal, for postmottak og arkiv. Vi har arkivfagleg ansvar for dokumentasjonsforvaltninga i kommunen og står for dagleg drift, utvikling og internkontroll av kommunen sitt sakshandsamarsystem. I tillegg er avdelinga politisk sekretariat og ansvarleg for gjennomføring av val. Rollene som sikkerheitsansvarleg, personvernrådgjevar og beredskapsrådgjevar er lagt til avdelinga.

### Viktige hendingar

Ørsta kommune drifter sentralbordet for Volda kommune frå 1. mars 2024, og «løysinga» fungerer godt.

Volda og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre oppgraderte innsynsløysinga i desember 2024, denne løysinga er meir brukarvenleg for publikum.

Arbeidet med å få sluttført arkivuttrekk frå databaser i tidlegare Hornindal kommune blei sluttført hausten 2024. Dei blir avlevert til Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal for langtidsoppbevaring.

### Tenestekvalitet

### Omstilling og digitalisering

Arkivgruppa starta hausten 2024 opp prosjekt "Automatisering av arkivoppgåver". Målet med prosjektet er å få til ei meir effektiv og framtidsretta dokumentasjonsforvaltning og arkivering i kommunane i samarbeidet på Søre Sunnmøre, gjennom automatisering av arkivoppgåver og eit formalisert samarbeid mellom kommunane. Prosjektetperioden går til desember 2025.

Kommunen har tatt i bruk den nasjonale løysinga for digitalt ledsagarbevis, slik at brukar og/eller ledsager kan ha ledsagerbevis lett tilgjengeleg på telefonen når dei skal delta på ulike arrangement.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Dokumentasjon og service | 5,80 | 0,74 | 0,20 | 6,74 |
| **Total** | **5,80** | **0,74** | **0,20** | **6,74** |

## Status årsverk

Det er 5,80 årsverk knytt til avdelinga

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 9 | 1 | - | - | - | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 6 121 | 5 924 | 6 214 | 93 | 1,5 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 4 791 | 5 257 | 5 307 | 50 | 1,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 456 | 916 | 580 | -335 | -57,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 1 081 | 1 150 | 69 | 6,0 % |
| Overføringsutgifter | 15 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **6 262** | **7 254** | **7 038** | **-216** | **-3,1 %** |
| Salgsinntekter | -428 | -418 | -280 | 138 | -49,2 % |
| Refusjoner | -550 | -715 | -543 | 172 | -31,6 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-979** | **-1 133** | **-824** | **310** | **-37,6 %** |
| **Netto resultat** | **5 284** | **6 121** | **6 214** | **93** | **1,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avdelinga har eit mindreforbruk på 93.348 kroner i 2024. Dette skuldast mindreforbruk på lønsutgifter knytt til sjukefråvær og auka inntekter frå mellom anna sal av eigedomsopplysningar.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
915 799
1 081 119
7 253 942
5 257 024
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-418 105
-1 133 184
-715 079
Refusjoner
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | Tal sidevisningar på menypunktet "Saksdokument og møteplan" på heimesida | | 10 400 | | |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,16 % | 0,99 % | 4,14 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,45 % | 4,39 % | 7,84 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,60 % | 12,44 % | 14,04 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Politisk

## Skildring av tenesteområde

Formannskap og dei tre tenesteutvala; tenesteutval for helse og omsorg, tenenesteutval for oppvekst og kultur og tenesteutval for forvaltning og utvikling, har 9 medlemmar kvar. Kommunestyret er kommunen øvste organ og har 33 medlemmer, ordførar er Sølvi Dimmen. Hovudoppgåva er å vedta

overordna mål og utvikle langsiktige strategiar for verksemda til kommunen. Kommunestyret vedtek òg kommunen sitt budsjett og økonomiplan.

Politisk sekretariat skal bidra til eit velfungerande lokaldemokrati, og skal legge til rette før auka demokratisk deltaking for innbyggjarane. Gjennom digitalisering skal politisk sekretariat bidra til auka openheit og innsyn i politiske prosessar i Volda kommune.

Politisk sekretariat skal følgje opp rutinar for vedtaksoppfølging og rapportering av vedtak.

## Viktige hendingar

Ny digital løysing for handsaming av politiske møte blei tatt i bruk i november 2024. Løysinga omfattar gjennomføring av møte med innkalling, tid- og talestyreing, digital votering, streaming/direktesending av møte med teksting, samt påfølgjande tilrettelegg av opptak.

## Tenestekvalitet

## Omstilling og digitalisering

Den nye løysinga for handsaming av politiske møte betyr auka digitalisering for Volda kommune, mellom anna gjennom digital votering og automatisk teksting av opptaka frå dei direktesendte møte. Dette skal også frigjere tid for utvalssekretærane, som ikkje lenger treng å vere til stades under møta i tenesteutvala.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Politisk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Total** | **0,00** | **0,00** | **0,00** | **0,00** |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 5 284 | 5 279 | 5 186 | -99 | -1,9 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 3 596 | 3 924 | 4 043 | 120 | 3,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 773 | 779 | 491 | -289 | -58,8 % |

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 183 | 577 | 651 | 74 | 11,4 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **4 552** | **5 280** | **5 186** | **-95** | **-1,8 %** |
| Salgsinntekter | 0 | 4 | 0 | -4 | 0,0 % |
| Refusjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | -37 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-37** | **4** | **0** | **-4** | **0,0 %** |
| **Netto resultat** | **4 515** | **5 284** | **5 186** | **-99** | **-1,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

Politisk har eit meirforbruk på kr 98.920 i 2024. Dette skuldast i all hovudsak utgifter knytt til ny løysing for handsaming av politiske møte.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
577 134
779 330
5 280 076
3 923 613
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
4 378
4 378
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | | | | | |
| | Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. | Valgdeltaking kommunestyreval | | 0,0 % | | |
| | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | Tal som ser politiske møter på nett | | 1 400 | | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) | 463 | 507 | 461 | 484 | 424 |

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal møte i kommunestyre, formannskap og tenesteutval pr år | 0,0 | 0,0 | 61,0 | 52,0 | 52,0 |
| Folkemøte | 0,0 | 2,0 | 1,0 | 3,0 | 3,0 |
| Månadens hendingar sett frå ordførar sin ståstad | 0,0 | 8,0 | 0,0 | 10,0 | 10,0 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
| --- | --- | --- | --- |

### Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Innovasjon og digitalisering

### Skildring av tenesteområde

## Avdeling for innovasjon og digitalisering

Avdelinga for innovasjon og digitalisering er ei eining i administrasjonsstaben under kommunedirektøren. Avdelinga har ansvar for å leggje til rette for innovasjon, digital utvikling og effektivisering av kommunen sine tenester.

Avdelinga har eit **heilskapleg ansvar for digitalisering** i kommunen og leier strategiske prosessar knytt til digitaliseringsstrategi, sourcingsstrategi, IT-arkitektur og verksemdsarkitektur.

Avdelinga er ansvarleg for kommunen sitt digitaliseringsprogram, som skal fremje fornying, forenkling, tenesteutvikling, effektivisering og samfunnsutvikling i kommunen. Programmet omfattar òg ansvaret for digital infrastruktur og breibandsplanlegging.

**Hovudansvarsområde:**

- **Strategisk leiing av digitalisering** – syte for ein heilskapleg tilnærming til digitalisering i kommunen, inkludert deltaking i interkommunale samarbeid (t.d SSIKT, og Digi MR) og nasjonale nettverk.
- **Porteføljestyring og gevinstrealisering** – sikre at alle stega i porteføljematrisa vert følgde opp, frå behovsavklaring til dokumentasjon av gevinstar.
- **IT-støtte til innovasjon i tenestene** – samarbeide tett med sektorane for å sikre at digitale løysingar bidreg til betre arbeidsmetodar og gevinstrealisering for både tilsette og innbyggjarar.
- **IT-arkitektur og verksemdsarkitektur** – halde oversikt over kommunen sine system, integrasjonar, datasett og informasjonsforvaltning.

- **Internkontroll og tryggleik** – saman med IT-sikkerheitsansvarleg og personvernrådgjevar byggje opp og vedlikehalde kommunen sitt internkontrollsystem Digiorden.
- **Budsjett- og innkjøpsansvar for IT** – ha oversikt over kommunen sine samla IT-kostnader, gjere KOST-NYTTE-vurderingar og måle effekten av digitaliseringstiltak.
- **Bestillaransvar og leverandøroppfølging** – vere kommunen sin kontaktperson og bestillar inn mot Søre Sunnmøre IKT (SSIKT) og andre IT-leverandørar.
- **Breibandsutvikling** – planleggje og tilretteleggje for utbygging av digital infrastruktur i kommunen.
- **Innovasjon og samarbeid** – delta aktivt i samarbeid med Norsk Innovasjonssenter AS, Høgskulen i Volda og andre relevante aktørar for å fremje utvikling av nye kurs, program og produkt for kommunal sektor.
- **Leiing av digitaliseringsrådet** – koordinere digitaliseringsarbeidet på tvers av kommunen og sikre strategisk utvikling av digitale tenester.

Vidare syt avdelinga for representasjon i det interkommunale digitaliseringsrådet for Søre Sunnmøre og andre relevante arbeids- og prosjektgrupper i samarbeidet.

Avdelinga har i 2024 hatt eit særleg fokus på strategisk digitalisering, utvikling av internkontrollsystem og målretta porteføljestyring for å sikre at kommunen sine digitaliseringstiltak kan målast for å kunne dokumentere gevinstar.

### Viktige hendingar

#### Sprek på nett

Auka digital deltaking og kompetanse for innbyggjarar - har god framdrift og godt tal besøkande kvar gong med mellom 25 til 40 deltakarar. Kommunen lærer mykje og vil tilpasse og tilretteleggje for utvikling av tilbode framover. Prosjektet vert ferdigstilt april 2025.

Volda og Ørsta kommune har også fått innvilga ein million krone frå digitaliseringsdirektoratet for eit prosjekt, "Digital kvardag - meistring for alle". Prosjektet har oppstart våren 2025.

#### Heving av basis IT-ferdigheiter for tilsette

Heving av grunnleggande IT-ferdigheiter for tilsette er eit prioritert satsingsområde. I siste halvår av 2024 vart det gjennomført ein prosess for å avklare og forankre gjennomføringa, samt avviklinga av e-læringsløysinga basert på ECDL (EU, Noreg Datakortet). Det vart inngått avtale, og eit oppstartsmøte vart gjennomført. Grunna interne forhold i Volda kommune vil utsending av e-læringspakken skje i februar 2025. Opplæringa vert gjennomført med ei kartlegging av ferdigheiter som legg grunnlaget for individuelt tilpassa opplæring. Kartlegginga er anonymisert og aggregert for å gi eit overordna bilete av kompetansenivået på sektornivå før og etter opplæring.

#### Avslutting av drift for tidlegare Hornindal kommune sine IKT-system

Eksportering og import av data frå tidlegare Hornindal kommune til Volda kommune har tatt lang tid då leverandørmarknaden fekk kapasitetsutfordringer grunna alle kommunesamanslåingane. Volda kommune måtte difor ha ei avtale med IKT Nordfjord (Nordfjordnett) for drift av IT-systema fram til all data er henta ut og tatt inn i SSIKT. Avtala med med IKT Nordfjord (Nordfjordnett) vart avslutta 31. desember 2024.

## Kunstig intelligens

Dette er eit stort og omfattande tema med ei rekkje ulike muligheitar og fallgruver. Både innanfor storspråkmodellar, så vel som maskinlæring og optimalisering. Kommunen samarbeider tett med Norsk Innovasjonssenter(NIAS) og Høgskulen i Volda for etablering av eit KI-Senter. Kommunen har signert intensjonsavtale for deltaking i TRUST-KI senter ved HiVolda. Kommune deltek også i utgreiingar gjennom Digi Møre og Romsdal, og KS.

### Tenestekvalitet

- Volda kommune har ein godt utbygd digital infrastruktur mellom bygdene og kommunale bygg. For bygdene betyr det at dei har god dekning for breiband og mobiltelefon. Vidare er det godt utbygd IKT-nettverk inne i kommunale bygg, men her viser erfaringane frå 2024 at det er behov for eit modernisering av IKT-nettverket i bygg der t.d velferdsteknologi og anna sensor-teknologi skal takast i bruk. Nye teknologiske løysingar gir nye moglegheiter for å betre kvardagen til både tilsette og bebuarar, men IKT-nettverket som vart designa for om lag ti år sidan treng modernisering då desse nye løysingane krev meir av nettverket. Denne utgreiinga vil vi arbeide vidare med i 2025, med sikte på budsjettprosessen for 2026.
- Volda kommune har ei omfattande portefølje av system for å levere tenestene våre. I 2024 starta vi ei kartlegging av desse systema, og innan første halvår 2025 skal vi ha dokumentert formål, eigarskap, kostnader, integrasjonar og bruksområde. Målet er betre systemstyring, kostnadskutt og effektiv drift, samt å identifisere mogleg systemoverlapping.

  For innbyggjarane vil dette gi meir brukartilpassa tenester, betre personvern og tryggare handtering av personopplysningar gjennom oppdaterte behandlingsprotokollar, ROS-analyser og DPIA-vurderingar. Vi har sett oss eit mål om å redusere systemkostnadene med 500 000 kroner i 2025, mellom anna ved å utnytte eksisterande system betre og ta i bruk nasjonale fellesløysingar. Når dokumentasjonen er ferdig, vil ho leggje grunnlag for prioriteringar i kommunen sin digitaliseringsstrategi

- Avdelinga for innovasjon og digitalisering spelar ei viktig rolle i den digitale utviklinga av kommuna sine tenester ved å vere både ein støttespelar og ein fasilitator. Avdelinga legg føringar for retninga kommunen si digitalisering skal ta, samtidig som ho sikrar at system og ressursar vert utnytta på ein effektiv måte. Gjennom verktøy innan tenestedesign bidrar avdelinga aktivt i anskaffingar og endringsprosessar, slik at kommunen er godt rusta for framtida.

  Arbeidet spenner over alle sektorar, med særleg innsats innan velferdsteknologi, porteføljestyring, prosjektstyring, digibarnevern og breibandsutvikling. Alle innbyggjarar har no tilgang til godt breiband, noko som gir auka moglegheiter for både næringsliv og privatpersonar. I tillegg har kommunen redusert kostnader i anskaffingar og innføringar.

### Utvalde resultat

## Breiband

Kommunen har lykkast godt med å både stimulere til kommersiell utbygging der utbyggar bygg ut utan offentleg stønad, og utbygging med støtte frå den nasjonale breibandsordninga som er forvalta av Fylkeskommunen. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet sitt dekningskart synar at 99,1% av alle husstandar i Volda kan få hastigheitar på 100Mbit/s eller meir.

## Kurs i M365 i Volda

I løpet av 2024 har vi gjennomført om lag 30 kurs i generell bruk av Microsoft Teams. Kurset har vore ope for påmelding for alle, og vi har nådd ut til alle sektorar.

Kurset har dekt hovudtrekka i bruk av Microsoft 365: lagring i OneDrive og SharePoint, bruk av Teams og kanalar, samt gjennomføring av møter. Målet har vore å gi alle ei felles forståing av korleis dei administrative verktøya fungerer, og korleis vi best kan bruke dei i kommunen. Vi har også gått gjennom ulike applikasjonar og vurdert kva kanalar som passar best til ulike typar kommunikasjon og lagring av dokument.

Dei fysiske samlingane har stort sett hatt 8–12 deltakarar frå same seksjon. Undervisninga har vore basert på ein PowerPoint-presentasjon, med høve til å stille spørsmål undervegs. I tillegg har deltakarane fått to praktiske oppgåver for å prøve seg sjølve.

Tilbakemeldingane har vore svært positive, spesielt frå legevakta og kulturavdelinga. Desse har allereie uttrykt ønske om eit oppfriskingskurs og meir vidaregåande opplæring.

Kursa har stort sett vart i to timar, avhengig av spørsmåla på slutten. Mange har stilt spørsmål utanfor agendaen, noko som viser at dei tilsette ønskjer å lære meir og finne betre løysingar for arbeidskvardagen sin.

## Studio – innspeling av videoar på rådhuset

I 2023 bestilte kommunedirektøren eit innspelingsstudio som tilsette kunne bruke sjølv. Målet var å styrke innbyggardialog og demokrati, effektivisere opplæring, heve kvaliteten på internkommunikasjon og styrke rekrutteringsarbeidet.

Studioet kom i drift i starten av 2024, og sidan då har vi spelt inn over 35 opplærings- og informasjonsvideoar. Vi har òg produsert helsingar, sosiale bodskap og rekrutteringsannonser til sosiale medium. Hovudtyngda av opplæringsvideoane er knytt til helse- og omsorgssektoren, men alle sektorar har teke del i arbeidet.

Studioet er spesielt godt eigna til bodskap som skal nå fleire grupper. Ein video kan spelast inn éin gong og visast for ulike grupper ved behov. Dette gir både berekraftige og effektive løysingar.

Dømer:

- Opplæring i bruk av Somnofy i helse- og omsorgssektoren
- Opplæring i bruk av Gerica EPJ
- Kroppsspråk – kurs for tilsette i oppvekstsektoren

- «Liten og ny i barnehagen» – informasjon til foreldre
- Utlysing av stilling som kommunalsjef for samfunnsutvikling – rekrutteringsvideo

Studioet gir oss òg moglegheit til å gjennomføre både interne og eksterne webinar med høg kvalitet i eit «ein til mange»-format. I tillegg aukar det produksjonsverdien på større møte.

Vi har framleis ein veg å gå for å få fleire til å bruke studioet og utforske nye måtar det kan skape verdi for innbyggarane. Vi håper 2025 blir året der tenesta verkeleg tek av og kjem både innbyggarar og tilsette endå meir til gode.

## Omstilling og digitalisering

I denne rapporteringa er innføring av nytt fagsystem for barnevernstenesta løfta fram.

Innføringa av DigiBarnevernsløysinga i Volda kommune har allereie ført til fleire positive gevinstar. Automatisering av KOSTRA-rapportering har redusert manuelt arbeid, både i Volda som vertskommune og i samarbeidskommunane.  Løysinga gjev betre oversikt over rapporteringstala, noko som aukar effektiviteten i tenesta. Det nye fagprogrammet, Modulus, tilbyr betre fagstøtte enn tidlegare system, noko som på sikt vil heve kvaliteten på arbeidet og styrkje grunnlaget for avgjersler i barnevernstenesta.

Sjølv om opplæring og tilpassing til den nye løysinga krev tid og innsats, ser ein allereie no tydelege fordelar. Volda kommune har også hatt ansvar for anskaffing av det nye fagprogrammet for 15 kommunar i Møre og Romsdal, noko som legg til rette for eit fellesskap som kan styrkje samarbeid og effektivitet på tvers av kommunegrenser i Møre og Romsdal.

DigiBarnevern (KS og Bufdir) har utvikla fleire digitale verktøy som kan støtte barnevernstenesta sitt arbeid, mellom anna "Min kommune – barnevern" og "sikker chat", som gir høve til trygg og effektiv kommunikasjon mellom barnevernet og barn, unge og føresette. Volda kommune har per i dag ikkje teke desse verktøya i bruk, men det ligg føre ei moglegheit for å innføre dei i løpet av 2025 dersom det blir prioritert. Dette kan ytterlegare forbetre kommunikasjonen og medverknaden i tenesta, samt gi barn og familiar enklare tilgang til informasjon og dialog med barnevernet.

Samla sett viser erfaringane frå Volda kommune at innføringa av DigiBarnevernsløysinga allereie har gitt gevinstar i form av meir effektiv ressursbruk, høgare kvalitet i saksbehandlinga og betre oversikt over sentrale data. Vidare utvikling og eventuell innføring av dei digitale kommunikasjonsverktøya vil kunne styrkje tenesta ytterlegare og gjere ho meir tilgjengeleg og brukarvennleg.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 17 208 | 16 325 | 17 326 | 118 | 0,7 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 505 | 3 143 | 3 107 | -36 | -1,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 12 447 | 13 326 | 13 420 | 94 | 0,7 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 7 396 | 7 350 | -46 | -0,6 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **13 952** | **23 865** | **23 877** | **12** | **0,0 %** |
| Salgsinntekter | -96 | -396 | 0 | 396 | 0,0 % |
| Refusjoner | -756 | -6 261 | -6 551 | -290 | 4,4 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-852** | **-6 657** | **-6 551** | **106** | **-1,6 %** |
| **Netto resultat** | **13 100** | **17 208** | **17 326** | **118** | **0,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
3 142 568
23 864 639
7 395 885
13 326 185
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-396 000
-6 656 805
-6 260 805
Refusjoner
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
| --- | --- | --- | --- | --- | --- | --- |
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Vi skal ha god teknisk og digital infrastruktur i heile kommunen | Breiband - hastighet | | 90,0 % | 99,0 % | |
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 70,1 % | |

## Sjukefråvær

### Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Oppvekst

## Skildring av tenesteområde

***Volda kommune har trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer***

Visjonen som kjem fram i oppvekstplanen, skal vere ei inspirasjonskjelde for alle som arbeider i sektoren. Dei lovpålagde oppgåvene og måla styrer arbeidet vårt, medan visjonen peikar på det overordna målet og teiknar opp kursen vår.

Den interkommunale barneverntenesta som Volda er vertskommune for, utfører oppgåvene kommunen har etter barnevernlova. Tenesta skal, saman med samarbeidspartnarar, ha fokus på tidleg oppdaging og tidleg intervensjon.

Avdeling barn og familie si verksemd vert styrt av helse- og omsorgstenestelova (avgrensa til helsestasjonsverksemd), helsepersonellova (avgrensa til helsestasjonsverksemd) og folkehelselova. Dette inneber svangerskaps- og barselsomsorg, helsestasjon og skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom og studentar.

Volda kommune har 8 kommunale barnehagar som utfører oppgåver styrt av barnehagelova m. forskrift og rammeplan for barnehagen. Spesialpedagogisk koordinator er oganisatorisk lagt til avdeling barnhage. Kommunen har tilsyns- og rettleiingsansvar for dei 6 private barnehagane. Det er i tillegg ein open barnehage i kommunen.

Kommunen har 7 grunnskular som utfører oppgåver styrt at opplæringslova m. forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er organisatorisk lagt til avdeling skule.

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for grunnskule og spesialundervisning for vaksne, norskopplæring og introduksjonsprogram. Tenesta utfører oppgåver styrt av opplæringslova og integreringslova.



Volda er ein del av interkommunal PPT, med Ulstein som vertskommune.

Tidleg innsats er eit grunnleggande prinsipp i sektoren, som skal arbeide førebyggande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. Dei skal møte tilgjengelege tilsette med rett kompetanse og som er trygge i rollene sine.

Sektor for oppvekst skal vere ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Alle tilsette skal oppleve eit inspirerande miljø, fritt for krenking, mobbing, trakassering og diskriminering.

## Overordna mål

**Utover dei måla** som kjem fram i lov og forskrift for tenesteområda, er det i kommuneplanen sin samfunnsdel og oppvekstplanen for sektor oppvekst at dei overordna måla for tenesteutøvinga kjem fram.

**Samfunnsdelen** i kommuneplanen vektlegg at folkehelse handlar om førebyggande arbeid innan alle kommunen sine verksemder, og det er avgjerande at kommunen har eit meistringsperspektiv og tenker helse i alt vi gjer.

**Volda kommune** har i sine planstrategiar vedteke at berekraftmåla i FN skal flettast inn i kommunen sine delplanar. For sektor oppvekst vurderer vi særleg at følgjande berekraftmål er særleg relevante:

**God helse og livskvalitet**

Sektor oppvekst skal arbeide systematisk for å fremje god helse både psykisk og fysisk. Dette vert mellom gjort m.a. ved å gjennomføre universelle, pedagogiske program som omhandlar psykisk helse i barnehage og skule.

**God utdanning**

I sektor oppvekst er ein medvite på at utdanningsløpet er både barnehage, grunnskule og vaksenopplæring og integrering.

**Samarbeid for å nå måla**

Berekraftsmålte fungerer som ei felle, global retning og prioritert innsats. Dette ligg til grunn i sektor oppvekst, sidan utgangspunktet er at samhandling gir betre tenester.



**Oppvekstplanen er delt i tre hovudområde:**

1. Trivsel, deltaking og medverknad

2. Meistring og læring
3. Gode tilbod og tenester

Under kvart område er det nedfelt delmål/ønska resultat. Alle tilsette i sektoren er sentrale for å nå desse måla. Tett og godt samarbeid i sektoren er avgjerande for å nå desse måla.

## Viktige hendingar

**Mottak av flyktningar**

I 2024 vart det også teke mot eit høgt tal ukrainske flyktningar. Tenestene i kommunen og lokalsamfunnet elles har lagt ned ein stor innsats for å kunne ta i mot og gje gode tenester til alle. Volda læringssenter, som står i førstelina i arbeidet, er bemanna opp for å kunne løyse alle oppgåvene. Hittil har ein kunne tilby barnehageplass og skuleplass nær heimen til dei fleste barn og unge. Etter to år med særleg høg busetting, er det lite restkapasitet ved dei tre skulane i Volda sentrum. Elevar som vart busette i Volda sentrum etter 01.01.24, fekk sitt innføringstilbod ved Folkestad skule. Også ved Folkestad skule byrjar kapasiteten å verte avgrensa.

Barnevernet har fått saker som gjeld busette flyktningar. Nokre av desse sakene er særleg krevjande og akutte. Tenesta har hatt behov for å søke hjelp både hjå konsulat og Bufdir si avdeling for utanlandssaker.

**Psykisk helse**

Det er ein auke i talet på barn og unge som strevar med si psykiske helse. Dette kan ein mellom anna sjå att i auken i talet på elevar med ufrivillig skulefråvær. Samhandlingsreforma, oppvekstreformen og opptrappingsplan for psykisk helse (2023-2033) gir kommunane større ansvar for å tilby hjelp og behandling i større grad enn før.

Det er no etablert ny seksjon familie- og ungdomsstøtte, som ligg til ny *Avdeling barn og familie*. I denne seksjonen er det rekruttert kompetanse som skal kome i møte behovet for eit lågterskeltilbod til familiar og ungdom som treng hjelp, støtte og rettleiing.

**Barnevern**

Barnevernsreforma som vart sett i verk i 2022 har også hatt fokus i 2024. Tenesta tek del i Bufdir si kompetansesatsing i samband med reforma. Fleire tilsette er i gang med vidareutdanning for å i møtekome kompetansekravet som vert stilt i ny Barnevernslov. Vi har også på vegne av alle kommunane i Møre og Romsdal prosjekt-ansvar for eit eige prosjekt som skal førebu kommunane på ansvaret for fosterheimar som vart overført frå stat til kommune i samband med reforma.

Ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane er innført, og tenestene må anskaffa nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Som vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta, har Volda tatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av fleire kommunar i Møre og Romsdal.

**Barnehage**

Auka bemanninga på småbarnsavdelingane vart vidareført i 2024. Dette er eit viktig tidleg-inn tiltak som medverkar til at dei tilsette i større grad kan vere tett på og følgje opp dei yngste barna.

Ei rekke kompetanseutviklane tiltak vart vidareført i 2024. Evaluering av rutinar for foreldresamarbeid har gitt ei styrking av arbeid med tilvenning og styrking av overgangar. Volda kommune fyl småbarnsforskinga «Liten og ny- foreldreaktiv tilvenning i barnehagen» . Vidare held barnehagane fram arbeidet med å implementere og bevare ny kunnskap og kompetanse i organisasjonen etter Voldaprosjektet. Certfisert og implementering av tryggleikssirkelen (COS-P) og «Se barnet innenfra» (SBI) som begge bygger på tilknytningsteori og fremmer mentaliseringsevne og relasjonsbygging er gode verkty for foreldre og tilsette.

I det regionale nettverksarbeidet (REKOMP) er statleg finansiert og Volda i partnerskap med PPT/STATPED og Høgskulen i Volda satsa på ASK , alternativ og supplerande kommunikasjon, opplæring i alle barnehagane. Alle desse grepa styrkjer kvarandre og er i tråd med måla i oppvekstplanen

Fleire barnehagar har fått oppgradert utemiljøet.

Barnehagane har fått digitale ressursar som gjer dei betre i stand til å kome møte mla i rammeplan for barnehagar.

**Skule**

2024 vart eit nytt år der grunnskulen har teke i mot mange ukrainske elevar, og gitt eit heilskapleg skuletilbod som inkluderte særskilt språkopplæring.

I hovudutlysinga for lærartilsetjinga har kommunen over år vore i ein heldig situasjon og fått mange, gode søkarar. Vi ser at vi er i skarp konkurranse med våre nabokommunar, og må prøve å få definert behova våre tidleg slik at vi er raskt ute med å rekruttere dei med høgast kompetanse. Midt i skuleåret ser vi at rekrutteringsutfordringane var store, og tilgangen til kvalifisert personell er avgrensa.

Ved Øyra skule ser ein ved fleire årssteg at det er utfordrande med kapasiteten. Ein har sett på korleis ein best kan kome denne utfordringa best i møte, m.a ved å utnytte større grupperom til deling, bruke uteskule som metode og utnytte ledig kapasitet når ei klasse har t.d kroppsøving, symjing eller utedag.

**Vaksenopplæring og integrering**

Mottak av ukrainske flyktningar har grad prega Volda læringssenter og Volda kommune også i 2024.

Tenesta blei vesentleg styrka i 2022 som eit resultat av flyktningstraumen som skuldast krigen i Ukraina. Det har vore opp mot 200 elevar på Volda læringssenter i 2024, men elevtalet varierer. Stor fleksibilitet hos dei tilsette er nødvendig for å kunne gi flyktningane eit godt tilbod. Volda kommune har også leigd undervisningslokale i Sjukehusvegen 6A for å kunne tilby lovpålagt undervisning til alle deltakarane. Flyktningane har motteke språkopplæring i norsk og kvalifisering til skule og arbeid.

I tillegg har Volda læringssenter tilbod i Individuelt tilrettelagt opplæring for vaksne med særskilde behov.

Det er no ca. 25 tilsette ved Volda læringssenter, inkludert vikarar og tolkar.

## Tenestekvalitet

Jfr barnevernlova § 15-3, skal kommunestyret ein gong i året ha ein rapport om barnevernstenesta:

*Kommunestyret selv skal minst en gang i året få en redegjørelse om tilstanden i barnevernstjenesten.*

Opplæringslova § 17-12:

*Kommunestyret og fylkestinget skal minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa.*

I delrapportane til avdelingane, er det gjort greie for kvaliteten i tenestene.

Delrapporten for barnevernstenesta og delrapporten for skule, stettar kravet i lovverket om årleg informasjon til kommunestyret.

## Utvalde resultat

Det vert vist til delrapportane til den enkelte avdeling i sektoren.

## Omstilling og digitalisering

**Barnevern**

Bufdir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har hatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av 13 kommunar i Møre og Romsdal. Dette arbeidet vart sluttført i 2024 og tenesta starta opp med nytt fagprogram i november 2024. Overgangen til dette kjem til å ha fokus i 2025.

**Barn og familie**

Helsestasjonsportalen er eit nyttig interkommunalt oppslagsverk for både tilsette og brukarar av helsesasjonen. Der finn ein kvalitetssikra informasjon med oppdaterte brosjyrer og nettsider som ein kan bruke både i svangerskapet, til born i alderen 0-5 år, i skulealder og for ungdom. Denne portalen er felles for Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Volda og Ørsta, og ein har årleg gjennomgang for å sikre kvalitet og informasjon.

Helsestasjonen nyttar innbyggardialog som hovedkjelde i kommunikasjonen med brukarane. Med dette sikrar vi dokumentasjon for informasjon som er gitt og avtalar som er gjort med helsestasjonen. Dessverre er ikkje alle digitalt aktive, og for nokre typer kontakter er det uråd å nytte dette, men vi ser at fleire no brukar denne løysinga.

Som ledd i etablering av ny teneste skal eit årsverk helsesjukepleiar flyttast over frå ordinær teneste. November/ desember vart det gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette for å kartlegge ønske og kompetanse. I etterkant vart det drøfta i referansegruppa og vi landa på ein modell der vi frigjer 2x 50

% ressurs, då vi tenker at dette gir større grad av fleksibilitet, styrke og kompentanse i tenesta. Grunna vakansar blir dette fullt ut effektuert frå juli 2025.

**Barnehage**

Dei kommunale barnehagane har no ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte digitale verkty i barnehagen. Dei har fått digitale verkty jf. strategien IKT barnehage. Merksemda framover er å skulere og trygge dei tilsette i å bruke verktya som er kjøpt inn.

Ein har dei siste åra oppgradert Bratteberg barnehage med Active Wall til gymsal og Active Floot til det "kvite sanserommet" og ny NAD CD-spelar til musikkrommet. Andre barnehagar og skular kan nytte sanseromma i barnehagen dersom ein ønsker det.

Vigilo (oppvekstadministrativt program), barnehagen sitt digitale kommunikasjonsverkty, blir nytta i den daglege kommunikasjonen mellom barnehage - heim. Alt som sendast ut frå barnehagen er via Vigilo. Tilbakemeldingane er at Vigilo fungerer godt, men det er nokre forbetringsområde som må løysast i høve kommunikasjon med foreldre.

**Skule**

Frå 1. august 2023 gjekk ein over til nytt oppvekstadministrativt system, Vigilo. Skulane har fått god opplæring i systemet. Gjennom 2024 vi har utarbeidd gode rutinar og malar som jamleg vert oppdaterte etter behov. Vigilo tek hand om både skuledrift, SFO og kommunikasjon mellom heim og skule.

**Vaksenopplæring og integrering**

Volda læringssenter innførde nytt administrativt system, Visma flyktning og vaksenopplæring, i 2022. Systemet stettar behova i tenesta, men ei modernisering og utvikling av grensesnittet er planlagt i nær framtid.

## Internkontroll og statleg tilsyn

Sektoren har også i 2024 hatt merksemd på internkontroll, og avdelingane har arbeidd fram system som skal stette krava til internkontroll i kommunelova.

I 2024 førte Arbeidstilsynet tilsyn med fleire av skulane og med "oppvekstsjefen sitt kontor". I tilsynet var merksemda retta mot vald, trugsmål og uheldige belastningar. Volda kommune fekk tre pålegg frå Arbeidstilsynet som hovudsakleg var relatert til rutinar for kartlegging og risikovurdering av vald og trugsmål. Vidare vart det gitt pålegg om naudsynt opplæring og øving i førebygging og handtering av vald- og trugsmål. Eitt tredje pålegg var knytt til det fysiske arbeidsmiljøet ved Mork skule.

Volda kommune har kome i møte alle pålegga, og tilsynet er avslutta.

## Beredskap og samfunnssikkerheit

Sektoren følgjer det overordna kommunale kriseplanverket og krav til sektoren sin beredskap finst i fleire lover og forskrifter.

Som ein del av *Beredskapsplanen for Volda kommune*, har sektoren innan barnehage- og skuledrifta ein eigen delplan som skal sikre at barnehagen og skulen har analysert mogelege scenario, og er førebudd om ei alvorleg hending skulle skje.

Sektoren har også ein beredskaps-plan for hendingar der elevar ikkje kjem seg heim frå skule grunna ras/skred.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Stab oppvekst | 2,42 | 0,47 | 0,00 | 2,89 |
| Barn og familie | 12,36 | 3,00 | 1,60 | 16,96 |
| Barnehage | 102,99 | 7,89 | 8,14 | 119,02 |
| Skule | 186,77 | 20,11 | 9,28 | 216,16 |
| Vaksenopplæring og integrering | 21,47 | 0,97 | 8,45 | 30,89 |
| Interkommunalt barnevern | 46,34 | 3,91 | 0,62 | 50,87 |
| **Total** | **372,35** | **36,35** | **28,09** | **436,79** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 462 | 99 | 136 | 30 | 203 | 38 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 21-Stab oppvekst | 10 896 | 9 740 | 9 676 | -1 220 | -12,6 % |
| 22-Barnevern Volda | 24 406 | 19 600 | 24 225 | -181 | -0,7 % |
| 23-Barn og familie | 11 122 | 14 506 | 13 669 | 2 547 | 18,6 % |
| 24-Barnehage | 127 984 | 125 441 | 126 960 | -1 024 | -0,8 % |
| 25-Skule | 161 036 | 155 010 | 157 350 | -3 686 | -2,3 % |
| 26-Vaksenopplæring og integrering | 41 731 | 48 973 | 43 769 | 2 038 | 4,7 % |
| 27-Interkommunalt barnevern | -42 | 0 | -538 | -496 | -92,3 % |
| **Sum** | **377 133** | **373 270** | **375 110** | **-2 022** | **-0,5 %** |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 380 328 | 399 382 | 406 610 | 7 227 | 1,8 % |

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 35 865 | 33 545 | 34 472 | 927 | 2,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 96 756 | 101 391 | 95 478 | -5 913 | -6,2 % |
| Overføringsutgifter | 2 050 | 1 873 | 1 870 | -2 | -0,1 % |
| Finansutgifter | 0 | 106 | 7 | -99 | -1489,4 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **514 998** | **536 297** | **538 437** | **2 140** | **0,4 %** |
| Salgsinntekter | -15 891 | -14 490 | -15 898 | -1 407 | 8,9 % |
| Refusjoner | -144 199 | -144 276 | -147 107 | -2 831 | 1,9 % |
| Overføringsinntekter | -468 | -326 | -314 | 12 | -3,7 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -72 | -7 | 65 | -875,2 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-160 557** | **-159 164** | **-163 326** | **-4 162** | **2,5 %** |
| **Netto resultat** | **354 441** | **377 133** | **375 110** | **-2 022** | **-0,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

### Barnevern Volda

Det er i høve fellesutgifter tatt høgde for lønsoppgjeret og justert i forhold til barnetal. Her ligg også utgifter til tolk og advokat, som for Volda sin del har medverka til auka utgifter. Det er fleire barn frå Volda som er flytta ut av heimen i 2024. Eitt av dei på institusjon. Dette får konsekvensar for kostnadane på tiltak utanfor heim.

### Barn og familie

Nettoresultatet for helsestasjon og jordmor samla syner eit mindreforbruk på 18,6 %. Dette er i stor grad knytt til ubrukte lønsmidlar. Det har vore sjukmeldingar i avdelinga, samt at to tilsette har tilsaman 70 % AAP som ikkje er dekka inn per no. Ny avdelingsleiar jobbar med å skaffe oversikt over stillingar og skal ha gjennomgang med økonomileiar og kommunalsjef for å planlegge tenesta vidare. Det har også vore bruk av tilskotsmidlar som då ikkje har belasta det kommunale budsjettet, men som ein må ta inn i drift for 2025 og vidare.

### Barnehage

Rekneskapet 2024 viser ein meirforbruk på 1 024 337 dvs. 0,8 %.

Hovudtrekka er:

- Mindreforbruk fastløn kan skuldast feilføring t.d. fast tilsette har hatt permisjon utan løn eller har sagt opp stillinga si eller at den som har erstatta har blitt ført på feil konto.
- Nokre kommunale barnehagar har eit meirforbruk medan andre har eit mindreforbruk. Det ikkje er blitt korrigert endringar i løpet av hausten. Tal barn og tilsette kan endre seg alt etter tal på barn vår og haust. Då det ikkje var budsjettert med driftsmidlar til Austefjord barnehage så måtte vi gjere ei omfordeling av midlane slik at barnehagen også fekk driftsmidlar. Det er ikkje korrigert i rekneskapet.
- Vikarutgiftene er lågare enn det reelle kostnaden då styrarane har vore mykje på avdeling på grunn av mangel på vikarar.

- Brukarbetaling er mindre enn budsjettert. Færre barn i nokre barnehagar er medverkande til at ein ikkje har fått inntekta som budsjettert. Samla sett så er dei kommunale barnehagane innanfor budsjettet.
- Meirkostnad knytt til refusjon til dei private barnehagane gjeld: tilskot, redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt/gratis kjernetid, støttetiltak, søsken-moderasjon, styrka bemanning og endring av makspris og gratis for barn nr. 3 vart høgare enn forventa. Fleire barn har fått støttetiltak i dei private barnehagane og kommunen har refundert lønsutgiftene.
- Meirinntekt kommunen har fått tildelt midlar frå staten til kompetanseheving som er høgare enn budsjetter
- Refusjonskravet til andre kommunar er høgare enn budsjettert då det er fleire barn som har barnehageplass i Volda kommune frå andre kommunar,
- Det er eit meirforbruk på funksjon 211 - støttetiltak. Meirforbruk i løn skuldast tiltak etter §§ 31 og 37 som gjeld spesial-pedagogisk hjelp og ekstra støtte knytt til barn med nedsett funksjonsevne.

**Skule**

Totalt går skuleområdet med eit meirforbruk på 2,3 % i 2024, mot eit meirforbruk på 1,1 % året før. Sjølv om mykje av det har ei forklaring er det utfordrande at ein går med ca 3,6 mill i meirforbruk. Det er varierande mellom skulane korleis eininga kjem ut på botnlinja. Punktvis vurderer eg at dette kan forklare totalen:

- Brukarbetaling SFO. Totalt 3,3 mill. Mindre inntekter grunna gratistimar. Ordninga utvida til å gjelde 3. klasse også frå hausten 2024. Fleire barn=fleire vaksne, og auka lønskostnader
- Fleire av einingane har vanskar med å halde seg innan for ramma på driftsbudsjettet sitt
- På refusjonar ser vi at det er mindre refusjonsinntekter enn budsjettert
- Kjøp frå private, og kjøp frå kommunar, høgare enn budsjettert. Noko knytt til bistand frå Avonova, men også leige av personale frå helse
- Tala for fastløn og løn til vikarar vurderer eg som ok totalt sett for heile grunnskuleområdet

**Vaksenopplæring og integrering**

Det blei gjort ein gjennomgang av budsjettet i samband reduksjon i busettingtalet på flyktningar frå opprinneleg budsjett. I det opphavlege budsjettet låg det eit forslag med 110 flyktningar, medan vedtaket i kommunestyret blei 80 busettingar for 2024. Seinare har talet på 80 busettingar blitt oppjustert igjen til 100 hovudsakleg på grunn av fråflytting.

Opphavleg budsjett på ca 49 millionar blei redusert 43,7 millionar. Dette inkluderte også lønsmidlar til 6 kommunale midlertidige stillingar for å gi flyktningar arbeidserfaring. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på ca 2 millionar kroner. Mindreforbruket skuldast nedgang i lønsutgifter og lågare utbetalingar i introduksjonsstønad.

Resultatet vitnar om sunn økonomistyring.

**Sektor oppvekst**

Sektor oppvekst hadde i 2024 eit meirforbruk tilsvarande 0,5 % av tildelt ramme. Ein stor auke i talet barn i skulefritidsordninga, som skuldast innføring av 12 t gratis pr veke for 1.-3. klasse, har resultert i eit

meirforbruk på 3,2 mill kr., noko som representerer meir enn det som er meirforbruket i sektoren. Skal ein nå målet om reduserte kostnader innan drifta av SFO, er det naudsynt å revidere vedtektene for ordninga, og redusere fleksibiliteten i tenestetilbodet.

Det store biletet viser at leiarane i sektoren kjenner eit stort ansvar for økonomien, og har god budsjettdisiplin gjennom året.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




### Detaljvisning drift (graf)







## Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Ei drift i samsvar med budsjettramme | 101,0 % | 100,0 % | 100,5 % | |
| | | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 65,9 % | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Sjukefråvær i avdeling | 8,7 % | 8,7 % | 9,2 % | |
| | Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. | Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning | | 3,7 | 3,5 | **25 Skule**<br><br>Når det gjeld elevdemokrati og medverknad på 7.trinn nådde vi ikkje målet vi hadde sett på 3,7.<br><br>Vi enda på 3,5, noko som er likt med fylket elles.<br><br>Landet hadde 3,6 |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | Andel som takkar ja til heimebesøk etter fødsel | 90,0 % | 80,0 % | 99,0 % | **23 Barn og familie**<br><br>Tal henta frå hspro journalsystem |
| | | Andel elevar med spesialundervisning (reduksjon) | | 5,0 % | 5,8 % | **25 Skule**<br><br>Måltal ikkje nådd. Vi ligg 0,3 over.<br><br>Årsaka kan vere naturlege variasjonar i elevgruppa. |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Det blir jobba kontinuerlig med tilpassing og at det ordinære opplæringstilbodet skal vere godt |
| | | Trivsel i grunnskulen | 4,0 | 4,2 | 4,0 | **25 Skule**<br><br>Ungdomsskulen ligg rett under både fylke og land.<br><br>Barneskulen, 6. og 7. årssteg ligg likt med fylke og land.<br><br>5.årssteg ligg over fylke, og likt med landet forøvrig<br><br>Ein variasjon frå 3,9-4,2- så totalt sett vil eg seie mål nådd. |
| | | Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar | 60,0 % | 100,0 % | 85,0 % | **24 Barnehage**<br><br>Nokre har barnehagane har systematisert samtalane i årshjulet til barnehagen, medan andre har planlagt men ikkje fått gjennomført samtalane. |
| | | Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg | | 3,4 | 3,4 | **25 Skule**<br><br>Her ligg vi over både fylke ( 3,2) og land ( 3,3)<br><br>men ikkje nådd mål som er på 3,6- men på god veg |
| | | Auka nærvær barnehagar | 91,0 % | 92,0 % | 89,3 % | **24 Barnehage**<br><br>For utdjuping - sjå sjukefråvær og HMS |
| | | Auka nærvær skule | | 93,5 % | 92,2 % | **25 Skule**<br><br>Er nær målet |
| | Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggande arbeid. | Einsemd, ungdom | 10,0 % | 18,0 % | 24,0 % | **23 Barn og familie**<br><br>Pr no ligg det berre tal frå 2023 |
| | | Prosentdel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av depressive symptom | 16,0 % | 15,0 % | 16,0 % | **23 Barn og familie**<br><br>Pr no ligg det berre tal frå 2023 |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | 22,0 | 20,0 | 24,0 | **23 Barn og familie**<br><br>Pr no ligg det berre tal frå 2023 |
| | Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen. | Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar | | 4,8 | 4,3 | **24 Barnehage**<br><br>Barnehagane i Volda kommune ligg på 4.3 som også er nasjonalt gjennomsnitt. Opplevinga er at foreldre er meir nøgd med informasjon om korleis barnet har det i barnehage og om innhaldet i barnehagedagen. Barnehagane har lågare skår på informasjon om eventuelle endringar i personalgruppa. |
| | | Innvandrarar i arbeid | | 0 | 46 | **26 Vaksenopplæring og integrering**<br><br>Av 96 deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet(alder 18 - 55 år) i 2024, har 46 flyktningar hatt overgang til arbeid og 3 har hatt overgang til vidaregåande skule. Dette gir eit resultat på 49 prosent overgang registrert i Nasjonalt innvandrarregister(NIR). |

## KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B) | 2,7 | 2,5 | 1,0 | 1,7 | 1,4 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) | 4 293 | 4 502 | 3 003 | 4 247 | 4 231 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) | 16 295 | 17 922 | 11 875 | 17 399 | 17 327 |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) | 217 258 | 251 505 | 230 422 | 226 570 | 216 517 |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) | 125 155 | 126 796 | 123 370 | 124 106 | 118 568 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B) | 4 009 | 3 943 | 2 874 | 3 880 | 3 262 |
| Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) | 11 978 | 14 915 | 18 179 | 14 827 | 15 394 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | | |
| Antall barn (korrigert) per årsverk grunnbemanning i barnehager, kommunale barnehager | 5,7 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,7 |
| Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B) | 5,8 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,7 |
| Antall årsverk | 172,9 | 174,9 | 172,0 | 3 733,4 | 7 922,0 |
| Barn i barnehage (antall) | 582 | 559 | 582 | 13 048 | 28 548 |
| Barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, alle barnehager (antall) | 82 | 62 | 38 | 1 452 | 2 901 |
| Basisvirksomhet barnehagelærer årsverk | 85,5 | 85,7 | 75,8 | 1 532,6 | 3 318,7 |
| Basisvirksomhet fagarbeiderutdanning årsverk | 5,8 | 3,4 | 13,1 | 164,1 | 462,4 |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B) | 11,6 | 11,4 | 11,9 | 12,0 | 13,1 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B) | 195 758 | 221 114 | 210 784 | 216 511 | 202 460 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) | 22 479 | 23 345 | 21 393 | 22 817 | 24 706 |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B) | | | | | |
| Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (B) | 81 817 | 352 083 | 578 063 | 422 204 | 472 980 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B) | 1,0 % | 7,9 % | 6,3 % | 10,1 % | 5,1 % |
| Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B) | 91,2 % | 95,3 % | 91,7 % | 92,7 % | 88,4 % |
| Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B) | 97,1 % | 97,8 % | 98,7 % | 98,2 % | 97,4 % |
| Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år | 3,7 % | 4,2 % | 3,9 % | 5,1 % | 3,8 % |
| Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B) | 62,4 % | 60,1 % | 62,2 % | 47,0 % | 56,1 % |
| Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B) | 18,2 % | 17,5 % | 13,6 % | 18,6 % | 13,5 % |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B) | 5,6 % | 5,7 % | 6,0 % | 9,1 % | 7,9 % |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B) | 2,8 % | 2,2 % | 4,2 % | 3,7 % | 4,2 % |
| Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 (B) | 139,2 | 155,4 | 71,9 | 122,6 | 104,0 |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Begge kjønn Universitets- og høgskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent) | 12,4 | 13,7 | 7,9 | 10,8 | 12,9 |
| Begge kjønn Universitets- og høgskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent) | 80,8 | 80,8 | 84,1 | 76,5 | 74,4 |
| Elevunders. 10. trinn - Trivsel | 4,2 | 3,9 | 4,3 | 4,0 | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder) | 7 | 7 | 8 | 0 | 0 |
| Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B) | 5,8 | 6,3 | 5,8 | 6,1 | 5,9 |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Regning | 51,0 | 51,0 | 47,0 | 49,0 | |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk | 48,0 | 49,0 | 50,0 | 50,0 | |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing | 48,0 | 48,0 | 46,0 | 48,0 | |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Regning | 50,0 | 47,0 | 47,0 | 48,0 | |
| Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing | 55 | 53 | 52 | 52 | |
| Nasjonale prøver 9. trinn: Regning | 54 | 53 | 53 | 52 | |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B) | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 4,7 | 5,0 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | |
| Netto driftsutgifter (201) Førskole | 115 676 | 121 711 | 114 418 | 2 569 192 | 5 532 048 |
| Netto driftsutgifter (211) Styrket tilbud til førskolebarn | 11 484 | 14 656 | 18 295 | 288 635 | 575 458 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| IKT investeringar Oppvekst | 1 758 | 1 159 | 65,9 % | 599 |
| **Sum** | **1 758** | **1 159** | | **599** |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,03 % | 7,50 % | 10,53 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,10 % | 5,38 % | 8,49 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,92 % | 6,24 % | 9,15 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Samla har sjukefråværet i sektoren vore 9,15 % i 2024. I barnevernstenesta har fråværet auka, og det har gitt utfordringar i delar av drifta av tenesta.

I avdeling barn og familie har det vore ei svært positiv utvikling i 2024.

Trass i at det må vere rett å seie at fråværet innan barnehagedrifta framleis er høgt, ser ein positiv utvikling i nokre barnehagar. Det har over tid vorte arbeidd samvitsfullt med å auke nærveret, men det er eit krevjande arbeid som krev kontinuerlig merksemd.

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Barnevern Volda

### Skildring av tenesteområde

Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid har sidan 2014 vore ei interkommunal teneste med kommunane Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med Volda kommune som vertskommune. Frå 01.01.2020 kom Sande kommune inn i samarbeidet. Frå same dato har tenesta vore ein del av sektor oppvekst i Volda kommune. Frå 01.01.23 kom Vanylven kommune inn i samarbeidet.

Personalet er organisert og oppdelt i seksjonar, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kvar seksjon har sin leiar.




Som organisasjonskartet viser, er tenesta organisert i seksjonar som arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Det er sett inn tiltak for å sikre at det er godt samarbeid mellom seksjonane, og dei tilsette

kjenner ansvar for korleis tenesta fungerer som heilskap. Leiarane er samla i tenesta sitt leiarteam, som samarbeider tett om tenesta si daglege drift og er retningsgjevande for fagleg utvikling, økonomisk drift og ivaretakande arbeidsmiljø.

**Seksjon mottak og undersøking:**

Seksjonen tek i mot og går gjennom meldingar i samarbeid med leiarteamet i tenesta og har ansvar for å gjennomføre undersøkingar. Dei fleste meldingane vert undersøkt og det blir stilt store krav til den faglege kvaliteten i undersøkinga. Ein legg vekt på å snakke med barna i alle undersøkingar, og det skal kome tydeleg fram i arbeidet; kva barna seier om sin situasjon.

Talet på meldingar har auka. I 2014 fekk tenesta 281 meldingar om uro for barn. I 2024 fekk tenesta 600 meldingar.

Mange av meldingane gjeld vald, konflikt og rus. Det er sett inn tiltak både organisatorisk og fagleg, men ein ser at tenesta vert utfordra i å møte dei problemstillingane som meldingane inneheld. Fleire av sakene gir behov for tett tverrfagleg samarbeid internt i kommunane, med helseføretaket og statleg barnevern.

Tenesta har over tid arbeidd medvite med å gjere arbeidet med undersøkingar meir effektivt og ser no resultat av dette arbeidet. Talet på fristbrot er redusert, men er stadig ei utfordring. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta med dette og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å nå dette målet. Tenesta ser at ein må halde fram med å arbeide med å finne gode tiltak for å unngå fristbrot.

**Seksjon tiltak:**

Seksjon tiltak arbeider i hovudsak med å gi frivillig hjelp til heimebuande barn og deira familiar. Størstedelen barn som tek i mot hjelp frå barnevernstenesta får hjelp frå denne seksjonen.

Det mest nytta tiltaket er råd og rettleiing. Dette vert i hovudssak gitt av tenesta sitt familieteam, men sakshandsamar i saka gjer også dette. Elles er det sakshandsamar si oppgåve å følgje opp dei tiltaka som barnet og familien tek i mot. Ofte er det behov for hjelp frå andre tenester, og då har barnevernstenesta eit særleg ansvar for å syte for at det vert søkt om dette. Dette kan til dømes vere NAV, rus- og psykiatriteneste, teneste for funksjonshemma, BUP eller andre. Det vert også sett inn kompenserande tiltak som barnehage, SFO, besøksheim, fritidsaktivitetar, fritidskontakt/støttekontakt.

Det er særleg merksemd mot å aktivere familie og nettverk. I denne samanheng kan det bli gitt tilbod om familieråd og/eller nettverksmøte til familiane. Rustesting og tilsyn er også tiltak som vert nytta.

Det er store konfliktar i mange familiar, og i nokre av desse sakene er det samarbeid med familievernkontoret. Det skjer også at sakshandsamarar vert kalla inn som vitne i rettssystemet i samband med barnefordelingssaker.

Kvart barn skal ha tiltaksplan og desse skal evaluerast. Viss eit barn ikkje har slik tiltaksplan, er det oftast grunna at saka er i endring eller at den er i ein overgangsfase mellom teama.

Ein erfarer at temaet i sakene har alvorleg karakter som psykisk uhelse, rus og foreldrekonfliktsaker. Dette får konsekvensar for framdrifta i sakene og er oftast årsak til at nokre tiltaksplaner ikkje vert evaluerte til rett tid.

### Seksjon familieteam

Familieteamet arbeider direkte med endringstiltak inn i familiane. Rettleiarane har kompetanse på fleire tilnærmingsmåtar og utfyller kvarandre på ein god måte. Teamet prøver så langt det er mogeleg å tildele saker ut i frå kva den enkelte rettleiar har kompetanse på. Erfaringa er at mange av dei familiane som får hjelp har behov for styrking av foreldrekompetansen. Dette er ei utfordring for kapasiteten til familieteamet. Barn med stort skulefråvær samt dårleg eller manglande foreldresamarbeid mellom skilde foreldre, er andre problemstillingar det vert arbeidd med.

**Seksjon omsorg**:

Seksjon omsorg tek seg i hovudsak av oppfølging av barn og unge som bur utafor heimen, i fosterheim eller i institusjon

Det er eit krav i barnevernslova at slekt og nettverk alltid skal vurderast når ein skal finne fosterheim til barn. Fleire av våre fosterbarn under 18 år bur hjå slekt og nettverk og også fleire ungdommar på ettervern bur i fosterheim hjå slekt og nettverk.

I plasseringssakene er samvær mellom barn og foreldre eit tema som ofte er oppe til vurdering. Dette er tema som ofte vert drøfta i fagmøta. Det er også laga ein mal for evaluering av samvær, for å sikre at temaet vert teke opp og dokumentert. Det vert arbeida med å få til meir systematisk innsats for å hjelpe foreldre til å kunne ta tilbake omsorga for barnet og det er blant anna utarbeida rutinar for oppfølging av biologiske foreldre etter omsorgsovertaking.

Når eit barn som har teke i mot tiltak frå barnevernstenesta fyller 18 år vert dei tilbode ettervernstiltak om det er behov for det. Dette er eit tilbod ei kan ha fram til dei er 18 år. Dei fleste som vert tilbode ettervern takkar ja til dette. Tiltaka som desse mottek er tilpassa den einskilde sine behov og kva ungdomen samtykker til. Det er fleire ettervernssaker med ungdommar som treng mykje oppfølging. I desse sakene får ungdomen hjelp til å kome i kontakt med andre instansar, og barnevernstenesta er gjerne med og hjelper til med å koordinere tiltaka.

### Tilsyn med barn i fosterheim

Barnevernstenesta har ansvar for å føre tilsyn med barn som bur i fosterheim i samarbeidskommunane.

Det er øyremerka ein 50% stillingsressurs til oppfølging av tilsynsførarordninga. Tilsynsførarane er oppdragstakarar og vert rekruttert utanfor tenesta. Det er ei stor utfordring å rekruttere tilsynsførarar og følgje dei opp.

For at ordninga skal fungere, krev det jamn oppfølging i form av rettleiing og kontroll av talet på besøk.

## Viktige hendingar

### Fristbrot på undersøkingar

Det vart rapportert fristbrot i tre av 53 undersøkingar i Volda kommune 2024. Seksjon mottak og undersøking har arbeidd godt og målretta og tenesta som heilheit har vore med på å gjere gode grep for å redusere talet på fristbrot. Vi erfarar at sjukefråvær, nytilsettingar o.a raskt får konsekvensar for å tilfredsstille krava som er stilt oss.



**Saker for nemnd og rett**

Tenesta har tatt del i 27 handsamingar i nemnds- og rettssystemet i 2024. Av nemndsakene vart fleire handsama som samtaleprosess. Desse sakene krev mykje av dei tilsette si tid og påverkar kapasiteten på dei ulike teama. Sakene som går til nemnd og rett er arbeidskrevjande, og kostnadene er store.

Sakene gjeld til dømes omsorgsovertakingar, anke på vedtak, krav om tilbakeføringar og om auka samvær mellom biologiske foreldre og barn. Det har vore saker i nemnd og rett gjeldande fem barn i Volda i 2024.

**Barnevernsvakt**

Barnevernsvakt for alle kommunane på Sunnmøre vart etablert desember 2019, med Ålesund som vertskommune. Barnevernsvakta har motteke 295 meldingar som gjeld barn frå våre kommunar i 2024. Frå Volda kommune har barnevernsvakta motteke 70 meldingar. Barnevernstenesta er svært nøgd med samarbeidet med barnevernsvakta, og ser at det avlastar og fører til færre akutte saker. Dei tilsette ved barnevernsvakta har god kompetanse på akuttarbeid, og klarer i stor grad å roe ned situasjonar og gi god rettleiing til dei som vender seg til dei.

**Revisjon tiltaksfasa:**

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon gjenomførte hausten 2023 på oppdrag av kontrollutvalet i Volda revisjon av tiltaksfasa i barnevernstenesta. Problemstilling for revisjonen var: Har barnevernstenesta tilfredstillande rutinar for iverksetting og oppfølging av hjelpetiltak i heimen?

Rapporten frå revisjonen konkluderte med at barnevernstenesta har tilfredstillande rutinar for iverksetting og oppfølging av hjelpetiltak i heimen og kom med desse anbefalingane:

• Barneverntenesta / Volda kommune bør vurdere å utarbeide tiltaksplanar i samsvar med rettleiande standard for tiltaksplanar.

• Barneverntenesta / Volda kommune bør vurdere hyppigare evalueringar av tiltaka / tiltaksplanane, for å vere i samsvar med rettleiande standard, der det blir vist til ein kvartalsvis

Barnevernstenesta utarbeidde ein tiltaksplan i samsvar med anbefalingane. Resultatet av arbeidet med dette vart lagt fram for kontrollutvalet i Volda hausten 2024.

## Tenestekvalitet

### Rettleiing

Ny barnevernlov legg føringar for rettleiing av barnevernstilsette. Tenesta har tradisjon for å legge vekt på dette. Det er rettleiingsgrupper på tvers av seksjonane, og seksjonen følgjer sakene så lenge barna treng det i overgangen til ny fase. Det vert bidrege inn i kvarandre sine problemstillingar, og leiarane har overføringsmøte kvar veke. Tenesta arbeider stadig med å evaluere eige arbeid for å bli meir effektiv og for å finne gode metodar for å arbeide kreativt og målretta. Kvar seksjon har fagmøte kvar veke. Alle fagtilsette har faste tider for saksrettleiing med sin leiar og har tilbod om fagleg rettleiing i gruppe med ekstern rettleiar. Oppsummering av medarbeidarsamtalane vert nytta som innspel til evaluering av tenesta sitt arbeid og til tenesteutvikling. Dette er ein kontinuerleg prosess der målet er å vere ein lærande organisasjon med eit godt arbeidsmiljø.

### Medverknad frå barn og unge

Barnevernslova gir barn klare rettar i høve brukarmedverknad. Tenesta er oppteken av å involvere barnet og gi plass til barnet si stemme. Det er lagt inn eigne felt i malar for rapportar, vedtak o.l for å sikre at barnet si stemme vert dokumentert i kvar sak. Det er eigne skjema for tilbakemelding frå barna og samarbeidet med dei. Tenesta arbeider stadig for å bli betre på dette, og har arbeidd med å få plass gode rutinar for medverknad.

### Tverrfagleg samhandling

Barnevernstenesta ser i sitt daglege arbeid at det er svært viktig at barna og familiane som treng hjelp møter tilsette i kommunen som kjenner kvarande og samhandlar til barnet sitt beste. Tenesta er difor oppteken av å bidra til tverrfagleg og førebyggande arbeid i samarbeidskommunane. Det vert teke ansvar for dette både i arbeidet med kvart einskild barn og på systemnivå. Alle kommunane i samarbeidet er BTI kommunar. Barnevernstenesta er aktivt med i implimenteringsarbeidet i høve dette.

Barnevernstenesta har faste samarbeidsmøte med alle instansar som arbeider med barn og unge i samarbeidskommunane. Alle barnehagane og skulane, samt andre instansar, har sin eigen kontaktperson i barnevernstenesta. Dette for at terskelen for å ta kontakt skal vere så låg som mogleg. Kontaktpersonane møter til dømes på foreldremøte, personalmøte og i andre samanhengar for å informere om tenesta sitt arbeid. Tenesta har også representantar i faste samhandlingsgrupper i skule/barnehage i dei kommunane som har det.

Tenesta har inngått avtale om samarbeid med tannhelsetenesta, helsestasjonane, NAV, familievernkontoret og Høgskulen i Volda. Politiet og barnevernstenesta har faste månadlege møte. Tenesta tek og del i dialogmøter med BUP som to av kommunane er i gong med. Sosialarbeidarstudentar

har praksis i barnevernstenesta, og studentar frå høgskulen vert teke imot ved ulike høve når dei tek kontakt.



**Avdelingsleiar si oppsummering og vurdering**

Talet på meldingar til vår teneste held fram med å vere høgt. Vi erfarer at innhaldet i meldingane er alvorlege og komplekse. Tverrfagleg samhandling er naudsynt i dei fleste sakene for å gi barn og familiar rett hjelp til rett tid. Dette er utfordrande for både barnevernstenesta, andre tenester i kommunane og statlege instansar.

Alle kommunane i samarbeidet tek i mot auka tal flyktningar grunna krigen i Ukraina. Barnevernet har fått fleire saker som gjeld barn av flyktningar. Naturleg nok er ukrainske barn ein del av biletet. Sakene er til dels krevjande og akutte, og språkbarrieren gjer sakene ekstra utfordrande og tidkrevjande.

Tenesta legg vekt på godt arbeidsmiljø og leiarstøtte. Vi erfarar at både saksmengd og alvorsgraden i sakene er belastande for dei tilsette og at dette er naudsynt å ta ansvar for. Bufdir fokuserer på ivaretaking av tilsette og har utarbeidd ei eigen retningslinje for dette. Ein ser at det er omfattande rettleiing Bufdir legg føringar for. Tenesta har over år hatt fokus på ivaretaking av tilsette i form av rettleiing og temadagar der belastninga i arbeidet vert tatt opp, og vil halde fram med å vidareutvikle dette.

## Utvalde resultat

### Tal for Volda kommune

**Bekymringsmeldingar:**

| 2014 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 90 | 110 | 160 | 133 | 107 | 103 |

**Nye undersøkingar:**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| 56 | 72 | 70 | 55 | 53 |

**Barn med hjelpetiltak:**

| 2014 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|
| 57 | 64 | 77 | 71 | 58 | 56 |

**Barn under omsorg:**

| 2014 | 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|---|
| 14 | 9 | 9 | 5 | 4 | 9 |

**Ettervern:**

| 2020 | 2021 | 2022 | 2023 | 2024 |
|---|---|---|---|---|
| 18 | 9 | 11 | 9 | 10 |

| Indikatorar | | Fylket | Volda |
|---|---|---|---|
| Prioritering | Del av kommunen sine<br><br>utgifter brukt til barnevern | 1,2 % | 1,3 % |
| Dekningsgrad | Tal meldingar ift talet barn 0-17 år<br><br>i kommunen | 4,0 % | 2,3 % |
| | Barn med barnevernstiltak<br><br>av befolkninga 0-17 år | 3,1 % | 3,0 % |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Del barn med undersøkingar<br><br>av befolkninga 0-17 år | 3,7 % | 2,2 % |
| | Del barn med hjelpetiltak<br><br>i heimen av barn med tiltak<br><br>frå barnevernstenesta 0-17 år | 1,7 % | 1,9 % |
| Kvalitet | Fristbrot i undersøkingar | - | 5,6 |
| | Del stillingar i barnevernstenesta<br><br>med fagutdanning pr 1000 barn 0-17 år | 4,7 | 5,1 |

## Omstilling og digitalisering

Bufdir og KS er i ferd med å innføre ei felles digital løysing for barnevernstenestene i kommunane. Dette fører til at tenestene må anskaffe nytt fagprogram som fungerer opp mot dette. Tenesta har hatt ansvar for anskaffing av nytt fagprogram på vegne av 13 kommunar i Møre og Romsdal. Dette arbeidet vart sluttført i 2024 og tenesta starta opp med nytt fagprogram i november 2024. Overgangen til dette kjem til å ha fokus i 2025.

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 24 406 | 19 600 | 24 225 | -181 | -0,7 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | -1 | 190 | 169 | -20 | -11,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 353 | 479 | 313 | -166 | -52,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 20 317 | 23 998 | 24 003 | 5 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 7 | 74 | 74 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **20 677** | **24 741** | **24 560** | **-181** | **-0,7 %** |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Refusjoner | 0 | -335 | -335 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **0** | **-335** | **-335** | **0** | **0,0 %** |
| **Netto resultat** | **20 677** | **24 406** | **24 225** | **-181** | **-0,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

| **Årsoppgjer 2024** | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Hareid** | **Sande** | **Ulstein** | **Volda** | **Ørsta** | **Vanylven** | **Samla kostnad** |
| F244 Felleskostn inkl advokat | 6 034 120 | 2 425 269 | 9 950 954 | 11 798 083 | 12 566 136 | 2 371 497 | 45 146 059 |
| F251 Tiltak i familien | 683 454 | 209 952 | 206 959 | 528 402 | 451 527 | 92 981 | 2 173 275 |
| F252 Tiltak utanfor familien | 10 282 814 | 2 272 783 | 6 562 942 | 10 222 948 | 9 243 962 | 5 294 327 | 43 879 776 |
| Samla refusjonskrav pr kommune | 17 000 388 | 4 908 004 | 16 720 855 | 22 549 433 | 22 261 625 | 7 758 805 | 91 199 110 |
| Innbetalt gjennom året | 18 415 413 | 5 202 796 | 17 320 367 | 22 052 678 | 23 591 062 | 8 569 490 | 95 151 806 |
| **Årsoppgjer 2024** | **- 1 415 025** | **-294 792** | **-599 512** | **496 755** | **-1 329 437** | **-810 658** | **-3 952 696** |

Det er innsparing i fleire av kommunane knytt til tiltak i familien. Det skuldast mellom anna at barnevernstenesta tilbyr tiltak til familiar som dei ikkje samtykker til, eller som av andre grunnar vert vurdert som ikkje formålstenlege og derfor ikkje vert sett i verk. Det er også tiltak som vert avslutta gjennom året og tiltak som ikkje vert iverksett fordi vi ikkje får tak i oppdragstakarar. Kostnadane for statlege tiltak er høge og det er merkbart både når desse vert sett inn og vert avslutta.

Det er i høve fellesutgifter tatt høgde for lønsoppgjeret og justert i forhold til barnetal. Her ligg også utgifter til tolk og advokat, som for Volda sin del har medverka til auka utgifter. Det er fleire barn frå Volda som er flytta ut av heimen i 2024. Eitt av dei på institusjon. Dette får konsekvensar for kostnadane på tiltak utanfor heim.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
74 247
189 536
478 559
24 740 743
23 998 400
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Lønn
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-334 715
-334 715
Refusjoner

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | Fristbrot i undersøkingssaker (Barnevern) | | 5,0 % | | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | | |
| Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn (0-22 år) med tiltak (B) | | | | | |
| Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (B) | 81 817 | 352 083 | 578 063 | 422 204 | 472 980 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B) | 2,8 % | 2,2 % | 4,2 % | 3,7 % | 4,2 % |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B) | 5,1 | 5,1 | 5,2 | 4,7 | 5,0 |

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Born i institusjon | 0,0 | 0,0 | 1,0 | 0,5 | 0,5 |
| Born i fosterheim | 0,0 | 0,0 | 9,0 | 8,0 | 8,0 |
| Besøksheimar | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 10,0 | 10,0 |

# Barn og familie

## Skildring av tenesteområde

Helsestasjonen er organisatorisk plassert i sektor oppvekst og held til i underetasjen på rådhuset i Volda. Her er hovuddrifta knytt til jordmorteneste, helsestasjon 0-5 år, skulehelseteneste og ungdomshelseteneste. I tillegg har vi flyktningarbeid, smittevern, vaksinering (influensa, covid), familie- og foreldrerettleiing og psykologteneste. Vi har 100 % merkantil ressurs som er ei særs viktig rolle i dagleg drift og oversikt på helsestasjonen og publikumsmottak.

Volda kommune har fødselstal rundt 110-115 i året og har jordmor i 100 % stilling. Der er ei vidstrakt kommune med store avstandar knytt til både heimebesøk og besøk i barnehagar og skular. Helsestasjonen har skulehelseteneste i ulik storleik på alle skulane i kommunen, både dei kommunale og den private, samt vidaregåande skule. I tillegg har vi faste kontaktpersonar som følgjer opp alle barnehagane i kommunen.

Helsestasjonen har også etablert samarbeid med høgskulen i Volda, og tilbyr studentar å nytte helsestasjon for ungdom i helsestasjonen sine lokale.

Koordinator tidleg innsats som har hatt innføring av BTI (betre tverrfagleg innsats) som hovudoppgåve er også organisert under helsestasjonen og har kontor i same lokale.




## Viktige hendingar

16.09.24 vart det tilsett prosjektleiar for etablering av ny seksjon "psykisk helsearbeid barn og unge". Det var etablert referanse- og styringsgruppe og ein starta arbeidet fram mot ny organisering frå 01.01.25. Den nye organiseringa er etablering av avdeling barn og familie i sektor oppvekst, der helsestasjon og "psykisk helsearbeid barn og unge" er dei to seksjonane i avdelinga. Den nye seksjonen har fått namnet Familie- og ungdomsstøtte. Prosjektleiar gjekk inn i stillinga for arbeid i vel 3 månader før planlagt overgang til avdelingsleiar barn og familie ved nyttår.

I juni vart det tilsett sjukepleiar i skulehelsetenesta for å jobbe primært inn mot Volda vidaregåande skule. Stillinga er finansiert gjennom tilskotsmidlar frå helsedirektoratet. I oktober fekk vi tilsett familieterapeut i 80 % stilling på helsestasjonen, ein viktig kompetanse og supplement til tenesta vår. Stillinga er finansiert gjennom tilskotsmidlar frå helsedirektoratet.

Implementering av BTI held fram som ein viktig satsing i Volda kommune. Koordinator tidleg innsats slutta sitt arbeidsforhold i Volda 01.12.24, og ny koordinator er på plass 01.02.25.



## Tenestekvalitet

Helsestasjonen jobbar godt og systematisk med primærforebyggande arbeid. Ein har gjennom 2024 erfart at ressursfordelinga mellom dei ulike deltenestene må bli noko justert. Det er behov for ei viss styrking av helsesjukepleieressurs 0-5 år.

Skulehelsetenesta har trefftid og oppfølging på alle skulane i kommunen. Omfanget varierer knytt til både elevtal og praktiske omsyn. Som utgangspunkt for ressursfordelinga nyttar vi normtal for skulehelsetenesta, differensiert for barne-, ungdoms og vidaregåande skule. I 2024 vart det utarbeidd samarbeidsavtalar med alle skulane som skal reviderast årleg. Vi ønsker å dreie tenesta meir på gruppe- og klassenivå for å kunne ha auka fokus på universell førebygging, der vi idag har veldig høge tal på individsaker.

HFUS (helsestasjon for ungdom og studentar) har ope to dagar i veka, tysdag og torsdag 14-16. Tenesta er lokalisert på helsestasjonen og har legeressurs kvar tysdag. Her gir vi også tilbod til studentar frå Høgskulen i Volda. Det er eit godt innarbeidd og velfungerande tilbod. Vi ønsker å utvide dette tilbodet med fleire typar undersøkingar og auka prevensjonstilbod, og vi er i gong med planlegging for dette saman med kommuneoverlege Steffen Myklebust.

For å få til ei god førebyggande og helsefremjande teneste, er tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid og samhandling naudsynt. Ved helsestasjonen er samarbeid med barn/ungdom og foreldre det viktigaste, i tillegg til etablert samarbeidet med tilsette i barnehagar og skular. Tverrfaglege samhandlingsgrupper (TSG) har fire møter årleg i alle barnehagar og skular, etter fastsett plan. Arbeidet i desse gruppene skal sikre at fleire fagområde og profesjonsgrupper samarbeider for å sikre at barn og unge får eit heilskapleg og godt tilbod så tidleg som råd. Det er viktig at dette arbeidet blir sett i samanheng med BTI- (betre tverrfagleg innsats) arbeidet i Volda kommune. Som ledd i dette har nemninga TSG blitt bytta ut med BTI-grupper

Ulike gruppetilbod og undervisning i klasser er viktige førebyggande tiltak som vert gjennomført i samarbeid med skulen og fysioterapeut. Helsestasjonen deltek i samarbeidsmøte kring barn med særskilte behov. Foreldre, barnehage/skule, helsestasjon, PPT, barnevern, spes.ped og BUP er viktige samarbeidspartar i slike møte. Barn med samansette behov og rett til koordinator og individuell plan, kan få tilbod om å nytte det digitale verktøyet “Samspill”. Dette knyt saman tenesteytar og foreldre/brukarar.



Nokre skular og barnehagar har ressursteam-møte som helsestasjonen tek del i. Helsestasjonen er også deltakande i eit interkommunalt samarbeid i Sjustjerna. Facebook og Snapchat vert nytta for å nå ut med informasjon til brukarar av helsestasjonen.

Både psykolog og foreldre- og ungdomsrettleiar er medlemer i kriseomsorgsgruppa i Volda kommune.

I 2024 starta BUP (barne og ungdomsspsykiatrisk poliklinikk) og Volda kommune eit samarbeid som heiter "Dialogbasert inntak". Der har vi digitale møter kvar andre veker og diskuterer då både saker som er tilvist til BUP, eller saker som vi tenker kan vere aktuelle for tilvising. Dette gjer vi for å avklare mistydingar, utvide informasjonen og å unngå at tilvisingar blir sendt fram og tilbake mellom tenestene. Vi jobbar jamleg med å bete denne møtestrukturen slik at det er tenleg for alle deltakarane og brukarane av tenestene våre.

Småbarnsteam har vore eit tilbod frå BUP tidlegare. I haust tok dei kontakt med helsestasjonen for å re-etablere dette samarbeidet med Volda kommune. Det er då tenkt to møter pr halvår på helsestasjonen. Då kjem to tilsette frå småbarnsteamet ved BUP og har møte med helsesjukepleiar og evt barnehagetilsett. Foreldre/ føresette kan også ta del. Ein kan diskutere einskildsaker og få råd mtp tiltak og eventuelt tilvising til BUP.

## Utvalde resultat

### Utvalde resultat

Helsestasjonen har høg prioritet på tidleg innsats. Alle nyfødde får tilbod om tidleg heimebesøk av jordmor og helsesjukepleiar, uansett kvar dei bur i kommunen. Vi har gode tal på heimebesøk samt at alle mødre får tilbod om. I tillegg får alle mødre tilbod om edps-score ved 6 veker. Dette er eit verktøy for å avdekke eventuell barseldepresjon. Det er jordmor eller helsesjukepleiar som gjennomfører denne kartlegginga.

| | Del barn (prosent) | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2024 | | | |
| | Volda | Kostra 7 | Fylket | Landet |
| Heimebesøk av jordmor innan tre døgn | 93,0 | 65,6 | 72,7 | 60,0 |
| Heimebesøk av helsesjukepleiar til nyfødde | 99,1 | 93,2 | 95,1 | 89,4 |
| Undersøkt grunnskule 1. klasse | 103,3 | 95,4 | 121,0 | 103,7 |
| Undersøkt ved 2-års alder | 88,2 | 91,2 | 117.3 | 95,8 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Undersøkt ved 4-års alder | 101.0 | 97,1 | 98,0 | 98,5 |
| Undersøkt 8. leveveke | 93,9 | 98,1 | 108,6 | 98,2 |

**Avdelingsleiar si oppsummering:**

Helsestasjon og skulehelsetenesta er ein sentral aktør i det primærførebyggande arbeidet. Vi møter alle born og unge i alderen 0-16, og så har vi skulehelseteneste på vidaregåande skule og helsestasjon for ungdom og studentar som opnar for teneste opp til 25 år. Det blir arbeidd godt, grundig og systematisk i alle delar av tenesta.

Dei fleste har det godt, men ein møter også dei som har utfordringar. Avdelinga jobbar med å gi eit betre tilbod til dei som treng ekstra støtte og hjelp i ei periode i livet, som del av førstelinjetenesta. I 2024 vart det fødd 115 born i kommunen og jordmor gir tilbod om tidleg heimebesøk til alle. Helsestasjon for ungdom og studentar fungerer godt. Det er flest studentar som nyttar tilbodet, og samla er det nær dobbelt så mange jenter som gutar.

I 2023 vart det tilsett ny psykolog. Tidlegare erfaringar har vist at individuelle konsultasjonar langt på veg har gått framfor systemretta arbeid som råd og rettleiing av tilsette. Den nytilsette psykologen har teke til med spesialisering, og i dette spesialiseringsløpet er det eit krav om at tida skal fordelast likt mellom individretta og systemretta arbeid. Vi jobbar med å klare å halde på denne fordelinga.

Helsedirektoratet sine tilskotsordningar er positive, men arbeidskrevjande med tanke på søknader, utlysingar, tilsettingar, opplæring og rapportering. Avdelingsleiar har brukt mykje ressursar til dette arbeidet. Det har vore låge tal på eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær, men det er likevel vakante stillingar knytt til AAP.

Helsestasjonen har ansvaret for å organisere og gjennomføre influensa- og koronavaksinering. Vi har god kompetanse på dette og det er gode tilbakemeldingar på organiseringa av dette i 2024.

Helsestasjonen har lokale som «er oppbrukt». Vi opplever hyppig at dårleg lydisolering mellom kontora gir utfordringar mtp å ivareta teieplikt og personvern. Fasilitetane er dårlege, vi manglar garderobefunksjon, lokala er dårleg utnytta og ikkje tilpassa drift og behov anno 2024.

Pr i dag har Volda ungdomsskule, Øyra skule og Dalsfjord skule gode lokale til skulehelsetenesta.

## Omstilling og digitalisering

Helsestasjonsportalen er eit nyttig interkommunalt oppslagsverk for både tilsette og brukarar av helsesasjonen. Der finn ein kvalitetssikra informasjon med oppdaterte brosjyrer og nettsider som ein kan bruke både i svangerskapet, til born i alderen 0-5 år, i skulealder og for ungdom. Denne portalen er felles for Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Volda og Ørsta, og ein har årleg gjennomgang for å sikre kvalitet og informasjon.

Helsestasjonen nyttar innbyggardialog som hovedkjelde i kommunikasjonen med brukarane. Med dette sikrar vi dokumentasjon for informasjon som er gitt og avtalar som er gjort med helsestasjonen. Dessverre er ikkje alle digitalt aktive, og for nokre ryper kontakter er det uråd å nytte dette, men vi ser at fleire no brukar denne løysinga.

Som ledd i etablering av ny teneste skal eit årsverk helsesjukepleiar flyttast over frå ordinær teneste. November/ desember vart det gjennomført medarbeidarsamtalar med alle tilsette for å kartlegge ønske og kompetanse. I etterkant vart det drøfta i referansegruppa og vi landa på ein modell der vi frigjer 2x 50 % ressurs, då vi tenker at dette gir større grad av fleksibilitet, styrke og kompentanse i tenesta. Grunna vakansar blir dette fullt ut effektuert frå juli 2025.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Helsestasjon | 11,36 | 3,00 | 1,60 | 15,96 |
| Jordmor | 1,00 | 0,00 | 0,00 | 1,00 |
| **Total** | **12,36** | **3,00** | **1,60** | **16,96** |

## Status årsverk

Viser til tekstrapport ang økonomi og lønsutgifter. Her skal vi jobbe med å få oversikt over faste stillingar og planlegging av drift vidare.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 25 | 0 | 11 | - | 14 | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 11 122 | 14 506 | 13 669 | 2 547 | 18,6 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 15 448 | 14 669 | 17 204 | 2 535 | 14,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 949 | 1 045 | 868 | -177 | -20,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 86 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **16 483** | **15 714** | **18 072** | **2 359** | **13,1 %** |
| Salgsinntekter | -333 | -345 | -400 | -55 | 13,8 % |

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Refusjoner | -5 602 | -4 247 | -4 003 | 244 | -6,1 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-5 935** | **-4 592** | **-4 403** | **189** | **-4,3 %** |
| **Netto resultat** | **10 548** | **11 122** | **13 669** | **2 547** | **18,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Nettoresultatet for helsestasjon og jordmor samla syner eit mindreforbruk på 18,6 %. Dette er i stor grad knytt til ubrukte lønsmidlar. Det har vore sjukmeldingar i avdelinga, samt at to tilsette har tilsaman 70 % AAP som ikkje er dekka inn per no. Ny avdelingsleiar jobbar med å skaffe oversikt over stillingar og skal ha gjennomgang med økonomileiar og kommunalsjef for å planlegge tenesta vidare. Det har også vore bruk av tilskotsmidlar som då ikkje har belasta det kommunale budsjettet, men som ein må ta inn i drift for 2025 og vidare.

## Oppsummering tiltak

Gjennomgang og planlegging av drift, stillingar og kartlegging av behov saman med okonomileiar og kommunalsjef

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
1 044 935
15 713 578
14 668 643
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-344 906
-4 592 001
-4 247 095
Refusjoner
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | Andel som takkar ja til heimebesøk etter fødsel | | 80,0 % | 99,0 % | Tal henta frå hspro journalsystem |
| | | Del elevar som er nøgd med skulehelsetenesta - elevundersøkinga | | 90,0 % | | Tal frå elevundersøkinga skal ikkje gjerast offentleg, så her kan vi ikkje kommentere på prosent. Vi arbeidar kontinuerleg med å utvikle skulehelsetenesta i takt med utfordringsbiletet innanfor våre ressursrammer. |
| | Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggande arbeid. | Einsemd, ungdom | | 18,0 % | 24,0 % | Pr no ligg det berre tal frå 2023 |
| | | Prosentdel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av depressive symptom | | 15,0 % | 16,0 % | Pr no ligg det berre tal frå 2023 |
| | | Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | | 20,0 | 24,0 | Pr no ligg det berre tal frå 2023 |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) | 4 293 | 4 502 | 3 003 | 4 247 | 4 231 |
| Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) | 16 295 | 17 922 | 11 875 | 17 399 | 17 327 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 (B) | 139,2 | 155,4 | 71,9 | 122,6 | 104,0 |

### Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent) | 90,6 % | 90,0 % | 99,1 % | 90,0 % | 90,0 % |
| Andel hjemmebesøk utført av jordmor innen ett-to døgn etter barnets hjemkomst | 79,2 % | 792,0 % | 90,6 % | 80,0 % | 80,0 % |

Dette er eit prioritert område for helsesjukepleiar og jordmor. Ei av årsakene til at talet er lågare for jordmor er at nokre blir verande lenger på sjukehus, evt overført til barneavdeling ved særskilte forhold.

### Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,46 % | 6,53 % | 9,99 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,94 % | 15,28 % | 19,22 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,57 % | 6,13 % | 8,70 % |

### Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Barnehage

### Skildring av tenesteområde

#### Barnehage

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg, leik og fremje læring og danning. Barnehagar med høg kvalitet kan medverke til at barn får ein god barndom, vere helsefremjande, førebyggande og til jamne ut sosiale skilnader. God støtte til barn i barnehagealder har større innverknad på barna si utvikling enn tiltak seinare i livet.

**Kommunale barnehagar**



Mork barnehage / 47 barn



Engeset barnehage / 52 barn



Bratteberg barnehage / 73 barn



Oppigarden barnehage / 52 barn



Austefjord barnehage / 24 barn



Hornindal barnehage / 46 barn



Folkestad barnehage / 16 barn



Lauvstad barnehage / 26 barn

**Barnehagmynde**

Volda kommune er barnehagemynde og skal sjå til at alle barn får eit pedagogisk og trygt barnehagetilbod. Barnehagemynde har tre verkemidlar til disposisjon: rettleiing, tilsyn og godkjenning. Risikovurdering skal ligge til grunn for val av verkemiddel. Barnehagemynde skal aktivt gi informasjon/rettleiing til barnehageeigar om eigar sine plikter i tråd med barnehagelova med føreskrifter.

Kommunen har ei utfordrande rolle når ein skal føre tilsyn og godkjenne eigne barnehagar. Det er viktig at kommunen er medviten på å skilje rolla kommunen har som barnehagemynde og som barnehageeigar. Samarbeid med kommunar på Søre-Sunnmøre om forvaltning og utøving av barnehagemynde vil kunne vere føremålstenleg i utøving av spesielt tre område: stadleg tilsyn, godkjenning og dispensasjon i høve bemanning og pedagogtettleik. Dette året har ein utarbeidd ein felles plan for godkjenning av barnehagar,  og kan starte arbeidet med å godkjenne og re-godkjenne barnehagar i kommunen.

### Volda kommune som barnehageeigar

Volda kommune som barnehageeigar har det overordna ansvaret for dei kommunale barnehagane. Det følgjer av eigaransvaret å ha forsvarleg styring og rammer for å kunne oppfylle krava i lovverket. Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen vert drive i samsvar med gjeldande lov og regelverk.

### Barnehageplassar

Kommunen har ansvar for å sikre at kommunen har nok barnehageplassar. Volda kommune har 8 kommunale- og 6 private heildagsbarnehagar. Det er 560 barn per 15.12.24 i barnehage, og fordelinga mellom kommunal og privat barnehage er 336 i kommunale barnehagar og 224 barn i private barnehagar.

| Kommunale barnehagar | Tal barn | Private barnehagar | Tal barn |
|---|---|---|---|
| Bratteberg barnehage | 73 | Hjellbakkane barnehage | 35 |
| Engeset barnehage | 52 | Rotset barnehage | 51 |
| Folkestad barnehage | 16 | Trollsletta barnehage | 22 |
| Hornindal barnehage | 46 | Tunåsen barnehage | 26 |
| Austefjord barnehage | 24 | Røysmarka barnehage | 29 |
| Lauvstad barnhage | 26 | Øyra barnehage | 61 |
| Mork barnehage | 47 | Volda opne barnehage | |
| Oppigarden barnehage | 52 | | |

I tillegg til heildagsbarnehagar har kommunen ein privat open barnehage. Volda opne barnehage er eit gratis barnehagetilbod der foreldre er saman med barnet heile opningstida. For dei med barn i alderen 0-1 år eller som kjem flyttande til kommunen, er dette ein fin måte å bli kjent med andre på.

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november, har rett til ein barnehageplass innan utgangen av månaden barnet fyller eitt år. Alle med ein rett til barnehageplass har fått tildelt ein barnehageplass. Utfordring til ein del foreldre er at barn som fyller eitt år etter utgangen av november ikkje har rett til barnehageplass før august året etter. Barn som ikkje har lovfesta rett og/eller som har flytta til i løpet av året har i større grad enn tidlegare år fått barnehageplass. Vi registrerer at det er færre barnehagebarn frå Ukraina dette barnehageåret.

Det er framleis auka barnetal i indre Volda. Auka kapasitet i Austefjord barnehage er medverkande til at barn får tilbod om barnehageplass. Folkestad barnehage har eit relativt stabilt barnetal. Lauvstad barnehage har eit noko lågare barnetal enn det har vore ein periode. I sentrum er det i hovudsak Bratteberg barnehage som har ledige plassar.

## Viktige hendingar

### Jubileum

Mork barnehage hadde 35- årsjubileum i 2024.

**Tre nye kommunale styrarar**

- Anita Gaarder er tilsett som ny styrar ved Austefjord barnehage
- Kim Cato Øvrelid Kolseth er tilsett som ny styrar ved Folkestad barnehage. Han er den første mannlege styraren i ein kommunal barnehage i Volda kommune.
- Aina Fløtre er tilsett som ny styrar ved Lauvstad barnehage

**Austefjord barnehage**

Frå 1. august 2024 vart barnehagen eiga eining og ikkje lengre ei avdeling under Hornindal barnehage. Barnehagen har auka barnegruppa frå 5 barn til 24 barn. I grunnbemanninga har alle fast tilsette utdanning. Tilbakemeldinga frå styrar er at det har ei positiv verknad på kvaliteten i arbeidet.

**Kjøkenassistent**

Nokre av barnehagane har gjennom samarbeid med NAV og Volda kommune (Læringssenteret) hatt kjøkkenassistent. Dei som er med i tiltaket er frå Ukraina. Dei får god språktrening, erfaring med norsk arbeidsliv og blir kjent med norsk kultur og samfunn. Eit integrerinsgstiltak som får gode tilbakemeldingar frå involverte partar.

**Oppgradering av leikemiljøet i Oppigarden barnehage og Lauvstad barnehage**

Det fysiske miljøet i barnehagen har stor betyding for barns og tilsette fysiske aktivitet, trivsel og helse. Barnehagane har fått kjøpt inn 2-3 leikeapparat kvar. Dette er eit viktige tiltak som betyr mykje for barn, foreldre og tilsette.

## Tenestekvalitet

**Barnehageplass**

Alle barn med lovfesta rett har fått tildelt barnehageplass. Barn som ikkje har lovfesta rett og/eller har flytta til kommunen har også fått barnehageplass.

**Kompetanse**

| Utdanning per 15.12.23 | Volda kommune (kommunale og private bhg.) % | Nasjonalt gjennomsnitt % |
|---|---|---|
| Barnehagelærar | 53 | 42 |
| Annen pedagogisk utdanning | 2,6 | 1,8 |
| Barne- og ungdomsarbeidar | 13,7 | 22,7 |
| Anna høgare utdanning | 1,3 | 1,8 |
| Anna fagarbeidarbakgrunn | 2,4 | 5,1 |
| Anna bakgrunn | 26,6 | 26,4 |

| | | |
|---|---|---|
| *Kjelde: Barnehagefakta.no* | | |

Volda kommune har høg dekning av barnehagelærarar i kommunale og private barnehagar. Det er eit kvalitetsstempel. Ulempa er at det ikkje er fullt ut kompensert for plantida til barnehagelærarane. Konsekvensen er at minimumskrava som barnehagane i utgangspunktet oppfyller, gjeld nokre timar per dag, og ikkje heile opningstida. I Volda kommune er bemanninga styrka for 1-2 åringane, og det kjem i møte noko av utfordringa som er knytt til plantida.

Oversikta viser at det er færre barne- og ungdomsarbeidarar i kommunen enn gjennomsnittet nasjonalt. Dette vil barnehagemynde fylgje opp i møte med barnehageeigarar.

Dei kommunale barnehagane har gjennom fleire år hatt gode erfaringar med å ta imot lærling. Det er færre søkjarar enn tidlegare år og det er uroar oss, då vi treng fleire fagarbeidarar framover. Volda kommune som barnehageeigar har lagt tilrette for at assistentar skal få gjennomført fagbrev på jobb. Tiltaket har fungert godt for både tilsette og arbeidsgjevar.

Barnehagane har så langt ikkje hatt utfordringar med å få søkjarar til barnehagelærarstillingar ved hovudutlysinga. Utfordringa har vore å få søkjarar til stillingar i løpet av barnehageåret. Vi registrerer at det er færre søkjarar til barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen i Volda, og på sikt er ein uroa over dette, sidan ein vil trenge fleire barnehagelærar framover.

**Vidareutdanning**

Fire barnehagelærarar, to frå kommunale- og to frå private barnehagar, tek vidareutdanning barnehageåret 2024-2025. Fagområde: to tek spesialpedagogikk og to tek rettleiing. Ein styrar i ein privat barnehage tek styrarutdanning.

**Barn sin rett til medverknad**

Barnehagane legg vekt på barn sin rett til medverknad og det inneber at pedagogane aktivt involverer barna i kvardagen, slik at dei kan uttrykke sine tankar, kjensler og meiningar. Gjennom ulike aktivitetar, som samtalar, leik og prosjektarbeid, gir vi barna moglegheiter til å delta i avgjersle som påverkar kvardagen i barnehagen. Barnehagane arbeider for å sjå/lese og forstå barna sine signal, språk og åtferd. Pedagogane tek utgangspunkt i barna sine interesser og behov når dei legg planar. Ein må tilpasse planane etter føresetnadar, rammer, barn og vaksne. Barna treng stabile, nære vaksne som lyttar, legg til rette, kommuniserer med og observerer barna slik at dei får medverke, blir sett og får ein meiningsfull dag og at dei får uttale seg om korleis dei har det i barnehagen.

**Utviklingsarbeid**

**Regional ordning for kompetanseutvikling for barnehage (Rekomp)**

Barnehagebasert kompetanseutviklingstiltak involverer heile personalgruppa i partnarskap med Høgskulen i Volda. Barnehagane har 3 nettverkssamlingar i per år i tillegg til fagdagane. Det overordna temaet for utviklingsarbeidet er; Inkluderande læringsmiljø, leik, språk og lesing.

Styrarane melde for nokre år sidan eit behov for å auke kompetanse kring bruk av ASK, alternativ supplerande kommunikasjon, saman med talespråket. Fleire barn treng at miljøet runt nyttar ASK i kvardagen. Bruk av teikn og symbolbilete bidreg til at barn og tilsette får auka kunnskap relatert til ASK som kommunikasjonsform, noko som vil gjere at barn som er avhengig av alternativ kommunikasjon får fleire kommunikasjonspartnarar å vende seg til i barnehagen.

Barnehagane har fokus på inkluderande lærings- og språkmiljø i barnehagen. Vi held framleis på å forankre arbeidet i barnehagane. Nokre barnehagar har arbeidd med ASK over fleire år og opplever at det er godt forankra i organisasjonen, medan andre har akkurat starta arbeidet. Endring tek tid, og det er viktig å arbeide med meistringskjensle til dei tilsette for å kunne drive arbeidet framover. Utfordringa til barnehagane er at det til tider er mykje sjukefråvær og anna fråvær og mangel på vikarar.

Statped har hatt det faglege ansvaret på fagdagane det siste året. Tema har vore *"Dagleg bruk av ASK i voldabarnehagen"* og *"ASK i eit allennpedagogisk perspektiv - kvifor det då?"*

PPT har gjennomført kompetanseheving i nokre av barnehagane med fokus på inkluderande språkmiljø i barnehagane. Abilia har stått for opplæring i bruk av rolltalk.

Tilbakemelding frå styrarar:

*Når det verbale språket ikkje er kome så godt i gong må dei tilsette jobbe nærare for å sikre barns medverknad i arbeidet i barnehagen. Vi nyttar ASK, samt at barnegruppa og tilsette er delt inn i ei fast gruppedeling, når ein då jobbar i delte grupper er dei tilsette med dei same barna for å skape trygge rammar og dermed enklare for barna å uttrykje seg samt for dei tilsette å lese signala frå barna.*

*Vi ser at ASK som kommunikasjonsverktøy kan utviklast slik at det er nyttig i tilvenningstida både for personalet, foreldre og barn.*

**Leiarutvikling**

Barnehage- og skuleleiarane har to leiarsamlingar kvar år saman med andre leiarar frå barnehage og skule i Sjustjerna. Tema er leiing av laget rundt barnet. Gjennomføring av endringsarbeid i eigen organisasjon står sentralt, og Høgskulen i Volda har bidrege med fagleg påfyll. Elles har ein merksemd på deling av kompetanse på tvers av kommunar, samarbeid internt i den enkelte kommune, i tillegg til at leiarane får prøve ulike verktøy som dei kan ta med seg tilbake til eiga eining. Barnehage- og skuleleiarane har fellesmøte der ein arbeider vidare med tema og faglege innlegga frå leiarsamlingane.

**Rutinar**

Barnehagane i kommunen har tradisjon for å samarbeide, det er god delingskultur og det meste av kompetanseheving vert gjort i fellesskap. Nye og oppdaterte rutinar skal vere ei støtte i det daglege arbeidet og sikre at tilsette handlar på ein fagleg og god måte.

Barnehagane har dei siste åra gjennomført fleire kartleggingar, mellom anna knytt til *Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), KOSIP (Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis)* og arbeid med betre helsetenester for barn og unge. Dette har gitt oss viktig informasjon på kva vi må prioritere framover. Evaluering av rutinar for foreldresamarbeid der både foreldre og personale har medverka, har medført til ei styrking av arbeid med tilvenning og styrking av overgangar.

Nye og oppdaterte rutinar dette barnehageåret:

- BTI modell barnehage – flytskjema og handlingsrettleiar for oppfølging i barnehagen
- Foreldresamarbeid - foreldreaktiv tilvenning
- Plan for samanheng barnehage - skule for barn som treng ekstra støtte
- Førebyggande arbeid med psykososialt barnehagemiljø jf. Bhg.lova §§ 41-43

Det viktig arbeidet no er å syte for forankring om implementering slik at alle tilsette kjenner til og brukar rutinane aktivt.

**BTI-modell barnehage**

Tilbakemeldinga frå barnehagane er at dei opplever at det "nye" flytskjemaet og handlingsrettleiaren knytt til BTI-modellen barnehage fungerer veldig godt. Det er ei tydeleg retningslinje på korleis ein skal gå fram om ein er uroa for eit barn. Det sikrar at vi gjer rett ting til rett tid, og sikrar oss at vi involverer foreldre tidlegare enn før.

**Foreldreaktiv tilvenning**

Foreldreaktiv tilvenning inneber at foreldre har ei aktiv rolle overfor barnet i tilvenningsperioden. Det er foreldre som representerer tryggleik for barnet og som derfor er best eigna til å støtte barnet når det skal bli kjent med eit nytt miljø. Målet er at barnet gradvis erfarer at også barnehagen er ein fin og trygg stad å vere. Barnehagen ser at ved å bevisstgjere foreldre på at dei bør bruke 5 dagar på tilvenning. Tilbakemeldinga frå barnehagane er mellom anna at det er mindre gråt og barna får tid til å bli kjend med personalet medan foreldre som er tryggleiken for barna er tilstades. Personalet gir gode tilbakemeldingar på "gruppetilvenning" dvs. at det er fleire barn som startar samtidig.

**Foreldresamarbeid/SU**

Fleire styrarar gir uttrykk for at samarbeidet med SU er godt og at det er god aktivitet i foreldregruppa. Dei opplever at dei har eit godt samarbeid med foreldra og at dei har gode møter i samarbeidsutvalet og i FAU.



**Inkludering - psykososialt miljø**

Inkludering er eit overordna prinsipp i visjonen vår om trygge barn, unge og vaksne som deltek, meistrar og lærer. Eit godt psykososialt miljø er avgjerande for barn, unge og vaksne si læring og utvikling.

Mobbing og krenkingar i barnehagen kan vere vanskeleg å avdekke, men forsking viser at eit medvite personale med høg relasjonskompetanse har evne til både å avdekke og førebygge mobbing. Det førekjem diverre mobbing/utestenging av barn i barnehagen, også i Volda kommune. Vi har arbeidd ei rutine for førebyggande arbeid, plikter og sakshandsaming med psykososialt barnehagemiljø jf. bhg.lova §§ 41-43.

Tilbakemelding frå styrarane ,i kommunale og private barnehagar, er at den største utfordringa med å sikre barn eit godt læringsmiljø er låg bemanning gjennom dagen. Dei ønskjer i større grad å dele barna mindre grupper enn det dei får til med dagens bemanning. Ved å kunne dele i ulike grupper kan ein i større grad kome tettare på barna, og skapt/styrka relasjonar mellom barna. Det samsvarar med observasjonar og refleksjon frå koordinator for støttetiltak barnehage. Dei tilsette har god kompetanse, men barnehagane har ikkje rammevilkår som gjer det mogleg å vere tett på gjennom dagen. Styrking av det ordinære tilbodet vil redusere behovet for særskilte individuelle tiltak.

**Nettverk og tverrfagleg samhandling**

Nettverka skal sikre fagleg utvikling, og vere ein arena for erfaringsutveksling og samhandling. Barnehagane har følgjande nettverk: Spesialpedagogisk nettverk, Nytt på nytt (oppfølging av nyutdanna barnehagelærarar, TSG-grupper (endra namn til BTI-gruppe frå januar 25)

Tilbakemelding frå styrarane er at dei opplever at vi arbeider meir på tvers av profesjonane t.d. fleire fellesmøte barnehage - skule, hyppige leiarmøte, BTI-møte - 4 g. per år, jamlege møter med PPT og andre eksterne instansar. Nokre gir også tilbakemelding på at det er eit tett samarbeid og ein god plan for å sikre god overgang til skulen.

### Fysiske miljø - inne og ute

Dei fleste kommunale barnehagane er eldre bygg, med etterslep på vedlikehaldet. Standarden på fleire av bygga er ikkje i tråd med det ein forventar av ein barnehage i 2024. Fleire barnehagar har ikkje tilfredsstillande arbeidsrom, grupperom, vognskur, toalett, stellerom på ei avdeling o.a.

Bratteberg barnehage har ein relativt god standard, men tilbakemeldingane er at det også den barnehagen treng vedlikehald. Tilbakemelding frå dei andre styrarane er at barnehagane treng framleis oppgradering og utbetring. Engeset barnehage, Hornindal barnehage og Mork barnehage har fått oppgradert deler av barnehagen sitt innemiljø. Dette er viktige tiltak for både barn, foreldre og tilsette.

Utemiljøet i barnehagane skal vere utforma slik at det gir gode moglegheiter for allsidig leik og sosial kontakt i trygge omgjevnader. Det skal gi barna glede og allsidige erfaringar ved å kunne vere ute i all slags vær. Krav til tryggleik må sjåast i samanheng med kravet om mogelegheit til utforsking og allsidig utvikling.

Kostratal for 2024, viser at Volda kommune brukar mindre på barnehagelokale enn kommunar i kostragr 7, fylket og landet.

| | Volda | Kostragr 7 | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|---|
| Korr. brutto driftsutgifter til lokale og skyss pr barn i komm. bhg | 18 435 | 24 526 | 25 534 | 30 532 |

## Utvalde resultat

### Kommunebarometeret 2024

Barnehage har i denne kåringa over fleire år vore rangert blant dei beste i landet. I 2024 kom barnehage som nummer 6. Kommunale barnehagar teller mest i barometeret. Nøkkeltala for kommunale barnehagar har ei totalvekt på 50 % medan nøkkeltala for private barnehagar utgjer 20 %. Grunngjevinga for dette er at kommunen i mindre grad kan bli lasta for gode eller svake tal i nøkkeltala for private barnehagar, og det er kommunane som blir målt i barometeret. Barnehage utgjer totalt 10 prosent av den totalvurderinga av Kommune-Noreg.

Barnehagesektoren blir målt på 13 nøkkeltal, der barn per årsverk i kommunale barnehagar, kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, og tilsette med pedagogisk utdanning i kommunale barnehagar blir vektlagt tyngst og tel mest. For vår del så er det positivt, då vi har høg pedagogtettleik.

### Økonomi - kostnadsnivå, tilskot til private barnehagar og redusert foreldrebetaling

| 2024 | Volda | Kostragruppe 7 | Møre og Romsdal |
|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter per innb. 1-5 år i kr. | 251 505 | 216 517 | 226 946 |
| Brutto driftsutgifter andel av totale utgifter | 15,2 % | 14,3 % | 13, 5 % |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kr. per barn i kommunale barnehagar | 287 699 | 269 535 | 284 848 |

*Kjelde Kostra*

**Tilskotssats private barnehagar**

| | Volda kommune 2023 | Nasjonal sats for dei kommunane som ikkje har kommunale barnehagar | Volda kommune 2024 | Nasjonal sats for dei kommune som ikkje har kommunale barnehagar |
|---|---|---|---|---|
| Barn 0-2 år | 262 473 | 262 800 | 283 396 | 287 500 |
| Barn 3-6 år | 129 259 | 130 000 | 143 105 | 145 500 |
| Kapitaltilskot per plass | 11 800 | 11 800 | 12 900 | 12 900 |

Private barnehagar kan, med bakgrunn i vedtektene sine, gi tilbod til barn som ikkje bur i kommunen. Volda kommune søkjer budstadskommunen som refusjon av kostnader til ordinær drift. Det er då nasjonal sats som er grunnlaget for refusjon.

Foreldre skal ikkje betale meir enn makspris for ein barnehageplass, og det er Stortinget som fastset kor mykje ein skal betale. Betaling av kost kjem i tillegg. Det er følgjande moderasjonsordningar i barnehage:

- søskenmoderasjon for barn i barnehage
- redusert foreldrebetaling og gratis 20 t. kjernetid på grunn av låg inntekt.

Det var i 2024 69 familiar som fekk innvilga redusert foreldrebetaling og gratis 20 t. kjernetid. Det er ein liten nedgang frå året før.

**Foreldreundersøkinga**

Resultat frå barnehagane som gjennomførte undersøkinga viser at foreldre i Volda kommune opplever at barna deira trivast godt i barnehagen. Resultata frå undersøkinga gjeld kommunale og private barnehagar.

Går ein i bak tala så er det spesielt to indikatorar foreldre i dei kommunale barnehagane ikkje er nøgd med, og det gjeld det fysiske miljøet og bemanning. Det positive for utemiljøet er at det sett av midlar til å ruste opp uteområde etter oppsett plan. Ein kan ha forventning om at det vil på eit seinare tidspunkt syne att i undersøkinga.

| | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| Ute og innemiljø | 4,1 | 4,2 | 4,2 |
| Trivsel til barnet | 4,7 | 4,7 | 4,7 |
| Informasjon | 4,3 | 4,2 | 4,3 |
| Barnet si utvikling | 4,7 | 4,6 | 4,7 |
| Nøgd med barnehagen | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| Bemanningstettleik | 3,2 | 3,7 | 3,8 |
| | | | |



**Avdelingsleiar si oppsummering**

Fleire kunnskapsoversikter viser at tiltak som er innretta mot barn i barnehagealder, oftare viser positive resultat enn seinare i livet. Det er samfunnsøkonomisk lønnsamt å investere i høg kvalitet og førebyggande tiltak tidleg i utdanningsløpet enn å setje inn innsats seinare i barna sitt liv.

Det er avgjerande at dei tilsette har høg kompetanse for at barn skal ha det godt her og no og medverke til sosial utjamning. Auka tal på barnehagelærarar kan vere medverkande til at ein på eit tidlegare tidspunkt enn tidlegare identifiserer barn som treng hjelp i høve utvikling og læring.

Desse områda vil medverke til å betre kvaliteten på tilbodet:

1. Bemanning i tråd med norm gjennom dagen
2. Betre det fysiske miljø inne og ute
3. Auka nærvær og stabilitet i personalgruppa
4. Tett samarbeid med foreldre og andre instansar

Kommunestyret sitt vedtak om å styrke bemanninga til 1-2 åringane er eit svært viktig tiltak. På tross av auken i bemanninga så er bemanninga framleis låg i delar av opningstida. Det er godt dokumentert at barnehagar med høg kvalitet er særleg viktig for barn som av ulike grunnar treng ekstra støtte og tryggleik. Ei styrking av det ordinære tilbodet vil vere eit godt tiltak for å møte desse barna sine behov. Eit godt samarbeid med foreldre er viktig slik at vi saman kan arbeide for at barna skal få gode oppvekstvilkår i kommunen.

Det er eit eigaransvar å sjå til at barn og tilsette har fysiske miljø, inne og ute, som stettar lovkravet. Dei kommunale barnehagane er eldre bygg som treng å bli rusta opp, då dei ikkje har ein standard som er forventa ,verken inne eller ute, av ein barnehage i dag.

## Omstilling og digitalisering

### Omstilling og digitalisering

Alle tilsette i, kommunale- og private barnehagar, har fått tilgang til eit felles Teams. Dei tilsette kan då finne rutinar og informasjon som dei treng i det daglege arbeidet. Vi har også studiet på rådhuset og laga filmar som alle tilsette kan ha nytte av, og då spesielt nytilsette i organisasjonen.

Rammeplanen for barnehage forpliktar og legg føringar for bruk av digitale ressursar i barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Bruk av digitale verktøy handlar om å knyte teknologien saman med det ein allereie gjer i barnehagen. Det er viktig at personalet reflekterer over korleis ein skal bruke denne teknologien og kva som er målet med aktiviteten, på lik linje med alle andre ting ein held på med i lag med barna.

Dei kommunale barnehagane har no ein infrastruktur som gjer det mogleg å nytte digitale verkty i barnehagen. Dei har fått digitale verkty jf. strategien IKT barnehage. Merksemda framover er å skulere og trygge dei tilsette i å bruke verktya som er kjøpt inn.

Ein har dei siste åra oppgradert Bratteberg barnehage med Active Wall til gymsal og Active Floot til det "kvite sanserommet" og ny NAD CD-spelar til musikkrommet. Andre barnehagar og skular kan nytte sanseromma i barnehagen dersom ein ønsker det.

Tilbakemeldinga frå nokre styrarar er at dei kjenner det utfordrande å lære opp eigne tilsette når tida er knapp til sjølv å kjenne seg trygg i dei ulike programma ein skal nytte.

Vigilo (oppvekstadministrativt program) ,barnehagen sitt digitale kommunikasjonsverkty, blir nytta i den daglege kommunikasjonen mellom barnehage - heim. Alt som sendast ut frå barnehagen er via Vigilo. Tilbakemeldingane er at Vigilo fungerer godt, men det er nokre forbetringsområde som må løysast i høve kommunikasjon med foreldre.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Barnehage | 6,35 | 0,92 | 0,95 | 8,22 |
| Engeset barnehage | 16,63 | 1,53 | 0,75 | 18,91 |
| Mork barnehage | 16,46 | 2,09 | 0,39 | 18,94 |
| Folkestad barnehage | 3,98 | 0,48 | 0,64 | 5,10 |
| Lauvstad barnehage | 5,83 | 0,99 | 0,35 | 7,17 |
| Hornindal barnehage | 12,01 | 0,00 | 0,37 | 12,38 |
| Oppigarden barnehage | 14,48 | 0,42 | 1,40 | 16,30 |
| Bratteberg barnehage | 21,84 | 0,07 | 2,51 | 24,42 |
| Austefjord barnehage | 5,41 | 1,39 | 0,78 | 7,58 |
| **Total** | **102,99** | **7,89** | **8,14** | **119,02** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 135 | 12 | 36 | - | 50 | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 127 984 | 125 441 | 126 960 | -1 024 | -0,8 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 86 178 | 91 592 | 92 094 | 502 | 0,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 309 | 3 324 | 3 334 | 10 | 0,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 46 469 | 51 090 | 48 353 | -2 737 | -5,7 % |
| Overføringsutgifter | 190 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 7 | 7 | 0 | -0,7 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **137 146** | **146 013** | **143 788** | **-2 225** | **-1,5 %** |
| Salgsinntekter | -9 751 | -8 262 | -8 515 | -254 | 3,0 % |
| Refusjoner | -9 563 | -9 760 | -8 306 | 1 455 | -17,5 % |
| Overføringsinntekter | -227 | -7 | -7 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-19 540** | **-18 029** | **-16 828** | **1 201** | **-7,1 %** |
| **Netto resultat** | **117 606** | **127 984** | **126 960** | **-1 024** | **-0,8 %** |

## Kommentar til status økonomi

Rekneskapet 2024 viser ein meirforbruk på 1 024 337 kr som utgjer 0,8 % av tildelt ramme.

Hovudtrekka er:

- Mindreforbruk fastløn kan skuldast feilføring t.d. fast tilsette har hatt permisjon utan løn eller har sagt opp stillinga si eller at den som har erstatta har blitt ført på feil konto.
- Nokre kommunale barnehagar har eit meirforbruk medan andre har eit mindreforbruk. Det ikkje er blitt korrigert endringar i løpet av hausten. Tal barn og tilsette kan endre seg alt etter tal på barn vår og haust. Då det ikkje var budsjettert med driftsmidlar til Austefjord barnehage så måtte vi gjere ei omfordeling av midlane slik at barnehagen også fekk driftsmidlar. Det er ikkje korrigert i rekneskapet.
- Vikarutgiftene er lågare enn det reelle kostnaden då styrarane har vore mykje på avdeling på grunn av mangel på vikarar.
- Brukarbetaling er mindre enn budsjettert. Færre barn i nokre barnehagar er medverkande til at ein ikkje har fått inntekta som budsjettert. Samla sett så er dei kommunale barnehagane innanfor budsjettet.
- Meirkostnad knytt til refusjon til dei private barnehagane gjeld: tilskot, redusert foreldrebetaling på grunn av låg inntekt/gratis kjernetid, støttetiltak, søsken-moderasjon, styrka bemanning og endring av makspris og gratis for barn nr. 3 vart høgare enn forventa. Fleire barn har fått støttetiltak i dei private barnehagane og kommunen har refundert lønsutgiftene.
- Meirinntekt kommunen har fått tildelt midlar frå staten til kompetanseheving som er høgare enn budsjetter
- Refusjonskravet til andre kommunar er høgare enn budsjettert då det er fleire barn som har barnehageplass i Volda kommune frå andre kommunar,
- Det er eit meirforbruk på funksjon 211 - støttetiltak. Meirforbruk i løn skuldast tiltak etter §§ 31 og 37 som gjeld spesial-pedagogisk hjelp og ekstra støtte knytt til barn med nedsett funksjonsevne.

## Oppsummering tiltak

1. Samla sett så er dei kommunale barnehagane innanfor tildelt budsjett
2. Meirforbruket skuldast refusjon til dei private barnehagane og støttetiltak knytt til spesial-pedagogisk hjelp og ekstra støtte knytt til barn med nedsett funksjonsevne.
3. Korrigere endringar/omfordele slik at det gir eit rett bilete av den økonomiske situasjonen i den enkelte barnehage
4. Halde fram samarbeidet og gjennomgang med kommunalsjef økonomi etter oppsett plan

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
6 708
3 324 359
51 089 906
146 013 021
91 592 048
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Finansutgifter
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-6 872
-8 261 596
-18 028 816
-9 760 348
Refusjoner
Salgsinntekter
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | Barnesamtalar med alle 5-åringar i barnehagar | | 100,0 % | 85,0 % | Nokre har barnehagane har systematisert samtalane i årshjulet til barnehagen, medan andre har planlagt men ikkje fått gjennomført samtalane. |
| | | Auka nærvær barnehagar | | 92,0 % | 89,3 % | For utdjuping - sjå sjukefråvær og HMS |
| | Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen. | Opplevd samarbeid og informasjon i barnehagar | | 4,8 | 4,3 | Barnehagane i Volda kommune ligg på 4.3 som også er nasjonalt gjennomsnitt. Opplevinga er at foreldre er meir nøgd med informasjon om korleis barnet har det i barnehage og om innhaldet i barnehagedagen. Barnehagane har lågare skår på informasjon om eventuelle endringar i personalgruppa. |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) | 217 258 | 251 505 | 230 422 | 226 570 | 216 517 |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Antall barn (korrigert) per årsverk grunnbemanning i barnehager, kommunale barnehager | 5,7 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,7 |
| Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B) | 5,8 | 5,4 | 5,4 | 5,4 | 5,7 |
| Antall årsverk | 172,9 | 174,9 | 172,0 | 3 733,4 | 7 922,0 |
| Barn i barnehage (antall) | 582 | 559 | 582 | 13 048 | 28 548 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, alle barnehager (antall) | 82 | 62 | 38 | 1 452 | 2 901 |
| Basisvirksomhet barnehagelærer årsverk | 85,5 | 85,7 | 75,8 | 1 532,6 | 3 318,7 |
| Basisvirksomhet fagarbeiderutdanning årsverk | 5,8 | 3,4 | 13,1 | 164,1 | 462,4 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage (B) | 195 758 | 221 114 | 210 784 | 216 511 | 202 460 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Andel barn 0 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 0 år (B) | 1,0 % | 7,9 % | 6,3 % | 10,1 % | 5,1 % |
| Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B) | 91,2 % | 95,3 % | 91,7 % | 92,7 % | 88,4 % |
| Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B) | 97,1 % | 97,8 % | 98,7 % | 98,2 % | 97,4 % |
| Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B) | 62,4 % | 60,1 % | 62,2 % | 47,0 % | 56,1 % |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B) | 5,8 | 6,3 | 5,8 | 6,1 | 5,9 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | |
| Netto driftsutgifter (201) Førskole | 115 676 | 121 711 | 114 418 | 2 569 192 | 5 532 048 |
| Netto driftsutgifter (211) Styrket tilbud til førskolebarn | 11 484 | 14 656 | 18 295 | 288 635 | 575 458 |

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel barn som får ekstra ress. til styrket tilbud til førskolebarn, ift alle barn i bhg. Alle bhgr | 14,1 % | 14,1 % | 11,1 % | 14,0 % | 14,0 % |
| Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn. Alle barnehager (B) | 14,1 % | 14,1 % | 11,1 % | 14,0 % | 14,0 % |
| Tal på born i dei kommunale barnehagane | 0,0 | 369,0 | 336,0 | 369,0 | 369,0 |
| Tal på born i private barnehagar | 0,0 | 221,0 | 224,0 | 221,0 | 221,0 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 4,75 % | 9,12 % | 13,87 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,86 % | 5,08 % | 8,94 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,82 % | 6,91 % | 10,73 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Skule

### Skildring av tenesteområde

#### Skulen som profesjonsfagleg fellesskap

Den viktigaste jobben skjer på den einskilde skule. Læreplanen sin overordna del skildrar skulen som profesjonsfagleg fellesskap der skuleutvikling skjer. Her vert det understreka at lærarar, leiarar og andre tilsette skal *reflektere* over felles verdiar, og *vurdere og vidareutvikle* sin praksis. I utøvinga av profesjonen skal lærarane og skulen byggje på felles verdiar og eit felles forsking –og erfaringsbasert kunnskapsgrunnlag.

Ein har ulike møtepunkt for å sikre dette. Årssteg- og klasse-team er ein viktig arena for å drøfte læringsresultat, resultat frå elevundersøkingar og korleis ein best kan tilpasse opplæringa for den einskilde elev. Vidare har skulen utviklingstid (fellestid), der heile det pedagogiske personalet reflekterer over utfordringar og moglegheiter som ein har i det pedagogiske arbeidet. I 2024 har merksemda særleg vorte retta mot arbeidet med utvikling av profesjonsfellesskapet, inkluderande praksis, skule- og læringsmiljø, og arbeid for å utvikle elevane sine grunnleggjande ferdigheiter, der lesing har fått særleg merksemd. Ein arbeider også vidare med implementering av *Betre Tverrfagleg Innsats* (BTI).

Skulen arbeider på fleire måtar for at elevane våre skal oppnå best mogleg læringsutbyte og læringsmiljø. I heile arbeidet ligg det til grunn at vi som grunnskule skal oppfylle lov og forskrift. Særleg viktig er opplæringslova og Læreplanverket Kunnskapsløftet (LK20). Oppvekstplan for Volda kommune 2022-2027 er også eit viktig, styrande dokument.

Kommunen har 7 grunnskular. Av desse er det ein rein ungdomsskule, tre er 1.-10. skular og tre er reine barneskular 1.-7. Skulane utfører oppgåver styrt av opplæringslova med forskrift og læreplanverket for grunnskulen. Kulturskulen og logoped er også organisatorisk lagt til avdeling skule.

#### Kommunale grunnskular



Bratteberg 1.-7. kl / 188 elevar



Dalsfjord 1.-10. kl / 28 elevar



Folkestad 1.-10. kl / 63 elevar



Hornindal 1.-10. kl / 155 elevar



Mork 1.-7. kl / 92 elevar



Volda ungdomsskule 8.-10. kl / 319 elevar



Øyra 1.-7. kl / 372 elevar

*Tala er henta frå GSI (Grunnskule, Sentral Innrapportering) og er tal pr 01.10.24*

**Prognose for elevtal i 1.klasse**

| | 24-25 | 25-26 | 26-27 | 27-28 | 28-29 | 29-30 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Mork | 17 | 10 | 8 | 18 | 13 | 6 |
| Stor-Øyra (Øyra og Bratteberg) | 104 | 84 | 61 | 78 | 72 | 67 |
| Indre Volda | 20 | 24 | 21 | 22 | 21 | 22 |
| Folkestad | 5 | 3 | 4 | 7 | 5 | 4 |
| Dalsfjord/Ulvestad | 8 | 4 | 9 | 5 | 5 | 2 |

*For Dalsfjord/Ulvestad skulekrins er det usikkert kor mange som vil velje privatskulen på Ulvestad. Erfaringsmessig fordelar dei nye 1. klassingane seg om lag 50/50 på den private og kommunale skulen*

**Talet på elevar, skular, lærarar, lærarårsverk, individuelt tilrettelagd opplæring**

| Skuleår | 20-21 | 21-22 | 22-23 | 23-24 | 24-25 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal elevar | 1 202 | 1 189 | 1 209 | 1 202 | 1 217 |
| Tal skular | 8 | 7 | 7 | 7 | 7 |
| Tal kontaktlærar | 84 | 86 | 89 | 85 | 90 |
| Tal lærarar | 150 | 150 | 147 | 145 | 148 |
| Tal lærarårsverk | 127,3 | 125,1 | 130,1 | 129,0 | 128,7 |
| Tal årsverk anna personale | 18,5 | 22,5 | 25,9 | 24,7 | 27,5 |
| Tal årsverk til ind. tilrettelagt oppl | 24,2 | 22,3 | 22,2 | 18,8 | 24,0 |

*Kjelde: GSI.*

**UTGIFTER TIL GRUNNSKULEDRIFT 2024**

| | Volda 2024 | Volda 2023 | Kostragr 7 2024 | Kostra gr 7 2023 | Møre og Romsdal 2024 | Møre og Romsdal 2023 | Landet 2024 | Landet 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutg skule | 126 796 | 125 155 | 118 458 | 115 410 | 124 545 | 122 211 | 120 307 | 115 613 |
| Skulelokale | 29 470 | 26 894 | 23 672 | 23 254 | 25 038 | 23 592 | 24 906 | 25 805 |
| Skuleskyss | 1 809 | 1 820 | 3 075 | 2 792 | 3 045 | 2 833 | 2 876 | 2 653 |
| Netto driftsutg SFO | 14 915 | 11 897 | 15 267 | 12 349 | 14 392 | 11 796 | 19 120 | 15 598 |

*Kjelde: Kostra.  Tala er pr innbyggjar 6-15 år, med unnatak av SFO-tala som er 6-9 år.*

Tala viser at Volda kommune har har ein lågare kostnadsvekst i skuledrifta, samanlikna med landet elles. Samstundes kjem investeringar i nye skulebygg dei seinare åra til syne gjennom auka kostnader til skulelokale.

## Viktige hendingar

I løpet av 2024 har det vore utskiftingar på leiarsida i grunnskuleområdet. Skuleåret starta med tre nye rektorar. To av dei heilt nye i rektorrolla, og ein som skifta arbeidsstad. Det er også tre forholdsvis nye inn som assisterande rektorar på to av skulane. Ny avdelingsleiar starta 1.juni 2024. Hausten 2024 gjekk med til å finne vegen saman i ei felles retning for Voldaskulen. Ein har hatt fokus på kollektiv utvikling og kompetanseheving. Verdiane og visjonen til Volda kommune har stått sentralt, og det er lagt ein strategi der det er lagt vekt på å jobbe med "vi-et" i profesjonsfellesskapet.

I samband med *Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis* og innføring av ny opplæringslov frå 1. august 2024, har skuleleiarane delteke på fagdag om kap. 11 i ny opplæringslov, om *tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging*. Fagdagen har vore følgt opp med utviklingsmøte og rettleiing i samarbeid med Høgskulen i Volda, der skuleleiarane har arbeidd fram problemstillingar som ein i fellesskap ser at det er behov for å arbeide vidare med i Voldaskulen. Dette arbeidet held fram i 2025.



Gjennom arbeid med desentralisert kompetanseheving (de-komp) i samarbeid med Høgskulen i Volda, har ein gjennom 2024 utarbeidd plan for faglege nettverk for lærarane med fokus på fagleg inkludering. Dette vert vidareutvikla for skuleåret 25-26 og andre tilsette i skulen skal også vere ein del av dette.

***FIRST*® LEGO®** League er ein av verda største kunnskaps- og teknologikonkurranse for barn og unge i alderen 6-16 år. Den har som mål å inspirere barn og unge til å bli morgondagens ingeniørar, forskarar og

problemløysarar. Arrangementet fekk ein formidabel oppsving i Volda i 2024, som var vertskommune for andre året på rad. Talet på lag dobla seg frå 2023, noko som viser ein stor auke i engasjement.

Her er det robotar og innovasjon i fokus, og det er eit prosjekt for alle. Gjennom FLL jobbar elevane med tre hovudelement: bygging og programmering av robotar, eit innovativt prosjekt, og utvikling av samarbeid gjennom kjerneverdiane som er sentrale i FLL. Robotane blir brukt i ein konkurranse, medan det innovative prosjektet gir elevane moglegheita til å utvikle og presentere ei løysing på ei sjølvvald problemstilling innanfor årets tema. Ein viktig del av FLL er å la elevane jobbe på tvers av fag. Teknologi, matematikk, språk og samfunnsfag blir alle integrert i prosjektet, der kvar elev får ei rolle, til dømes som forskar, robotbyggar, eller prosjektleiar. I dette prosjektet er alle elevane viktige og lærarane må sikre at alle elevane er med og bidrar. Volda skal arrangere FLL også hausten 2025.

I hovudutlysinga for lærartilsetjinga har kommunen over år vore i ein heldig situasjon og fått mange, gode søkarar. Det er skarp konkurranse mellom nabokommunane, og behova for kompetanse må kartleggast tidleg slik at ein er raskt ute med å rekruttere dei med høgast kompetanse. Midt i skuleåret er rekrutteringsutfordringane store, og tilgangen til kvalifisert personell er krevjande.

## Tenestekvalitet

Det følgjer av opplæringslova § 17-12 andre til fjerde ledd at kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Som eit ledd i dette forsvarlege systemet har grunnskuleområdet utarbeidd fleire rutinar, som skal sikre lik praksis og tilbod for alle våre elevar. Rutinane skal og sikre at dei tilsette handlar på ein fagleg god måte, og gjennom det sikrar elevane sine rettar etter lov og forskrift. Til sist skal rutinane hjelpe skulane med å ha god, forsvarleg saksgang i dei ulike sakene ein jamleg kjem opp i. Det finst m.a rutinar for:

- arbeid med saker i høve kap 12 i opplæringslova; elevane sin rett til eit trygt og godt læringsmiljø.
- rutinar ved fråvær som uroar.
- rutinar for overgang mellom barnehage og skule, og mellom barneskule og ungdomsskule.
- rutinar for handsaming av skuleskyss.
- rutinar for individuelt tilrettelagd opplæring .
- rutinar for særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar.

Det finst og rutinar og retningslinjer for skulegudsteneste, når elevar har udokumentert fråvær, rutinar for søknad om elevpermisjon mm.

Rutinane skal vere ein støttande reiskap. Det føreset at skulane ser til at rutinane er godt kjende for alle tilsette. Dette krev eit systematisk arbeid i skulen sitt profesjonsfaglege fellesskap. Det er også viktig at fleire av rutinane er godt kjende for elevar og føresette, m.a rutinane som gjeld fråvær som uroar og arbeid med trygt og godt skulemiljø.

Skulane melder tilbake at dei opplever rutinane i stor grad som støttande og til god hjelp for å halde oversikt. Utfordringa er å sikre at rutinane vert halde "varme" blant alle dei tilsette, særleg då opplevinga av å ha knappheit på tid vert opplevd hos alle. Ein kan ikkje forvente at ein kjenner alle rutinane i detalj, men det er viktig at ein veit kva rutinar ein har og at ein lett kan finne dei og bruke dei når ein gitt situasjon oppstår. Det er også fokus på å oppdatere rutinar og utarbeide nye rutinar når det er behov for det. Dei tilsette finn rutinar i kvalitetssystemet Compilo. Føresette og andre finn aktuelle rutinar på heimesida til kommunen.

### Utviklingsarbeid

Grunnskuleområdet har tradisjon for å utvikle ein felles læringskultur i heile kommunen, slik at kompetanseheving skal kome alle lærarar og andre tilsette til del.

- KFK (Kompetanse for kvalitet): om lag fem lærarar har for inneverande skuleår (24-25) fått støtte gjennom UDIR sine studieprogram, slik at dei tileignar seg formell undervisningskompetanse i fag, jf forskrift til opplæringslova – krav til tal studiepoeng i faga dei skal undervise i.
- arbeid med kompetansepakkar som er utvikla av Utdanningsdirektoratet vert nytta i felles kompetanseheving i skulane. Her er det særleg fokus på inkluderande praksis og trygt og godt skulemiljø.
- arbeid med lesing som grunnleggjande ferdigheit har framleis stort fokus. Frå tidlegare år har lærarane fått opplæring i SOL (Systematisk Observasjon av Lesing). Dette er eit godt hjelpemiddel for å sikre god oversikt over elevane si leseutvikling. Ein har gjennom avtale med opphavskommunen Gjesdal kommune fått tilgang til digitale opplæringsvideoar i bruken av verktyet, slik at det skal sikre god opplæring og innføring i metodikken. Alle skulane nyttar dette fritt og gir god fleksibilitet i når og korleis ein arbeider med det.
- i samband med *Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis* og innføring av ny opplæringslov frå 1. august 2024, har skuleleiarane delteke på fagdag om kap. 11 i ny opplæringslov, om *tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging*. Fagdagen har vore følgt opp med utviklingsmøte og rettleiing i samarbeid med Høgskulen i Volda der skuleleiarane har arbeidd fram problemstillingar som ein i fellesskap ser at det er behov for å arbeide vidare med i Voldaskulen. Dette arbeidet held fram i 2025.
- gjennom arbeid med desentralisert kompetanseheving (de-komp) i samarbeid med Høgskulen i Volda, har vi gjennom 2024 utarbeidd plan for faglege nettverk for lærarane med fokus på fagleg inkludering. Dette vert vidareutvikla for skuleåret 25-26 og andre tilsette i skulen skal også vere ein del av dette.
- i perioden 2023-2025 skal alle skulane i Volda ha gjennomført opplæring ROS-analyse for vald og trugslar om vald i samarbeid med Avonova.
- skuleleiarmøtet er elles det mest sentrale møtepunktet for å sikre at alt som vedkjem lov, forskrift og skuleleiarrolla vert handsama godt, og den einskilde skuleleiar vert sett i stand til å gjere jobben sin best mogleg.

Skulane melder om at det også har blitt lagt vekt på å jobbe med "vi-et" i profesjonsfellesskapa, og fleire av skulane melder at dei har begynt å arbeide med kompetansepakken "Inkluderende praksis". Eit av tema som har vore diskutert i skuleleiarmøta er inkluderande praksis og samanhengen mellom sosial og fagleg utvikling. Dette er felles utviklingsområde for Voldaskulen også framover, då dette er ein sentral del av arbeidet med læringsmiljø.

**Læringsmiljø** og det å sikre alle eit trygt, godt læringsmiljø er av dei viktigaste områda til skulen – om ikkje det viktigaste. Dette er jamleg tema i det profesjonsfaglege fellesskapet, og prinsippa og opplæringa ein har fått del i gjennom *Læringsmiljøsenteret i Stavanger* vert nytta. Her omhandlar det i korte trekk kva som er mobbinga sin psykologi, korleis observere eit elevmiljø og korleis ein konkret tek hand om ei mobbesak gjennom samtalar, tydelege avtalar og tiltaksplan. Vidare vert det lagt stor vekt på alle dei viktige tiltaka som er av førebyggande karakter:

- god klasseleiing
- god relasjonsbygging mellom elev-lærar, og mellom elevane
- det daglege klassemiljøarbeidet, med felles klassereglar som elevane sjølv er med og utarbeider og bestemmer
- eit godt samarbeid med heimane der det er låg terskel for kontakt – begge vegar.

I ny opplæringslov er det kap. 12 som handlar om skulemiljøet til elevane, og aktivitetsplikta er knytt til § 12-4. Retningslinjene for arbeidet i Voldaskulen er oppdaterte etter ny lov.

Opplæringslova slår fast at *alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.* I dette ligg det ei plikt at skulane skal ha systematiske planar for korleis dette skal gjerast. I Voldaskulen vert dette løyst på litt ulike måtar, der skulane set sitt «stempel» på det. Det alle skulane legg vekt på, er m.a:

- felles klassereglar som vert utarbeidd i fellesskap
- trivselsskapande fellesaktivitetar, t.d temaveker, turdagar, elevkveldar, leikepatrulje, deltaking i opplegg som First Lego League m.m.
- heim-skule-samarbeid
- universalførbyggjande plan for psykisk helse og trygt og godt skulemiljø
- stadig og jamleg fokus i profesjonsfellesskapet, der personalet arbeider med spesifikke tema innan læringsmiljø

Eit godt samarbeid heim-skule er viktig på alle område, ikkje minst det som går på trygt og godt læringsmiljø. Ein er alle ein del av laget rundt barnet. FAU og foreldregruppa speler og ei viktig rolle i høve å arrangere/støtte trivselsarrangement i regi av skulen, det vere seg karneval, tema-veker eller andre sosiale tilstellingar.

Alle skulane har ulike aktivitetar som bidreg til å skape gode og trygge læringsmiljø. Volda ungdomsskule har t.d. ein miljøtenesteplan for arbeid med fellesskap og skulemiljø. Skulen har også eiga miljøveke og eige arrangement med Melodi Grand Prix. Alle skulane med barnetrinn har "Leikepatruljen" med aktivitetar i friminutt. Folkestad skule har friluftsveke og Dalsfjord skule har temaveke. Alle skulane har turplanar med opplegg som går på tvers av klasser og trinn. Elles legg alle skulane vekt på å dyktiggjere sine tilsette, slik at alle vaksne er trygge vaksne som evnar å møte den enkelte elev sine behov.

PPT er ein viktig samarbeidspart i høve kompetanseheving og organisasjonsarbeid. Skulane har fast månadleg trefftid med kontaktperson frå PPT, dette blir opplevd som ei god støtte i arbeidet på systemnivå, i tilpassa opplæring og individuelt tilrettelagd opplæring.

Det er stort fokus på arbeid med elevnærvær/ elevar som har ufrivillig skulefråvær. Det er fleire faktorar som spelar inn, og denne utfordringa fordrar nært og godt samarbeid mellom heim og skule, der ein og greier å samhandle godt tverrfagleg. Rettleiaren for Voldaskulen, som omhandlar fråvær som uroar, skildrar tidleg innsats i desse sakene, og korleis ein skal arbeide. At elevane er til stades på skulen har mykje å seie for elevane si læring og behova for sosialt tilhøyre. Belastninga for den/dei det gjeld er stor, og i eit langsiktig perspektiv kan ufrivillig skulefråvær også ha negative kostnader for vaksenlivet. Gjennom 2024 har ein halde fram den forsterka innsatsen på dette området. Mellom anna er det månadlege statusmøte mellom skuleleiar og avdelingsleiar skule. Her går ein gjennom kva saker som er aktive/opne, og ein reflekterer i lag om kva tiltak som er nødvendige og fornuftige. Skulane er tett på i høve å følgje med på fråvær, identifisere årsakene og vere tidleg på bana når det er grunn til å vere uroleg for fråværet.

Dette er ressurskrevjande saker som krev mykje av elev, foreldre og skule. Innsatsen ein legg ned er likevel avgjerande for å lukkast med målet: at alle elevar skal oppleve tilhøyre i fellesskapen, der ein kan delta, meistre og lære.

I tillegg til kontaktlærar/lærar ser ein at både miljørettleiarar, fagarbeidarar og assistentar speler ei viktig rolle i saker som gjeld ufrivillig skulefråvær. Saman legg ein til rette for aktivitetar som verkar styrkande på det sosiale miljøet og trivselen, samstundes som at det bidreg til at ein opplever meistring.

Dei største skulane i kommunen har etablerte miljøteam som mellom anna diskuterer og arbeider med saker som handlar om elevane sitt psykososiale miljø.

Skulane skal etter lova arbeide *systematisk og kontinuerleg* når det gjeld læringsmiljø. Ein av måtane skulane gjer dette på, er bruk av universelle program. Den universalførebyggjande planen for arbeid med psykisk helse og trygt og godt skulemiljø tok til å gjelde frå januar 2024. Voldaskulen nyttar det universalførebyggjande undervisningsopplegget "Livet & Sånn". Planen er bygd opp som eit årshjul med tema for kvar månad frå "Livet & Sånn". I tillegg kan ein nytte element frå andre program som er nemnde i planen som supplement. Innhaldet i planen heng tett saman med arbeid med trygt og godt klasse- og skulemiljø. Planen skal evaluerast i løpet av våren 2025, det er så langt gode tilbakemeldingar frå skulane.

**Lesing** er ei av dei fem grunnleggande ferdigheitene. Utan gode leseferdigheiter viser det seg oftast at resten av skulearbeidet vert vanskeleg og. Volda kommune nyttar mellom anna SOL som eit verktøy i leseutviklinga for den enkelte elev. Dette gir lærar og elev god informasjon om kvar eleven er i leseutviklinga, og kva tiltak som er naudsynt for å kome vidare. Øyra skule er med i ein pilot med å prøve ut "Aski Raski". Av det skulane legg vekt på ved leseopplæringa, kan nemnast:

- Kollektivt medvit om at alle lærarar er leselærarar.
- Fleksibel bruk av ressurs som er knytt til tidleg innsats; lesegrupper/lesesirklar
- Delta på lesekonkurransar og andre lesestimuleringstiltak
- Aktiv og medviten bruk av skulebibliotek
- Arbeide med lese –og læringsstrategiar; arbeide med omgrep, korleis arbeide med ein tekst mm

Innføringa av **Betre Tverrfagleg innsats** (BTI) hjelper oss i skulen til å arbeide meir systematisk og få hjelpe barn og unge og familiane deira så tidleg som mogleg. Modellen er til god hjelp til betre systematisk samarbeid og samhandling på tvers av dei ulike tenestene, med mål om å hjelpe og støtte. Skuleleiarane har hausten 2024 arbeidd med å utvikle handlingsrettleiarar for sentrale fagområde i skulen. Handlingsrettleiarane er bygd opp etter BTI-modellen og blir stilt ferdige våren 2025. Målet er at handlingsrettleiarane skal vere eit godt verkty for dei tilsette i skulen.




**Kvalitet i skulefritidsordninga (SFO)**

Rammeplanen som kom i 2021, presiserer og utdjupar verdigrunnlaget for SFO. Skulane brukar denne som grunnlag for å utarbeide månadsplanar. Skulane ynskjer at SFO skal vere ein sosial arena, der elevane har gode opplevingar saman, der dei får skape, utfalde seg og leike. Slik kan SFO kan vere ein viktig støttearena for å kunne lykkast i skulen. Det varierer noko mellom skulane kva ein har kapasitet til å leggje til rette for i SFO. Det er lagt til rette for mykje frileik både inne og ute. Skulane melder om god trivsel ved SFO.

Med gratis kjernetid for alle elevar i 1.-3. klasse er det ein stor auke i talet på barn på SFO. Dette stiller også store krav til organisering, lokalitetar og utstyr. Den store auken barn har gitt utfordringar både når det m.a. gjeld kapasitet på bruk av areal, organisering av måltid, og det å få mange nok kvalifiserte tilsette i SFO, då det er behov for fleire små stillingar fordelt på fleire dagar. Det blir meldt frå skulane at det er krevjande å oppfylle rammeplanen med minstebemanning på SFO. Det er også utfordrande å finne vikarar.

Det er gitt rom for noko leksetid ved ein SFO, dersom barna ynskjer det.

**Nettverk og tverrfagleg samhandling**

Fleire nettverk er etablert og er godt gåande. Desse nettverka skal sikre ei fagleg utvikling for «sitt» område, og skal vere ein arena for erfaringsutveksling og samhandling. Desse nettverka har deltakarar frå fleire skular, og er samansett både av leiarar og lærarar. Desse nettverka er:

- IKT-nettverk
- BTI-grupper (tverrfaglege samhandlingsgrupper, tidlegare TSG)

- Nytt på nytt ( mentorprogram for nyutdanna lærarar)

## Utvalde resultat

### Nasjonale prøver

Om nasjonale prøver seier Udir følgjande:

*Føremålet med nasjonale prøver er å gi skolane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Informasjonen frå prøvene skal danne grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå i skolesystemet.*

Sjå elles avsnitt nedanfor resultata, i høve kva og korleis skulane arbeider i forkant og etterkant av prøvene

**Nasjonale prøver engelsk – 5. årssteg 2024**

| | Meistringsnivå 1 | Meistringsnivå 2 | Meistringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| Volda | 24,4 | 51,2 | 24,4 |
| Møre og Romsdal | 22,2 | 52,6 | 25,1 |
| Landet | 23,0 | 51,1 | 25,9 |

**Utvikling, Volda siste tre år. Engelsk, 5. årssteg**

| | Meistringsnivå 1 | Meistringsnivå 2 | Meistringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| 22/23 | 36,3 | 44,0 | 19,8 |
| 23/24 | 31,8 | 45,5 | 22,7 |
| 24/25 | 24,4 | 51,2 | 24,4 |

*Kommentar:* *Engelsk 5. trinn har ofte vore den delen av nasjonale prøver vi har hatt svakast resultat. I år ser vi også at vi har fleire på nivå 1 når vi samanliknar oss med andre. På same tid ser ein resultatet for sist skuleår er betre enn dei føregåande. Skuleeigar har vore medviten på dei siste åra å innvilge vidareutdanning i engelsk til fleire gjennom Udir sine vidareutdanningsordningar (KFK). I tillegg har skuleleiarane vorte bedne om å vere medvitne om å nytte rett kompetanse på rett stad.*

**Nasjonale prøver i lesing – 5. årssteg 2024**

| | Meistringsnivå 1 | Meistringsnivå 2 | Meistringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| Volda | 32,1 | 41,7 | 26,2 |
| Møre og Romsdal | 30,2 | 47,7 | 22,0 |
| Landet | 27,2 | 47,0 | 25,8 |

**Utvikling, Volda siste tre år. Lesing, 5. årssteg**

| | Meistringsnivå 1 | Meistringsnivå 2 | Meistringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| 22/23 | 20,7 | 56,5 | 22,8 |
| 23/24 | 33,9 | 43,1 | 22,9 |
| 24/25 | 32,1 | 41 | 26,2 |

*Kommentar: I år har vi fleire på mestringsnivå 1 samanlikna med andre. Dette er ikkje ei utvikling vi slår oss til ro med. Skulane har gått grundig inn i arbeidet med resultata og kva tiltak som kan bidra til å løfte fleire elevar frå meistringsnivå 1. Det er gledeleg å sjå at vi har fleire på meistringsnivå 3 samanlikna med fylket og landet.*

**Nasjonale prøver i rekning – 5. årssteg 2024**

| | Meistringsnivå 1 | Meistringsnivå 2 | Meistringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| Volda | 19,5 | 58,6 | 21,8 |
| Møre og Romsdal | 29,0 | 48,8 | 22,2 |
| Landet | 28,7 | 47,2 | 24,1 |

**Utvikling, Volda siste tre år. Rekning 5. årssteg**

| | Meistringsnivå 1 | Meistringsnivå 2 | Meistringsnivå 3 |
|---|---|---|---|
| 22/23 | 25,0 | 50,0 | 25,0 |
| 23/24 | 23,1 | 42,6 | 34,3 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 24/25 | 19,5 | 58,6 | 21,8 |

*Kommentar: Her har vi færre på meistringsnivå 1 samanlikna med andre, og ein auke i talet på elevar på meistringsnivå 2. Eit resultat vi vurderer å vere tilfredsstillande. Vi ser ein nedgang på meistringsnivå 3.*

**Nasjonale prøver lesing – 8. årssteg 2024**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 7,7 | 30,8 | 43,6 | 11,1 | 6,8 |
| Møre og Romsdal | 12,4 | 26,1 | 40,8 | 15,7 | 4,9 |
| Landet | 11,7 | 22,6 | 38,8 | 19,4 | 7,5 |

**Utvikling, Volda siste tre år. Lesing 8. årssteg**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| 22/23 | 6,3 | 16,5 | 39,4 | 26,8 | 11,0 |
| 23/24 | 18,0 | 23,0 | 32,8 | 14,8 | 11,5 |
| 24/25 | 7,7 | 30,8 | 43,6 | 11,1 | 6,8 |

*Kommentar: Resultat for lesing på 8. trinn viser ein stor nedgang på elevar som er på meistringsnivå 1, og ein auke på elevar som er på meistringsnivå 2 og 3, medan det er ein nedgang i tal på elevar på meistringsnivå 4 og 5. Vi ligg likevel over fylket når det gjeld meistringsnivå 5.*

**Nasjonale prøver rekning – 8. årssteg 2024**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 13,8 | 31,9 | 31,9 | 16,4 | 6,0 |
| Møre og Romsdal | 9,2 | 19,9 | 45,5 | 17,2 | 6,2 |
| Landet | 14,4 | 21,7 | 38,1 | 18,9 | 6,9 |

**Utvikling Volda - siste tre år. Rekning 8. årssteg**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| 22/23 | 8,0 | 20,8 | 39,2 | 22,4 | 9,6 |
| 23/24 | 15,3 | 17,7 | 30,6 | 24,2 | 12,1 |
| 24/25 | 13,8 | 31,9 | 31,9 | 16,4 | 6,0 |

*Kommentar: Resultata for rekning på 8. trinn viser at dei fleste elevane ligg på meistringsnivå 2 og 3. Men at om lag 45 % av elevane er på nivå 1 og 2 er ikkje tilfredsstillande. Det blir jobba aktivt med dette på skulane.*

**Nasjonale prøver engelsk – 8. årssteg 2024**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 12,8 | 21,4 | 42,7 | 16,2 | 6,8 |
| Møre og Romsdal | 9,2 | 19,9 | 45,5 | 18,4 | 7,0 |
| Landet | 9,1 | 17,5 | 42,9 | 19,9 | 10,5 |

**Utvikling, Volda – siste tre år. Engelsk 8. årssteg**

| | Nivå 1 | Nivå 1 | Nivå 1 | Nivå 1 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| 22/23 | 8,5 | 13,8 | 46,9 | 22,3 | 8,5 |
| 23/24 | 14,2 | 21,7 | 35,0 | 25,0 | 4,2 |
| 24/25 | 12,8 | 21,4 | 42,7 | 16,2 | 6,8 |

*Kommentar: Resultata for engelsk på 8. trinn er ikkje tilfredsstillande. Volda har fleire elevar på dei lågaste meistringsnivåa samanlikna med fylket og landet. Det blir jobba aktivt med dette på skulane.*

**Nasjonale prøver lesing – 9. årssteg 2024**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 7,7 | 17,1 | 30,8 | 23,1 | 21,4 |
| Møre og Romsdal | 8,1 | 15,9 | 36,6 | 24,6 | 14,8 |
| Landet | 7,0 | 14,4 | 33,9 | 26,3 | 18,4 |

**Utvikling, Volda – siste tre år. Lesing 9. årssteg**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| 22/23 | 6,9 | 6,9 | 32,3 | 33,1 | 20,8 |
| 23/24 | 7,6 | 13,6 | 26,5 | 27,3 | 25,0 |
| 24/25 | 7,7 | 17,1 | 30,8 | 23,1 | 21,4 |

*Kommentar: Når vi samanliknar oss med andre er resultata for lesing på 9. årssteg gode. Hovudparten av elevane våre fordelar seg på dei tre høgaste meistringsnivåa, noko som er veldig bra.*

**Nasjonale prøver rekning – 9. årssteg 2024**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 6,6 | 18,2 | 26,4 | 26,4 | 22,3 |
| Møre og Romsdal | 7,2 | 16,8 | 35,7 | 25,8 | 14,4 |
| Landet | 8,2 | 15,3 | 35,8 | 25,1 | 15,6 |

**Utvikling, Volda – siste tre år. Rekning 9. årssteg**

| | Nivå 1 | Nivå 2 | Nivå 3 | Nivå 4 | Nivå 5 |
|---|---|---|---|---|---|
| 22/23 | 4,5 | 7,6 | 34,8 | 27,3 | 25,8 |
| 23/24 | 6,7 | 10,4 | 35,1 | 24,6 | 23,1 |
| 24/25 | 6,6 | 18,2 | 26,4 | 26,4 | 22,3 |

*Kommentar: Også i rekning er resultata på 9. årssteg gode. At nærare 50 % av elevane er å finne på nivå 4 og 5 er svært bra.*

**Skulane sitt arbeid med nasjonale prøver**

Det er utarbeidd eigne kommunale retningslinjer for gjennomføring av nasjonale prøver. I forkant har skulane tilgang til eksempelprøver. Desse vert gjennomført for at elevane skal verte kjent og trygg med prøveforma, og kva ein kan vente seg. Skulane driv ikkje intensiv og målretta førebuing til akkurat denne prøva, men legg vekt på ein undervisningskvardag med strukturert, variert og systematisk arbeid som i sin tur gir eit godt grunnlag for å meistre prøva.

Det viktigaste med prøver og kartlegging i skulen, er korleis ein følgjer det opp. Den viktigaste jobben skjer ute på skulane, og skulane skildrar følgjande korleis dette skjer:

Intern skulering i utviklingstid/teamtid/årsstegstid. Ein analyserer resultata på sin skule, og identifiserer faktorar som kan forklare kvifor resultatet vart slik det vart – både ved gode og mindre gode resultat. Vidare set ein inn tiltak i høve det ein identifiserer som funn. Desse tiltaka kan til dømes vere:

- styrking i ei elevgruppe/mot elevar som strevar; intensiv opplæring i kortare eller lengre tid.
- intern skulering for tilsette; kompetanseheving i høve dei faglege utfordringane som vert avdekka.
- identifisere kva oppgåvetyper/emne som særleg går igjen som krevjande – planleggje og gjennomføre undervisning som kjem dette i møte.
- faste leseøkter kvar veke, både på barne- og ungdomstrinn.
- vidareutdanne lærarar, slik at alle som underviser i faget har formell kompetanse som stettar krava i forskrift til opplæringslova. Dette er eit arbeid som vert gjort i tett samarbeid mellom den einskilde tilsett, skulen si leiing og sektor oppvekst.
- i dei tilfella nasjonale prøver overraskar negativt i høve enkeltelevar – gjennomføre vidare kartlegging med tanke på lærevanskar i ulik grad. Ein følgjer då planen for vurdering og kartlegging i Voldaskulen.

**Standpunktkarakterar 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| Engelsk | 4,3 | 4,2 | 4,2 |
| Spansk | 4,6 | 4,3 | 4,2 |
| Tysk | 4,2 | 4,3 | 4,3 |
| Kunst og handverk | 4,4 | 4,5 | 4,5 |
| Kroppsøving | 4,6 | 4,6 | 4,7 |
| Mat og Helse | 4,3 | 4,5 | 4,6 |
| Matematikk | 3,7 | 3,6 | 3,7 |
| Musikk | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| Naturfag | 4,1 | 4,1 | 4,2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norsk, hovudmål | 4,1 | 3,9 | 3,8 |
| Norsk, sidemål | 4,2 | 3,9 | 3,8 |
| Norsk, munnleg | 4,4 | 4,3 | 4,3 |
| KRLE | 4,4 | 4,3 | 4,3 |
| Samfunnsfag | 4,3 | 4,3 | 4,3 |

**Eksamenskarakterar, skriftleg eksamen 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| Engelsk | 4,0 | 3,8 | 3,8 |
| Matematikk | 3,6 | 3,3 | 3,3 |
| Norsk hobudmål | 3,9 | 3,5 | 3,5 |
| Norsk sidemål | 3,8 | 3,3 | 3,3 |

*Kommentar: Resultata for skriftleg eksamen i Volda ligg over både landet og fylket i alle fag.*

**Eksamenskarakterarar, munnleg eksamen 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Landet |
|---|---|---|---|
| Engelsk | 4,5 | 4,5 | 4,6 |
| Tysk | 4,5 | 4,4 | 4,4 |
| Matematikk | 4,2 | 4,2 | 4,2 |
| Naturfag | * | 4,3 | 4,4 |
| Norsk | 4,4 | 4,5 | 4,4 |
| KRLE | 4,0 | 4,3 | 4,4 |
| Samfunnsfag | 4,8 | 4,5 | 4,5 |

*Kommentar: Volda kommune ligg nokså nær resultat både for landet og fylket, i KRLE noko under og i andre fag noko over. Resultat merka med * er resultat som er skjerma grunna personvernomsyn.*

**Grunnskulepoeng 2024**

| Skuleår | 17-18 | 18-19 | 19-20 | 20-21 | 21-22 | 22-23 | 23-24 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Volda | 43,1 | 43,1 | 42,9 | 42,1 | 44,2 | 42,3 | 43,0 |
| Møre og Romsdal | 41,8 | 42,0 | 43,1 | 43,0 | 43,2 | 42,1 | 42,1 |
| Landet | 41,8 | 42,0 | 43,2 | 43,3 | 43,4 | 42,4 | 42,2 |

*Kommentar: Grunnskulepoeng på 43.0 er eit tal som ligg over talet for landet. Det inneber at elevane samla sett har eit karaktersnitt på 4,3.*

**Læringsmiljø 5.-10. årssteg**

Det er obligatorisk for skuleeigar å gjennomføre elevundersøkinga på 7. og 10. årssteg. Kommunestyret har vedteke at Volda kommune i tillegg skal gjennomføre undersøkinga frå 5.-10. årssteg. Indeksane er sett saman av ulike spørsmål, som saman dannar ein indeks-score. Dersom ein ønskjer meir detaljar om dei ulike spørsmåla, finn ein dette på udir.no – analysebrett.

Visninga gjennom Udir gir berre tilgang til resultata gjennom Udir sin statistikkbank. Skjermingsreglane er noko strengare enn tidlegare, slik at ein ikkje får tilgang til svaromfang i like stor grad som før.

**7. årssteg 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Læringskultur | 3,8 | 3,7 | 3,8 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,5 | 3,5 | 3,6 |
| Fagleg utfordring | 3,7 | 3,7 | 3,9 |
| Felles reglar | 4,2 | 4,2 | 4,2 |
| Trivsel | 4,1 | 4,1 | 4,1 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Meistring | 3,9 | 3,9 | 3,9 |
| Støtte frå lærar | 4,3 | 4,2 | 4,2 |
| Motivasjon | 3,4 | 3,4 | 3,4 |
| Vurdering for læring | 3,4 | 3,6 | 3,6 |
| Støtte heimanfrå | 4,2 | 4,1 | 4,2 |
| Mobbing på skulen* | * | 11,6 | 12,3 |

** Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare. Når det står * på Volda sine tal, er dette fordi UDIR har stramma inn reglane for offentleggjering grunna personvernomsyn.*

**10. Årssteg 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Læringskultur | 3,7 | 3,7 | 3,7 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,4 | 3,2 | 3,3 |
| Fagleg utfordring | 4,2 | 4,1 | 4,2 |
| Felles reglar | 4,1 | 3,9 | 3,9 |
| Trivsel | 3,9 | 4,0 | 4,0 |
| Meistring | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Støtte frå lærar | 4,0 | 3,9 | 3,9 |
| Utdannings- og yrkesrettleiing | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,2 | 3,1 | 3,2 |
| Vurdering for læring | 3,3 | 3,2 | 3,2 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Støtte heimanfrå | 3,9 | 3,9 | 4,0 |
| Mobbing på skulen* | 9,8 | 12,0 | 10,6 |

** Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare .*

**5.årssteg 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Trivsel | 4,2 | 4,1 | 4,2 |
| Støtte frå lærar | 4,5 | 4,5 | 4,5 |
| Støtte heimanfrå | 4,0 | 4,1 | 4,3 |
| Vurdering for læring | 3,7 | 3,7 | 3,8 |
| Læringskultur | 4,0 | 3,9 | 4,0 |
| Meistring | 4,0 | 3,9 | 4,0 |
| Motivasjon | 3,6 | 3,6 | 3,7 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,6 | 3,7 | 3,8 |
| Felles reglar | 4,4 | 4,4 | 4,4 |
| Fagleg utfordring | 3,6 | 3,8 | 3,8 |
| Mobbing på skulen* | * | 13,6 | 15,1 |

** Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare . Når det står * på Volda sine tal, er dette fordi UDIR har stramma inn reglane for offentleggjering grunna personvernomsyn.*

**6. årssteg 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nsjonalt |
|---|---|---|---|
| Trivsel | 4,1 | 4,1 | 4,1 |
| Støtte frå lærar | 4,3 | 4,3 | 4,3 |
| Støtte heimanfrå | 4,0 | 4,1 | 4,3 |
| Vurdering for læring | 3,6 | 3,7 | 3,7 |
| Læringskultur | 3,8 | 3,8 | 3,9 |
| Meistring | 3,8 | 3,8 | 3,9 |
| Motivasjon | 3,5 | 3,4 | 3,6 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,5 | 3,5 | 3,7 |
| Felles reglar | 4,1 | 4,3 | 4,3 |
| Fagleg utfordring | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| Mobbing på skulen* | 9,7 | 12,8 | 13,6 |

** Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare .*

**8. årssteg 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Trivsel | 4,0 | 4,1 | 4,1 |
| Støtte frå lærar | 4,1 | 4,2 | 4,1 |
| Støtte heimanfrå | 4,1 | 4,1 | 4,2 |
| Vurdering for læring | 3,6 | 3,5 | 3,5 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Læringskultur | 3,7 | 3,8 | 3,8 |
| Meistring | 3,8 | 3,8 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,5 | 3,4 | 3,4 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,6 | 3,5 | 3,5 |
| Felles reglar | 4,2 | 4,2 | 4,1 |
| Fagleg utfordring | 4,3 | 4,0 | 4,1 |
| Mobbing på skulen* | 14,4 | 9,3 | 10,2 |

** Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare .*

**9. årssteg 2024**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Trivsel | 3,9 | 4.0 | 4,0 |
| Støtte frå lærar | 4,1 | 3,9 | 3,9 |
| Støtte heimanfrå | 4,0 | 4,0 | 4,1 |
| Vurdering for læring | 3,4 | 3,2 | 3,3 |
| Læringskultur | 3,9 | 3,7 | 3,6 |
| Meistring | 3,9 | 3,7 | 3,8 |
| Motivasjon | 3,2 | 3,1 | 3,2 |
| Elevdemokrati og medverknad | 3,4 | 3,2 | 3,3 |
| Felles reglar | 4,1 | 3,9 | 4,0 |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Utdannings- og yrkesrettleiing | 3,5 | 3,3 | 3,4 |
| Fagleg utfordring | 4,0 | 4,1 | 4,1 |
| Mobbing på skulen* | 13,4 | 10,8 | 11,8 |

** Tal i prosent, kor mange elevar som opplever mobbing frå elevar og/eller vaksne på skulen 2-3 gongar i månaden eller oftare .*

Når skulane analyserer sine resultat, vel dei ut nokre indikatorar som dei arbeider vidare med.

Mobbetala er alltid ein av desse indikatorane. Nye og strengare reglar for offentleggjering gjer at fleire skular no ikkje nødvendigvis har desse tala tilgjengeleg gjennom Elevundersøkinga. Ein må då få slike tal gjennom t.d ikkje-anonyme spørjeundersøkingar (Spekter), eller ved at ein får kunnskap om mobbing gjennom elevsamtalar, utviklingssamtalar eller ved å observere elevmiljøet godt. I arbeidet med å analysere sine resultat, legg ein vekt på medverknad frå elevar, lærarar, andre tilsette og leiing. Saman definerer ein eit mål for neste elevundersøking, samt at ein kjem fram til tiltak for korleis ein skal løfte indikatorane ein har samla seg om.

Resultata vert også drøfta i SU og FAU, der tala ikkje er unnateke offentlegheit.

I tillegg til Elevundersøkinga skal skulane gjennomføre undersøkinga *Spekter Digital førebyggje* for å kunne arbeide godt førebyggjande med klasse- og skulemiljø. Dersom Spekter-undersøkinga, Elevundersøkinga, andre observasjonar og samtalar avdekker behov for å undersøke meir, kan skulane gjere seg nytte av Spekter Digital Undersøke. Skulane arbeider både førebyggjande og med tiltak for å rette opp i saker der elevar ikkje har det trygt og godt.

Døme på tiltak:

- systematisk bruk av elevsamtalar
- tidleg og tett samarbeid mellom heim og skule
- felles reglar og rutinar
- trivselsreglar i klassene
- trivselsskapande aktivitetar som bidreg til inkludering, t.d Leikepatruljen
- betre plan for overgang frå småskulesteg til mellomsteg
- tilsynsplan frå morgon til skuleslutt
- styrka tilsyn om morgon og i overgangar
- arbeid med relasjonar; elev-elev, lærar-elev
- dagleg og systematisk arbeid med klasse- og læringsleiing
- felles aktivitetar ved skulen for å styrke heim-skule-samarbeidet
- samlingar på tvers av klassesteg på skulane
- arbeide med opplegg frå “Livet & Sånn”
- stoppsamtalar og bruk av rutinar for KAP. 12
- aktivitetsplanar med tiltak tilpassa saka

I saker som omhandlar utrygt skulemiljø (m.a grunna mobbing) nyttar skulane aktivitetsplanar. Desse planane skildrar tiltak, kven som er ansvarleg og set tidspunkt for evaluering og evt justering av tiltak. Ein aktivitetsplan skal ikkje avsluttast før det er konkludert med at eleven har det trygt og godt.

Målet er sjølvsagt at ein skal førebygge mobbing, slik at ein aktivitetsplan ikkje er nødvendig. Sjå elles tidlegare i rapporten for skildring av korleis skulane arbeider systematisk med læringsmiljøet.

**Gjennomføring, vidaregåande skule – 2017-kullet**

| | Volda | Møre og Romsdal | Nasjonalt |
|---|---|---|---|
| Fullført med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år | 78,4 % | 83,4 % | 82,2 % |

*Kjelde: SSB*

**Avdelingsleiar si oppsummering**

Grunnskuleområdet har i 2024 hatt fokus på kollektiv utvikling og kompetanseheving. Verdiane og visjonen har stått sentralt, og det er lagt ein strategi der det er lagt vekt på å jobbe med "vi-et" i profesjonsfellesskapet. Det er gledeleg å sjå engasjementet i skule-leiargruppa, og samarbeidet vi har fått på plass i barnehage og skule-leiargruppa. Gjennom arbeid med desentralisert kompetanseheving (de-komp) i samarbeid med Høgskulen i Volda, har vi gjennom 2024 utarbeidd plan for faglege nettverk for lærarane med fokus på fagleg inkludering. Dette vert vidareutvikla for skuleåret 25-26 og andre tilsette i skulen skal også vere ein del av dette.

Vi inviterte vi også i november til finale i First Lego League, Søre Sunnmøre for andre gong. Denne gongen på Volda Campus Arena. Deltakinga var dobla frå 2023. Dette vart ein veldig kjekk finaledag med mykje spenning, lagarbeid og publikumsvenlege robot-konkurransar. Det var klassar frå eigen kommune, men og frå andre kommunar på Søre-Sunnmøre. Volda skal også vere arrangør i 2025.

I Elevundersøkinga har Udir stramma inn reglane for offentleggjering grunna personvernomsyn. Det gjer at det ikkje er publisert tal for mobbing på alle årssteg.

På 6. årssteg er det markert lågare mobbetal enn for fylket og landet. I fjor, då desse elevane var 5. klassingar, var det 19,0 % av elevane som svara at dei vart mobba. I år, når dei er 6. klassingar, svarar elevane at det er 9,7 % som blir mobba.

Mellom dei som i år er 9. klassingar, er det ei negativ utvikling. I fjor svara elevane at 8,0 % vart mobba. I år svarar 13,4 5 at dei vert mobba. Dette er noko skulane vil gje særskilt merksemd.

Årsakene til mobbing og eit utrygt læringsmiljø varierer, men det er ingen tvil om at skulen i samarbeid med heimane må jobbe hardt for å snu denne trenden. Visjonen vår om at vi har trygge barn, unge og

vaksne som deltek, meistrar og lærer skal vi halde høgt oppe. Jamvel om vi opplever mobbetal, ser vi at trivselen mellom elevane jamt over er meldt å vere god. I tillegg melder elevane om god støtte frå lærarane sine og foreldra sine. Dette er verdt å ta med og bygge vidare på.

## Omstilling og digitalisering

### VIGILO – oppvekstadministrativt system

Frå 1. august 2023 gjekk ein over til nytt oppvekstadministrativt system, Vigilo. Skulane har fått god opplæring i systemet. Gjennom 2024 vi har utarbeidd gode rutinar og malar som jamleg vert oppdaterte etter behov. Vigilo tek hand om både skuledrift, SFO og kommunikasjon mellom heim og skule.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Skule | 0,66 | 0,00 | 0,53 | 1,19 |
| Volda ungdomsskule | 46,82 | 6,28 | 1,06 | 54,16 |
| Folkestad skule | 10,51 | 1,52 | 1,68 | 13,71 |
| Dalsfjord skule | 6,90 | 1,09 | 0,33 | 8,32 |
| Mork skule | 11,43 | 2,04 | 0,70 | 14,17 |
| Øyra skule | 54,27 | 5,05 | 1,52 | 60,84 |
| Bratteberg skule | 28,30 | 2,91 | 1,95 | 33,16 |
| Hornindal skule | 21,81 | 0,94 | 1,29 | 24,04 |
| Kulturskule | 5,27 | 0,28 | 0,22 | 5,77 |
| Logoped | 0,80 | 0,00 | 0,00 | 0,80 |
| **Total** | **186,77** | **20,11** | **9,28** | **216,16** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 225 | 65 | 70 | 19 | 117 | 29 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 161 036 | 155 010 | 157 350 | -3 686 | -2,3 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 170 884 | 181 259 | 180 159 | -1 100 | -0,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 895 | 8 276 | 8 252 | -23 | -0,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 372 | 2 040 | 1 555 | -485 | -31,2 % |
| Overføringsutgifter | 58 | 82 | 58 | -24 | -40,8 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **182 209** | **191 656** | **190 024** | **-1 632** | **-0,9 %** |
| Salgsinntekter | -5 693 | -5 792 | -6 981 | -1 189 | 17,0 % |
| Refusjoner | -21 177 | -24 506 | -25 378 | -872 | 3,4 % |
| Overføringsinntekter | -231 | -314 | -308 | 7 | -2,2 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -7 | -7 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-27 102** | **-30 620** | **-32 675** | **-2 055** | **6,3 %** |
| **Netto resultat** | **155 108** | **161 036** | **157 350** | **-3 686** | **-2,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

Totalt går skuleområdet med eit meirforbruk på 2,3 % i 2024, mot eit meirforbruk på 1,1 % året før. Sjølv om mykje av det har ei forklaring er det utfordrande at ein går med ca 3,6 mill i meirforbruk. Det er varierande mellom skulane korleis eininga kjem ut på botnlinja. Punktvis vurderer eg at dette kan forklare totalen:

- Brukarbetaling SFO. Totalt 3,3 mill. Mindre inntekter grunna gratistimar. Ordninga utvida til å gjelde 3. klasse også frå hausten 2024. Fleire barn=fleire vaksne, og auka lønskostnader
- Fleire av einingane har vanskar med å halde seg innan for ramma på driftsbudsjettet sitt
- På refusjonar ser vi at det er mindre refusjonsinntekter enn budsjettert
- Kjøp frå private, og kjøp frå kommunar, høgare enn budsjettert. Noko knytt til bistand frå Avonova, men også leige av personale frå helse
- Tala for fastløn og løn til vikarar vurderer eg som ok totalt sett for heile grunnskuleområdet

## Oppsummering tiltak

- Vi skal kritisk gå igjennom lisensavtalar på digitale læremiddel, om det viser seg å vere noko som er lite brukt vert desse å avslutte.
- Jamleg merksemd på fastløn vs vikarbruk, sørgje for stadig minne kvarandre om at overforbruk på fastløn skal visast igjen på mindreforbruk på andre lønspostar.
- Rutinar for å sikre at inntekter vi har rett på vert fakturert og innkravd, t.d elevar med fosterheimsplassering i vår kommune.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
82 203
2 039 519
8 275 700
191 656 125
181 258 703
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-7 400
-314 222
-5 792 422
-30 620 147
-24 506 102
Refusjoner
Salgsinntekter
Overføringsinntekter
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. | Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning | | 3,7 | 3,5 | Når det gjeld elevdemokrati og medverknad på 7.trinn nådde vi ikkje målet vi hadde sett på 3,7.<br><br>Vi enda på 3,5, noko som er likt med fylket elles.<br><br>Landet hadde 3,6 |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | Andel elevar med spesialundervisning (reduksjon) | | 5,5 % | 5,8 % | Måltal ikkje nådd. Vi ligg 0,3 over.<br><br>Årsaka kan vere naturlege variasjonar i elevgruppa.<br><br>Det blir jobba kontinuerlig med tilpassing og at det ordinære opplæringstilbodet skal vere godt |
| | | Trivsel i grunnskulen | | 4,2 | 4,0 | Ungdomsskulen ligg rett under både fylke og land.<br><br>Barneskulen, 6. og 7. årssteg ligg likt med fylke og land.<br><br>5.årssteg ligg over fylke, og likt med landet forøvrig<br><br>Ein variasjon frå 3,9-4,2- så totalt sett vil eg seie mål nådd. |
| | | Elevundersøkinga - medvirkning 10. årssteg | | 3,6 | 3,4 | Her ligg vi over både fylke ( 3,2) og land ( 3,3) |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | men ikkje nådd mål som er på 3,6- men på god veg |
| | | Auka nærvær skule | | 93,5 % | 92,2 % | Er nær målet |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) | 125 155 | 126 796 | 123 370 | 124 106 | 118 568 |
| Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B) | 4 009 | 3 943 | 2 874 | 3 880 | 3 262 |
| Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) | 11 978 | 14 915 | 18 179 | 14 827 | 15 394 |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B) | 11,6 | 11,4 | 11,9 | 12,0 | 13,1 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) | 22 479 | 23 345 | 21 393 | 22 817 | 24 706 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år | 3,7 % | 4,2 % | 3,9 % | 5,1 % | 3,8 % |
| Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B) | 18,2 % | 17,5 % | 13,6 % | 18,6 % | 13,5 % |
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B) | 5,6 % | 5,7 % | 6,0 % | 9,1 % | 7,9 % |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Begge kjønn Universitets- og høgskoleutd. med annen pedagogisk utdanning Lærere (prosent) | 12,4 | 13,7 | 7,9 | 10,8 | 12,9 |
| Begge kjønn Universitets- og høgskoleutdanning. med en lærerutdanning Lærere (prosent) | 80,8 | 80,8 | 84,1 | 76,5 | 74,4 |
| Elevunders. 10. trinn - Trivsel | 4,2 | 3,9 | 4,3 | 4,0 | |
| Nasjonale prøver 5. trinn: Regning | 51,0 | 51,0 | 47,0 | 49,0 | |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Engelsk | 48,0 | 49,0 | 50,0 | 50,0 | |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing | 48,0 | 48,0 | 46,0 | 48,0 | |
| Nasjonale prøver 8. trinn: Regning | 50,0 | 47,0 | 47,0 | 48,0 | |
| Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing | 55 | 53 | 52 | 52 | |
| Nasjonale prøver 9. trinn: Regning | 54 | 53 | 53 | 52 | |

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning | 5,7 % | 5,7 % | 5,8 % | 5,0 % | 5,0 % |
| Antall elever i kommunale grunnskoler | 1 209 | 1 203 | 1 217 | 1 200 | 1 200 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,52 % | 6,74 % | 9,26 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,84 % | 4,50 % | 7,34 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,42 % | 5,41 % | 7,83 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Vaksenopplæring og integrering

## Skildring av tenesteområde

Vaksenopplæring og integrering har ansvar for førebuande opplæring for vaksne (FOV) og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) for vaksne, opplæring i norsk og samfunnsfag, gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar og oppfølging av flyktningar busette i Volda. Volda læringssenter er lokalisert på det som før var Vikebygda skule.

På grunn av høge busettingstal har Volda læringssenter også disponert Sjukehusvegen 6A og 6B til undervisning og kontorlokale i 2024.



Volda læringssenter

## Viktige hendingar

Krigen i Ukraina har prega Volda læringssenter(VLS) og Volda kommune i 2024. I 2022 busette Volda kommune 147 flyktningar og i 2023 kom 141 flyktningar til Volda. Kommunestyret bestemte at Volda kommune skal busette 80 flyktningar i 2024. Dette vedtaket blei utvida med 20 busettingar slik at det samla talet på mogleg busetting blei 100 i 2024. Det endelege busettingstalet blei 94. I tillegg kom to flyktningar på familieinnvandring og ei sekundærbusetting av ein familie på tre. **Samla busettingstal** blei då 99.

Det er eit relativt stort tal på flyktningar som har flytta frå Volda - både til andre kommunar og nokre ut av landet.

I samband med eit redusert busettingstal samanlikna med 2022 og 2023, har det blitt gjort ein gjennomgang av budsjett og rekneskap for 2024 med tanke på å redusere utgifter. Det har også vore reduksjon av talet på tilsette ved VLS gjennom 2024. Denne reduksjonen kjem til å halde fram i 2025.

Om ein samanliknar med 2023 har VLS hatt færre deltakarar på grunn av lågare busettingstal. Samtidig har det vore sterkt fokus på at deltakarane skal raskare ut i arbeid. Volda læringssenter har hatt eit godt samarbeid med næringslivet i tillegg til at innhaldet i **introduksjonsprogrammet har blitt meir arbeidsretta.** Truleg har dette negativ innverknad på språklæring og integrering, men eit stort tal flyktningar har kome seg ut i løna arbeid. Det er stor fleksibilitet, endringsvilje og stort engasjement hos dei tilsette ved Volda læringssenter. Samtidig er det ei utfordring å aktivisere så mange flyktningar i arbeid. Difor har kommunen oppretta nokre midlertidige kommunale stillingar. Desse stillingane har vore innanfor i SFO, banehage og eigedom/drift og Kommunestyret har gått inn for å halde fram med desse stillingane i 2025.

Volda kommune har også i 2024 leigd undervisningslokale i **Sjukehusvegen 6A** for å kunne tilby lov-pålagt undervisning til alle deltakarane. Lokala har stetta behovet for kontorplassar og undervisningslokale.



Det er no **ca. 25 tilsette** ved Volda læringssenter. Dette inkluderer sosionomar, barnevernspedagogar, lærarar, tolkar og assistentar.

## Tenestekvalitet

### Internkontroll

Tenesta, vaksenopplæring og integrering utfører oppgåver styrt av opplæringslova, introduksjonslova og integreringslova. Jamnlege rapporteringar til norsk innvandrarregister (NIR) og gjennom eit forsvarleg system for kvalitet, skal ein sikre lik praksis og tilbod for alle våre deltakarane. Rutinane skal også sikre at dei tilsette handlar på ein fagleg god måte. Alle deltakarane får tett oppfølging gjennom elevsamtalar, programsamtale og trekantsamtaler med deltakar, kurator og kontaktlærar.

### Utviklingsarbeid

Dei tilsette har gjennomført diverse kompetansepakkar i samband med implementering av førebuande opplæring for for vaksne" (FOV) som erstattar grunnskule for vaksne. Opplæringa har som mål å gjere utdanninga meir fleksibel og effektiv. Mykje av utviklingsarbeidet i 2024 har difor vore å sette seg inn i innhaldet i dei nye læreplanane, samt å lage kartleggingstestar og plasseringsverktøy for å gi deltakarane ei best mogleg tilpassa opplæring.

### Krav til kompetanse

Frå 2029 er det krav om norsk som andrespråk-kompetanse for alle tilsette i vaksenopplæringa. To lærarar tek vidareutdanning i dette faget i 2024/2025 med støtte frå Direktoratet for høgare kompetanse (HKdir).

### Individuelt tilrettelagt opplæring for vaksne (ITO)

Jamfør opplæringslova §11-2 «Skolen skal vurdere om tiltaka er nok til å gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, eller om eleven kan trenge individuell tilrettelegging etter reglane i §§ 11-4, 11-5 og 11-6.» skal Volda kommune tilby ITO. I tett samarbeid med interkommunal PP-teneste, som gjer sakkunnig vurdering tilbyr Volda læringssenter individuelt tilrettelagt opplæring. Det er til saman ca 10 elevar som mottek individuell tilrettelagt opplæring ved Volda læringssenter i dag.

**Ros-analyse**

Det er gjennomført ROS-analyse for vald og trugslar om vald i samarbeid med bedriftshelsetenesta Avonova.



## Utvalde resultat

**Førebuande opplæring for vaksne og norskopplæring**

Innføring av **nye modulbaserte læreplanar for vaksne (FOV)**, tidlegare grunnskulen for vaksne, har vore ei viktig hending for Volda vaksenopplæring. Meininga med FOV er at flyktningane med lite eller ingen skulegang frå før skal få tilbod om ei rask og fleksibel opplæring som gir grunnlag for vidaregåande opplæring. Desse læreplanane er dei første som er laga for vaksne deltakarar. Våren 2024 fekk 7 deltakarar vitnemål på fullført grunnskule med gammal ordning. Per 31.12 2024 er det 24 elevar på FOV og for fem av desse elevane er det planlagt eksamen i modul 4 i mai/juni.

Volda læringssenter fasiliterer også for **prøver i norsk og prøve i samfunnskunnskap.** Desse prøvane er som regel ei plikt for innvandrar å ta i samband med søknad om permanent opphaldsløyve og statsborgarskap. Norskprøven måler nivå i munnleg, skriftleg, lesing og lytting. I 2024 gjennomførte 44 kandidatar leseprøven, 46 kandidatar lytteprøven, 47 kandidatar skriftleg prøve og 53 kandidatar tok munnleg norskprøve.

**Introduksjonsprogrammet**

Av 96 deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet (alder 18 - 55 år) i 2024, har 45 flyktningar hatt overgang til arbeid og 3 har hatt overgang til vidaregåande skule. Dette gir eit resultat på 49 prosent overgang registrert i Nasjonalt innvandrarregister (NIR).

| Avslutta 2024 | Tal | Prosent |
|---|---|---|
| Tal deltakarar totalt 2024 | 139 | |
| Tal deltakarar som avslutta nitro i 2024 | 96 | 70 % |
| Tal deltakarar med overgang til vegs/univ | 3 | 3,10 % |
| Tal deltakarar med overgang til arbeid | 45 | 47,0 % |
| Tal deltakarar med overgang til grunnskule | 6 | 6, 25 % |
| Tal deltakarar med overgang til NAV | 23 | 24 % |
| Tal deltakarar med overgang til AAP | 0 | 0 % |
| Tal deltakarar som avslutta grunna flytting | 14 | 14,6 % |
| Anna (foreldreperm, perm grunna helse) | 4 | 4,2 % |
| Vedtak om permanent stans | 1 | 1,04 % |

| | | |
|---|---|---|
| RESULTAT (overgang arbeid/utdanning) | | 49 % |
| RESULTAT med overgang inkl grunnskule | | 50 % |



**Avdelingsleiar sin oppsummering**

Avdeling for vaksenopplæring og integrering har i 2024 hatt eit særskilt fokus på arbeidsretting av opplæringa. Oppdraget til avdelinga har vore å få flyktningane, spesielt flyktningane med midlertidig kollektivt vern, raskast mogleg ut i arbeid. Det har vore jobba målretta og godt og i både flyktningtenesta og språkopplæringa, med å få deltakarane ut i praksis og i løna arbeid. Fleirtalet har fått jobbar i det private næringslivet, men nokre har også fått kommunale stillingar. Det er ein krevande arbeidsmarknad i Volda kommune med store krav til kompetanse hos dei tilsette.

Arbeidet med flyktningar og vaksne krever stor fleksibilitets- og omstillingsevne hos dei tilsette. Lovverka endrar seg fort og ofte og dette gjer det utfordrande å halde seg oppdatert for å sikre flyktningane sine rettar. Ein brukarundersøkelse frå Integrering og mangfoldsdirektoratet (IMDI) viser likevel at Volda læringssenter har god kvalitet på tenestene.

Det er også stor trivsel blant dei tilsette og flyktningane melder om god trivsel i Volda kommune.

## Omstilling og digitalisering

Volda læringssenter innførde nytt administrativt system, Visma flyktning og vaksenopplæring, i 2022. Systemet stettar behova i tenesta, men ei modernisering og utvikling av grensesnittet er planlagt i nær framtid. Volda læringssenter har meldt seg til å vere pilot i utprøvinga av den oppdaterte versjonen av Visma flyktning og vaksenopplæring.

Volda læringssenter deltek også i ei referansegruppe for nasjonal KI-satsing i vaksenopplæring.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Vaksenopplæring og integrering | 21,47 | 0,97 | 6,93 | 29,37 |
| Flyktning i arbeid | 0,00 | 0,00 | 1,52 | 1,52 |
| **Total** | **21,47** | **0,97** | **8,45** | **30,89** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 29 | 14 | 14 | 7 | 17 | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 41 731 | 48 973 | 43 769 | 2 038 | 4,7 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 43 234 | 44 942 | 46 677 | 1 735 | 3,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 913 | 4 415 | 4 514 | 99 | 2,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 54 | 0 | 280 | 280 | 99,8 % |
| Overføringsutgifter | 139 | 4 | 0 | -4 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 99 | 0 | -99 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **48 341** | **49 461** | **51 471** | **2 010** | **3,9 %** |
| Salgsinntekter | -114 | -91 | -1 | 90 | -8674,1 % |
| Refusjoner | -8 785 | -7 569 | -7 701 | -132 | 1,7 % |
| Overføringsinntekter | -10 | -5 | 0 | 5 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -65 | 0 | 65 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-8 909** | **-7 730** | **-7 702** | **28** | **-0,4 %** |
| **Netto resultat** | **39 432** | **41 731** | **43 769** | **2 038** | **4,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Det blei gjort ein gjennomgang av opprinneleg budsjett i samband med at kommunestyret vedtok reduksjon av tal på flyktningar Volda skulle busette. I det opphavlege budsjettet låg det eit forslag med

110 flyktningar, medan vedtaket i kommunestyret blei 80 busettingar for 2024. Seinare har talet på 80 busettingar blitt oppjustert igjen til 100 hovudsakleg på grunn av fråflytting.

Opphavleg budsjett på ca 49 millionar blei redusert 43,7 millionar. Dette inkluderte også lønsmidlar til 6 kommunale midlertidige stillingar for å gi flyktningar arbeidserfaring, men også stette eit behov i tenestene. Rekneskapen viser eit mindreforbruk på ca 2 millionar kroner. Mindreforbruket skuldast nedgang i lønsutgifter og lågare utbetalingar i introduksjonsstønad.

Resultatet vitnar om sunn økonomistyring.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
496
4 301
99 143
4 415 337
49 460 836
44 941 559
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Finansutgifter
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-5 000
-64 768
-91 426
-7 730 158
-7 568 964
Refusjoner
Salgsinntekter
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen. | Innvandrarar i arbeid | | 0 | 46 | Av 96 deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet(alder 18 - 55 år) i 2024, har 46 flyktningar hatt overgang til arbeid og 3 har hatt overgang til vidaregåande skule. Dette gir eit resultat på 49 prosent overgang registrert i Nasjonalt innvandrarregister(NIR). |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B) | 2,7 | 2,5 | 1,0 | 1,7 | 1,4 |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder) | 7 | 7 | 8 | 0 | 0 |

KOSTRA-tall for vaksenopplæringa i Volda viser at Volda kommune brukar meir pengar på introduksjonsprogrammet (275) enn kommunar ein samanliknar seg med. Dette skuldast at dei ulike kommunane har ulike måtar å poste utgiftene på. Volda kommune fører alt knytt til både introprogrammet, bustad og oppfølging også av flyktningar utanfor introduksjonsprogrammet på konto 275, medan til dømes skil mellom 242 og 275 og fører alt knytt til bustad og oppfølging fører på konto 242.

Ein svært stor del av dei kostnadane som er ført på 275 i Volda kommune er difor ikkje knytt til introduksjonsprogrammet.

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal på busette flyktningar i kommunen | 0 | 0 | 94 | 100 | 25 |
| Tal på deltakarar i introduksjonsprogrammet | 0 | 0 | 96 | 100 | 40 |

Når det gjeld busettingstalet så kom det to på familieinnvandring og ei sekundærbusetting (tilflytta etter avtale med annan kommune) i tillegg. Talet på busettingar i 2024 var då 99.

Tal på deltakarane i introduksjonsprogrammet viser deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2024. Til saman var det 139 deltakarar i introduksjonsprogrammet.

### Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,18 % | 6,10 % | 7,28 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,79 % | 4,23 % | 6,02 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,23 % | 4,29 % | 6,51 % |

### Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Samfunnsutvikling

### Skildring av tenesteområde

Sektoren har seks avdelingar og ansvarsområdet til sektoren er stort og har ei nøkkelrolle med omsyn i å utløyse auka verdiskaping i kommunen på fleire felt. Sektoren ønskjer å følgje opp visjonen *«Der teknologi og tradisjon møtest»* ved å vere ein god tilretteleggjar for lokalsamfunnet. Sektoren jobbar med planlegging og tiltak som skal bidra til at kommunen blir ein god plass for både innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

Ved å vere dynamiske og ha endringskultur i organisasjonen er ein klar til å nå dei krav og målsetjingar som vert sett for sektoren til ei kvar tid. Ein har stor tru på at organisasjonen er godt rusta til å møte framtidige utfordringar og ein er opptatt av å prioritere stramt dei ulike tiltaka ein er med på.

**Eigedom**
Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvalting av kommunen sine eigedomar slik skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredstillande løysingar.

**Vatn og avløp**
Ansvarsområdet vatn og avløp skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte. Ein skal gjennomføre arbeid og prosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggarane/ brukarane gode, sikre, funksjonelle og kostnadseffektive anlegg med omsyn til framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

**Veg og park**
Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til veg med tilhøyrande infrastruktur inkl. veglys, kyrkje, park, idrettsområde, friområde og leikeplassar, hamn og EKOM (breiband).

**Utvikling**
Ansvarsområdet skal dekkje innbyggjarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innafor tenester knytt til eigedomskattekontor, spelemidlar og idrettsplan, areal-/reguleringsplanlegging, byggje-/ delesakshandsaming, kart/oppmåling, landbruk, oppfølging av ulovleg forureining, overordna kommuneplanlegginga inkl kommunedelplanar, temaplanar, ROS mv og miljø og klimasaker

**Brann**
Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar.

**Kultur**
Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling og Voldabadet.




Frå open brannstasjon

## Overordna mål

Basert på samfunnsdelen i kommuneplanen trekkast følgjande overordna mål for sektoren:

**1. Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn**
Leggje til rette for balansert vekst i heile kommunen – både i sentrum og bygdene.

- Skape attraktive og levande lokalsamfunn med tilgang til bustader, tenester og møteplassar.
- Styrke næringsutvikling og innovasjon gjennom god tilrettelegging og tett samarbeid med lokalt næringsliv og utdanningsinstitusjonar.
- Bidra til at Volda blir ein attraktiv kommune å bu, arbeide og besøke.

**2. Livskvalitet og meistring**

- Fremje bulyst gjennom gode bumiljø, gode tenester og tilrettelegging for kultur, idrett og fritidsaktivitetar.
- Stimulere til inkludering, deltaking og sosialt fellesskap i alle delar av kommunen.
- Arbeide for å utjamne forskjellar og sikre lik tilgang til tenester og moglegheiter for alle innbyggjarar.
- Tenke helsefremjande og førebyggande i all samfunnsplanlegging.

**3. Grøn omstilling**

- Sikre at all utvikling skjer på ein berekraftig måte i tråd med klima- og miljømål.
- Integrere klimatilpassing og utsleppskutt i arealplanlegging og prosjektutvikling.
- Stimulere til grøn mobilitet og miljøvenleg infrastruktur.
- Bidra til å ta vare på naturressursane og redusere arealpress.

**4. Organisasjonsutvikling og samspel**

- Samordne planprosessar på tvers av einingar og med eksterne aktørar for meir heilskapleg utvikling.
- Utvikle eit datagrunnlag og brukarmedverknad som gir legitimitet og kvalitet i samfunnsplanlegginga.
- Arbeide prosjektbasert, innovativt og kunnskapsbasert i utviklingsarbeid.
- Vere ein aktiv og tydeleg aktør i regional utvikling.

## Viktige hendingar

**Utviklingsavdelinga**
2024 har vore prega av stor aktivitet innan planarbeid, tilskotssøknadar og digital forvaltning. Avdelinga fekk innvilga fleire statlege tilskot, mellom anna:

- 725 000 kr i *klimasatsmidlar* til mobilitetsplan og reisevaneundersøking.
- 400 000 kr til kommunedelplan for *naturmangfald*.
- 150 000 kr til kommunal *jordvernstrategi*.
- 30 000 kr frå Kartverket til *tilgjengekartlegging* (gjennomført av sommarstudentar).

Det har vore stor arbeidsmengd på byggesak, trass færre søknadar, og det er sett i verk nye ordningar for rettleiing og gebyr. Tilsyn og ulovlegheitssaker er blitt høgare prioritert. Planavdelinga har hatt redusert kapasitet, men god framdrift i sentrale prosjekt, som områderegulering av Volda sentrum, detaljreguleringar og analyse av næringsareal. Klimabudsjett og ny planstrategi er vedtekne. Matrikkelarbeid og eigedomsregistrering har fått særleg fokus, og eigedomsskattekontoret har sendt ut over 5000 vedtak.

**Eigedomsavdelinga**
Avdelinga har levert eit år med høg aktivitet, store investeringar og viktige oppgraderingar:

- *Voldabadet* er ferdigstilt og teken i bruk.
- *Samfunnshuset* er totalrenovert med ny kino, festsal og ungdomstilbod.
- *Hamna 20*, eit stort helsebygg, er under bygging (ferdig 2026).
- Skular og barnehagar er oppgradert med tryggleiks- og tekniske tiltak.
- *Volda omsorgssenter* har fått oppussa 75 pasientrom.
- Robotstøvsugarar og nye bilar er tekne i bruk i reinhald.
- Arbeid med utbetringar i bustader, omsorgssenter og fritidstilbod (m.a. Dagsturhytta) er gjennomført.

Eigedomsdrifta har hatt fokus på brukarvennlegheit, tryggleik, effektivitet og integrering – med gode resultat innan både teknisk og sosial tilrettelegging.

**Brann og feiing**
2024 var eit år utan bygingsbrannar. Trafikkulukker gjekk noko ned, men krevjande redningsoppdrag gjer behovet for oppdatert utstyr og kompetanse stadig viktigare. Helse-relaterte utrykkingar har auka, og avdelinga etterlyser nasjonale føringar for kompetansekrav og ansvar ved slike oppdrag.

**Vatn og avløp (VA)**
Fleire viktige infrastrukturtiltak er gjennomførte:

- *Furene* fekk nye røyr (attstår eit lite strekk).
- *Vikeneset reinseanlegg* har hatt første driftsår og innfrir krava med god margin.
- *Risikovurdering av vassverk* vart gjennomført for første gong.
- Beredskapen vart testa ved nedstenging av Fyrde vassverk – løyst greitt, men krev vidare oppfølging.
- *Resipientundersøking* av Voldsfjorden gir viktig grunnlag for framtidig hovudavløpsanlegg.
- Kritisk vassleidning i *Systervegen* vart skifta – viktig for trygg vassforsyning til sjukehuset.
- Kompetanseheving: Alle prosjektleiarar vart kursa i *Byggherreforskrifta*.



Frå Voldabadet

## Tenestekvalitet

Sektor for samfunnsutvikling i Volda kommune leverer i 2024 tenester med gjennomgåande god kvalitet, noko som blir støtta av både interne vurderingar i Framsikt og nøkkeltal frå KOSTRA.

**1. Saksbehandlingstid for reguleringsplanar (funksjon 301):**

- Volda kommune har kortare saksbehandlingstid for private reguleringsplanar enn mange samanliknbare kommunar. Dette tyder på effektiv saksbehandling og god intern koordinering.
- Låg snittbehandlingstid er ein indikator på at planprosessen er strukturert og føreseieleg for utbyggjarar og andre aktørar.

**2. Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbyggjar:**

- Volda ligg i 2024 høgre enn snittet for kommunar i same gruppe. Det kan indikere prioritering av kompetanse og kapasitet på planområdet, som igjen kan knytast til høg kvalitet i tenestene.
- Planavdelinga har levert fleire strategiske dokument (planstrategi, bustadbehovsanalyse, eigedomspolitikk), noko som underbyggjer god ressursbruk.

**3. Næringsutvikling – utgifter og tiltak (funksjon 325):**

- Volda kommune har investert meir i næringsutvikling per innbyggjar enn landsgjennomsnittet i 2024.
- Dette samsvarar med aktiv støtte til utvikling i Furene handelspark, tett samarbeid med Volda Næringsforum og innsats for å avklare nye industriareal.

**Forbetringsområde:**

- Stort press på planarbeidet kan gi forseinka utvikling.
- Volda har ikkje full oversikt over alle ledige næringsareal og bustadpotensial – noko som sektoren har starta arbeid med gjennom kartlegging og analyse.

KOSTRA-indikatorar og dei avdelingsvise vurderingane gir samla sett haldepunkt for at sektor samfunnsutvikling leverer tenester med høg kvalitet i Volda kommune. Sektoren jobbar strategisk, leverer raskt på planprosessar, har styrkt samarbeidet med næringsliv og har prioritert berekraftige løysingar.

## Utvalde resultat

I løpet av 2024 er det gjennomført ei rekkje viktige tiltak som har bidrege til utvikling og modernisering av kommunale eigedomar. Blant dei mest sentrale prosjekta finn ein ferdigstillinga av Voldabadet, totalrenoveringa av Samfunnshuset, vidareføringa av Hamna 20, samt omfattande oppgraderingar av skulebygg og helse- og omsorgsinstitusjonar.

**Voldabadet** Det største investeringsprosjektet i 2024 har vore ferdigstillinga av Voldabadet. Dette har vore eit omfattande arbeid der alle seksjonar har bidrege med ressursar og fagkunnskap for å sikre ei trygg og effektiv drift av eit svært komplekst teknisk anlegg. Prosjektet har kravd inngåande planlegging og koordinering for å sikre at bygget tilfredsstiller alle krav til både drift, tryggleik og brukaroppleving.

**Samfunnshuset** Samfunnshuset har gjennomgått ei totalrenovering, der bygget no rommar ein ny kino, ein moderne festsal og store multifunksjonslokale til ungdommen. Dette har vore eit viktig prosjekt for å styrke kultur- og fritidstilboda i kommunen, og har stilt store krav til både planlegging og gjennomføring. Seksjon reinhald, seksjon drift og seksjon vedlikehald og utvikling har hatt ei sentral rolle i dette arbeidet, både i førebuingane og i den praktiske gjennomføringa.

**Hamna 20** Utviklinga av Hamna 20 er eit av dei mest ressurskrevjande prosjekta Eigedom har arbeidd med i 2024. Dette prosjektet omfattar transformasjon av over 3500 m² eksisterande bygningsmasse og krev tett samhandling mellom ulike fagmiljø. Seksjon vedlikehald og utvikling har leia prosessen i samarbeid med helse og omsorg, der brukarmedverknad har vore eit viktig element. Prosjektet er planlagt ferdigstilt i første halvdel av 2026, og vil gi svært gode og moderne lokale for dagsenteret, samt leggje til rette for eksterne leigetakarar i eit fleksibelt og funksjonelt bygg.

**Oppgradering av skulebygg** Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å sikre oppgraderte og trygge skulebygg i kommunen. Blant anna har ein oppgradert nødlyssystemet ved Folkestad skule og Fjordsyn, etablert nytt talevarslingssystem ved Bratteberg skule og oppgradert brannvarslingssystemet ved Mork skule. Desse tiltaka er viktige for å sikre at skulane oppfyller dagens tryggleiksstandardar og legg til rette for eit godt læringsmiljø for elevane.

**Oppgradering av Volda omsorgssenter** Ved Volda omsorgssenter er det gjennomført oppussing av 75 pasientrom og bad, noko som har gitt eit vesentleg løft for bu- og arbeidsforholda. I tillegg har ein renovert vaskeriet ved Hornindal omsorgssenter og utført oppgraderingar ved fleire andre institusjonar. Dette arbeidet er ein del av ein langsiktig plan for å sikre at helse- og omsorgsinstitusjonane er oppdaterte og godt tilpassa behova til brukarane.

Desse prosjekta viser breidda og omfanget av arbeidet Eigedom har utført i 2024, og legg eit solid grunnlag for vidare utvikling og forbetring av kommunale eigedomar i åra som kjem dersom avdelinga får vidare økonomiske løyvingar.

Alle brannkonstablane har gjennomført trening og opplæring etter oppsett plan. For stasjonane i Hornindal og Volda sentrum er det gjennomført 2468 timar øving, depota 432 timar. Dette er i tråd med vedteken brannordning og vi meinar at det er god kvalitet på kunnskapen i beredskapsstyrken.

Arbeidet med reguleringsplan for Aasenkvartalet er godt i gang. I Aasenkvartalet ligg eit stort potensiale for auka verdiskaping med viktige synergiar for næringsliv og akademia. Reguleringsplanen skal etter planen leggast til offentleg ettersyn våren 2025.

## Omstilling og digitalisering

Digitalisering er eit viktig satsingsområde i sektor samfunnsutvikling, og fleire avdelingar har teke store steg mot meir effektive, framtidsretta og berekraftige løysingar. Digitaliseringa har framleis eit stort uutnytta potensiale som har fokus.

**Eigedomsavdelinga** er ein spydspiss innanfor området, med bruk av digitale verktøy, automatisering, robotar og kunstig intelligens. Digital drift og overvaking av bygga gir betre ressursbruk og forenkla arbeidskvardag. Bruken av digitale tvillingar og BIM-modellar peikar fram mot ei smartare forvaltning og grønare drift.

**Utviklingsavdelinga** har teke i bruk digitale kartdata og analyseverktøy, men står framleis overfor store utfordringar knytt til manglande digitalisering av planar. Dette hindrar automatisering og effektiv sakshandsaming. For å løyse dette, må analoge planar digitaliserast og eventuelt opphevast der dei er utdatert.

**Vatn og avløp (VA)** har fokus på digitalisering for betre kontroll og tenestekvalitet, men peikar også på utfordringar: høgare kostnadar, sårbarheit for digitale åttak og mangel på kompetanse i digital tryggleik. Det er eit behov for styrka samarbeid og kapasitet på dette området.




Born med VR-briller

## Internkontroll og statleg tilsyn

Sektoren har også i 2024 hatt merksemd på internkontroll, og avdelingane har arbeidd fram system som skal stette krava til internkontroll i kommunelova.

Potensialet for meir bruk av avvikssystemet Compilo er til stades. Meir aktiv bruk vil kunne betre rutinar og prosessar kontinuerleg kan forbetrast.

## Beredskap og samfunnssikkerheit

Sektoren er ein del av kommunen sin beredskap og følgjer det overordna kommunale kriseplanverket og krav til sektoren sin beredskap finst i fleire lover og forskrifter som til dømes Folkehelseloven, Drikkevannsforskriften, Forskrift om kommunal beredskapsplikt, Brann- og redningsforskrifta

Ansvaret for beredskapsplanlegging er lagt på to nivå (kommunedirektør og kommunalsjefar) der sektor og driftseiningar har eigne planar av mindre format som fokuserer på beredskap i dagleg drift. Nokre av desse planane vil vere reine fagplanar. Eksempel på det er «Hovudplan vatn og avløp m/del om vassmiljø» innafor for samfunnsutvikling. Teknisk sektor og utviklingsavdelinga vil vere omfatta av krava til beredskapsmessige omsyn i plan- og bygningslova osv.

Dei fleste beredskapsplanar i einingane er driftsrelaterte og fokuserer på førebygging av uønska hendingar i tenesta,  og avgrensing av skade når uhellet skjer. "Kvardagslege" uønste hendingar vil einingane ofte greie å handtere sjølve. Terskelen for å varsle uønskte hending til kriseleiinga skal likevel vere svært låg.

Varsling til Kriseleiinga skjer når det er behov for praktisk hjelp frå Kriseleiinga, men også når det berre oppstår behov innafor informasjonsberedskap. Det skal svært lite til/det vert oppmoda om å varsle utan å ta omsyn til at hendinga er "for liten". Dette for å sikre at sektorane/einingane ikkje vert ståande aleine med en situasjon som den overordna Kriseleiinga kan og bør ha ansvar for.

Avdelingane i sektor har ROS-analyser for uønska hendingar i si verksemd og ulike tiltakskort som er gjort kjent for dei tilsette, og som forklarer korleis hendinga skal handterast.

Ein har fokus på førebyggande tiltak, m.a. i form av opplæring/orientering og rutinar for utøving av tenesta.

Beredskap har jamleg fokus i leiargruppe i sektor og avdelingar øver regelmessig.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Stab samfunnsutvikling | 6,20 | 0,00 | 0,00 | 6,20 |
| Eigedom | 44,04 | 1,06 | 0,72 | 45,82 |
| Utvikling | 8,49 | 0,00 | 0,00 | 8,49 |
| Brann/feiing | 6,46 | 0,00 | 0,00 | 6,46 |
| Veg/park | 12,48 | 0,34 | 0,00 | 12,82 |
| Vatn/Avløp | 14,98 | 0,00 | 0,00 | 14,98 |
| Kultur | 7,18 | 0,56 | 0,00 | 7,74 |
| **Total** | **99,83** | **1,96** | **0,72** | **102,51** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 60 | 125 | - | - | 33 | 85 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 31-Stab samfunnsutvikling | 3 490 | 4 374 | 3 639 | 150 | 4,1 % |
| 32-Eigedom | 29 944 | 32 693 | 29 800 | -144 | -0,5 % |
| 33-Utvikling | 9 756 | 10 908 | 9 554 | -202 | -2,1 % |
| 34-Brann/feiing | 13 971 | 14 515 | 14 897 | 925 | 6,2 % |
| 35-Veg/park | 21 230 | 22 610 | 22 414 | 1 184 | 5,3 % |
| 36-Vatn/Avløp | 0 | 0 | 35 | 35 | 100,0 % |
| 37-Kultur | 9 954 | 14 957 | 13 576 | 3 621 | 26,7 % |
| **Sum** | **88 345** | **100 057** | **93 915** | **5 570** | **5,9 %** |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 85 720 | 89 210 | 92 049 | 2 838 | 3,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 48 348 | 57 883 | 57 530 | -353 | -0,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 5 964 | 7 008 | 6 400 | -608 | -9,5 % |
| Overføringsutgifter | 2 749 | 3 146 | 2 431 | -715 | -29,4 % |
| Finansutgifter | 20 357 | 24 672 | 23 317 | -1 355 | -5,8 % |

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| **Sum Driftsutgifter** | **163 138** | **181 919** | **181 727** | **-192** | **-0,1 %** |
| Salgsinntekter | -71 991 | -80 533 | -75 821 | 4 713 | -6,2 % |
| Refusjoner | -10 125 | -11 121 | -8 956 | 2 165 | -24,2 % |
| Overføringsinntekter | -1 383 | -739 | -592 | 147 | -24,8 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -1 370 | -1 182 | -2 444 | -1 262 | 51,6 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-84 869** | **-93 575** | **-87 812** | **5 762** | **-6,6 %** |
| **Netto resultat** | **78 269** | **88 345** | **93 915** | **5 570** | **5,9 %** |

## Kommentar til status økonomi

## Stab samfunnsutvikling

Ansvarsområdet leverer eit mindreforbruk.

## Eigedom

Ansvarsområdet leverer eit lite overforbruk. Det største bidraget er auka straumprisar som åleine utgjer 2,7 millionar kroner over budsjett.

## Utvikling

Ansvarsområdet leverer eit lite overforbruk. Dette skuldast i hovudsak ei tap ført i rekneskapen

## Brann/feiing

Tjenesten brann og redning er i rekneskapen delt i to avdelingar, brannvern og feiing. Feiing er sjølvkostområde og all kostnad med tenestene vert dekka inn av feie- og tilsynsavgifta. For ansvarsområde feiing er det i år 2024 meirkostnadar som er finansiert frå tidlegare avsette midlar i sjølvkost-fondet.  For brannberedskapsavdelinga er det eit mindre meirforbruk.

## Veg/park

Ansvarsområdet leverer eit samla mindreforbruk.

Ekom og veglys har hatt meirforbruk, medan andre område har hatt mindreforbruk . Avdelinga viser til stram kostnadstyring og leverer eit positivt resultat samla.

## Vatn/Avløp

**Avløp**

Samla for ansvarsområde vart bunde drifts-fond styrka . I 2024 vart dei direkte driftsutgiftene 3,2 % høgare enn budsjettert, kapitalkostnadene vart om lag 670 000 kr lågare enn venta, og gebyrinntektene vart 1,2 % høgare enn budsjettert. Samla gebyrgrunnlag vart om lag som venta, og resultatet vart om lag 1 370 000 kr høgare enn budsjettert.

**Vatn**

Samla for ansvarsområde vart bruk av sjølvkost-fond mindre enn budsjettert. Etterkalkylen for 2024 viser eit overskot på 2 334 011 kr. Ved slutten av året er sjølvkostfondet 7 827 828 kr. Selvkostreglane føreset at over- og underskot normalt skal tilbakeførast eller dekkjast inn i løpet av fem år.

I 2024 vart dei direkte driftsutgiftene 8,4 % lågare enn budsjettert, kapitalkostnadene vart om lag 1 280 000 kr lågare enn venta, og gebyrinntektene vart 1,7 % høgare enn budsjettert. Samla gebyrgrunnlag vart om lag som venta, og resultatet vart om lag 3 530 000 kr høgare enn budsjettert.

## Kultur

Ansvarsområdet leverer eit større mindreforbruk.

Avvik er relatert til mindre bruk av lønsmidlar.

## Oppsummering tiltak

Dei største avvika (mindreforbruk) er i avdeling kultur. Dette mindreforbruket handlar delvis om at opninga og prøvedrift vart noko seinare enn berekna og at full drift difor ikkje var i gang i 2024. Det var også knytt stor usikkerheit til kraftforbruk og kostnad i samband med oppstart. Relativt store sjukelønsrefusjonar har også vore bidratt til mindreforbruk i avdelinga og sektor samfunnsutvikling

Når Voldabadet kjem i drift er det forventa at ein når eit driftsnivå basert på prognosen budsjettet for 2024 er tufta på og at budsjettet for neste år difor er rett.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




## Detaljvisning drift (graf)







## Status hovudmål

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.
- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Vi legg til rette for næringsutvikling og er ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike typer bedrifter, organisasjonar og offentlege verksemder. | Tal verksemder | | 1 256,0 | 1 255,0 | |
| | | Arbeidsplassdekning | | 101,0 % | 101,0 % | **33 Utvikling**<br><br>4.kvartal 2023 |
| | | Jordbruksareal i drift | 28 276 | 28 264 | 27 839 | **33 Utvikling**<br><br>2023-tal |
| | Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet. | Befolkning Volda sentrum | 4 965,0 | 4 770,0 | 2 886,0 | **33 Utvikling**<br><br>Her er feil i talgrunnlaget for 2023. Det korrekte talet er 2886. |
| | | Tal verksemder i Volda sentrum | 389,0 | 375,0 | 396,0 | |
| | Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne. | Besøk i folkebibliotek per innbygger (B) | | 3,5 | 2,9 | |
| | | Tal søknader til tilskotsordning kulturmidlar | 18,0 | 16,0 | 17,0 | |
| | | Idrett: Aktivitetsandel | | | | |
| | Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar. | Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet | | 85 | 103 | **33 Utvikling**<br><br>3. kvartal 2022<br><br>**37 Kultur** |
| | | Turisme: opne kommersielle bedrifter februar månad | | 13 | 6 | **33 Utvikling**<br><br>2023-tal |
| | | Turisme: Overnattingar | | 6 300,0 | 20 736,0 | **33 Utvikling** |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | For heile 2023 |
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Ei drift i samsvar med budsjettramme | | 100,0 % | 94,1 % | |
| | | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 72,0 % | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Sjukefråvær i avdeling | | 8,7 % | 11,1 % | |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik, og tilgang til aktivitets- og friluftslivsområde | Tal søknader til tilskotsordning leike- og aktivitetsområde | | 12,0 | 9,0 | |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt. | Klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) | | 37 772,0 | 41 702,4 | **33 Utvikling**<br>2023-tal |
| | | Utslepp frå veitrafikk | | 12 129,0 | 15 678,9 | **33 Utvikling**<br>2023-tal |
| | | Elbil per ladepunkt (antall) | | 16,7 | 20,0 | **33 Utvikling**<br>2023-tal |
| | | Elbiler i kommunen (antall) | | 390,0 | 926,0 | **33 Utvikling**<br>2023-tal |
| | | Hurtiglading (antall) | | 32,0 | 33,0 | **33 Utvikling** |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | 2023-tal |
| | | Normallading (antall) | | 12,0 | 8,0 | **33 Utvikling**<br><br>2023-tal |
| | | Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for | | 8 | 0 | **35 Veg/park**<br><br>Lite (250m) siste år |
| | Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, frilufts- og landbruksverdiar. | Dyrka jord omdisponert etter Plan- og bygningslova | | 2,5 | 0,0 | |
| | | Dyrka jord omdisponert etter jordlova | | 1,3 | 0,3 | |
| | | Våtmark | | 13,9 | 13,8 | **33 Utvikling**<br><br>Open myr |
| | | Økologisk tilstand, alle overflatevann | | 91,0 % | 50,0 % | **36 Vatn/Avløp**<br><br>Vi har per no ikkje kapasitet til å følgje opp vassmiljø. Administrasjonen må gjere ei vurdering av kor ansvaret skal ligge, so må ein forankre dette politisk og få på plass eit budsjett for å eventuelt følgje opp dette arbeidet. Det er ikkje avsett middel til dette arbeidet i 2024 eller 2025. |
| | Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og | | | | | |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | klimagassutslepp ved nye utbyggingar. | | | | | |
| | Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil | | 50,0 % | 37,0 % | **33 Utvikling**<br>2023-tal |
| | | Klimakrav i anbod og kontrakt | | Ja | Ja | Vi er konsekvente på å stille miljøkrav forventar positive resultat av det |
| | | Avfall levert til materialgjenvinning | | 58,0 % | 62,9 % | **33 Utvikling**<br>2023-tal |
| | | Tal bedrifter i kommunen som er Miljøfyrtårnsertifisert | | 11,0 | 15,0 | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B) | 3,2 % | 3,0 % | 2,2 % | 1,7 % | 2,0 % |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 10,3 | 9,3 | 11,3 | 14,2 | 17,0 |
| Areal på formålsbygg per innbygger (m2) | 4 | 0 | 6 | 5 | 5 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) | 380 | 382 | 354 | 738 | 533 |
| Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | 219 | 225 | 217 | 150 | 176 |
| Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B) | -1,0 % | -0,3 % | 0,3 % | 0,3 % | 0,2 % |
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner | -196 | 1 586 | 2 001 | 2 474 | 2 656 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B) | 39 | 59 | 94 | 74 | 71 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B) | 1 492 | 1 541 | 1 219 | 1 365 | 1 007 |
| Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) | 161 | 217 | 102 | 206 | 123 |
| Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 8,3 % | 8,5 % | 7,6 % | 8,1 % | 8,6 % |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B) | -18 | 422 | 793 | 607 | 677 |
| Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B) | 65 | 58 | 194 | 275 | 272 |
| Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) | 6 | 8 | 42 | 72 | 180 |
| Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B) | 344 | 283 | 272 | 267 | 274 |
| Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B) | 533 | 538 | 396 | 281 | 280 |
| Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) | 26 895 | 29 471 | 23 163 | 24 956 | 23 700 |
| Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B) | 1 820 | 1 810 | 2 356 | 3 015 | 3 089 |
| Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 0,1 % | 0,0 % | -0,1 % | 0,4 % | 0,3 % |
| Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B) | 2,0 % | 1,9 % | 1,6 % | 1,8 % | 1,4 % |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | -736 | -280 | 246 | 272 | 114 |
| Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) | 1 453 | 1 532 | 1 250 | 1 439 | 1 346 |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) | 897 | 1 019 | 1 312 | 1 428 | |
| Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 103 709 | 107 229 | 83 955 | 112 365 | 128 296 |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 156 103 | 161 309 | 126 299 | 174 784 | 194 122 |
| Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) | 24 | | 89 | 106 | 141 |
| Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 97 657 | 102 457 | 81 573 | 106 108 | 118 359 |
| Netto utgift per kvm, formålsbygg samlet (B) | 1 459 | | 988 | 1 281 | 1 337 |
| Tilknytningsgebyr vann (ekskl. mva) - én sats (kr) | 2 500,0 | 2 500,0 | 10 000,0 | 9 055,1 | 7 315,4 |
| Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) | 517 | | 609 | 630 | 701 |
| Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb) | 2 511 | 3 040 | 2 156 | 3 010 | |
| Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr) | 3 219 | 3 525 | 3 525 | 4 126 | 3 708 |
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) | 4 214 | 3 784 | 3 551 | 4 619 | 6 226 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger | 15,78 | 15,72 | 14,20 | 11,09 | 8,46 |
| Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B) | 11 | 13 | 24 | 27 | 22 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B) | 254 | 261 | 122 | 129 | 112 |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B) | 20 | 20 | 26 | 23 | 20 |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune) | 185 | 183 | 183 | 0 | 0 |
| Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B) | 4,3 | 4,3 | 8,2 | 3,2 | 2,7 |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) | 550 | 608 | 654 | 685 | 557 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | |
| Antall søknader per 1000 innbyggere (B) | 8,5 | 10,2 | 7,0 | 8,8 | 7,2 |
| Netto driftsutgifter (221) Førskolelokaler og skyss | 6 019 | 6 488 | 5 310 | 158 506 | 399 703 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Budsjett for året Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Avløpsanlegg | 2 294 | 611 | 26,7 % | 1 682 |
| Bustadfelt under utbygging | 20 365 | 20 390 | 100,1 % | -25 |
| Grunn og næringsutvikling | 10 135 | 8 070 | 79,6 % | 2 066 |
| Hamna 20 | 35 015 | 14 481 | 41,4 % | 20 534 |
| Kommunale vegar | 4 748 | 4 048 | 85,3 % | 700 |
| Ledningsprosjekt | 36 112 | 21 845 | 60,5 % | 14 267 |
| Ny ungdomsskule | 6 427 | 3 955 | 61,5 % | 2 472 |
| Oppgradering kommunale bygg | 65 793 | 50 939 | 77,4 % | 14 854 |
| Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak | 778 | 711 | 91,4 % | 67 |
| Trafikktrygging | 4 904 | 247 | 5,0 % | 4 656 |
| Utbygging kommunale vegar | 23 703 | 12 777 | 53,9 % | 10 925 |
| Vassverk | 17 702 | 1 921 | 10,9 % | 15 781 |
| Voldabadet | 146 314 | 131 159 | 89,6 % | 15 155 |
| Sum andre prosjekt | 7 832 | 3 856 | 49,2 % | 3 976 |
| **Sum** | **382 119** | **275 009** | | **107 111** |

## Statustekst investeringar

**Avløpsanlegg**
Sjå tekst vassverk og leidningsprosjekt

**Bustadfelt under utbygging**
Utbygging av Urbakkfoten held fram i tråd med vedtak.

**Grunn og næringsutvikling**
Det er kjøpt to eigedomar i år. Røysgata 8 (strategisk grunnkjøp) og Bømarka 6C.

**Hamna 20**
Eigedomen er kjøpt og 3. etasje er totalrenovert.
Vidareutvikling vil skje i tråd med behov frå kommunale tenester og leigetakarar.

**Kommunale vegar**
Kostnadar er relatert til reparasjon og oppatt bygging av delar av Nakkevegen og reparasjon og oppatt bygging av delar av Åmelfotvegen. Begge vegane har fått utglidingar og til dels omfattande skadar. Vegane er etter dette forsterka på dei punkta dei er utbetra.

**Ledningsprosjekt**
**Leidningsprosjekt**

Heltnevegen og HB1 er dei to store prosjekta som ikkje kom i mål i 2024, men som vil realiserast i 2025. Kor langt ein kjem i HB1 prosjektet vil vere avhengig av Uravegen reduksjonshus og Heltnevegen utskfiting. Disse prosjekta må vere realiserte for å kunne starte på riving og nybygg av HB1. HB1 er Høgdebasseng 1 i Volda.

Nokre småprosjekt vart ikkje starta då dei mangla litt finansiering og prioritering, som "Pumpestasjon Grodås".

**Ny ungdomsskule**
Skulen er teken over, men avslutting av uteområde gjenstår samt nokre uavklarte avtaleforhold med entreprenør.

**Oppgradering kommunale bygg**
Nokre utvalgte prosjekter:

| Kategori | Beskriving |
|---|---|
| Omsorgssenter | Oppgradering av Volda omsorgssenter, Etablering av carport ved Volda omsorgssenter, Anna omsorgssenteret |
| Kino og kulturbygg | Volda Samfunnshus |
| Kommunale bygg og infrastruktur | Oppgradering av kommunale bygg, Oppgradering av Sevrinhaugen 5, Oppgradering av Monsvegen 7A og 7B, Solskjerming av kommunale bygg, LED - utskifting til LED i kommunale bygg |
| Utdanningsfasilitetar og barnehagar | Oppgradering av Bratteberg skule, Oppgradering av Mork barnehage, Oppgradering av leikeområde i Folkestad, Austefjord og Hornindal barnehage, Oppgradering av kommunale leikeplassar for barnehagar, Leikeplassar for skular og barnehagar |
| Helse- og omsorgsfasilitetar | Oppgradering av helsestasjon, Renseanlegg for VVS-varmeanlegg i Hornindal helsehus |
| Energi- og miljøprosjekt | Etablering av solcelleanlegg i Volda Kommune, forprosjekt |
| Fast eigedom og anlegg | Kjøp av Bømarka 6A |
| Personal- og arbeidsmiljøtiltak | Etablering av personalbase i Bømarka 8 |

**Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak**
Parkeringsplass for dagsturhytte i Grodås vil ha oppstart i år. I tillegg til tilskot frå Miljødirektoratet (50 % av utgiftene) og ramma vil vi nytte noko midlar frå bundne driftsfond til finansiering av dette prosjektet.

**Trafikktrygging**
Der ligg føre ei investeringsliste over prosjekt som er politisk vedtatt i TFU. Arbeid med trafikktrygging vert å utføre basert på dei politiske prioriteringane:

**Oversikt over tiltak med prioriteringar (alle beløp eks.mva.) Etter TFU-SAK 83/24:**

| Pri: | Tiltak | Kostnad (eks mva) | Gjennomføring: |
|---|---|---|---|
| 1 | Bjørnevegen ovanfor Bratteberg skule - etablere 40km/t fartsgrense frå X Bakkelidvegen til X Plassvegen, samt oppheva gangfelt ved fotgjengarfelt - Bergsvegen | Kr 130 000,- | |
| 2 | Porsemyrvegen ved VU – fartsgrense 30km/t frå X Anders Vassbotnv. til X Skjervavegen, samt 2 fartshumpar på strekninga. | Kr 195.000,- | |
| 3 | Seljebakken 30km/t og fartshumpar | Kr 285 000 | |
| | | | |
| 4 | Merking av fotgjengarfelt 2025 - 2026 | Kr 240 000,- | |
| 5 | Innkjøp av fleire benkar for utplassering i sentrum (avstand 300-400m – treng truleg 1 - 0-12 nye heilårsbenkar) | Kr 245 000,- | |
| 6 | Opprusting av snarvegar – vi har oversikt | Kr 1 150 000,- | |
| 7 | Vurdering og justering av framkome for trillande i sentrumssone (fortau/rampe) | Ingen kostnadsoverslag | |
| | | | |
| uprioritert | Sone 30 og fartshump ved Folkestad barnehage | Kr 90 000,- | |
| uprioritert | Opprusting av Uravegen – 3 alternativ er vurderte. Alternativ 1 innebær kun forsterking av veglys ved fotgjengarfelt og har ein kostnad på om lag kr 175.000,- (eks.mva.) Tilråding for tiltak frå administrasjonen er alternativ 3. | Kr 3.400.000,- | Sjå vedlegg for kostnadsvurderingar |
| uprioritert | Redusert fartsgrense på Liskogvegen til 50 i nedste delen (gjennom byggefeltet) og 60 i øvre del (etter byggefeltet). | Kr 115 000 ,- | |
| utgår | Seljebakken 30km/t og 2 fartshumpar | Kr 275 000 | |

**Utbygging kommunale vegar**
Må sjåast i sammenheng med utbygging av byggefelt.

**Vassverk**

**Vassverk**

Mindreforbruket på hovudprosjektet skuldast i hovudsak at “Høydal vassverk” og “Oppgradering av Volda vassverk” vart utsett. Ei av orsakane til forsenkinga var at det var behov for fleire prosjektleiarar i Urbakkfoten. Høydal vassverk vart difor nedprioritert. På Volda vassverk har ein vald ein mindre omfattnde ombygging, samtidig som ein har måttet vente med oppstart av utarbeidet til våren 2025. Dette for å vere sikkert på at ein ikkje fekk problem med snøen. Begge disse prosjekta ligg no godt an til å ferdigstillast i 2025.

**Voldabadet**

**Prosjektnavn i økonomisystemet**
Framsikt 301007 Svømmehall

**Prosjektnummer**
030032

**Sak-/arkivreferanse**
Acos: 19/14492 Symjeanlegg i Volda sentrum 22/1725 Volda symjehall-gjennomføringsfase

**Tjenesteområde**
Kultur, idrett og fritid

**Prosjekttype**
Bygg

**Fase**
Utførelse

**Prosjektleder**
Kåre Hjelle
kare.hjelle@volda.kommune.no

**Prosjekteier**
Kjell Magne Rindal
Kjell.Magne.Rindal@volda.kommune.no

**Startdato**
1.12.2022

**Opprinnelig overtakelsesdato**
10.10.2024

**Siste politiske vedtak**
11.5.2023

**Kommentar, siste politiske vedtak**
Sak 31/23. Vedtak om innreiing av 3. etg. Føresett å halde seg innanfor ramma, men åtvara om auka risiko for budsjettsprekk.

Voldabadet går mot ferdigstilling. Estimert opning i januar.

## Samandrag status investeringar

Volda kommune er i sluttfasen på fleire store investeringar. Voldabadet, Samfunnshuset og bustadfelta B58 og Urbakkfoten er store og omfattande prosjekt.

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Søknadar til kraft- og næringsfond | 25 | 20 | 19 | 22 | 24 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,94 % | 8,26 % | 10,20 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,58 % | 6,38 % | 8,96 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,96 % | 8,16 % | 11,12 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Samla har sjukefråværet i sektoren vore 11,12 % i 2024. Det er for høgt, men årsakene er samansett.

Arbeidet har fokus og ein del av langtidsfråværet er venta å avta i 2025.

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Stab samfunnsutvikling

### Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar kommunalsjef, innkjøpsrådgivar og 30 % ressurs mot anna administrativt arbeid. Dei to frivilligsentralane er også lagt under kommunalsjef. Arbeidsområdet er variert og er til støtte for heile sektoren.

### Tenestekvalitet

## Omstilling og digitalisering

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Stab samfunnsutvikling | 2,20 | 0,00 | 0,00 | 2,20 |
| Prosjekt | 2,00 | 0,00 | 0,00 | 2,00 |
| Frivilligsentral | 2,00 | 0,00 | 0,00 | 2,00 |
| **Total** | **6,20** | **0,00** | **0,00** | **6,20** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 4 | 4 | - | - | - | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 3 490 | 4 374 | 3 639 | 150 | 4,1 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 4 441 | 4 323 | 4 536 | 214 | 4,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 195 | 1 627 | 1 225 | -402 | -32,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 58 | 14 | 0 | -14 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 742 | 67 | 61 | -6 | -9,9 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **6 436** | **6 030** | **5 822** | **-208** | **-3,6 %** |
| Salgsinntekter | -125 | -149 | -83 | 66 | -80,2 % |
| Refusjoner | -1 412 | -1 756 | -1 514 | 242 | -16,0 % |
| Overføringsinntekter | -1 210 | -635 | -585 | 50 | -8,5 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -2 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-2 750** | **-2 540** | **-2 182** | **358** | **-16,4 %** |
| **Netto resultat** | **3 686** | **3 490** | **3 639** | **150** | **4,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
13 839
66 686
1 627 067
6 030 110
4 322 519
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-149 257
-635 448
-2 540 390
-1 755 685
Refusjoner
Overføringsinntekter
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 78,6 % | Det er større unytta midlar på investering i 2024. |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | Klimakrav i anbod og kontrakt | | Ja | Vi er konsekvente på å stille miljøkrav forventar positive resultat av det. | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B) | 3,2 % | 3,0 % | 2,2 % | 1,7 % | 2,0 % |
| Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B) | -1,0 % | -0,3 % | 0,3 % | 0,3 % | 0,2 % |
| Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) | 6 | 8 | 42 | 72 | 180 |
| Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B) | 533 | 538 | 396 | 281 | 280 |
| Tilrettelegging og bistand for næringslivet nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | -736 | -280 | 246 | 272 | 114 |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr) | 3 219 | 3 525 | 3 525 | 4 126 | 3 708 |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Renovasjon - Levert til materialgjenvinning og biologisk behandling per innbygger (kommune) | 185 | 183 | 183 | 0 | 0 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Budsjett for året<br>Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Bustadfelt under utbygging | 20 365 | 20 390 | 100,1 % | -25 |
| Grunn og næringsutvikling | 10 135 | 8 070 | 79,6 % | 2 066 |
| Hamna 20 | 35 015 | 14 481 | 41,4 % | 20 534 |
| Ny ungdomsskule | 6 427 | 3 955 | 61,5 % | 2 472 |
| Utbygging kommunale vegar | 23 703 | 12 777 | 53,9 % | 10 925 |
| Voldabadet | 146 314 | 131 159 | 89,6 % | 15 155 |
| Sum andre prosjekt | 0 | 197 | 0,0 % | -197 |
| **Sum** | **241 958** | **191 029** | | **50 929** |

## Statustekst investeringar

### Bustadfelt under utbygging

Utbygging av Urbakkfoten held fram i tråd med vedtak.

### Grunn og næringsutvikling

Det er kjøpt to eigedomar i år. Røysgata 8 (strategisk grunnkjøp)  og Bømarka 6C.

### Hamna 20

Eigedomen er kjøpt og 3. etasje er totalrenovert.
Vidareutvikling vil skje i tråd med behov frå kommunale tenester og leigetakarar.

### Ny ungdomsskule

Skulen er teken over, men avslutting av uteområde gjenstår samt nokre uavklarte avtaleforhold med entreprenør.

### Utbygging kommunale vegar

Må sjåast i sammenheng med utbygging av byggefelt.

### Voldabadet

**Prosjektnavn i økonomisystemet**
Framsikt 301007 Svømmehall

**Prosjektnummer**
030032

**Sak-/arkivreferanse**
Acos: 19/14492 Symjeanlegg i Volda sentrum 22/1725 Volda symjehall-gjennomføringsfase

**Tjenesteområde**
Kultur, idrett og fritid

**Prosjekttype**
Bygg

**Fase**
Utførelse

**Prosjektleder**
Kåre Hjelle
kare.hjelle@volda.kommune.no

**Prosjekteier**
Kjell Magne Rindal
Kjell.Magne.Rindal@volda.kommune.no

**Startdato**
1.12.2022

**Opprinnelig overtakelsesdato**
10.10.2024

**Siste politiske vedtak**
11.5.2023

**Kommentar, siste politiske vedtak**
Sak 31/23. Vedtak om innreiing av 3. etg. Føresett å halde seg innanfor ramma, men åtvara om auka risiko for budsjettsprekk.

Voldabadet går mot ferdigstilling. Estimert opning i januar.

## Samandrag status investeringar

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,54 % | 9,49 % | 11,03 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,08 % | 5,03 % | 7,11 % |

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,15 % | 5,49 % | 7,64 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Eigedom

## Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet har eitt samordna ansvar for ei forsvarleg, fagleg, rasjonell og kostnadseffektiv eigedomsforvaltning. Forvalting av kommunen sine eigedomar skal vere berekraftig og ein skal ivareta brukarane sine behov for gode, raske og tilfredsstillande løysingar.

## Viktige hendingar

Gjennom 2024 har VO-Eigedom vore involvert i ei rekkje viktige tiltak og prosjekt som har styrkt kvaliteten og funksjonaliteten til kommunale eigedomar. Arbeidet har vore prega av oppgraderingar, vedlikehald og utvikling av bygningar og uteområde, samstundes som ein har hatt fokus på effektiv drift og tilrettelegging for brukarar og tilsette.

Seksjon prosjekt har i løpet av 2024 ferdigstilt Voldabadet, eit stort investeringsprosjekt som har kravd mykje ressursar frå alle seksjonar. Det har vore eit omfattande arbeid å førebu overtakinga av eit svært komplekst teknisk anlegg. Samstundes har Samfunnshuset vorte totalrenovert, der det no er etablert ein ny kino, festsal og store multifunksjonslokale til ungdommen. Eit anna viktig prosjekt er den nye ungdomsskulen, der ein no følgjer opp manglar og reklamasjonar som ein del av pågåande etterarbeid.

Arbeidet med Hamna 20 er eit av dei største pågåande prosjekta, og det krev både store ressursar og tett samhandling mellom ulike fagmiljø. Seksjon vedlikehald og utvikling har ei sentral rolle i prosessen og samarbeider nært med helse og omsorg for å sikre at bygget blir funksjonelt og tilpassa brukarane sine behov. Brukarmedverknad står i fokus, og ein nyttar rammeavtalar for å sikre kvalitet og effektiv framdrift i prosjektet. Prosjektet vil resultere i over 3500 m² ny bygningsmasse og er planlagt ferdigstilt innan første halvdel av 2026.

Seksjon drift har hatt ansvar for oppgradering av fleire kommunale bygg og uteområde. Opprusting av uteområda ved Lauvstad og Oppigarden barnehage har bidrege til betre tilhøve for born og tilsette. I tillegg har fleire skulebygg fått nødvendige oppgraderingar, mellom anna utskifting av nødlyssystem ved Folkestad skule og Fjordsyn, samt etablering av nytt talevarslingssystem ved Bratteberg skule. Brannvarslingssystemet ved Mork skule har òg vorte oppgradert for å sikre best mogleg tryggleik i bygget. Seksjon drift har òg gjennomført opplæring i drifta av Voldabadet og ytt bistand til ombyggingsprosjektet ved Samfunnshuset, samt lagt til rette for utleige av bustader og integrering av flyktningar i arbeid.

Seksjon reinhald har hatt eit aktivt år med investeringar i nye ressursar. Bilparken er fornya med tre nye bilar til heimebasert reinhald, og det er teke i bruk robotstøvsugarar for å effektivisere det daglege arbeidet. Langtidssjukefråværet har vore ein utfordring tidlegare, men ein ser no ei positiv utvikling mot slutten av året.

Seksjon vedlikehald og utvikling har gjennomført omfattande tiltak for å forbetre kommunale bygg. Det er gjennomført oppussing av 75 pasientrom og bad ved Volda omsorgssenter, noko som har gitt eit vesentleg løft for bu- og arbeidsforholda. Vidare har ein oppgradert eigedomane Monsvegen 5C og 5D, samt leilegheit 1 i Sevrinhaugen 7. Det har òg vore nødvendig å gjennomføre utbetringar ved Dagsturhytta i Hornindal grunna konstruksjonsfeil.

Ved Folkestadtun har seksjon vedlikehald og utvikling skifta kledning og måla to gavlveggar, samt oppgradert altanane med nytt rekkverk og dekke. Bratteberg barnehage har fått skifta ut alle vasskada golvlister, medan Hornindal omsorgssenter har fått renovert vaskeriet og gjennomgått ein del oppussings- og malingsarbeid for å forbetre fasilitetane.

Samla sett har 2024 vore eit år med stor aktivitet, der Eigedom har arbeidd målretta for å sikre funksjonelle, trygge og godt vedlikehaldne eigedomar. Arbeidet som er gjennomført, legg eit solid grunnlag for vidare utvikling og sikrar at kommunen kan tilby gode tenester i moderne og velhaldne lokale.

**Tenestekvalitet**

## Strategi for vedlikehald, renovering og oppgradering av den kommunale bygningsmassen

### Bakgrunn

Volda kommune har som målsetning å gjennomføre en kartlegging av tilstanden på den kommunale bygningsmassen, dette for å kunne planlegge løpande vedlikehald, større oppgraderingstiltak, samt for budsjettering av oppgradering og vedlikehaldsoppgåver. I tillegg vil det være aktuelt å gjennomføre fullverdige tilstandsanalyser iht. NS 3424 for bygningar der det planleggast større ombyggingar, renoveringar og oppgraderingar.

Volda kommune nyttar FamacWeb som database for FDVU arbeid og dokumentasjon, og FamacWeb skal nyttast som database for innsamling, strukturering og arkivering frå kartlegginga. Vidare skal FamacWeb nyttast som system for å utstede arbeidsordre, dette med tanke på gjennomføring av tiltak for å lukke opne avvik.

Den kommunale bygningsmassen er delt opp i tre kategoriar som dannar grunnlag for korleis kartlegginga skal gjennomførast, oppdelinga gir også retningslinjer for drift av bygget. Oppdelinga er gjennomført basert på alder på bygg, noverande tilstand og framtidige planar for bygningsmassen.

Strategidokumentet er førande for vedlikehaldsbudsjettet og fast investeringsbudsjett for renovering og oppgradering av kommunale bygg.

## Kategori oversikt

### Kategori A bygg:

#### Kriterier

Bygningar som er oppført eller har vore gjennom større renoveringar dei siste 20 årene.

#### Nivå på kartlegging

Det blir gjennomført kartlegging på rom nivå for innvendige areal, samt visuell inspeksjon på fasade, tak og utomhus areal. Fokus på kartlegginga er å avdekke behov for løpande vedlikehald. Kartlegginga gjennomførast ved visuell inspeksjon av overflater og enkle funksjonstestar. Det skal ved kartlegging være lav terskel for å påpeike skader og visuelle manglar på overflater. Ved gjennomføringa av kartlegginga skal det beregnast økonomisk konsekvens for å gjennomføre utberinga av mangelen som er angitt. Kartlegginga vil også angi om det er kritiske manglar som må prioriterast. Kartlegginga og den økonomiske vurderinga gjennomførast og leggast direkte inn i FamacWeb.

#### Frekvens på kartlegginga

Det gjennomførast kartlegging kvart andre år.

### Drift av bygga

Det skal være lav terskel for vedlikehald av bygget, byggmessige og tekniske avvik skal raskt rettast for å halde tilstanden på bygget tilfredsstillande. Det fordrar godt samarbeid mellom seksjonar for å melde avvik i FamacWeb. Ein legg til grunn at byggmessige og tekniske avvik blir retta innan 1 månad for å hindre vidare skade og forfall.

## Kategori B bygg:

### Kriterier

Bygningar som er eldre enn 20 år eller der det ikkje er gjennomført større renoveringar dei siste 20 årene.

### Nivå på kartlegging

Det gjennomførast kartlegging på rom nivå for innvendige areal, samt visuell inspeksjon på fasade, tak og utomhus areal. Fokus på kartlegginga er å avdekke behov for løpende vedlikehald, samt større vedlikehaldsarbeid og utskiftingar av bygningsdelar. Kartlegginga gjennomførast ved visuell inspeksjon av overflater og enkle funksjonstestar. Ved kartlegginga skal en vurdere om det er behov for å gjøre en tilstandsanalyse iht. NS 3424 nivå 2, dette for å avdekke behov for meir omfattande tiltak der også tekniske anlegg blir vurdert av fagpersoner innanfor kvart enkelt fagområde. Kartlegginga vil også angi om det er kritiske manglar som må prioriterast. Kartlegginga og den økonomiske vurderinga gjennomførast og leggast direkte inn i FamacWeb.

### Frekvens på kartlegginga

Kartlegginga gjennomførast kvart 4. år.

### Drift av bygga

Bygget kan ha byggmessige og tekniske avvik, det vurderast gjennomføring av byggmessige og tekniske avvik når ein kan gjennomføre dette samla med fleire avvik. Dette kan skje rom for rom gjennom drifta, eller gjennom investeringsplan for bygget. Investeringsplan er basert på kartlegging i tilstandsanalyse. Dette kan være planarbeid gjennom fleire budsjettår med totalt samla renovering og oppgradering, der ein får bygget opp i kategori A. Tilstandsvurdering, prosjekt og plan er eit samarbeid mellom seksjonar i eigedom. Leiargruppa og teknisk team vil være med i vurderingar og legge føringar for prosjektet. På bygg der renovering og oppgraderingsbehovet er så stort at det ikkje let seg gjennomføre gjennom

investeringsprogrammet til eigedom, vil ein fremje sak i samband med rullering av budsjett og økonomiplan.

## Kategori C bygg:

### Kriterier

Bygningar der det er planer om større tiltak i form av ombygging og renovering eller bygg som skal avhendast eller sanerast.

### Nivå på kartlegging

Nivå og omfang vurderast i kvart enkelt tilfelle. For bygningar der det planleggast større ombyggingar eller renoveringar gjennomførast det en tilstandsanalyse iht. NS3424 nivå 2. Dette vil danne grunnlag for vidare vurderingar på korleis bygningsmassen skal utnyttast eksempelvis via ein moglegheitstudie. For bygningsmasse som skal sanerast skal det gjennomførast miljøkartlegging.

### Frekvens på kartlegginga

Ikkje gjentakande frekvens, gjennomførast i forkant av planlagde tiltak.

### Drift av bygga

Bygget skal driftast med den tenesta som er i bygget og skal haldast i tilfredsstillande tilstand for at tenestene skal kunne fungere i bygget. Det skal berre gjennomførast naudsynt arbeid for at bygget skal kunne nyttast vidare. Alle større tiltak skal vurderast av leiargruppa i eigedom, dette i dialog med teknisk team.

## Kommunalt disponerte bustadar

### Kriterier

Bustadar som er kommunalt disponerte til ulike formål.

## Nivå på kartlegging

Innvendig tiltak og tilstandsvurderingar gjennomførast i samband med bytte av bebuar i bustadane.

Kartlegginga er dermed avgrensa til kun utvendig kartlegging.  Utvendig kartlegging gjennomførast som kategori B-bygg.

## Frekvens på kartlegging

Utvendig kartlegging gjennomførast kvart 4. år.

## Drift av bygga

Utvendig arbeid på bygget skal gjennomførast etter vedlikehald og investeringsplan utarbeida gjennom tilstandsanalyse. Arbeid kan gjennomførast som driftstiltak gjennom vedlikehaldsplan eller om planlagt arbeid gjennom investeringsprogrammet der ein gjennomfører utvendig arbeid i samband med renovering og oppgradering av husvære. Renovering og oppgradering av husvære blir planlagt gjennomføring i tråd med bustadstrategi til kommunen, der ein gjennomfører tiltak i samsvar med bygg som vi skal ha i portefølje. Bygg blir lagt inn i plan i tråd med utgang av leigekontraktar i dialog mellom eigedom og forvaltningskontoret i helse og omsorg.

## Utvalde resultat

### Utvalde resultat 2024

I løpet av 2024 har Eigedom gjennomført ei rekkje viktige tiltak som har bidrege til utvikling og modernisering av kommunale eigedomar. Blant dei mest sentrale prosjekta finn ein ferdigstillinga av Voldabadet, totalrenoveringa av Samfunnshuset, vidareføringa av Hamna 20, samt omfattande oppgraderingar av skulebygg og helse- og omsorgsinstitusjonar.

**Voldabadet** Det største investeringsprosjektet i 2024 har vore ferdigstillinga av Voldabadet. Dette har vore eit omfattande arbeid der alle seksjonar har bidrege med ressursar og fagkunnskap for å sikre ei trygg og effektiv drift av eit svært komplekst teknisk anlegg. Prosjektet har kravd inngåande planlegging og koordinering for å sikre at bygget tilfredsstiller alle krav til både drift, tryggleik og brukaroppleving.

**Samfunnshuset** Samfunnshuset har gjennomgått ei totalrenovering, der bygget no rommar ein ny kino, ein moderne festsal og store multifunksjonslokale til ungdommen. Dette har vore eit viktig prosjekt for å styrke kultur- og fritidstilboda i kommunen, og har stilt store krav til både planlegging og gjennomføring. Seksjon reinhald, seksjon drift og seksjon vedlikehald og utvikling har hatt ei sentral rolle i dette arbeidet, både i førebuingane og i den praktiske gjennomføringa.

**Hamna 20** Utviklinga av Hamna 20 er eit av dei mest ressurskrevjande prosjekta Eigedom har arbeidd med i 2024. Dette prosjektet omfattar transformasjon av over 3500 m² eksisterande bygningsmasse og krev tett samhandling mellom ulike fagmiljø. Seksjon vedlikehald og utvikling har leia prosessen i

samarbeid med helse og omsorg, der brukarmedverknad har vore eit viktig element. Prosjektet er planlagt ferdigstilt i første halvdel av 2026, og vil gi svært gode og moderne lokale for dagsenteret, samt leggje til rette for eksterne leigetakarar i eit fleksibelt og funksjonelt bygg.

**Oppgradering av skulebygg** Det er gjennomført ei rekkje tiltak for å sikre oppgraderte og trygge skulebygg i kommunen. Blant anna har ein oppgradert nødlyssystemet ved Folkestad skule og Fjordsyn, etablert nytt talevarslingssystem ved Bratteberg skule og oppgradert brannvarslingssystemet ved Mork skule. Desse tiltaka er viktige for å sikre at skulane oppfyller dagens tryggleiksstandardar og legg til rette for eit godt læringsmiljø for elevane.

**Oppgradering av Volda omsorgssenter** Ved Volda omsorgssenter er det gjennomført oppussing av 75 pasientrom og bad, noko som har gitt eit vesentleg løft for bu- og arbeidsforholda. I tillegg har ein renovert vaskeriet ved Hornindal omsorgssenter og utført oppgraderingar ved fleire andre institusjonar. Dette arbeidet er ein del av ein langsiktig plan for å sikre at helse- og omsorgsinstitusjonane er oppdaterte og godt tilpassa behova til brukarane.

Desse prosjekta viser breidda og omfanget av arbeidet Eigedom har utført i 2024, og legg eit solid grunnlag for vidare utvikling og forbetring av kommunale eigedomar i åra som kjem dersom avdelinga får vidare økonomiske løyvingar.

## Omstilling og digitalisering

### Omstilling og digitalisering i Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga i Volda kommune er ein pådrivar for digitalisering og innovative løysingar som effektiviserer arbeidsprosessar og sikrar framtidsretta drift. Avdelinga har implementert moderne digitale verktøy for å forbetre informasjonsflyt og arbeidskvardagen til tilsette. Med ei eiga nettside der all relevant informasjon er tilgjengeleg, samt full utnytting av Teams og nettbrett i dagleg arbeid, har avdelinga lagt til rette for effektiv kommunikasjon og samhandling.

Seksjon reinhald har i fleire år arbeidd målretta med robotifisering av reinhaldsarbeidet i større, enkle rom. Dette frigjer ressursar til andre oppgåver, effektiviserer arbeidsstokken og bidreg til å redusere sjukefråværet. Samstundes er all internkontroll og HMS digitalisert, noko som gir lett tilgang for tilsette og sikrar gode rutinar og etterleving av krav.

Avdelinga har også teke i bruk kunstig intelligens og ser stort potensial i vidare utvikling av dette området. Bygg som blir sett opp, blir stadig meir tekniske, noko som stiller høgare krav til kompetansen til dei tilsette. Difor vil avdelinga vektlegge digital kompetanse ved rekruttering framover.

For å effektivisere sjølvbeteningsløysingar har avdelinga testa ut digitale system for booking og tilgangsstyring. I dag kan innbyggjarar booke og få automatisk tilgang til lokale i Hornindal kontor på Smia og badstova i Volda. Dette systemet vil bli vidareutvikla for bruk på fleire kommunale lokale.

Eigedomsavdelinga har også etablert eit nytt system for energioppfølging (EOS) i 2024, med fokus på optimal energibruk og berekraftige løysingar. Dette arbeidet er sentralt for kommunen si satsing på grøn omstilling og energieffektivisering.

I 2024 vart det investert i ein byggscanner som gjer det mogleg å lage digitale modellar av bygningsmassen. Gjennom vidareutvikling og opplæring av tilsette vil ein på sikt kunne ta i bruk digitale tvillingar, noko som vil vere eit viktig verktøy for framtidig drift og vedlikehald. Bruken av BIM-modellar og digitale tvillingar er avgjerande for å sikre effektiv ressursbruk, presis kartlegging og berekraftige val i

samband med riving, rehabilitering og nybygg. Dette arbeidet er godt forankra i eigedomsavdelinga si klima- og miljøstrategi, der ein har sett klare mål for energieffektivisering, redusert materialbruk og smartare forvaltning av bygga. Eigedomsavdelinga ligg langt framme i denne utviklinga og jobbar systematisk for å ta i bruk dei nyaste digitale verktøya til beste for både drift og miljø.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Stab eigedom | 1,00 | 0,00 | 0,00 | 1,00 |
| Vedlikehold/utvikling | 7,00 | 0,00 | 0,00 | 7,00 |
| Drift | 11,09 | 0,00 | 0,00 | 11,09 |
| Reinhald | 24,95 | 1,06 | 0,12 | 26,13 |
| Politiske vedtak Eigedomsavdelinga | 0,00 | 0,00 | 0,60 | 0,60 |
| **Total** | **44,04** | **1,06** | **0,72** | **45,82** |

## Status årsverk

Midlertidige stillingar er knytt mot flyktningar Ukraina

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 30 | 27 | - | - | 20 | 14 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 29 944 | 32 693 | 29 800 | -144 | -0,5 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 31 324 | 34 136 | 32 443 | -1 693 | -5,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 20 726 | 26 799 | 24 338 | -2 461 | -10,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 103 | 103 | 100,0 % |
| Overføringsutgifter | 68 | 100 | 100 | 0 | -0,2 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **52 118** | **61 035** | **56 984** | **-4 052** | **-7,1 %** |
| Salgsinntekter | -25 069 | -26 923 | -24 511 | 2 411 | -9,8 % |
| Refusjoner | -4 231 | -4 072 | -2 673 | 1 400 | -52,4 % |
| Overføringsinntekter | -1 | -97 | 0 | 97 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-29 302** | **-31 092** | **-27 184** | **3 908** | **-14,4 %** |
| **Netto resultat** | **22 817** | **29 944** | **29 800** | **-144** | **-0,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avdelinga for eigedom har gjennom 2024 hatt stram kontroll på økonomien og halde seg godt innanfor dei totale rammene. Likevel har det vore utfordringar knytt til fordeling av midlar, særleg i samband med straumutgifter og vedlikehald.

Seksjonane Stab eigedom og Vedlikehald/utvikling har måtta halde att vedlikehaldsmidlar for å kompensere for manglande budsjett i seksjon Drift. Dette har oppstått som følge av høgare straumutgifter enn budsjettert. Sjølv om kommunen har strategiar for innkjøpssamarbeid, har straumutgiftene vore vesentleg høgare enn forventa, med eit overforbruk på 2,7 millionar kroner totalt i 2024. Dette er ein faktor som kommunen har avgrensa kontroll over, då straumutgifter i stor grad blir påverka av marknadsprisar og utetemperatur. På sikt bør det vurderast om straumutgifter bør haldast utanfor direkte driftsbudsjett, for å unngå at dei går ut over naudsynt vedlikehald.

Vidare har reinhaldsseksjonen vore underfinansiert i fleire år. Seksjonen har den største kostnadsposten knytt til tilsette og reinhaldsartiklar, men har ikkje fått tilført midlar til utskifting og reparasjon av utstyr som moppemaskiner og reinhaldsrobotar. For å oppretthalde tenestene har avdelinga vore nøydt til å redusere vedlikehaldsmidlane ytterlegare.

For å sikre forsvarleg drift i framtida må det tilførast midlar til vedlikehald. Dersom dette ikkje skjer, vil det ha store konsekvensar. Forsking og erfaring viser at manglande vedlikehald fører til høgare kostnader på lang sikt, svekt bygningstilstand, dårlegare inneklima og redusert levetid på kommunale bygg. Dette kan føre til akutte, kostbare reparasjonar og ein forverra økonomisk situasjon over tid. Å prioritere vedlikehald no vil sikre økonomisk berekraft og tryggleik for framtida.

## Oppsummering tiltak

- **Budsjettstyring:** Stram økonomistyring har sikra at avdelinga held seg innanfor dei totale økonomiske rammene.
- **Prioritering av drift:** Vedlikehaldsmidlar har vore omprioritert for å dekke manglar i seksjon Drift og Reinhald.
- **Tiltak for straumkontroll:** Kommunen har strategiar for innkjøpssamarbeid på straum, men har framleis hatt eit betydeleg overforbruk.
- **Reinvesteringar utsett:** Manglande midlar til reinhaldsmaskiner og anna utstyr har ført til utsett utskifting og reparasjonar.
- **Behov for tilførsel av midlar:** Det er naudsynt med auka finansiering for å sikre forsvarleg vedlikehald og unngå større kostnader i framtida.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
100 200
26 799 209
61 035 424
34 136 014
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-96 900
-4 072 267
-31 091 862
-26 922 695
Salgsinntekter
Refusjoner
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | | |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og klimagassutslepp ved nye utbyggingar. | Formålsbygg, kommune Strøm Energibruk (MWh) | | 7 000 | | |
| | | Herav energikostnader per kvadratameter (kr) | | 86,0 | | |

Volda kommune har arbeidd målretta og systematisk for å nå dei overordna måla, med særleg godt resultat innan klima og miljø. Kommunen har utvikla solide planar og oppfølgingsverktøy som legg til rette for energieffektivisering, fornybare energiløysingar og klimavenlege innkjøp. Dette har resultert i betre enn forventa måloppnåing på fleire indikatorar knytt til miljø og berekraft, sjølv om det ikkje alltid er enkelt å få gode KPI.

Når det gjeld arbeidsplassar og busetnad, har kommunen lagt til rette for næringsutvikling og attraktivitet som lokaliseringsstad, og resultata er i tråd med forventa utvikling. Det er eit kontinuerleg fokus på samarbeid og samskaping for å styrke kulturlivet, møteplassar og reiselivsdestinasjonen Volda.

Innanfor økonomi og styring viser vurderingane at Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør, med ein godt forvalta økonomi i samsvar med politiske prioriteringar. Det er etablert ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner, noko som bidreg til eit godt arbeidsmiljø og betre enn forventa utvikling i heiltidskultur og kvalitet i tenestene.

På området helse og trivsel opplever innbyggjarane fleire leveår med god helse og fellesskap. Kommunen har prioritert tidleg innsats, helsefremjande og førebyggande arbeid, og dette har gitt resultat i tråd med forventingane. Samstundes er det utfordringar knytt til bu- og oppvekstmiljø, der målet ikkje er fullt ut oppnådd. Dette vil bli adressert gjennom bustadpolitisk handlingsplan og bustadsosial handlingsplan, som skal sikre heilskapleg planlegging og betre tilpassa bygningsmasse for ulike behov.

Når det gjeld transport og berekraftig utvikling, er det behov for vidare innsats for å gjere det meir attraktivt å gå, sykle og reise kollektivt. Dette er eit område som vil krevje ytterlegare tiltak for å kome i mål med klimamåla.

Samla sett viser vurderinga at eigedom har god framdrift i arbeidet med måloppnåing. Innsatsen innan klima og miljø er særleg positiv, medan enkelte område, som bumiljø og transport, krev vidare utvikling og oppfølging. Gjennom langsiktig planlegging og samordna innsats vil kommunen halde fram med å sikre berekraftig utvikling og gode tenester for innbyggjarane.

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Areal på formålsbygg per innbygger (m2) | 4 | 0 | 6 | 5 | 5 |
| Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) | 380 | 382 | 354 | 738 | 533 |
| Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 8,3 % | 8,5 % | 7,6 % | 8,1 % | 8,6 % |
| Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger (B) | -18 | 422 | 793 | 607 | 677 |
| Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B) | 65 | 58 | 194 | 275 | 272 |
| Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) | 26 895 | 29 471 | 23 163 | 24 956 | 23 700 |
| Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 0,1 % | 0,0 % | -0,1 % | 0,4 % | 0,3 % |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) | 24 | | 89 | 106 | 141 |
| Netto utgift per kvm, formålsbygg samlet (B) | 1 459 | | 988 | 1 281 | 1 337 |
| Utgifter til driftsaktiviteter i kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) | 517 | | 609 | 630 | 701 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B) | 20 | 20 | 26 | 23 | 20 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | |
| Antall søknader per 1000 innbyggere (B) | 8,5 | 10,2 | 7,0 | 8,8 | 7,2 |
| Netto driftsutgifter (221) Førskolelokaler og skyss | 6 019 | 6 488 | 5 310 | 158 506 | 399 703 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| | Budsjett for året | | | |
| Oppgradering kommunale bygg | 65 793 | 50 939 | 77,4 % | 14 854 |
| Sum andre prosjekt | 1 391 | 1 285 | 92,4 % | 106 |
| **Sum** | **67 185** | **52 224** | | **14 961** |

## Statustekst investeringar

### Oppgradering kommunale bygg

Nokre utvalgte prosjekter:

| Kategori | Beskriving |
|---|---|
| Omsorgssenter | Oppgradering av Volda omsorgssenter, Etablering av carport ved Volda omsorgssenter, Anna omsorgssenteret |
| Kino og kulturbygg | Volda Samfunnshus |
| Kommunale bygg og infrastruktur | Oppgradering av kommunale bygg, Oppgradering av Sevrinhaugen 5, Oppgradering av Monsvegen 7A og 7B, Solskjerming av kommunale bygg, LED - utskifting til LED i kommunale bygg |
| Utdanningsfasilitetar og barnehagar | Oppgradering av Bratteberg skule, Oppgradering av Mork barnehage, Oppgradering av leikeområde i Folkestad, Austefjord og Hornindal barnehage, Oppgradering av kommunale leikeplassar for barnehagar, Leikeplassar for skular og barnehagar |
| Helse- og omsorgsfasilitetar | Oppgradering av helsestasjon, Renseanlegg for VVS-varmeanlegg i Hornindal helsehus |
| Energi- og miljøprosjekt | Etablering av solcelleanlegg i Volda Kommune, forprosjekt |
| Fast eigedom og anlegg | Kjøp av Bømarka 6A |
| Personal- og arbeidsmiljøtiltak | Etablering av personalbase i Bømarka 8 |

## Samandrag status investeringar

I løpet av året har fleire viktige prosjekt innan eigedomsforvaltninga blitt ferdigstilt eller vore i prøvedrift, med mål om å sikre gode og funksjonelle bygg for kommunen sine tenester.

Voldabadet er no inne i prøvedriftsfasen, der tekniske justeringar framleis pågår, men anlegget vert vurdert å fungere tilfredsstillande. Tilbakemeldingane frå tilsette og publikum er stort sett positive. Arbeidet med ferdigstilling av uteområde, innkjøp av utstyr og integrering av SD-anlegget i kommunen sitt toppsystem held fram, men prosjektet vert framleis styrt innanfor budsjett.

Ved Hamna 20 er tredje etasje ferdigstilt og utleigd til eksterne, medan renovering av første etasje er i gang for å flytte dagsenteret frå andre etasje. Under arbeidet har det blitt avdekt fleire uforutsette

utfordringar, desse forholda vil ha økonomiske og tidsmessige konsekvensar. Kommunen har signert intensjonsavtale med Helse Møre og Romsdal for utvida leige i bygget.

Carport-prosjektet ved Volda omsorgssenter er gjennomført i tråd med budsjett, og arbeidet med ladepunkt for tenestebilar er fullført. Restarbeid, som oppmerking og asfaltering, vil bli ferdigstilt til våren.

På energifronten har kommunen gjennomført ei omfattande kartlegging av potensialet for solenergi på seks kommunale bygg. Arbeidet er støtta av Enova, og rapportane gir eit godt grunnlag for vidare vurderingar av solcelleanlegg som eit miljøvenleg energitiltak.

Bømarka bufellesskap har fått ny personalbase, og tilsette tok i bruk lokala etter sommaren 2024. Prosjektet er gjennomført innanfor budsjett.

Volda samfunnshus er overteke av byggherre og vert no driftssatt. Det står att noko mindre feilrettingar, nokre reklamasjonssaker og siste detaljar i møblering og tekniske installasjonar. Prøvedrifta vil halde fram med jamlege møter fram til desember 2025. Interessa for å bruke huset er stor, og festsalen er i bruk nesten kvar dag. Dei siste utomhusarbeida, som beising av utvendig kledning og etablering av grøntareal, vil bli fullførte til våren.

Volda ungdomsskule (VUS) har vore i prøvedrift gjennom 2024, og vidare arbeid vil fokusere på oppfølging av garanti- og reklamasjonssaker samt optimalisering av det tekniske anlegget.

I tillegg har eigedomsavdelinga overteke ansvaret for tre tenestebilar knytt til heimebasert omsorg, som tidlegare låg under helse- og omsorgssektoren. Tiltaket er gjennomført i tråd med plan.

Samla sett er prosjekta styrt godt i høve til budsjett, og kommunen har prioritert både nødvendige oppgraderingar, energitiltak og funksjonelle løysingar for dei kommunale bygga. Det har vore god framdrift gjennom året.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,49 % | 14,79 % | 18,28 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,42 % | 8,23 % | 11,65 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,70 % | 9,96 % | 13,65 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Utvikling

### Skildring av tenesteområde

Utviklingsavdelinga har ansvar for:

- Overordna samfunnsplanlegging (kommuneplanarbeid)
- Handsaming av plan-, bygg- og delesaker
- Klima- og miljøsaker
- Kart- og oppmåling
- Utskriving av eigedomsskatt
- Oppfølging av spelemidlar og plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Avdelinga hadde i fjor totalt 9 stillingsheimlar som er fordelt slik:

- Ein leiar som også jobbar ein god del med eigedomsskatt
- Ein kommuneplanleggar som har overordna koordineringsansvar for alt kommuneplanarbeid. Ho gjekk gradvis over i ein mellombels stilling (2 år) som berekraftskoordinator
- To planleggarar som i hovudsak har sakshandsaming av reguleringsplanar og dispensasjonar
- Ein plan- og miljørådgjevar som har kombinert stilling. Klimasaker vil er også ein del av stillinga.
- To byggjesakshandsamarar som også har ansvar for delesak og eigarseksjoneringar
- To landmålarar som gjennomførar oppmålingsforretningar og ajourføring av kartdata

Skog- og landbrukstenester blir kjøpt frå Ørsta kommune som er vertskommune for felles landbrukskontor.

### Viktige hendingar

Vi har søkt og fått innvilga fleire søknadar på statlege tilskotsordningar:

- 725 000 kr i klimsatsmidlar frå Miljødirektoratet til arbeid med ein mobilitetsplan som har som mål at færre nyttar eigen bil. Det vil bli utarbeida ei reisevaneundersøking og trafikkanalyse i samband med planen som også vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for områdereguleringa av Volda sentrum.
- 150 000 kr i tilskot frå Landbruksdirektoratet til utarbeiding av kommunal jordvernstrategi. Her her vi godt i gong med samarbeid på tvers av fagområde i avdelinga. Landbrukskontoret er også sjølvsagt kopla på dette arbeidet.
- 400 000 kr frå Miljødirektoratet til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald. Her har vi vedteke planprogram og har no ute anbod for utarbeiding av sjølve planen.
- 30 000 kr frå Statens kartverk til kartlegging av tilgjenge. Her hadde vi to studentar inne i sommarjobb som kartla både Volda sentrum og Grodås. I tillegg til områda rundt store publikumsbygg og arbeidsplassar.

På byggesak har det generelt vore stor arbeidsmengd på sjølv om det totalt sett kom inn færre søknadar mot tidlegare år. Mange har behov for rettleiing og det kan nok sjåast i samanheng med at det er fleire tiltak som no er friteke for søknadsplikt, men som igjen betyr mindre i gebyrinntekter. Vi har no frå i år lagt opp til å ta betalt for formelle førehandskonferansar, men ein kan få gratis rettleiingsmøte inntil 20 minutt. Tilsyn og oppfølging ulovlegheitssaker har i tillegg vore prioritert høgare enn tidlegare.

Det har vore vakanse i fleire stillingar på plan som gjer at vi har hatt, og framleis har, mindre kapasitet, men det har likevel vore god framdrift og her ei nokre døme på kva som har vore jobba med:

- Områdeplan for Volda sentrum: Flaumfarekartlegging vart ferdig og no er nyleg rapport for kvikkleirefare levert
- Detaljreguleringar: Aasenkvartalet, Volda vassverk og Sorenskrivargarden
- Mindre reguleringsendringar: Storgata 7/9 og Rotset næringsområde
- Behovsanalyse næringsareal: Oppfølging av konsulentoppdrag og tett samarbeid med næringlivet

I tillegg starta blei ny planstrategi vedteke og klimabudsjett for heile kommunen som verksemd. Det har også vore mykje arbeid med miljø- og forureiningssaker.

På oppmåling har det vore stor aktivitet og ein har hatt fleire større oppmålingsforretningar. I tillegg har ein fått avslutta mange mellombels utsette oppmålingsforretninger (MUF).Det er, og har vore, eit stort behov for kvalitetsheving av Volda sitt offisielle eigedomsregister, matrikkelen. Det er til dømes mange eigedomar som ikkje ligg i kartet, men som ligg som eigedomar i grunnboka. Her må vi gjere ein jobb å undersøkje i eldre arkiv for å finne ut av dette og oppdatere matrikkelen. Arbeid med kvalitetsheving av matrikkelen har vi prioritert utanom oppmålingssesongen, men det er framleis mykje arbeid som gjenstår.

Eigedomsskattekontoret har sendt ut litt over 5000 vedtak om eigedomskatt og fått taksert mange nye eigedomsskatteobjekt. Kommunen fekk inn ca 38 mill kr i eigedomsskatteinntekter i fjor.

Det blei også i fjor gitt tilskot på tilsaman 50 000 kr i fjor fordelt på 5 gode prosjekt knytt til leikeplassar:

1. Bjørke grendalag fekk 10 000 kr til opprusting av leikeplass ved Haukly
2. Heltne Bratteberg grendalag fekk 10 000 kr til opprusting av leikeplass i Nylenda
3. Lid Idrettslag fekk 20 000 kr til opprusting av leikeplass på Lid

4. Volda sentrum grendalag fekk 5 000 kr oppgradering av "Leiken", leikeplassen i krysset ved Storgata/Skjervavegen
5. Øvre Rotset fekk 5 000 kr til opparbeiding av leikeplass på Øvre Rotset

## Tenestekvalitet

Sjå aktivitetsnøkkeltal.

## Utvalde resultat

Sjå aktivitetsnøkkeltal

## Omstilling og digitalisering

Ved handsaming av bygge- og delesaker så går det mykje tid til manuell registrering av informasjon og det har vore jobba med forenkle og betre malane for å bli effektive i handsaminga av desse sakene. I tillegg har vi fått på plass ein automatisk analyse opp mot offentlege kartdata (DOK-data), men med det sakshandsmingssystemet vi har i dag får vi ikkje tatt ut gevinsten av digitaliseringa som har skjedd på søkar-sida. Byggesaksforumet på Søre Sunnmøre har starta eit arbeid der ein ser på om programvare frå andre leverandørar kan vere aktuelle å kjøpe inn.

For å få til meir automatisering så er vi også avhengige av digitale planer og for fleire område i kommunen har manglar vi dette. Det betyr at både kommunedelplanar og reguleringsplanar er analoge og finst berre som pdf-format som ikkje synlege i digitale kart. På Bjørke/Viddal så har vi berre den gamle kommuneplanen frå Ørsta kommune frå 1991 og kommuneplanen for tidlegare Hornindal kommune er heller ikkje digitalisert. I tillegg er fleire eldre reguleringsplanar i Volda sentrum ikkje digitale. Utan digitale planar vil vi som nemnt få til mindre grad av ønskja automatisering av plan- og byggesaksprosessane. Publikum vil også ha dårlegare innsynsløysningar i kartet og vi vil ikkje få ut eit arealrekneskap for heile kommunen.

Det er ein stor og krevjande jobb å få digitalisert analoge planar. Vi har kompetanse til det sjølv i organisasjonen, men vanskeleg å prioritere dette opp mot ordinær drift slik ressurssituasjonen er i dag. Det er også mogleg å kjøpe inn slike tenester frå konsulent. Nokon av dei analoge planane er såpass gamle og utdaterte at dei bør verte oppheva. Dette vil vi sjå meir på i samband med revisjon av arealdelen neste år.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Plan | 3,00 | 0,00 | 0,00 | 3,00 |
| Byggesak | 3,50 | 0,00 | 0,00 | 3,50 |
| Oppmåling og kart | 1,99 | 0,00 | 0,00 | 1,99 |
| **Total** | **8,49** | **0,00** | **0,00** | **8,49** |

## Status årsverk

Vi hadde 9,0 årsverk i fjor. I år er det redusert til 8,5 årsverk.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 6 | 3 | - | - | - | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 9 756 | 10 908 | 9 554 | -202 | -2,1 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 8 469 | 8 550 | 9 009 | 459 | 5,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 839 | 2 030 | 1 624 | -406 | -25,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 461 | 2 855 | 2 754 | -101 | -3,7 % |
| Overføringsutgifter | 207 | 494 | 60 | -435 | -730,3 % |
| Finansutgifter | 5 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **12 981** | **13 929** | **13 447** | **-482** | **-3,6 %** |
| Salgsinntekter | -3 359 | -3 131 | -2 843 | 288 | -10,1 % |
| Refusjoner | -326 | -1 042 | -1 049 | -7 | 0,7 % |
| Overføringsinntekter | -1 | -1 | -1 | 0 | -0,1 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-3 686** | **-4 174** | **-3 893** | **280** | **-7,2 %** |
| **Netto resultat** | **9 295** | **9 756** | **9 554** | **-202** | **-2,1 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avvik plan

Mindreforbruk grunna vakante stillingar.

Avvik byggesak

Meirforbruket kjem av ei tapsføring. Med bakgrunn i manglande asfaltering så har eit selskap blitt i lagt løpande tvangsmulkt (1000 kr per dag) som har blitt fakturert ut til selskapet. Det vart vedteke å redusere det totale beløpet av tvangsmulkta til 200 000 kr viss det blei asfaltert i fjor sommar. Det som er ført som tap er differansen på det selskapet var fakturert for grunna løpande tvangsmulkt og det reduserte beløpet på 200 000 kr.

Oppsummering

Totalt kjem ein da ca 200 000 kr i meirforbruk som i hovudsak kjem grunna den nemnte tapsføringa.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
494 486
2 029 576
13 929 137
2 854 766
8 550 310
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-575
-1 041 763
-4 173 551
-3 131 213
Salgsinntekter
Refusjoner
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska 2023 resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Vi legg til rette for næringsutvikling og er ein attraktiv lokaliseringsstad for ulike typer bedrifter, organisasjonar og offentlege verksemder. | Tal verksemder | 1 256,0 | 1 255,0 | |
| | | Arbeidsplassdekning | 101,0 % | 101,0 % | 4.kvartal 2023 |
| | | Jordbruksareal i drift | 28 264 | 27 839 | 2023-tal |
| | Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet. | Befolkning Volda sentrum | 4 770,0 | 3 032,0 | Her er feil i talgrunnlaget for 2023. Det korrekte talet er 2886. |
| | | Tal verksemder i Volda sentrum | 375,0 | 396,0 | |
| | Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar. | Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet | 105 | 103 | 3. kvartal 2022 |
| | | Turisme: opne kommersielle bedrifter februar månad | 8 | 6 | 2023-tal |
| | | Turisme: Overnattingar | 6 300,0 | 20 736,0 | For heile 2023 |
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | 97,0 % | 54,0 % | |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik, og tilgang til aktivitets- og friluftslivsområde | Tal søknader til tilskotsordning leike- og aktivitetsområde | 12,0 | 9,0 | |

| Hovudmål | Mål | Indikator | Ønska 2023 resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt. | Klimagassutslepp (tonn CO2-ekvivalenter) | 37 772,0 | 41 702,4 | 2023-tal |
| | | Utslepp frå veitrafikk | 12 129,0 | 15 678,9 | 2023-tal |
| | | Elbil per ladepunkt (antall) | 16,7 | 20,0 | 2023-tal |
| | | Elbiler i kommunen (antall) | 390,0 | 926,0 | 2023-tal |
| | | Hurtiglading (antall) | 32,0 | 33,0 | 2023-tal |
| | | Normallading (antall) | 12,0 | 8,0 | 2023-tal |
| | Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, frilufts- og landbruksverdiar. | Dyrka jord omdisponert etter Plan- og bygningslova | 2,5 | 0,0 | |
| | | Dyrka jord omdisponert etter jordlova | 1,3 | 0,3 | |
| | | Våtmark | 13,9 | 13,8 | Open myr |
| | Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | Del av kommunen sin person- og varebilpark som er elbil | 50,0 % | 37,0 % | 2023-tal |
| | | Avfall levert til materialgjenvinning | 58,0 % | 62,9 % | 2023-tal |
| | | Tal bedrifter i kommunen som er Miljøfyrtårnsertifisert | 11,0 | 15,0 | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) | 219 | 225 | 217 | 150 | 176 |
| Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) | 161 | 217 | 102 | 206 | 123 |
| Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B) | 344 | 283 | 272 | 267 | 274 |

Grunnen til auka på funksjon 303, kart og oppmåling, er at tidlegare år har det vore vakanse av ulike årsakar. No i år har vi det første året på lang tid der vi har hatt stabilitet i desse stillingane. Vi ligg no ganske likt som Møre og Romsdal.

Reduksjonen i plan kjem av vakanse i fleire av stillingane.

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak | 778 | 711 | 91,4 % | 67 |
| Sum andre prosjekt | 482 | 25 | 5,2 % | 457 |
| **Sum** | **1 260** | **736** | | **524** |

## Statustekst investeringar

### Sentrumsutvikling og friluftslivstiltak

Parkeringsplass for dagsturhytte i Grodås vil ha oppstart i år. I tillegg til tilskot frå Miljødirektoratet (50 % av utgiftene) og ramma vil vi nytte noko midlar frå bundne driftsfond til finansiering av dette prosjektet.

## Samandrag status investeringar

Sentrumsutvikling og friluftstiltak:

Det er fleire underprosjekt som no er ferdigstilt. Prosjektet "Parkeringsplass fo dagsturhytte Grodås" skal er delfinansiert med midlar frå Miljødirektoratet og her må vi lage ein sluttrapport for å få desse utbetalt.

Maskin og utstyr Utvikling og underprosjekt "Digital kartlegging" :

Dette prosjektet er heilt i sluttfasen og det vil kome ein faktura til her. Restramme må altså vidareførast til i år.

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tilbod om feiing | 0,0 | 1 407,0 | 0,0 | 1 400,0 | 1 400,0 |
| Antall vedtatte detaljreguleringer fremmet som private forslag | 1 | 1 | 0 | 2 | 1 |
| Behandlede byggesøknader i alt (antall) | 130 | 130 | 102 | 120 | 120 |
| Behandlede dispensasjonssøknader (antall) | 41 | 40 | 20 | 35 | 35 |
| Snitt saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager) | 37 | 45 | 47 | 35 | 35 |
| Snitt saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager) | 14 | 15 | 15 | 15 | 15 |
| Rekvisisjoner behandlet ferdig av kommunen (antall) | 64 | 40 | 30 | 35 | 35 |

Generelt lågare aktivitet

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 0,00 % | 1,33 % | 1,33 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,07 % | 2,47 % | 4,54 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,64 % | 4,88 % | 8,52 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Brann/feiing

## Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet omfattar brann og redning og skal følgje opp brannlova §1 sitt formål om å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon, mot ulykker med farlig stoff og farlig gods og andre akutte ulykker, samt uønska tilsikta hendingar. Avdelinga har oppfylt kravet med gjennomføring av ROS-analyse som grunnlag for vedteken brannordning.

Avdelinga er, i tråd med krava i Dimensjoneringsføreskrifta delt inn i beredskaps- og førebyggande avdeling og består av 70 personar inklusive administrasjonen. Brannkonstablane har stillingar frå 0,58% til 2% noko som tilsvara 12 til 40 timar årleg, og er fordelt på stasjonane i Hornindal og Volda sentrum, samt depot på Bjørke, Straumshamn, Steinsvik og Dravlaus.

Forebyggande avdeling har ansvar for tilsyn med særskilte brannobjekt, feiing, bustadtilsyn og informasjonsarbeid.  Forebyggande avdeling, tilsyn og feiing er ajour og prioriterer oppgåvene basert på risikoanalyser, fyringsmønster og behov. Dette gjer tenestene meir effektiv, og vi brukar resursane der dei trengs mest og har størst effekt. Ein ser at tilsyn ofte er det viktigaste for det er der ein avdekka avvik på fyringsanlegg som i verste fall kunne ført til brann. Vi har også hatt mykje fokus på info om miljøvennleg fyring. Ein gamal vedomn slepper ut omlag 10 gongar meir røyk og sot i forhold til ein ny og reintbrennande omn. Å få fleire til å skifte til reintbrennande omnar er eit viktig miljøtiltak, samtidig som ein får vesentleg meir varme ut frå same mengde ved.

Sjølv om det er krevjande å rekke over å dekke alle behov så opplever ein at alle tilsette på alle nivå er svært godt motiverte for jobben, og innbyggarane i Volda skal kunne vere trygge på å få bistand frå kompetente og dyktige brannkonstablar og brannforebyggarar om behov oppstår.

## Viktige hendingar

2024 vart eit år utan brann i bygning. Tal trafikkulukker gjekk noko ned, men slike ulukker er ofte krevjande å handtere og såleis viktig å ha både godt verktøy og kunnskap for å kunne gjere livreddande innsats. Behover for å yte bistand i samband med helse-oppdrag har auka dei seinare åra. Brannkonstablane har ikkje særskilt utdanning for å handtere slike utkallingar, ut over vanleg førstehjelpsopplæring og bruk av hjertestartar, og vi saknar er tydeligare nasjonal føring på både kompetansekrav og ansvarstilhøve.

## Tenestekvalitet

Volda brann og redning er organisert og bemanna i tråd med vedteken brannordning som er basert på lovpålagt ROS-analyse. Sjølv om det er mange stasjonar, depot og tilsette i avdelinga, så er likevel beredskapen på hovudstasjonen, der hovudtyngda av utrykningane er, organisert etter minimumskrava i brannlovgivninga. Sjølv om vi er trygge på at kompetansen til brannkonstablane er gode så sakkar vi stadig akterut materielt sett, i høve utviklinga i bygda. Både ros-analysen for brann og redning og kommunen si heilskaplege ros-analyse avdekka at det er manglar og gamalt materiell som må skiftast ut. Dette er tunge investeringar, men med den offensive satsinga som har vore med større og høgare bygningar i Volda er det heilt naudsynt at vi tek dette på alvor før det er for seint.

## Utvalde resultat

Alle brannkonstablane har gjennomført trening og opplæring etter oppsett plan. For stasjonane i Hornindal og Volda sentrum er det gjennomført 2468 timar øving, depota 432 timar. Dette er i tråd med vedteken brannordning og vi meinar at det er god kvalitet på kunnskapen i beredskapsstyrken.

## Omstilling og digitalisering

Vi har hatt ynskje om å kunne ta i bruk digitale internkontrollsystem. Men pr i dag ser vi ikkje at det er leverandørar av slike program som er tilpassa eit deltidsbrannvern, berre heiltids med kassernerte mannskap. Men vi har eit godt og velfungerande sjølvlaga system som vi er godt nøgde med og vil ikkje ta i bruk digital løysing før det dukkar opp noko som er tilpassa vår drift.

Avdelinga for feiing og bustadtilsyn brukar digitale løysingar som har vore svært effektiviserande. No legg dei inn rapportar frå tilsyn og feiing kontinuerleg på nettbrett dei har med seg og tida med kontorarbeid har gått ned.

## Årsverk

| | **Faktiske årsverk 2024** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Brannvern | 4,43 | 0,00 | 0,00 | 4,43 |
| Feiing | 2,03 | 0,00 | 0,00 | 2,03 |
| **Total** | **6,46** | **0,00** | **0,00** | **6,46** |

## Status årsverk

Årsverka er fordelt slik:

feiing og bustadtilsyn 3402: 3,15 stillingar

Brann- og ulykkesberedskap 3401: 2,85 stillingar

Brannkostablar 65 stk. 0,85 stillingar.

Årsaka at det viser noko mindre i tabellen er at dei som både har full stilling i kommunen og er brannkonstabel deltid i tillegg ikkje har stillingsprosent i 3401.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 3 | 69 | - | - | - | 66 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 13 971 | 14 515 | 14 897 | 925 | 6,2 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 13 007 | 12 788 | 13 194 | 407 | 3,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 615 | 3 309 | 2 930 | -380 | -13,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 920 | 1 002 | 913 | -89 | -9,8 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 19 | 0 | -19 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 149 | 205 | 22 | -183 | -830,5 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **16 692** | **17 323** | **17 059** | **-264** | **-1,5 %** |
| Salgsinntekter | -2 325 | -2 559 | -2 075 | 484 | -23,3 % |
| Refusjoner | -290 | -106 | -33 | 73 | -220,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -472 | -687 | -54 | 632 | -1167,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-3 087** | **-3 351** | **-2 162** | **1 189** | **-55,0 %** |
| **Netto resultat** | **13 604** | **13 971** | **14 897** | **925** | **6,2 %** |

## Kommentar til status økonomi

### 3401 Brannvern

Beredskapsavdelinga har eit meirforbruk på 256.044,- Årsaka til dette er prisvekst som ikkje vert kompensert for. Stort sett alt brannvernutstyr vert produsert i EU, og med dagens kronekurs mot Euro

så aukar prisane mykje. Vi ser også at prisar på verkstadtenester/eu-kontroll, avgift til naudnett og 110-sentral og lov-pålagt utdanning aukar år for år utan at dei økonomiske rammene vert auka.

#### 3402 Feiing

Utgiftene har auka med omlag 220.000,- frå 2023. Dette grunna prisvekst på materiell, tenester og avgifter. Auka kostnadar er dekka inn med midlar frå driftsfondet.

### Oppsummering tiltak

#### 3402 Feiing

Kalkyler, berekna med hjelp av Momentum sjølvkost, tilseier at avgifta for bustadtilsyn og feiing må aukast med minst 15 % årleg dei komande åra for å dekke kostnaden med tenesta.

### Grafar Økonomi

*Driftsutgifter og inntekter (graf)*




*Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
18 810
204 808
1 002 200
3 309 466
17 322 938
12 787 655
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Finansutgifter
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-105 616
-686 527
-3 351 461
-2 559 318
Salgsinntekter
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Refusjoner

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 45,6 % | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere | 10,3 | 9,3 | 11,3 | 14,2 | 17,0 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B) | 39 | 59 | 94 | 74 | 71 |
| Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B) | 1 492 | 1 541 | 1 219 | 1 365 | 1 007 |
| Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B) | 2,0 % | 1,9 % | 1,6 % | 1,8 % | 1,4 % |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) | 550 | 608 | 654 | 685 | 557 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| | Budsjett for året | | | |
| Sum andre prosjekt | 3 950 | 1 814 | 45,9 % | 2 136 |
| **Sum** | **3 950** | **1 814** | | **2 136** |

## Statustekst investeringar

## Samandrag status investeringar

I 2024 har to eldre småbilar blitt skifta ut. dette er bilar som vert brukt i samband med vakt og tenesteoppdrag. Ved Hornindal brannstasjon vart det kjøpt inn nytt frigjeringsutstyr då det gamle havarerte under bruk i ei trafikkulykke.

Ny bil til Steinsvik depot er bestilt og under oppbygging, men grunna lang leveringstid på slike kjøretøy vet den ikkje levert før 2025.

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Antal oppdrag i brann og redning | 138,0 | 110,0 | 104,0 | 110,0 | 110,0 |
| Antal utførte feiinger | 0,0 | 1 000,0 | 1 365,0 | 1 000,0 | 950,0 |
| Antal utførte kurs i regi av brann og redning | 0 | 8 | 14 | 10 | 12 |
| Antal utførte tilsyn | 0,0 | 210,0 | 813,0 | 220,0 | 230,0 |

3402:

Etter at vi fekk på plass ny brannforebyggar har tal feiinga og bustadtilsyn auka betraktelig. Av alle som fekk varsel om feiing var det 73% som tok imot tilbodet. For bustadtilsyn var det 68%. Det generelle inntrykket er at dei aller fleste har lite sot i skorsteinen og treng sjeldan feiing. Mens ved bustadtilsyn ser ein ofte store avvik både på eldstadar og generell brannsikring av bustaden. Manglar på røykvarslar og brannslokkingsutstyr er ofte meir regelen enn untaket, og folk flest set pris på å få besøk av brannforebyggaren og ei påminning om viktigheita av branntrygg bustad.

3401:

Tal utrykningar gjekk litt ned frå tidlegare år. Dei fordeler seg slik: Hornindal 14, Depota 11 og Volda sentrum 87.

Rapporterte kurs er både informasjonstiltak og opplæring ved ulike kampanje, foreningar og kommunale institusjonar.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,42 % | 0,85 % | 2,27 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,21 % | 1,47 % | 2,68 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,52 % | 0,01 % | 1,53 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Veg/park

## Skildring av tenesteområde

Avdelinga har ei stor breidde av tenester vi yter til innbyggarane og andre kommunale einingar. Vi er bevisst på "kven vi er her for” og har ei tydeleg haldning både til det og til kvifor vi er tilsette her. Vi yter tenester som dei fleste innbyggarar har behov for (her kan nemnast vintervedlikehald, veglys, parkdrift og kyrkjegardsarbeid). Vi er difor svært synlege for alle og får av same grunnar mange tilbakemeldingar på godt og vondt. Vi har tydeleg merka endringane etter kommunesamanslåinga med auka oppdragsmengd og færre ressursar til rådvelde. Generell innsparing for både sektor og avdelinga gjer også ein stor innverknad i kva vi har mogelegheit å levere. Dette medfører og at vi må prioritere hardare korleis ein nyttar tilgjengelege ressursar. Det er vel ikkje til å stikke under ein stol at dei negative reaksjonane frå innbyggarane har auka i høve noko reduksjon eller endring i tenestene vi leverer. Med dette som bakteppe kombinert med generell auka i kostnader, gjer at det til tider kan vere utfordrande å drifte avdelinga med tilhøyrande ansvarsområder. Vi meiner likevel at vi har klart å både prioritere godt og å balansere ressursbruken i samsvar med budsjett på ein god måte.

Vi har tidlegare fått høve til å investere i moderne reiskap og utstyr, noko som gjer oss meir effektive. Men dette veg ikkje opp for auken i oppdragsmengder. Her kan nemnast klippe robotar for plen vedlikehald, effektive køyrety med stor kapasitet og spesial utstyr som reduserer bruken av maskiner og gjer oss i stand til å utføre meir med færre mannskap. Det er særs viktig at slike løyvingar til effektivisering og kostnadsreduksjonar held fram dei komande åra.

Vi har lagt stor vekt på å sjå på nye arbeidsmetodar for å kunne verte meir effektive. Med tilsette sin kreativitet og god prioritering, meiner vi at vi har fått mykje ut av tildelte ressursar. Vi er mykje “styrt” av været og det har vore mindre snø siste åra. Likevel har det vore periodar med kulde som har gjort

bruken av strøsand vesentleg. I tillegg har vi i 2024 hatt 2 vegar som har blitt alvorleg skada etter store nedbørsmengder i form av regn. Dette er truleg noko vi må bu oss på i større grad for framtida.

Den menneskelege faktoren er heilt avgjerande. Vi har ein særs kompetent arbeidsstyrke og har lukkast å rekruttere nye kompetente medarbeidarar dei siste åra som er ansvarsbevisste gjer eit framifrå arbeid. Vi har eit lågt korttids sjukefråvær, men dessverre har langtidsfråværet auka noko i 2024. Dette har ikkje sin bakgrunn i vårt arbeid og vert følgt opp etter beste evne.

Vi har 8 ulike budsjettområder som er omtala nedanfor.

Ekom (elektronisk kommunikasjonsnett):

Avdelinga har driftsansvar for kommunen sitt fibernett og breibandsnett. I budsjettet ligg eit mindre beløp (kr 45.000,-) til drift og feilrettingsavtale med ekstern entreprenør. Det er ikkje medteke ressursar til nye anlegg eller større feilretting dersom dette oppstår i driftsåret. Det er avgjerande at dette vert teke med i framtid, då kommunen sitt nett har auka i mengd og lengd og vi allereie har fått skader som skal dekkjast inn utan midlar til rådvelde. Det er heller ikkje løyvt midlar til dokumentasjon av kommunen sitt ekom-nett, som gjer feilretting krevjande og med lenger nedetid. Dokumentasjon av offentleg ekom nett er eit lovkrav.

Personal og lagerbygg (Myrtun):

Avdeling veg og park har ansvar og budsjett for garasje og personalbygg på Myrtun som vi fysisk deler med avdeling vatn og avlaup. Det har blitt gjort nokre nye investeringar siste åra, mellom anna strøsandlager, tilbygg til garasjebygg, nye brakker for kontorplassar og nytt tak på garasjebygget. For ei tid tilbake vart det for fyrste gong lagt til rette for eigen damegarderobe, noko som var naudsynt. Bygningane er generelt sett blitt gamle og utdaterte. Vi slit med å ha god garderobe kapasitet og matromet er for lite når alle skal nytte det samstundes.

Kommunale vegar:

Arbeidsområde og omfang har stor breidde der vi og dekkjer eit stort geografisk arbeidsområde. Vi er svært synlege i det vi gjer, då dei fleste av oss som innbyggarar har ein relasjon til det avdeling har ansvaret for. Vi mottek relativt mange henvendingar om mange ulike problemstillingar og set vår ære i å svare innbyggarane våre raskt, tydeleg og konstruktivt. Slike tilbakemeldingar har auka, truleg grunna reduserte løyvingar og større omfang i høve kilometer veg og kommunale areal.

Vi har etter kvart relativt moderne utstyr og hjelpemiddel, noko som er naudsynt for å auke vår effektivitet samstundes som kostnader skal reduserast. Desse satsingane må halde fram i åra som kjem.

Volda har mange kilometer med veg (kring 170km) og jobbar hardt for å skape høg trafikktryggleik og legge til rette for god infrastruktur for innbyggarane våre. Vi har i tidlegare år gjennomført ei omfattande asfaltering av tidlegare grusvegar. Vi meiner dette har ført til betre tryggleik og framkomelegheit for innbyggarane, reduserte kostnader og betre oppleving for alle som ferdast i kommunen vår. I tillegg har vi utarbeida plan for trafikktryggleik og satsa ein del på utbetringar spesielt knytt til born, unge og mjuke trafikantar. Denne satsinga vil halde fram vidare.

Kommunale veglys:

Vi har gjennom fleire år gjort nye investeringar i veglys. Dette har redusert straumkostnadene monaleg og betra trafikktryggleiken. I 2024 vart dei fleste gamle “HQL armaturane” (kvikksølv damplampar) skifta

ut. desse var det ikkje råd å få pærer til og kost/nytte vurderinga tilsa at det beste alternativet var å byte desse i moderne LED armaturar. I tillegg har kommunen valt å sjå til kartlegginga "barnetråkk" som vart gjennomført i samarbeid med høgskulen. Her vart det kartlagt kva vegar og stiar som vert mest nytta av born og unge. Dette la grunnlag for ei satsing på belysning langs slike gangvegar/stiar som vart opplevde som mørke og trasige. Her har vi bygt nytt og oppgradert fleire stadar. Dette vil også medverke til at fleire vil gå/sykle og gje ein miljøgevinst. Vidare har ein lagt opp til forsterka belysning på stader med fotgjengarfelt. Denne satsinga har halde fram i 2024.

Hamn:

Vi har dei siste åra fornya hamne regulativet i tråd med nytt lovverk. Vi har innført sterkare kontroll med båtar som kjem og innført nytt betalingsregime for hamn og kai. Dette inneber elektronisk registrering for alle båtar ved almenningskaia, Vikeneskaia og den nye flytebrygga for småbåtar. Betalingsordningane varierer mellom faktura for større båtar og vipps for småbåtar.

Kommunale parkar og uteområde:

I Volda kommune har vi om lag 170 mål med plen som vi klipper heile vekstsesongen. Dette er krevjande og vi har hatt stor glede av flinke sommarhjelper gjennom mange år. Dei siste 3 åra har vi i tillegg investert i robotklipparar og utvida dette i 2024. Dette vil gjere oss meir effektive og er heilt naudsynt, då vi har overteke stadig fleire mål med grøntareal som skal stellast samstundes som driftskostnader skal kuttast. Park eininga har og ansvaret for kyrkjegardane, friluftsområde, badeplassar, felles areal og parkar.

Kyrkjegardar:

Volda kommune har avtale med Volda kyrkjelege fellesråd om stell av i alt 9 kyrkjegardar i kommunen. Dette inneber plenklipp, stell av tre og hekkar samt vinterdrift. Vi har og i oppgåve å legge fysisk til rette for gravferder (graver), samt generell rydding og stell av uteområda på kyrkjegardane. I enkelte tilfeller kan vi avhjelpe også med andre oppgåver og situasjonar i samråd med kyrkjeverje.

Vintervedlikehald:

i 2022 vart det for fyrste gong vart det oppretta eige budsjettområde for vintervedlikehald. Dette er eit ressurskrevjande arbeid som er utfordrande å budsjettere på. Vi "styrer ikkje" været, men må ta det vi får. Volda har 18 ulike roder på bygdene for brøyting av kommunale vegar og 18 ulike stadar for brøyting kring kommunale bygg og plassar. Dette vert leigt inn frå lokale firma og entreprenørar. Vegane i sentrum av Volda, vert brøytte med eigne mannskap. Vi legg mykje vinn på å halde alle vegar, gangvegar og plassar godt tilgjengelege og trafikktrygge for våre innbyggarar. Ved store snømengder kan dette vere utfordrande å få til, då vi ikkje er dimensjonerte for ekstremvær. Vi ser mellom anna at vi har aukande utfordring/vanskar med å brøyte gjennom alle vegar i sentrum av Volda innan klokka 07:30 som er målet. Hovudårsaka til dette er aukane tal på vegar og areal, men same tal på brøyteeiningar for å handtere arbeidet. Vintervedlikehaldet utgjer 35-40% av det totale budsjettet for avdelinga og har auka monaleg siste året. Dette har si årsak i generell pris og kostnadsauke, samt spesielt mykje strøing av vegar i 2024.

## Tenestekvalitet

## Omstilling og digitalisering

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Personal- og lagerbygg (Myrtun) | 0,03 | 0,00 | 0,00 | 0,03 |
| Kommunale vegar | 9,36 | 0,00 | 0,00 | 9,36 |
| Park | 3,09 | 0,34 | 0,00 | 3,43 |
| **Total** | **12,48** | **0,34** | **0,00** | **12,82** |

## Status årsverk

Avdelinga har i alt 13,2 årsverk. Desse er fordelte på 0,2 (personal/lagerbygg Myrtun), 9,3 på veg og 3,7 på park. Vi har hatt nokre utfordringar i 2024 med vakanse (låg søknad etter naturleg avgang) og sjukefråvær. Med så få tilsette, vil fråvær og vakanse gje store utslag. På slutten av 2024 lukkast vi i å rette opp dette og sjukefråværet er forventa å vere vesentleg mindre i 2025.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 4 | 15 | - | - | - | 6 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 21 230 | 22 610 | 22 414 | 1 184 | 5,3 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 10 690 | 10 850 | 10 670 | -180 | -1,7 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 10 966 | 11 689 | 13 225 | 1 536 | 11,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 145 | 141 | 0 | -141 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 10 | 141 | 0 | -141 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **21 810** | **22 821** | **23 896** | **1 074** | **4,5 %** |
| Salgsinntekter | -489 | -404 | -318 | 86 | -27,2 % |
| Refusjoner | -1 215 | -1 187 | -1 164 | 23 | -2,0 % |
| Overføringsinntekter | -4 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-1 708** | **-1 592** | **-1 482** | **110** | **-7,4 %** |
| **Netto resultat** | **20 102** | **21 230** | **22 414** | **1 184** | **5,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

3501 - Ekom

Her har vi eit budsjett som akkurat dekkjer kostnader til mindre feil i nettet. Vi hadde ein slik feil på luftleding til Vikebygda skule. I tillegg måtte vi dekkje eit mindre beløp i samband med dokumentasjon frå innleigd entreprenør. Vi har ingen andre stadar å føre slike kostnader på, difor overskriding av eit budsjett som ikkje har midlar til dokumentasjon eller større feilretting. Vi manglar finansiering av dokumentasjon av det kommunale nettet, noko som er eit lovkrav.

3502 - Personal og lagerbygg (Myrtun)

Dette er ei kostnadsfordeling gjennom året for avdelingane veg og park, samt vatn og avlaup. Budsjettet skal ved års-slutt vere = 0,- etter at avdelingane har betalt sin del av "husleiga". Forbruket i 2024 var om lag i samsvar med budsjett.

3503 - Kommunale vegar

Her har vi styrt hardt i høve bruken av driftsmidlar og då det er manglande løyving til reasfaltering, er det kun her vi har høve til å føre dette. Det var naudsynt med reasfaltering ved YX stasjonen på Grodås, då eit større parti asfalt var i full oppløysing. Dette medførte at det ikkje var rom for å gjennomføre mellom anna mindre oppgradering av rekkverk på nokre bruer. Vi merkar sterk auke i arbeidsmengda med ny kommune og tilførte ressursar frå gamle Hornindal kommune (1 årsverk) strekk ikkje til. Dette medfører hard prioritering frå vår side og noko meir klager enn før då vi ikkje evnar å gje same tilbodet som tidlegare. Totalt sett kom vi til slutt i mål i høve budsjett for året.

3504 - Kommunale veglys

Her har vi sett det fornuftig å skifte ut gamle trestolpar langs Storgata i samband med Linja AS sitt arbeid ved samfunnshuset og Storgata 9. Dette kombinert med dyrtid og generelt høgre kostnader, medførte eit meirforbruk på budsjettet for 2024. Likevel ser vi positive verknader frå utskiftinga vi har gjort i høve LED armaturar, både i høve straumforbruk og levetid på lampar då desse er relativt nye. Vi har hatt stor merksemd på skadar (påkøyrslar) av lysmaster og evna å få skadevoldar til å dekkje kostnadene i dei fleste tilfella. Vi har hatt få kabelfeil, noko som ofte kan vere svært kostbart. Vi enda opp med eit mindre overforbruk i 2024.

3505 - Hamn

Vi har dei siste åra gjennomført ein gjennomtenkt kostnadsvurdering i høve inntekter og laga hamneregulativ. Vi har hatt eit pynteleg overskot på dette budsjettet og har justert satsane for kaileige i tråd med KPI. Vi "styrer" ikkje desse inntektene, dei kjem når båtar har behov for kaiplass. Det vi ser, er at det er ein aukande bruk av Vikeneskaia spesielt og at dette har si årsak i større aktivitet frå servicefartøy knytt til oppdrettsanlegg i nærområdet. Vi har nytta nokre av inntektene til å utforme

parkering, laste/losse område samt stenging for andre køyrety mot kaikanten. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på.

3506 - Park

Vi har hatt eit lite mindreforbruk på park i 2023. Det har vore eit svært krevjande år i høve bemanning, då både langtids sjukefråvær og naturleg avgang på tilsette har kome. Vi lukkast likevel å tilsetje flinke folk hausten 2024 og sjukefråværet har gått kraftig ned. Oppgåvene har auka monaleg med ny kommune, då vi har både Hornindal og Bjørke i tillegg til gamle Volda kommune. Auken i bemanning er 0,5 årsverk, noko som ikkje veg opp for auka arbeidsomfang. Det er likevel eit lite mindreforbruk. Vi har nok ikkje kome i mål med alle planlagde oppgåver i 2024 og hard prioritering har vore naudsynt. I tillegg har vi fått ein del fleire oppgåver og anlegg (døme er Andaneset,  Botnasanden og planter i sentrum) som skal ryddast og stellast. Vi har og etter kvart nokre køyrety som er gamle (som vi er avhengige av) og har hatt større utlegg på reparasjon av desse enn forventa.

3507 - Kyrkjegardar

Her har vi stram kostnadsstyring og tek oss betalt for gravferd for innbyggarar som ikkje er heimehørande i kommunen. Vi har eit mindreforbruk og forklaringa heng saman med tett hopehav med park budsjettet og utfordrande bemanning gjennom året. Park og kyrkje er ofte vanskeleg å skilje. Det ligg til grunn ein balansert avtale vi har med kyrkjeleg fellesråd og tenestene vi yter er viktige for lokalsamfunnet. Vi prioriterer drift av kyrkjegardar høgt og har fått fleire positive tilbakemeldingar på arbeidet vi utfører.

3508 - Vintervedlikehald

Dette er eit nærast umogeleg budsjett å halde seg til. Vi har ikkje styring på dette slik som for andre budsjett og ei "snørid" på nokre få dagar har kostnader som godt kan vere på over 1,5 million kroner. Vi har eit mindreforbruk i 2024, noko som skriv seg frå mindre nedbør i form av snø. På ei anna side har vi hatt eit høgare forbruk av strøsand, som skriv seg frå periodar med kulde og underkjølt regn.  Vi har gjort det vi kan for å halde desse kostnadene ned gjennom året, samstundes som vi har prøva å halde på same kvalitet for innbyggarane. Til neste vert det ny rammeavtale med eksterne og vi reknar med høgare kostnader i åra som kjem.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
140 928
141 284
10 850 169
22 821 434
11 689 054
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-404 358
-1 591 509
-1 187 151
Refusjoner
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 57,0 % | |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt. | Antall km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for | | 8 | 0 | Lite (250m) siste år |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Produktivitet** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 103 709 | 107 229 | 83 955 | 112 365 | 128 296 |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 156 103 | 161 309 | 126 299 | 174 784 | 194 122 |
| Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) | 97 657 | 102 457 | 81 573 | 106 108 | 118 359 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger | 15,78 | 15,72 | 14,20 | 11,09 | 8,46 |
| Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B) | 11 | 13 | 24 | 27 | 22 |
| Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B) | 254 | 261 | 122 | 129 | 112 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Kommunale vegar | 4 748 | 4 048 | 85,3 % | 700 |
| Trafikktrygging | 4 904 | 247 | 5,0 % | 4 656 |
| Sum andre prosjekt | 922 | 534 | 57,9 % | 388 |
| **Sum** | **10 573** | **4 829** | | **5 745** |

## Statustekst investeringar

### Kommunale vegar

Kostnadar er relatert til reparasjon og oppatt bygging av delar av Nakkevegen og reparasjon og oppatt bygging av delar av Åmelfotvegen. Begge vegane har fått utglidingar og til dels omfattande skadar. Vegane er etter dette forsterka på dei punkta dei er utbetra.

### Trafikktrygging

Der ligg føre ei investeringsliste over prosjekt som er politisk vedtatt i TFU. Arbeid med trafikktrygging vert å utføre basert på dei politiske prioriteringane:

**Oversikt over tiltak med prioriteringar (alle beløp eks.mva.) Etter TFU-SAK 83/24:**

| Pri: | Tiltak | Kostnad (eks mva) | Gjennomføring: |
|---|---|---|---|
| 1 | Bjørnevegen ovanfor Bratteberg skule - etablere 40km/t fartsgrense frå X Bakkelidvegen til X Plassvegen, samt oppheva gangfelt ved fotgjengarfelt - Bergsvegen | Kr 130 000,- | |
| 2 | Porsemyrvegen ved VU – fartsgrense 30km/t frå X Anders Vassbotnv. til X Skjervavegen, samt 2 fartshumpar på strekninga. | Kr 195.000,- | |
| 3 | Seljebakken 30km/t og fartshumpar | Kr 285 000 | |
| | | | |
| 4 | Merking av fotgjengarfelt 2025 - 2026 | Kr 240 000,- | |
| 5 | Innkjøp av fleire benkar for utplassering i sentrum (avstand 300-400m – treng truleg 1 - 0-12 nye heilårsbenkar) | Kr 245 000,- | |
| 6 | Opprusting av snarvegar – vi har oversikt | Kr 1 150 000,- | |
| 7 | Vurdering og justering av framkome for trillande i sentrumssone (fortau/rampe) | Ingen kostnadsoverslag | |
| | | | |
| uprioritert | Sone 30 og fartshump ved Folkestad barnehage | Kr 90 000,- | |
| uprioritert | Opprusting av Uravegen – 3 alternativ er vurderte. Alternativ 1 innebær kun forsterking av veglys ved fotgjengarfelt og har ein kostnad på om lag kr 175.000,- (eks.mva.) Tilråding for tiltak frå administrasjonen er alternativ 3. | Kr 3.400.000,- | Sjå vedlegg for kostnadsvurderingar |
| uprioritert | Redusert fartsgrense på Liskogvegen til 50 i nedste delen (gjennom byggefeltet) og 60 i øvre del (etter byggefeltet). | Kr 115 000 ,- | |
| utgår | Seljebakken 30km/t og 2 fartshumpar | Kr 275 000 | |

## Samandrag status investeringar

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel areal som vert klipt med robotklippere | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Andel areal som vert klipt med robotklippere | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 25,6 | 30,0 |
| Areal som vert klipt og luka | 0,0 | 166,0 | 0,0 | 173,0 | 173,0 |

Vi hadde eit mål om å klippe om lag 25,6 mål plen med robotklipparar. Dette målet nådde vi i 2024 og det vert lagt opp til å utvide dette med 1-3 mål i 2025. Verdt å merke seg er at vi lyt klippe kantane kring alle områder for robotklipping manuelt med jamne mellomrom, då desse klipparane ikkje tek kantar. Til saman klipper vi om lag 170 mål plen gjennom heile sesongen. Dette vert prioritert (frå 1-4) der kyrkjegardar, barnehagar og omsorgsareal har prioritet 1. Det er utfordrande å kome i mål med dette arbeidet, spesielt om vår og haust, då vi ikkje har tilgang på sommarvikarar.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 0,48 % | 5,07 % | 5,56 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,41 % | 3,30 % | 5,71 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,27 % | 6,77 % | 9,04 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Vatn/Avløp

## Skildring av tenesteområde

### Vatn og avløp

Ansvarsområdet vatn og avløp skal dekkje innbyggjarane sine behov på ein tilfredsstillande måte. Ein skal gjennomføre arbeid og prosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggarane/ brukarane gode, sikre, funksjonelle og kostnadseffektive anlegg med omsyn til framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vatn skal:

- Drifte og vedlikehalda eksisterande vassleidningar
- Redusere lekkasjeprosenten so langt det let seg gjere
- Ha god internkontroll, som sikra dei tilsette sin HMS og at ein drifta anlegga på ein rasjonell og effektiv måte
- Levere godkjent drikkevatn til alle abonnentar til ein kvar tid
- Levere sløkkevatn til brannvesenet i tråd med preaksepterte ytingar
- Skifte ut og bygge nye vassleidningar
- Vedlikehalde vass-behandlingsanlegg, trykkeauke-stasjonar og reduksjonsstasjonar.

Avløp skal:

- Drifte og vedlikehalda eksisterande avløpsleidningar og overvassleidningar
- Redusere innlekkasje og utlekkasje frå overvass og avløpsleidningar
- Ha god internkontroll, som sikra dei tilsette sin HMS og at ein drifta anlegga på ein rasjonell og effektiv måte
- Samle opp og leie alt overvatn til trygge flaumvegar
- Sikre biologisk mangfald gjennom blågrønne faktorar
- Leie kloakk trygt til kloakkreinseanlegg
- Reinse avløpsvatn i heile kommunen
- Drifte og vedlikehalda pumpestasjonar, avløpsreinseanlegg og slamavskiljaranlegg
- Skifte ut og bygge nye overvass- og avløpsleidningar
- Etablere avløpsreinseanlegg i tråd med forureringslova og forureinignsforskrifta

## Viktige hendingar

- Furene fekk nye vatn og avløpsrøyr. No gjenstår berre utskifting av røyr fram til avkøyringa opp til Coop Extra og Elkjøp.
- Vikeneset avløpsreinseanlegg hadde sitt første fulle driftsår. Nokre små utfordringar har ein hatt, men stort sett har drifta gått bra. Dei tilsette har lagt ned ein god jobb for å få anlegget til å fungere optimalt. Kravet om årleg 20% reinsing vart nådd med god margin.
- Avdelinga fekk risikovurdert alle vassverka. Noko som har verte utsett i mange år.
- Avdelinga fekk testa beredskapen då vatnet til Fyrde vassverk vart stengt ned. Dette løyste seg greitt, men må følgjast opp i 2025.
- Vi fekk laga ei resipientundersøking av Voldsfjorden, dette vil vere nyttig når ein framover skal starte arbeid med nytt hovudavløpsanlegg for framtida.
- Det var som normalt fleire vasslekkasjar, men særleg ein lekkasje i Røyslidvegen synte viktigheita av å få oppgradert HB1 og skifta leidningane ut av høgdebassenget.
- Vi fekk skifta ut vassleidninga i Systervegen, eit strekk som er viktig for vassleveransen til Sjukehuset, og som vi har hatt problem med i fleire år.
- Vi fekk kursa alle prosjektleiarane i Byggherreforskrifta, noko som vil heve kompetansen vår som tiltakshavar og vil gi betre kvalitet på prosjekta vi gjennomføra.

## Tenestekvalitet

Avdelinga levera gode tenester til innbyggarane i tråd med drikkevassforskrifta og forureringsforskrifta.

Samtidig bryt vi både forskrifter og lover dagleg ved å ikkje reinse kloakk fleire plassar i kommunen. Vi har heller ikkje tilfredsstillande reservevassforsyning på fleire vassverk.

## Omstilling og digitalisering

Vatn og avløp følgjer nøye med på den digitale utviklinga som skjer innanfor bransjen. Dessverre ser ein at svert mykje digitalisering ikkje nødvendigvis føre til ein innsparing slik mange ser føre seg når ein snakkar om omstilling og digitalisering. Auka digitalisering føra ofte til auka kostnadar, betre tenester, betre kontroll på kvalitet og sikkerheit, samtidig som enkelte digitale program gjer ein meir sårbar for hacking og digitale åttak.

Kommunen har ikkje tilstrekkeleg kompetanse på digital sikkerheit og dette er noko ein bør søke å løyse i fellesskap med fleir.

Sikkerheit på VA anlegg og system burde hatt ein eigen tilsett i sjustjerna.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Vassforsyning | 9,78 | 0,00 | 0,00 | 9,78 |
| Avløpsområdet | 5,20 | 0,00 | 0,00 | 5,20 |
| **Total** | **14,98** | **0,00** | **0,00** | **14,98** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 2 | 14 | - | - | - | 7 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 0 | 0 | 35 | 35 | 100,0 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 10 671 | 11 080 | 13 278 | 2 198 | 16,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 748 | 9 703 | 9 922 | 219 | 2,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 2 213 | 2 898 | 2 550 | -348 | -13,6 % |
| Overføringsutgifter | 44 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 20 203 | 24 468 | 23 295 | -1 173 | -5,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **41 878** | **48 149** | **49 045** | **896** | **1,8 %** |
| Salgsinntekter | -40 035 | -46 787 | -45 970 | 817 | -1,8 % |
| Refusjoner | -906 | -867 | -650 | 217 | -33,3 % |
| Overføringsinntekter | -42 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -895 | -495 | -2 390 | -1 895 | 79,3 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-41 878** | **-48 149** | **-49 010** | **-861** | **1,8 %** |

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto resultat | 0 | 0 | 35 | 35 | 100,0 % |

## Kommentar til status økonomi

**Vatn:**

Etterkalkylen for 2024 viser eit overskot på 2 334 011 kr. Ved slutten av året er sjølvkostfondet 7 827 828 kr. Selvkostreglane føreset at over- og underskot normalt skal tilbakeførast eller dekkjast inn i løpet av fem år.

I 2024 vart dei direkte driftsutgiftene 8,4 % lågare enn budsjettert, kapitalkostnadene vart om lag 1 280 000 kr lågare enn venta, og gebyrinntektene vart 1,7 % høgare enn budsjettert. Samla gebyrgrunnlag vart om lag som venta, og resultatet vart om lag 3 530 000 kr høgare enn budsjettert.

**Avløp:**

Etterkalkylen for 2024 viser eit overskot på 293 025 kr. Ved slutten av året er sjølvkostfondet 5 363 721 kr. Selvkostreglane føreset at over- og underskot normalt skal tilbakeførast eller dekkjast inn i løpet av fem år.

I 2024 vart dei direkte driftsutgiftene 3,2 % høgare enn budsjettert, kapitalkostnadene vart om lag 670 000 kr lågare enn venta, og gebyrinntektene vart 1,2 % høgare enn budsjettert. Samla gebyrgrunnlag vart om lag som venta, og resultatet vart om lag 1 370 000 kr høgare enn budsjettert.

**Oppsummering:**

Ein ser at dei direkte utgiftene aukar for kvart år. Ein må for dei komande åra rekne med at disse vil halde fram med å stige, truleg raskare enn prisutviklinga. Dette skuldast i hovudsak at vi begynner å få aldrande anlegg og leidningsnett, som krev større vedlikehald. Men også at vi får fleir og meir avanserte anlegg som er dyre å drifte. For å få kontroll

## Oppsummering tiltak

Det vart avgjort å redusere nye investeringar for 2025 for å få betre kontroll på dei kalkulatoriske rentene og avdraga på lån. Inn mot budsjettet for 2026 vil driftsutgiftene aukast i budsjettet.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
2 897 821
9 703 108
48 148 858
24 467 571
11 080 358
Finansutgifter
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-495 155
-866 758
-48 148 858
-46 786 945
Salgsinntekter
Refusjoner
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 70,0 % | Vatn og avløp har framleis ein liten veg å gå for å bruke opp dei økonomiske rammane ein blir tildelt på investering.<br><br>På drift er situasjonen ein litt anna, kor ein ser at driftsrammene begynner å bli stramme og ein har blitt redda av mindreforbruk på lønn og lågare investeringshastigheit enn budsjettert. |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, frilufts- og landbruksverdiar. | Økologisk tilstand, alle overflatevann | | 91,0 % | 50,0 % | Vi har per no ikkje kapasitet til å følgje opp vassmiljø. Administrasjonen må gjere ei vurdering av kor ansvaret skal ligge, so må ein forankre dette politisk og få på plass eit budsjett for å eventuelt følgje opp dette arbeidet. Det er ikkje avsett middel til dette arbeidet i 2024 eller 2025. |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) | 1 453 | 1 532 | 1 250 | 1 439 | 1 346 |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Avløp - driftsutgifter per innbyggere tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) | 897 | 1 019 | 1 312 | 1 428 | |
| Tilknytningsgebyr vann (ekskl. mva) - én sats (kr) | 2 500,0 | 2 500,0 | 10 000,0 | 9 055,1 | 7 315,4 |
| Vann - Gebyrinntekter per innbygger tilknyttet kommunal vannforsyning (kr/tilkn.innb) | 2 511 | 3 040 | 2 156 | 3 010 | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) | 4 214 | 3 784 | 3 551 | 4 619 | 6 226 |
| **Kvalitet** | | | | | |
| Vann - Estimert vannlekkasje per meter kommunal ledning per år (m3/m/år) (B) | 4,3 | 4,3 | 8,2 | 3,2 | 2,7 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Avløpsanlegg | 2 294 | 611 | 26,7 % | 1 682 |
| Ledningsprosjekt | 36 112 | 21 845 | 60,5 % | 14 267 |
| Vassverk | 17 702 | 1 921 | 10,9 % | 15 781 |
| Sum andre prosjekt | 1 087 | 0 | 0,0 % | 1 087 |
| **Sum** | **57 194** | **24 377** | | **32 816** |

## Statustekst investeringar

### Avløpsanlegg

Sjå tekst vassverk og leidningsprosjekt

### Ledningsprosjekt

**Leidningsprosjekt**

Heltnevegen og HB1 er dei to store prosjekta som ikkje kom i mål i 2024, men som vil realiserast i 2025. Kor langt ein kjem i HB1 prosjektet vil vere avhengig av Uravegen reduksjonshus og Heltnevegen utskfiting. Disse prosjekta må vere realiserte for å kunne starte på riving og nybygg av HB1. HB1 er Høgdebasseng 1 i Volda.

Nokre småprosjekt vart ikkje starta då dei mangla litt finansiering og prioritering, som "Pumpestasjon Grodås".

### Vassverk

**Vassverk**

Mindreforbruket på hovudprosjektet skuldast i hovudsak at "Høydal vassverk" og "Oppgradering av Volda vassverk" vart utsett. Ei av orsakane til forsenkinga var at det var behov for fleire prosjektleiarar i Urbakkfoten. Høydal vassverk vart difor nedprioritert. På Volda vassverk har ein vald ein mindre omfattnde ombygging, samtidig som ein har måttet vente med oppstart av utarbeidet til våren 2025. Dette for å vere sikkert på at ein ikkje fekk problem med snøen. Begge disse prosjekta ligg no godt an til å ferdigstillast i 2025.

## Samandrag status investeringar

**Vassverk**

Mindreforbruket på hovudprosjektet skuldast i hovudsak at "Høydal vassverk" og "Oppgradering av Volda vassverk" vart utsett. Ei av orsakane til forsenkinga var at det var behov for fleire prosjektleiarar i Urbakkfoten. Høydal vassverk vart difor nedprioritert. På Volda vassverk har ein vald ein mindre

omfattnde ombygging, samtidig som ein har måttet vente med oppstart av utarbeidet til våren 2025. Dette for å vere sikkert på at ein ikkje fekk problem med snøen. Begge disse prosjekta ligg no godt an til å ferdigstillast i 2025.

**Leidningsprosjekt**

Heltnevegen og HB1 er dei to store prosjekta som ikkje kom i mål i 2024, men som vil realiserast i 2025. Kor langt ein kjem i HB1 prosjektet vil vere avhengig av Uravegen reduksjonshus og Heltnevegen utskfiting. Disse prosjekta må vere realiserte for å kunne starte på riving og nybygg av HB1. HB1 er Høgdebasseng 1 i Volda.

Nokre småprosjekt vart ikkje starta då dei mangla litt finansiering og prioritering, som "Pumpestasjon Grodås".

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel abonnentar som får vatn med god bruksmessig kvalitet (god pH og farge) | 100,0 % | 100,0 % | 90,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| Andel abonnentar som får vatn med trygg kvalitet | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % | 100,0 % |
| Andel innbyggarar som er knytt til avløpsanlegg som er i tråd med gjeldende krav | 25,0 % | 90,0 % | 90,0 % | 90,0 % | 90,0 % |
| Antal km med nye offentlege avløpsledningar | 0,44 | 0,00 | 0,50 | 0,96 | 1,01 |
| Antal km med nye offentlege vassledningar | 0,44 | 0,00 | 0,50 | 0,80 | 1,01 |
| Antal mill m3 vassforbruk | 1,30 | 1,30 | 0,93 | 1,25 | 1,20 |

Vi ligg litt under målsettinga på leidningsutskfiting. Vi ligg betre an for å nå måla i 2025.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 0,74 % | 1,44 % | 2,19 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 0,96 % | 3,07 % | 4,03 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,94 % | 1,89 % | 3,83 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Kultur

### Skildring av tenesteområde

Ansvarsområdet omfattar bibliotek, kino, ungdomsklubb, kulturformidling og Voldabadet.

2024 har vore eit spesielt år for kulturavdelinga. Renoveringa av samfunnshuset med bygging av ny ungdomsklubb og kinosal gjorde at desse tenestene vart heilt eller delvis lagt ned. Fleire tilsette ved avdelinga har dette året jobbe tett på prosjektet med ombygginga. I tillegg til arbeidet med dette prosjektet har tilsette også jobbe med å rigge avdelinga for ny drift av Voldabadet. Avdelinga har også delteke i arbeidet med klargjering og prosjektarbeid knytt til dette. Kulturavdelinga har vore prega av fleire langtidssjukemeldingar/permisjonar i 2024.

### Viktige hendingar

Nokre hendingar frå 2024:

**Utviklingsavdelinga**
2024 har vore prega av stor aktivitet innan planarbeid, tilskotssøknadar og digital forvaltning. Avdelinga fekk innvilga fleire statlege tilskot, mellom anna:

- 725 000 kr i *klimasatsmidlar* til mobilitetsplan og reisevaneundersøking.
- 400 000 kr til kommunedelplan for *naturmangfald*.
- 150 000 kr til kommunal *jordvernstrategi*.
- 30 000 kr frå Kartverket til *tilgjengekartlegging* (gjennomført av sommarstudentar).

Det har vore stor arbeidsmengd på byggesak, trass færre søknadar, og det er sett i verk nye ordningar for rettleiing og gebyr. Tilsyn og ulovlegheitssaker er blitt høgare prioritert. Planavdelinga har hatt redusert kapasitet, men god framdrift i sentrale prosjekt, som områderegulering av Volda sentrum, detaljreguleringar og analyse av næringsareal. Klimabudsjett og ny planstrategi er vedtekne. Matrikkelarbeid og eigedomsregistrering har fått særleg fokus, og eigedomsskattekontoret har sendt ut over 5000 vedtak.

**Eigedomsavdelinga**
Avdelinga har levert eit år med høg aktivitet, store investeringar og viktige oppgraderingar:

- *Voldabadet* er ferdigstilt og teken i bruk.
- *Samfunnshuset* er totalrenovert med ny kino, festsal og ungdomstilbod.
- *Hamna 20*, eit stort helsebygg, er under bygging (ferdig 2026).
- Skular og barnehagar er oppgradert med tryggleiks- og tekniske tiltak.
- *Volda omsorgssenter* har fått oppussa 75 pasientrom.
- Robotstøvsugarar og nye bilar er tekne i bruk i reinhald.
- Arbeid med utbetringar i bustader, omsorgssenter og fritidstilbod (m.a. Dagsturhytta) er gjennomført.

Eigedomsdrifta har hatt fokus på brukarvennlegheit, tryggleik, effektivitet og integrering – med gode resultat innan både teknisk og sosial tilrettelegging.

**Brann og feiing**
2024 var eit år utan bygingsbrannar. Trafikkulukker gjekk noko ned, men krevjande redningsoppdrag gjer behovet for oppdatert utstyr og kompetanse stadig viktigare. Helse-relaterte utrykkingar har auka, og avdelinga etterlyser nasjonale føringar for kompetansekrav og ansvar ved slike oppdrag.

**Vatn og avløp (VA)**
Fleire viktige infrastrukturtiltak er gjennomførte:

- *Furene* fekk nye røyr (står att eit lite strekk).
- *Vikeneset reinseanlegg* har hatt første driftsår og innfrir krava med god margin.
- *Risikovurdering av vassverk* vart gjennomført for første gong.
- Beredskapen vart testa ved nedstenging av Fyrde vassverk – løyst greitt, men krev vidare oppfølging.
- *Resipientundersøking* av Voldsfjorden gir viktig grunnlag for framtidig hovudavløpsanlegg.
- Kritisk vassleidning i *Systervegen* vart skifta – viktig for trygg vassforsyning til sjukehuset.
- Kompetanseheving: Alle prosjektleiarar vart kurset i *Byggherreforskrifta*.

**Kulturavdelinga**

Det er gjort tilsettingar for å rigge arbeidet på samfunnshuset og Voldabadet.

## Tenestekvalitet

## Omstilling og digitalisering

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Kulturavdelinga | 2,00 | 0,00 | 0,00 | 2,00 |
| Ungdomsklubb | 0,16 | 0,04 | 0,00 | 0,20 |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kino | 0,75 | 0,00 | 0,00 | 0,75 |
| Bibliotek | 2,92 | 0,52 | 0,00 | 3,44 |
| Voldabadet | 1,35 | 0,00 | 0,00 | 1,35 |
| **Total** | **7,18** | **0,56** | **0,00** | **7,74** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| **Kjønnsbalanse** | | **Midlertidige tilsette** | | **Faktisk deltid** | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 14 | 8 | - | - | 8 | 7 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 9 954 | 14 957 | 13 576 | 3 621 | 26,7 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 7 119 | 7 483 | 8 917 | 1 434 | 16,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 260 | 2 725 | 4 266 | 1 541 | 36,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 167 | 98 | 80 | -18 | -22,3 % |
| Overføringsutgifter | 1 678 | 2 325 | 2 211 | -114 | -5,2 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **11 224** | **12 632** | **15 475** | **2 843** | **18,4 %** |
| Salgsinntekter | -589 | -579 | -20 | 559 | -2797,7 % |
| Refusjoner | -1 744 | -2 092 | -1 873 | 219 | -11,7 % |
| Overføringsinntekter | -125 | -6 | -6 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-2 459** | **-2 677** | **-1 899** | **778** | **-41,0 %** |
| **Netto resultat** | **8 765** | **9 954** | **13 576** | **3 621** | **26,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

Avvika skyldast ombygging samfunnshuset (ikkje aktivitet i tenestene knytt til kino og ungdomsklubb) og vakansar, fleire langtidssjukemeldingar utan at det har vore tatt inn vikarar, vakansar Voldabadet ikkje tilsetting før på slutten av året, auka bruk av vikarar på bibliotek grunnet fleire sjukmeldingar og permisjonar.

## Oppsummering tiltak

Det vart vurdert å ikkje kompensere/hente inn ressursar knytt til sjukmeldingar utover behov knytt til bibliotek

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
97 964
2 324 828
12 631 564
2 725 342
7 483 430
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-5 600
-579 477
-2 677 088
-2 092 011
Refusjoner
Salgsinntekter
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne. | Besøk i folkebibliotek per innbygger (B) | | 3,5 | | |
| | | Besøk per kinoforestilling (antall) | | 17,1 | 0,0 | |
| | | Tal søknader til tilskotsordning kulturmidlar | | 16,0 | 17,0 | |
| | | Idrett: Aktivitetsandel | | 36,0 % | | |
| | Vi utviklar kommunen til ein særeigen reiselivsdestinasjon, bygd på identitet, natur og autentiske opplevingar. | Ansatte i overnattings- og serveringsvirksomhet | | 85 | | |
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Ei drift i samsvar med budsjettramme | | 100,0 % | | |

Tallene er ikkje tilgjengelige for biblioteket per dags dato

Tall for kino skylde nedsteging

## KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner | -196 | 1 586 | 2 001 | 2 474 | 2 656 |

### Samandrag status investeringar

### Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Besøk i folkebibliotek per innbygger | 2,7 | 3,0 | 3,0 | 3,2 | 3,4 |
| Kulturmidlar til lag og organsisjonar | 0 | 220 000 | 200 000 | 220 000 | 220 000 |
| Tilskot festivalar og arrangement | 0 | 0 | 115 000 | 500 000 | 500 000 |

Vedteke tilskot til festivalar og arrangement var juni 2024 400 000,- per 31. desember var ikkje alle midlane utbetalt grunnet manglanda rapportering (resterande midlar vart utbetalt januar/februar 2025) med unntak av to aktørar.

### Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,31 % | 3,41 % | 4,72 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,45 % | 18,80 % | 22,26 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,88 % | 25,15 % | 28,03 % |

### Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Helse og Omsorg

## Skildring av tenesteområde

### Stab Helse og Forvaltning

Seksjon førebygging og rehabilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:

- Fysio- og ergoterapitenesta gir tilbod om undersøking og tiltak til menneske med utfordringar knytta til rørsle og aktivitet. Tenesta driv også med helsefremjande og førebyggande arbeid. Målet er å redusere risikofaktorar som kan føre til nedsett helse. Ergoterapeutane har i tillegg ansvar for å søkje, tilpasse og følgje opp hjelpemiddel.
- Frisklivssentralen der målgruppa er menneske med sjukdom eller auka risiko for sjukdom, som treng støtte til å endre levevanar og meistre helseutfordringar.

Forvaltningskontor:

- Det er forvaltningskontoret som tek imot og handsamar søknadar om helse- og omsorgstenester. Sakshandsamarane skal gje informasjon, råd og rettleiing i høve tenestene, og ein kan også få hjelp til å søkje eller klage.
- Koordinerande eining har ansvaret for at personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester, opplever ein heilskapleg samanheng i tenestene.
- Kreftkoordinator skal koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på best mogeleg måte.

Kjøkkendrift

- Kjøkkenet lagar mat til pasientar og bebuarar på sjukeheim og omsorgsbustader, samt middag til heimebuande med vedtak om matombringing.
- Det blir også gitt cateringtilbod.
- Kjøkkenet driftar to avdelingar, Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter.



| Sentralkjøkken Volda omsorgssenter |
| --- |

Drift

- Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av elektroniske anlegg og installasjonar.
- Reparasjonsarbeid av m.a. hjelpemiddel og kvitevarer i sektoren.
- Ansvar for mottak, montering, utlevering og opplæring i bruk av hjelpemiddel.

Tenestetilboda er lokalisert på Volda omsorgssenter i 1 etasje.

**Legeteneste**

- Avdeling for legetenesta i Volda har ansvaret for drifta ved Volda Legesenter og Hornindal Legekontor. I tillegg er Volda kommune vertskommune for Søre Sunnmøre Legevakt, og denne seksjonen inngår også i avdeling for legeteneste. Vidare er avdelinga ansvarleg for kommunale legeoppgåver, som kommuneoverlege, sjukeheimslege, helsestasjonslege, smittevern og liknande.
- I Volda har vi i dag 14 fastlegar, fordelt mellom 12 legar i Volda sentrum og 2 i Hornindal. Fram til i dag har vi rekruttert godt, og greidd å erstatte legar som sluttar og å utvide med ekstra heimlar når det har vore behov for det. Sjølv om vi sist utvida med ny heimel i 2022, så er fastlegelistene fulle i kommunen og det er vidare behov for å auke. I tillegg til fastlegane har vi i Volda to LIS1 (legar i spesialisering, tidlegare kalla turnuslegar); 1 i Volda og 1 i Hornindal.
- Legevakt på kveld, natt og helg er organisert med interkommunal legevakt i Hovdebygda, med Volda kommune som vertskommune. På Søre Sunnmøre Legevakt er legane timelønte arbeidstakarar. Den interkommunale avtalen har gjort at presset for å dekke inn vakter er lavare enn før og legane er generelt godt nøgde med legevakta og avtalane som er gjort der. Legevakta tilbyr også tenester av svært god kvalitet. Legane framforhandla ny avtale for timeløn på kveld og helg (ikkje natt), noko som har gjort legevakta meir attraktiv for legane i regionen. Ein tenkjer at dette kan gi betre rekrutteringstilhøve for legar knytt til legevaktsamarbeidet.

**Institusjonstenester**

Volda Omsorgssenter er inndelt i 4 seksjonar :

- Selje /Hasletunet **:** seksjon for personar med ei demens diagnose, inntil 19 bebuarar fordelt på to bu grupper
- Pile /Kleppetunet **:** skjerma demens seksjon,  inntil 18 bebuarar fordelt på to bu grupper. Seksjonen er tilrettelagt for personar som har behov for ekstra skjerming.
- Otta /Karvestova :  somatisk langtids-seksjon med inntil 19 bebuarar.
- Kaptein / Klokkarstova : korttids-seksjon, 18 rom, men kan ha 3 dobbeltrom, samla 21 korttidsplassar. Blir også nytta til avlastingsopphald, KAD(kommunal akutt døgnplass), rehabilitering mm.



Øving til 17.mai ved Volda omsorgssenter

Hornindal Omsorgssenter er ein seksjon :

- Er fordelt på tre grupper, til saman 23 langtidsplassar og 1 avlastingsplass(for å unngå forvirring legg ein til at kommunestyret har vedtatt endra kapasiteten her til 16 plassar frå 2025.)
- Elvakrokjen : gruppe for 6 bebuarar med demens
- Utsikta : gruppe med 8 bebuarar og eit avlastingsrom
- Årestova : gruppe med 9 bebuarar

Vaskeritenester for pasienttøy:

- Vaskeri teneste for pasienttøy er både i Hornindal og i Volda.

Legedekning:

- Institusjonane har tilsynslegeordning for begge institusjonane. I Volda ein fast tilsett institusjonslege, i Hornindal vert dette utført av ein fastlege i deltidsstilling.

**Heimetenester**

Avdelinga består av seks seksjonar med kvar sin seksjonsleiar som har personalansvar og ansvar for den daglege drifta.

Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2(det meste av "gamle Volda"):

- Felles base ved Volda omsorgssenter
- Gruppe 2 inkluderer Folkestadtun med 11 leilegheiter med døgnbemanning
- "Heimetrenarar" i Kvardagsrehabiliteringsteam er tilsett her

Ambulerande heimetenester gruppe 3:

- Har base ved Hornindal omsorgssenter.
- Yter tenester i distriktet Hornindal, Bjørke, Viddal, Leira, Osdalen og Kalvatn.

Dagsenter for eldre:

- driftar dagaktivitetstilbod i Volda sentrum, i Hornindal og på Folkestad

Fjordsyn omsorgsbustader:

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, 29 leilegheiter

Barstadtun omsorgsbustader:

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, 25 leilegheiter

I tillegg er hukommelsesteam og koordinator for velferdsteknologi organisert direkte under avdelingsleiar.

**Bu- og habiliteringstenester**

- Fire sam-lokaliserte bustadfelleskap for personar med utviklingshemming lokalisert i Volda og Hornindal sentrum.
- Barnebustad er eit bu - og tenestetilbod til barn og ungdom med omfattande omsorg- og eller oppfølgingsbehov som følgje av store funksjonsnedsetjingar. Foreldra har foreldreansvaret, men tilsette i barnebustaden ivaretek den dagleg omsorga for barnet på vegne av foreldra.
- Avlasting er for born og unge funksjonshemma som framleis bur i foreldreheim. Føremålet er at pårørande får naudsynt kvile og fritid. I Volda kommune er barnebustaden og avlastinga lokalisert i Blåbærhaugen. Endring i hjelpebehov, nye brukarar og utflytting av brukarar gjer at det kan vere store endringar i denne seksjonen.
- Hamna dagsenter er eit interkommunalt tilbod mellom Volda og Ørsta kommune. Senteret er eit tilrettelagt arbeids- og aktiviseringstilbod for personar med ulik grad av psykisk utviklingshemming. Det er eit dagtilbod der arbeidsdagen og arbeidsoppgåvene er tilpassa den enkelte brukar. Eit overordna mål er at brukarane skal oppleve meistringskjensle, og utvikle seg igjennom aktivitetar og arbeidsoppgåver. Hamna har faste arbeidsoppdrag, i tillegg legg ein til rette for fysisk, kulturell og kreativ aktivitet.

Tenesta yter teneste til 68 tenestemottakarar.

**Rus- og psykisk helseteneste**

Rus og psykisk helseteneste har fire seksjonar; lågterskeltilboda Styrk-arbeid og Gnisten i Prestegarden, dagtenester, ambulerande heimebaserte tenester og 7 omsorgsbustader i Myra bufellesskap.

Psykisk helse- og rusarbeid skal bidra til fleire friske leveår for innbyggjarane og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- og/eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutviklinga og fremje meistring i eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- og/eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte eller avlasting.

Seksjon Lågterskeltilbod

- Møteplassen Gnisten er eit lågterskeltilbod som har eller har hatt rus- og/eller psykiske vanskar/lidingar. Her møtes ein i ei trygg atmosfære og driv ulike aktivitetar.
- Styrk-arbeid er eit arbeidstreningstiltak for unge vaksne som droppar ut av utdanning eller jobb. Ein legg til rette for meistring, både praktisk og sosialt, slik at vegen tilbake til arbeid eller skule blir enklare. Ein får tett oppfølging og kan og få bistand til jobbsøking og/eller ekstern praksisplass.
- Styrk-aktiv tilbyr aktivitet for sosialhjelpsmottakar under 30 år med vilkår om aktivitet etter sosialtenestelova i samarbeid med NAV Ørsta Volda. Gjennom tiltaket skal ein styrke den enkelte si moglegheit for overgang til arbeid eller utdanning, eller å bli sjølvforsørga på anna måte.

Seksjon Utetenester og Seksjon ambulerande tenester

- Utetenesta tilbyr bistand på dagtid, medan seksjon for ambulerande tenester yter helsehjelp både på dag og kveldstid til brukarar med meir omfattande bistandsbehov. det er og i samarbeid med nattevaktsprosjektet mogleg å få helsetenester på natt.

- Tenestene tilbyr støttesamtaler for å styrke brukaren og pårørande sine meistringsstrategiar, nettverksarbeid, praktisk hjelp og støtte i heimen, samt medikamentadministrasjon. Ein tilbyr vidare bistand til søknad om tverrfagleg spesialisert rusbehandling og behandling innan psykisk helsevern, og tenester i påvente av behandling eller etter utskriving.

Seksjon Myra bufellesskap

- 7 bemanna omsorgsbustader (forsterka bustader) med særleg kompetanse på alvorlege, langvarige samtidige rus og psykiske lidingar. Ein kan også få bistand på natt, dersom det er behov for helsehjelp då. Helsehjelpa ein får tilsvara helsehjelpa som ein elles tilbyd i andre seksjonar i avdelinga.

Det er særs viktig at alle seksjonane samarbeider godt med spesialisthelsetenesta om å styrke psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunen, samt å få til eit godt samarbeid med pårørande. Vi gir generell informasjon til pårørande om rettigheiter, vanleg praksis på området, sakshandsaming, moglegheit for opplæring og fagleg informasjon om rus og psykiske lidingar og vanleg behandling ved å halde jamlege pårørandesamlingar og pårørandekurs.

Årsmelding 2024



## Overordna mål

Volda kommune har som hovudmål for helse- og omsorgssektoren å tilby tenester av god kvalitet gjennom aktiv brukardeltaking og kompetentemedarbeidarar, samstundes som tenestene blir levert innanfor dei vedtekne økonomiske rammer.

## Viktige hendingar

Volda kommune står overfor store utfordringar knytt til korleis ein kan løyse noverande- og framtidsutfordringane innanfor helse- og omsorgstenster. Kommunen vedtok å innhente ekstern kompetanse for

Agenda Kaupang sine funn vart presentert i ein felles fagdag om innsatstrapp og bustadtrapp - der dei lyfta fram forslag til korleis vi kan løyse både dei noverande og framtidige utfordringane innanfor helsetenestene. Det vil vere viktig å fortsette dette arbeidet i 2025.

**Stab Helse og Forvaltning**

- Forvaltningskontoret starta i 2024 arbeidet med å vurdere standard og nivå på tildeling av tenester i bu og habilitering. Dette er for å tilpasse tenestene ut frå behov og på rett nivå i innsatstrappa. Ny kvalitetsstandard vart vedteke i kommunestyret i november.
- Frå årsskifte 2023-24 vart økonomikonsulent stillinga ved forvaltningskontoret flytta over til økonomiavdelinga. Årsaka til dette var mellom anna for å unngå sårbarheit i stillinga, samt plassere den i eit rett fagmiljø. Stillinga er i all hovudsak knytt til vederlagsutrekning.
- Arbeidet med personvern har blitt godt jobba med i heile sektoren, og gjennomgang av behandlingsprotokollar er no fast etablert som system med alle avdelingsleiarar og forvaltningskontor.
- Rekrutteringsvanskane utfordrar oss på stadig betre stimuleringsavtalar for tilsette, og nytt av året er avtale om flytting av ferieperiode i hovudferien. Det er forventa at dette kan ta ned behovet for vikarar i den mest sårbare ferieavviklinga.

**Legeteneste**

- Ny sjukeheimsoverlege ved Volda omsorgssenter frå november 2024. Legen kjem frå spesialisthelsetenesta og har høg kompetanse innan geriatri (sjukdommar hos eldre).
- Framforhandling av ny økonomisk samarbeidsavtale med fastlegane i Volda kommune. Lik avtale for Hornindal og Volda sentrum, der ein har som formål om å sikre stabilitet, rekruttering og minimere bruk av vikarbyrå på sikt. Legesenteret i Volda går fra delvis privat drift til kommunal drift. Trådde i kraft 1.1.2025.
- I samarbeid med sektor samfunnsutvikling og legetenesta har ein via ei arbeidsgruppe utarbeida eit politisk avgjerdsgrunnlag for framtidig lokalisering av legesenter i Volda sentrum. Den løysinga som er best tenleg for framtida var etablering av nytt legesenter, framfor å splitte i to legesenter eller å utvida i eksisterande bygg.
- Volda Sjukehus innførte Helseplattformen i 2024, og dette har medført konsekvensar for tenesta. Fastlegane fortel om meir vanskar knytt til kommunikasjon (epikriser) med foretaket,

lengre ventelister og ringare tilbod for pasientane. Ein har i starten meldt inn fleire avvik knytt til samhandlinga, og kommunen er i dialog med foretaket omkring temaet og har etablert arbeidsprosessar.
- Prosjekt digital heimeoppfølging (DHO) ved legevakta er etablert. Ein viser til denne filmen som forklarer kva tilbodet er. https://www.youtube.com/watch?v=KcfJnPyQUdQ

**Institusjonstenester**

- Prosjekt «servicevakter» sommaren 23 var stor suksess. I 2024 hadde ein annonse på dette og fekk inn 120 søkarar. Ein tilsette 25 stk fordelt på 5 seksjonar, dette fungert godt. Positivt at ein har rekruttert inn fleire av "servicevaktene", som no fyller 18 år, i ordinære pleiestillingar.
- Det er lyst ut 8 stk 100 % sjukepleie/vernepleiestillingar siste året og har rekruttert inn på tre av stillingane. Rekrutteringsutfordringane av slik kompetanse fortsetter.
- Mai -24 arrangerte ein opne pårørandemøter, eit for Hornindal Omsorgssenter og eit på Volda Omsorgssenter.
- Alle seksjonane starta opp med nye grunnturnusar frå 02. sept -24. Hornindal Omsorgssenter er pilot på turnusprogrammet Dynamon. Dei starta med langvaktturnus på helg sept. -24.
- Tilsette har i ny grunnturnus fått auka sine faste stillingar ved at ein fordelte mesteparten av dei vakante stillingane, i tillegg fekk ein redusert tal kortvakter i turnusen.
- Gjennomført rullatormaraton 7. mai -24
- Grillfest for bebuarar juni 24
- Volda Omsorgssenter har fått oppgradert dei fleste bebuarroma og bada i 2024.
- Korttids seksjonen nådde målet med å utvide tal korttidsplassar til 21.

**Heimetenester**

- Aukande tal eldre innbyggarar gir også auke i tal personar med demens. Heimetenestene opplever aukande etterspørsel og større press på både ambulerande tenester, dagaktivitetstilbod, hukommelsesteam og omsorgsbustadar for eldre.
- Det er eit aukande tal brukarar i private heimar som vert i varetatt av heimetenestene i siste fase av livet.
- I tråd med bustad- og innsatstrappa som modell klarer ein å halde personar heime lenger no enn tidlegare, noko som også medfører auke i pleie- og omsorgsbehov når dei får tildelt plass i døgnbemanna tilbod lenger oppe innsatstrappa. Personalressursane i omsorgsbustadene merkar godt den pågåande endringa.
- Tal oppdrag som krev sjukepleiarkompetanse aukar i ambulerande tenester, då den medisinske behandlinga held fram etter utskriving frå spesialisthelsetenesta og/ eller institusjon.
- Geografien med lange avstandar og til dømes manglande nattferjer gir ekstra utfordring for drifta i heimetenestene.
- På tampen av året vart dei nye carportane tatt i bruk, ei fantastisk nyhende.

**Rus- og psykisk helseteneste**

- Kafeen som ein gjennomfører ein gong i månaden i Prestegarden er godt besøkt av publikum. Deltakarane tek større og større ansvar og er eit tilbod som treff godt på mange vis. Ein har godt sal frå Hjartekråa, der produkta til deltakarane blir selde. Dette har vorte ein flott meistringsarena og eit ansikt utad. Det er ca. 15 deltakarar som aktivt nyttar tilbodet på Gnisten kvar veke gjennom året. I tillegg er det nokon som brukar tilbodet i periodar når behovet er der.

I 2024 var det totalt 31 brukarar som fekk tilbod om dagsenteraktvitet. Lågtersketilbodet på dagsenteret Gnisten har kapasitet til fleire og der er ikkje ventetid.

- Tal deltakarar ein har fått tilvist til Styrk-arbeid gjennom 2024 har vore sterkt aukande. Dei som blir tilvist manglar skuleplass og/eller arbeid, har svak tilknytning til utdanningsarenaer og/eller arbeidslivet. Gjennom 2024 har ein hatt 20 deltakarar innom tiltaket. I 2024 fekk ein på plass igjen faste møter med NAV. Dei fleste som blir tilvist frå NAV og Furene har tilbod om arbeidstrening 3 til 5 dagar i veka. Nokre dagar i veka er ein opptil 11 deltakarar. Lokala ein delar med Gnisten dagsenter, spesielt i høve garderobefasilitetar, er utfordrande når det har kome til så mange fleire i Styrk-arbeid. I tillegg slit ein med bilparken i Styrk-arbeid med tanke på arbeidet ein utfører og transport av deltakarar ut på oppdraga.

## Tenestekvalitet

### Stab Helse og Forvaltning

- Det er jamn tilstrøyming av pasientar til dei kommunale fysioterapeutane, men dei lange ventelistene er primært hos fysioterapeutane med kommunale driftstilskot. Særskild stor er behovet/etterspurnaden i høve psykomotorisk fysioterapi tilbod.
- Ventelistene til ergoterapeutane opplever ein som aukande år for år. Dette er som forventa når fleire med behov for tilpassingar- og hjelpemiddel skal bu heime så lenge som mogeleg. Dette medfører også auka arbeidsmengd på driftsteknikarane, som skal bringe hjelpemiddel i eit demografisk utfordrande miljø. I tillegg opplever ein at fleire heimar ikkje er optimalt tilrettelagde i høve til å møte alderdomen på ein berekraftig måte.
- Det er ein godt rigga organisasjon med inntaksmøter og ventelistegjennomgangar, som sikrar at innbyggarane får rett teneste på rett nivå. Det er godt samarbeid på tvers mellom forvaltning og dei andre deltenestene.

### 42 Legeteneste

Legevakta:

- I samband med den utfordrande økonomiske situasjonen i samarbeidande kommunar har ein gått gjennom drift i legevakta. Her leverer ein gode tenester, og legevaktordninga har stor anerkjennelse hos deltakande hjelpepersonell. Dette er ei teneste med bemanning 24 timar i døgnet med høgt kompetansenivå på både sjukepleiarar og legar. Svartidene er omtrent i tråd

med tilrådingar, og ein har ingen klagesaker som har gått vidare til Statsforvalteren. Høg kvalitet på denne tenesta kjem også deltakande kommunar til gode.

Legeteneste :

- Ein har hatt god rekruttering ila 2024 og har auka kompetansenivå (spesialister/legar i spesialisering) enn tidlegare år. Dette gir betre kvalitet på tenestene og meir tryggleik for innbyggarane. Meir like økonomiske og organisatoriske rammer trur ein gir betre arbeidstilhøve og stabilitet i tenesta.

**43 Institusjonstenester**

- I kommunen har ein god kapasitet både ved korttidsavdelinga og på tal sjukeheimsplassar. I 2024 har ein hatt fleire ledige langtidsplassar, noko som medførte at kommunestyret vedtok å fase ut 8 plassar frå 2025.
- Ein har i korttidsseksjonen både ergoterapeut og fysioterapeut, noko som gir ei positiv utvikling av seksjonen og godt fokus på rehabiliteringsarbeid.

**46 Rus- og psykisk helseteneste**

- Vi opplevde at tilvising av nye brukarar held seg på eit høgt nivå, med 128 nye totalt i 2024. Noko lågare enn dei to føregåande åra. Grunna nivået på tilvisingar og etterslep på saker, har ein dei siste tre åra hatt om lag 3 månaders ventetid på nye tilvisingar. Vi avslår oftare helsehjelp, for eksempel knytt til kost/nytte/høg alder eller at dei har andre kommunale tenester og dette blir vurdert som "godt nok". Vi har i andre enden valt å prioritere raskare hjelp til dei yngste vaksne (18-25 år) og vaksne med små born. Som enkeltgruppe peikar flyktningar og studentar/skuleelevar seg ut med den største auken. Funn frå rapportar som Ungdata og studentane sin helse og trivselsundersøking (SHoT) gir oss eit bilete av den eigenrapporterte psykiske helsa i dei ulike aldergruppene nasjonalt og lokalt.




- Ei viktig presisering og nyansering av biletet er at vi ikkje har ventetid ved lågterskeltilboda våre. I både Styrk-arbeid og på Møteplassen Gnisten har vi hatt jamn god aktivitet og nye har kunne starta opp ved tilvising. Vi har også her fått yngre deltakarar og tilpassar tilbodet til dei som blir tilvist. Vi har etter pandemien, når mykje av dei formelle samarbeidsfora fall bort, fått gjennomretta eit godt samarbeid både ned NAV, Furene og velferdsgruppa ved Høgskulen i Volda.
- Ein ser ei generell endring der mange av brukarane som blir tilvist er yngre enn før, dei har meir omfattande og komplekse problemstillingar og treng tenester frå fleire aktørar for å hindre utanforskap og betre den psykiske helsa. Vi har også fleire brukarar som har tenester frå fleire av seksjonane våre samtidig, som for eksempel lågterskelaktivtet som dagsenter eller arbeidstrening, i tillegg til samtaletilbod eller praktisk bistand med opplæring, miljøterapeutisk oppfølging og medisinadministrasjon. Fleire av brukarane fyller krav til koordinator, og primærkontakten våre blir ofte oppnemnt til koordinator, noko som krev ekstra innsats frå tilsette i vår avdeling.
- Utan at ein har god forklaring på det, er det ein knekk oppover i tilvisningspraksis frå 2018. Ein kan legge ein linjal på kurva, så ser ein at denne stig jamnt og bratt frå 2018 til 2022, med unntak av ein dett første året med pandemi. I 2020 vart det gjennomført ein god omorganiseringsprosess i avdelinga der alle tilsette bidrog saman med STIM gruppa. Frå å bruke mesteparten av ressursane på brukarar i "forløp 3", brukarar med alvorlege og langvarige lidingar, kunne ein med ny organisering tilby helsehjelp etter behov - ikkje etter kva butilbod dei hadde. Det har vore heilt avgjerande å lukkast med denne omorganiseringa for å løyse oppdraget ein har med å tilby forsvarlege helsetenester innan psykisk helse og rus i kommunen, utan å få tilført nye ressursar i takt med tal tilvisingar.

## Utvalde resultat

**Stab Helse og Forvaltning**

- Tenestetildeling - forvaltningskontoret i samarbeid med tenestene har jobba mykje med å auke fokuset på å tildele rett teneste på rett nivå, dette i lys av å oppnå berekraftige tenester i framtida. Det er jobba mykje med å finne rett organisering og struktur av inntaksmøta, i tillegg til tydeleg styring og leiing. Eit solid forvaltningskontor som er rigga for framtida er avgjerande for å møte veksten både i tal yngre og eldre.
- Førebygging - det er viktig at vi rettar innsatsen på å førebygge og utsetje behovet for helsetenester. Då må ein ha gode lågterskeltilbod, og stadig vere på leit etter nye måtar å drifte-/organisere tenestetilboda våre på. Ein har ei sterk faggruppe med fysioterapeutar, ergoterapeutar og sjukepleiarar knytt til det førebyggande arbeidet i Volda.
- Innbyggardialog - det er viktig å rette blikket mot innbyggarane våre, kva er det dei kan gjere sjølv for å utsette behovet for kommunale tenester. Det blir jobba godt med dette internt inn mot avdelingar og seksjonar, i tillegg til deltaking i ulike lag og organisasjonar. Planlegging av temadag "bu trygt heime" starta hausten 2024, og ei samansett gruppe frå avdelinga har vore aktive i utforminga av denne dagen. Temadagen vart gjennomført 06. mars 2025.

**Legeteneste**

- Kommunen har meir pasientar på fastlegelistene enn det er registrerte innbyggarar i kommunen.
- Volda har innbyggarar frå andre fylke/kommunar som tek opp plassar på fastlegelistene. Kommunen får kompensert (basistilskot - gjesteinnbyggar) for omtrentleg 340 pasientar frå Stryn, 260 frå Ørsta, 90 frå Vanylven, 40 frå Herøy og 40 frå Stranda i betaling direkte frå desse kommunane.
- Gjennomsnittleg listelengde hos fastlegane i Volda er 836 (mot t.d. 704 i Ørsta).

**Institusjonstenester**

- Korttids seksjonen nådde målet med å utvide tal korttidsplassar til 21 ved at heile "Karvestova" ikkje lenger har langtidspaasientar. Tal korttidsplassar er i tråd med anbefalingane frå Agenda Kaupang.
- Kommunen hadde kun 3 betalingsdøgn til sjukehus for såkalla utskrivningsklare pasientar, som kommunen etter samhandlingsavtalen ikkje kunne ta imot raskt nok.
- Ein starta med ny grunnturnus på Hornindal Omsorgssenter, med langvakter på helg, eit av resultata av fokus på  heltidskultur.

**Rus- og psykisk helseteneste**

- Helse Møre og Romsdal rapporterte i september 2023 at dei har 60% av pasientar dømt til psykisk helsevern i Midt Noreg. Helseforetaket ser aukande behov for døgnplassar og har færre og færre plassar til andre pasientar som er i behov av døgntilbod som ikkje er dømt. Ved

utgangen av 2023 hadde Helse Møre og Romsdal 30 domfelte pasientar, men berre 14 øyremerka døgnplassar til denne gruppa.
- Kommunane må ruste seg til å ta i mot pasientar som er på dom og vurdert som utskrivingsklare frå regional eller lokal sikkerheitspost. Kommunen har førebels ikkje mange på dom til tvunge psykisk helsevern, men dette er svært kostnadsdrivande tiltak som må på plass og kommunen har lite påverknad på kva som skal leverast av helsetenester. Dette vil utfordre kommunen på prioriteringar om ein får fleire og trenden ein ser no fortset.

## Omstilling og digitalisering

**Stab Helse og Forvaltning**

- I 2022 vart det vedteke at ein skulle redusere kjøkkendrifta i Hornindal, og kjøkkenet har sidan då drifta med ei stilling frå mandag-fredag i vekedagar. Det er i budsjett 2025 vedteke å legge ned drifta i Hornindal og flytte produksjonen til Volda.
- Seksjon forvaltning gjennomførte i 2023 endringar i høve innhald-/oppgåver i 2,4 årsverk konsulentstillingar ved kontoret. Dette var tilsette som gjekk av med pensjon. Nokre av oppgåvene vart fordelt utover i organisasjonen, og innhaldet i dei resterande stillingane vart meir spissa i høve oppgåver og ansvar. Ved å gjere denne omstillinga vart det rekruttert inn ein spesialkonsulent og ein barnekoordinator innanfor eksisterande ramme. I 2024 vart konsulentstillinga knytt til vederlag flytta til økonomiavdelinga, dette for å mellom anna gjere denne mindre sårbar samt plassere den i rett fagmiljø.
- I 2023 vart seksjonsleiarstillinga i førebygging og rehabilitering omdisponert til å dekke opp deltidsstillingar, samt spissa ei av desse stillingane til fagutvikling innanfor rehabiliteringsarbeidet. Arbeidet i høve kvardagsrehabilitering, satsing på tverrfagleg rehabiliteringsteam og ergoterapi vart såleis styrka.
- I 2023 vart det gjennomført ei storsatsing på arbeidet ved korttidsavdelinga, og endringar i høve haldningar knytt til rehabilitering vart styrka gjennom teamarbeid. Omdisponering av ressursar frå ergo- og fysioterapitenesta gjorde dette mogeleg.
- Det har blitt jobba mykje med å digitalisere søknadsskjema i høve helse- og omsorgstenester.
- "Berntsen Beinlaus" er ei digital teneste som strukturerer kvardagen til brukarane, minner dei om kvardagsaktivitetar, og speler av personleg tilpassa treningsprogram.

**Legeteneste**

- Overgang frå delvis privat drift ved legesenteret i Volda sentrum, til kommunal drift. Fastlegane er likevel sjølvstendig næringsdrivande.
- Eiga anskaffing av legevikarar i samarbeid med Ålesund kommune.
- Digitalisert basistilskotoverføring og praksiskompensasjon for den einskilde fastlegen, slik at ein er ajour kvar mnd og ikkje etterskotsvis i året etter.
- På veg til å ta i bruk transkribrering og generering av samtale ved legekontor og kommunal legeteneste (under arbeid).
- Innkjøp og oppstart av journalsystemet (Pridok) ved bruk til sesongvaksinering, og høvesvis smittevernarbeid.
- Folkehelserapporten i framsikt.

**Institusjonstenester**

- Fått montert  somnofy på alle pasientrom ved Hornindal omsorgssenter, dette for at nattevaktene skal få betre oversikt og ikkje ha behov for å gå innom alle bebuarrom på faste runde.
- Tatt i bruk elektroniske dørlåsar på seksjon Pile- /Kleppetunet, slik bebuarane berre kjem seg inn på eige rom og ikkje kan gå inn til naboen.
- Vi har med to deltakarar frå institusjon i arbeidsgruppe Velferdteknologi
- Vi arbeider med  heltidskultur, slår saman små stillingar.
- Lyser ut 100 % stillingar, nyttar sjukevikarbudsjett til å auke opp stillingane
- Innføring av langvakter i turnus.
- Starta prosess med å etablere sjukepleie-/vernepleieteam i institusjonstenestene.

**Bu- og habiliteringstenester**

- Seksjonen Kleppevegen har vore Tørn pilot som eit ledd i heilttidkulturprosjektet
- Tenesta har i samarbeid med forvaltningskontoret starta gjennomgang av brukarvedtak
- Nokre brukarar har bytta seksjonstilknytning innanfor avdelinga Dette var gjennomført for å utnytte ressurs betre til gode for brukargruppa, og for å jamne ut storleiken mellom ulike seksjonar

**46 Rus- og psykisk helseteneste**

- Skulering av tilsette for etablering av gruppetilbod pasientar, eks. “Tankevirus”
- Heiltidskultur
- Ynskje og behov for å sjå på lokalisering av "Utetenesta",  så ein kan spare ressursar ved å legge tilrette for oppmøte på kontor for samtale. Ville effektivisert drifta mykje, ein får meir “ansikt til ansikt tid” og mindre tid i bil, samt spare bilressursar og kostnader knytt til bilhald. Pr.  i dag deler alle tilsette kontor, så let seg ikkje gjennomføre i praksis.
- Vurdere digitale samtaleverkty

## Internkontroll og statleg tilsyn

Helse- og omsorgssektoren har i 2024 hatt mykje fokus på internkontroll, både som system gjennom årshjul med faste fokusområde på faste tidspunkt. Bruken av avvikssystemet i compilo er mykje brukt i sektoren, gjennom dette fangar ein også opp og får sett på dagsorden ulike hendingar til forbetring.

I 2024 gjennomførte arbeidstilsynet med helse- og omsorgssjefen sitt kontor på overordna ROS HMS, med spesielt fokus på leiargruppa til kommunalsjefen og seksjonsleiargruppene i avdelingane innanfor institusjonstenester, heimebaserte tenester og bu- og habiliteringstenester. Det vart gitt fire pålegg. Innføre systematisk arbeid for HMS, kartlegge og risikovurdere, utarbeide tiltaksplan og at bedriftshelsetenesta skal hjelpe til i påleggsgjennomføringa.

Det har vore ein god prosess i fleire trinn for å lukke pålegga. Fristen for å svare ut pålegga var 21.03.25, så det er ikkje mottatt svar frå arbeidstilsynet endå.

## Beredskap og samfunnssikkerheit

Sektoren følgjer det overordna kommunale kriseplanverket og krav til sektoren sin beredskap finst i fleire lover og forskrifter.

Sektoren yter mange tenester som handlar om liv og helse og har delplanar for fleire områder. Beredskapsplan for helse- og omsorgstenester, smittevernplan, plan for psykososial kriseomsorgsgruppe for å nemne noko. Det er gjort vurderingar og lagt plan for beredskapslager for mat for å takle ein situasjon med stopp i leveranse av næringsmiddel.

Det er også gjort mange risikovurderingar og utarbeidd rutinar knytt til hendingar som hindrar kommunen i å yte tenester, f.eks ved isolasjon pga ras/skred, ferjer som ikkje går, straumstans, digitale nettverk som ikkje er operative mm.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Stab Helse og Forvaltning | 21,58 | 0,91 | 1,20 | 23,69 |
| Legeteneste | 12,61 | 2,17 | 3,13 | 17,91 |
| Institusjonstenester | 87,05 | 1,23 | 0,85 | 89,13 |
| Heimetenester | 76,73 | 4,56 | 0,68 | 81,97 |
| Bu- og habiliteringstenester | 72,72 | 2,76 | 1,84 | 77,32 |
| Rus- og psykisk helse | 24,48 | 5,40 | 2,93 | 32,81 |
| Søre Sunnmøre legevakt | 14,34 | 1,17 | 1,14 | 16,65 |
| **Total** | **309,51** | **18,20** | **11,77** | **339,48** |

## Status årsverk

Helse- og omsorg har i snitt nytta 339,48 årsverk i drifta i 2024.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 433 | 96 | 86 | 25 | 320 | 70 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 41-Stab Helse og Forvaltning | 47 807 | 40 438 | 47 929 | 122 | 0,3 % |
| 42-Legeteneste | 28 430 | 27 484 | 27 476 | -954 | -3,5 % |
| 43-Institusjonstenester | 106 270 | 103 494 | 104 151 | -2 119 | -2,0 % |
| 44-Heimetenester | 80 341 | 76 987 | 77 655 | -2 686 | -3,5 % |
| 45-Bu- og habiliteringstenester | 90 412 | 85 216 | 86 975 | -3 438 | -4,0 % |
| 46-Rus- og psykisk helse | 26 957 | 29 212 | 28 848 | 1 891 | 6,6 % |
| 49-Søre Sunnmøre legevakt | 297 | 0 | 314 | 17 | 5,3 % |
| **Sum** | **380 514** | **362 831** | **373 348** | **-7 166** | **-1,9 %** |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 383 093 | 395 955 | 392 345 | -3 609 | -0,9 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 36 350 | 37 993 | 32 348 | -5 645 | -17,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 52 239 | 72 662 | 70 602 | -2 060 | -2,9 % |
| Overføringsutgifter | 17 746 | 22 666 | 23 931 | 1 265 | 5,3 % |
| Finansutgifter | 121 | 21 | 200 | 179 | 89,7 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **489 549** | **529 297** | **519 426** | **-9 871** | **-1,9 %** |
| Salgsinntekter | -29 677 | -31 769 | -29 004 | 2 765 | -9,5 % |
| Refusjoner | -104 249 | -116 630 | -116 658 | -28 | 0,0 % |
| Overføringsinntekter | -283 | -275 | -255 | 20 | -7,9 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -90 | -109 | -162 | -53 | 32,7 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-134 299** | **-148 783** | **-146 078** | **2 704** | **-1,9 %** |
| **Netto resultat** | **355 250** | **380 514** | **373 348** | **-7 166** | **-1,9 %** |

### Kommentar til status økonomi

Samla sett gjekk sektoren med eit meirforbruk på litt i overkant av 7,1 mill. Det er fleire årsaker til dette resultatet, nokre av dei større enn andre. Til tross for auke i budsjettet til Nav pga auke i sosialhjelpsutgifter, vart det meirforbruk på ca 1,2 mill. Dyrtid og flyktningssituasjonen er hovudårsaka til dette. Dyrtida har og gitt utslag på utgifter til mat på storkjøkkenet vårt, men ser det dukkar opp ekstrakostnader/ dilemma på drift(innkjøp nye driftsmiddel vs høge reparasjonskostnader). Det er og stor auke i kostnader for serviceavtalar og lisensar.

For legetenesta er auka kostnader stort sett knytt til utgifter på legevakt. M.a vart timeløn for legar reforhandla etter uendra sats i tre år, som ikkje vart tilstrekkeleg kompensert for ved budsjettering. Ein ser også at ved noko fråvær i grunnturnus for sjukepleiegruppa, kan kostnaden for vikar verte høge, då det ofte utløyser overtid.

I institusjonstenestene kan ein oppsummere årsakene til samla meirforbruk på ca 1,35 mill knytt til utfordringar i høve rekruttering og fagdekning. Båe årsakene medfører ofte fordyrande løysingar knytt til forskyvning, overtid, auka slitasje på tilsette og innslege av ressursar frå vikarbyrå i tre seksjonar deler av året.

Også i heimebaserte tenester er det liknande utfordringar. I sommaravviklinga måtte ein inngå avtale med vikarbyrå for å få fag-dekning til å gå opp. I tillegg har ein hatt dyre bakvaktsløysingar i Hornindal. Ikkje uventa er utfordringane aukande i den ambulerande heimetenesta. Det er fleire innbyggarar gjennom året som gir oss dyre ekstrakostnader, då ein ikkje klarer gi dei forsvarlege tenester utan å måtte leige inn ekstra bemanning. Ofte er det beliggenheit som er utløysande for dette, men det kan

også vere komplekse medisinskfaglege oppdrag som gjer vi må styrke bemanning med særleg kompetent personell. Desse behova endrar seg mest heile tida, og løysingane er ofte ulike for korleis ein vel å løyse dei. I heimetenestene er også lisenskostnadane til mange nye velferdsteknologiske løysingar sterkt aukande. Samla sett gjekk denne avdelinga med eit meirforbruk på nesten 2,7 mill.

I bu- og habiliteringstenestar hadde to seksjonar mindreforbruk i fjor, Verslavegen og Hamna dagsenter. Også i denne avdelinga ser ein mykje av dei same utfordringane som innan eldreomsorga, men kanskje endå tydelegare her. Det er forholdsvis mange vakante stillingar i avdelinga, det medfører stor belastning på faste tilsette og vikarar. For å sikre tenester til brukarar, endar ein ofte opp med dyre innleigeløysingar. Dette er verken fagleg eller økonomisk ønskeleg og ein set derfor stort fokus på at dette må endrast. I tillegg ser ein at budsjettert inntekt på særleg ressurskrevjande tenester har vore for høgt, truleg 5-6 millionar differanse. Samla ligg avdelinga an til i underkant av 3,5 mill i meirforbruk.

Også i rus- og psykisk helseteneste har ein slite med rekruttering av personell. I stor grad har ein unngått dyre innleigeløysingar, men prioritert knalltøft på oppgåvene. Ein leiar var også borte mest eit heilt år utan at det vart sett inn vikar i staden. Til tross for at inntektene til lågterskeltilbodet har blitt redusert, avsluttar ein likevel med eit mindreforbruk i avdelinga med knapt 1,9 mill.

## Oppsummering tiltak

Heiltidskultursatsinga går vidare, det er rett veg å gå både å tenke smartare bruk av ressursane, kva kompetanse ein treng til ulike tenesteoppdrag og og det å gjere det meir attraktivt å jobbe i tenestene våre. Vi må rekruttere betre. Vi er på veg, men det tek tid. Årsturnus er nok ein rett veg å gå for å planlegge drift med ein vidare horisont og å kunne sjå på styringsmoglegheitene som ligg i dette. Tilsette flest ynskjer føreseielege oppdrag i jobben. Til fleire faste tilsette med store stillingar, jobbar ein oftare med nære kollegaer som kjenner korleis ein skal løyse oppgåver når ein er på jobb. Effekten av dette er gevinst til alle, både tenestemottakarar og tilsette. Vi skal gjere meir av det vidare.

På legevakta driv ein og utarbeider eit grunnlag for eit utvida eigarmøte, då kostnadsauken på legevakta naturlegvis uroar kommunane som er med å finansiere drifta der.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




**Detaljvisning drift (graf)**







## Status hovudmål

- Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.
- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne. | Tal aktive Aktivitetsvennar | 35,0 | 40,0 | 89,0 | Ein ser at å telje berre tal aktivitetsvennar, gir ein ikkje eit godt nok bilete av samla frivillegheit inn mot eldreomsorga. Talet gjer eit hopp fordi både aktivitetsvennar, besøksteneste og andre frivillige som har kontinuitet på det frivillege arbeidet gjennom faste oppdrag er no telt med. |
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Ei drift i samsvar med budsjettramme | 0,0 % | 100,0 % | 101,9 % | Viser til kommentarar under økonomistatus. |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Investering i samsvar med budsjettrammer | | 97,0 % | 37,6 % | Innkjøp av velferdsteknologiske produkt var mindre enn budsjettert i 2024, men ubrukte midlane kjem godt med i 2025. |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Sjukefråvær i avdeling | 8,9 % | 8,7 % | 11,6 % | |
| | | Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt | | 5,0 % | 6,0 % | Vi er på rett veg i heiltidskulturprosjektet. Kjekke tal å sjå positiv utvikling frå år til år. |
| | | Årleg auke i heiltidsandel for turnustilsette i helse og omsorg | | 5,0 % | 5,0 % | **43 Institusjonstenester**<br><br>Institusjonstenestene har auka snitt stilling % frå 70 % st til 75,6 % st i 2024<br><br>35 av 98 stillingar er 100 % stilling i 2024 (36 % heiltidsandel )<br><br>27 av 115 stillingar er 100 % stilling i 2023 ( 23 % heiltidsandel)<br><br>4301 : 11 av 17 tilsette over 80 % st<br><br>4302 : 14 av 23 tilsette over 80 % st<br><br>4303 : 18 av 24 tilsette over 80 % st<br><br>4304 : 12 av 16 tilsette over 80 % st<br><br>4305: 11 av 18 tilsette over 80 % st |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. | Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året | 5,4 | 5,5 | | Undersøkinga i 2024 gjekk til personar langtidsavdelingane på dei to sjukeheimane i kommunen, felles måling for både Volda og Hornindal omsorgssenter. Deltakinga hadde 89,7% svarprosent og viste 92,3% svarte JA på spørsmålet “Alt i alt, eg er fornøgd med sjukeheimen/ omsorgsbustaden der eg bur”. Undersøkinga vart gjennomført av vg2-elevar som var ute i praksis. |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|



Undersøking “Bedre kommune ” for Volda- og Hornindal omsorgssenter

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Andel 80 åringar som takkar ja til førebyggande heimebesøk | 76,0 % | 78,0 % | | I 2024 vart det ikkje gjennomført nokon individuelle førebyggande heimebesøk, då desse vart erstatta med å arrangere temadagen "Bu trygt heime", 6.mars 2025. Ein sendte i desember 2024 ut eit informasjonsbrev til alle som fylte/vil fylle 80 år i 2024 og 2025, med ein særskild invitasjon til å kome på temadagen. I brevet vart det også opna opp for at den enkelte kunne ta kontakt med ergoterapitenesta, dersom nokon ikkje kunne stille på temadagen og heller ønska eit individuelt førebyggande heimebesøk. Ein har ikkje fått nokon slike henvendelsar så langt. "Bu trygt heime"- dagen vart svært godt besøkt, med ca 140 som møtte. |
| | | Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand | | 20,0 | | Det viser seg no at dette er eit mål det er vanskeleg å hente ut korrekt statistikk ifrå. Saker som vert avslutta og lagt i arkiv påverkar resultatet for sakshandsamingstid og gir ikkje eit korrekt bilete av faktisk handsamingstid. Sektoren må truleg sjå etter andre resultat som er lettare og rettare å gi signal på korleis vi jobbar. |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Befolkning** | | | | | |
| Befolkning - Personer som bor alene, 45 år + | 23,6 | | | | |
| **Prioritet** | | | | | |
| Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 5,8 % | 6,1 % | 4,0 % | 4,5 % | 4,7 % |
| Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 36,4 % | 35,5 % | 41,9 % | 39,4 % | 38,8 % |
| Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B) | 40,5 % | 37,1 % | 37,2 % | 36,5 % | 32,5 % |
| Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B) | 136 | 36 | 182 | 432 | 528 |
| Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) | 692 | 727 | 2 338 | 2 402 | 1 983 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 6,7 % | 6,1 % | 5,1 % | 5,8 % | 6,4 % |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B) | 8 523 | 8 806 | 7 510 | 8 209 | 8 419 |
| Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) | 465 | 338 | 380 | 400 | 397 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 57,5 % | | | | |
| **Oppvekst og levekår** | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Trives på skolen, 10. klasse | 86,0 | | | | |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) | 61 655 | 66 924 | 148 575 | 62 387 | 69 540 |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) | 355 196 | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) | 1 335 509 | 1 341 490 | 1 628 304 | 1 566 217 | 1 623 737 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B) | 19,1 % | 20,2 % | 16,8 % | 21,4 % | 19,3 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B) | 14,0 % | 17,5 % | 19,0 % | 21,2 % | 19,6 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B) | 26,1 % | 22,8 % | 21,8 % | 17,7 % | 19,1 % |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 52,8 % | 47,9 % | 41,7 % | 37,4 % | 34,0 % |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) | 4,2 % | 4,8 % | 4,1 % | 4,7 % | 4,9 % |
| Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B) | 98,6 | 101,9 | 100,2 | 99,3 | 99,0 |
| **Økonomi** | | | | | |
| Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B) | 13,0 | 13,6 | 12,4 | 11,7 | 11,5 |
| **Helsetilstand** | | | | | |
| Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | 24,0 | | | | |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | |
| Fastlønnet kom.helsetj. kn. til fysioterapi- og legeårsv. avt. fysio.årsv. per 10 000 innbyggere (årsv.) | 5,8 | 5,7 | 5,3 | 4,3 | 4,4 |
| Fastlønnet Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.) | 6,4 | 6,4 | 5,9 | 117,9 | 256,7 |
| Tilskudd Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.) | 5,6 | 5,6 | 5,4 | 136,6 | 274,9 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | |
| Effektivitet Sosiale tjenester | | | | | |
| Gjennomsnittlig listelengde (B) | 823,4 | 835,8 | 706,2 | 867,1 | 922,6 |

## Status investeringsprosjekt

*Beløp i 1000*

| Investering | Budsjett for året<br>Rev. bud. | Rekneskap | Forbruk i % i år | Avvik i kr |
|---|---|---|---|---|
| Helseplattforma | 1 000 | 914 | 91,4 % | 86 |
| Velferdsteknologi Helse og omsorg | 2 019 | 223 | 11,1 % | 1 796 |
| Sum | 3 019 | 1 138 | | 1 881 |

## Statustekst investeringar

**Helseplattforma**
Volda kommunestyre gjekk tidlegare i år inn for å utsetje å ta stilling til om ein skal gå for helseplattforma. Prosjektet går derfor inn i ei dvaleperiode og administrasjonen må sjå på korleis ein vil føre løna til den lokale innføringsleiaren av helseplattforma, som er fast tilsett i kommunen.

**Inventar, bilar og utstyr Helse og omsorg**
Sektoren har gjort alle investeringane som var tenkt i dette prosjektet.

**Velferdsteknologi Helse og omsorg**
Dette året er det kjøpt inn mange Somnofy- produkt. Det er allereie montert opp på alle pasientrom på Hornindal omsorgssenter. I tillegg er ein i gang med utskifting av tryggleiksalarmar, då desse må skiftast ut då 2G nettet vert stengt ned. Det blir og kjøpt inn mange nye GPS- alarmar, då bruken av desse er aukande og at desse også brukar 2G. Det er behov for innkjøp fleire Somnofy, då utbygging av denne teknologien har høg prioritet og avgjerande for gevinstuttak på litt lengre sikt. Det ligg i utviklinga av Somnofy, Gardian, at desse to produkta skal brukast saman. Dette gir utvida moglegheit og vil kunne nyttast i mange høve heime hjå folk.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,49 % | 9,88 % | 13,37 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,86 % | 7,01 % | 10,87 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,44 % | 8,10 % | 11,55 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Stab Helse og Forvaltning

### Skildring av tenesteområde

### Seksjon førebygging og rehabilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde

- Fysio- og ergoterapitenesta som gir tilbod om undersøking og tiltak til menneske med utfordringar knytta til rørsle og aktivitet. Tenesta driv også med helsefremjande og førebyggande arbeid. Målet er å redusere risikofaktorar som kan føre til nedsett helse. Ergoterapeutane har i tillegg ansvar for å søkje, tilpasse og følgje opp hjelpemiddel.
- Frisklivssentralen der målgruppa er menneske med sjukdom eller auka risiko for sjukdom, som treng støtte til å endre levevanar og meistre helseutfordringar.

### Forvaltningskontor

- Det er forvaltningskontoret i sektoren som tek imot og handsamar søknadar om helse- og omsorgstenester. Sakshandsamarane skal gje informasjon, råd og rettleiing i høve tenestene, og ein kan også få hjelp til å søkje eller klage.
- Koordinerande eining har ansvaret for at personar som har behov for langvarige og koordinerte tenester, opplever ein heilskapleg samanheng i tenestene.
- Kreftkoordinator skal koordinere og tilretteleggje kvardagen for kreftsjuke og pårørande på best mogeleg måte.

### Kjøkkendrift

- Kjøkkenet lagar mat til pasientar og bebuarar på sjukeheim og omsorgsbustader, samt middag til heimebuande med vedtak om matombringing.
- Det blir også gitt cateringtilbod.
- Kjøkkenet driftar to avdelingar, Volda omsorgssenter og Hornindal omsorgssenter.

## Drift

- Avdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av elektroniske anlegg og installasjonar.
- Reparasjonsarbeid.
- Ansvar for mottak, montering, utlevering og opplæring i bruk av hjelpemiddel.

Tenestetilboda er lokalisert på Volda omsorgssenter i 1 etasje.

### Viktige hendingar

## Viktige hendingar

- Forvaltningskontoret starta i 2024 arbeidet med å vurdere standard og nivå på tildeling av tenester i bu og habilitering. Dette grunna utfordringar med manglande samsvar mellom tildelte tenester og tilgjengelege ressursar. Arbeidet vil fortsette inn i 2025.
- Rullering av kvalitetsstandarden vart sluttført i løpet av året, og vedteke i kommunestyret i november.
- Frå årsskifte 2023-24 vart økonomikonsulent stillinga ved forvaltningskontoret flytta over til økonomiavdelinga. Årsaka til dette var mellom anna for å unngå sårbarheit i stillinga, samt plassere den i eit rett fagmiljø. Stillinga er i all hovudsak knytt til vederlagsberekning.
- Seksjon førebygging og rehabilitering vart i november invitert inn til samarbeidsmøte med Helse Møre og Romsdal i høve dialog kring korleis rehabiliteringstilbodet har utvikla seg siste åra. Dette med bakgrunn i at Volda kommune opplever eit tydeleg auke i pasientar med behov for omfattande tverrfagleg rehabilitering etter cerebrale hendingar. Møtet danna grunnlag for auka samarbeid framover.
- Arbeidet med personvern har blitt godt jobba med i heile sektoren, og gjennomgang av behandlingsprotokollar er no fast etablert som system med alle avdelingsleiarar og forvaltningskontor.
- Rekrutteringsvanskane utfordrar oss på stadig betre stimuleringsavtalar for tilsette, og nytt av året er avtale om flytting av ferieperiode i hovudferien. Det er forventa at dette kan ta ned behovet for vikarar i den mest sårbare ferieavviklinga.
- Agenda Kaupang sine funn vart presentert i ein felles fagdag om innsatstrapp og bustadtrapp - der dei lyfta fram forslag til korleis vi kan løyse både dei noverande og framtidige utfordringane innanfor helsetenestene. Det vil vere viktig å fortsette dette arbeidet i 2025.
- Felles møtepunkt for avdelingsleiarar, seksjonsleiarar, økonomiavdeling og forvaltningskontor vart gjennomført i april. Dette er eit viktig ledd for å betre samhandling og auke fokuset på internkontrollrutinane våre.
- I mai vart det lyst ut 60 % driftstilskot fysioterapeut i Hornindal. Det var 14 søkjarar til tilskotet, og ny fysioterapeut var på plass i august. Utlysing av kommunal fysioterapistilling i juni hadde 26 søkjarar, og ny terapeut var på plass i september. Ny barnekoordinator vart tilsett i juni med oppstart i januar 2025. Til denne stillinga var det 12 søkjarar. Dette syner at Volda kommune rekrutterer svært godt både fysioterapeutar og koordinator-/sakshandsamarar.
- Budsjettprosessen knytt til “punkt 8” utfordra fleire tilsette i organisasjonen i høve til å presentere alle dei ikkje lov-pålagte oppgåvene vi har i helse- og omsorgstenesta. Det vart lagt ned mykje arbeid, og fleire opplevde nok prosessen både som lærerik og krevjande.

- Revidert samarbeidsavtale vart vedteke mellom Helseføretaket og kommunane i fylket for 01.01.2025-31.12.202028. Ragnhild Aarflot Kalland har vore medlem i forhandlingsutvalet som representant for alle kommunane på Søre Sunnmøre.
- I høve heiltidskulturprosjektet har ikkje avdeling helse og forvaltning vore så tungt representert, då vi kun har dag arbeidande og elles ein svært sterk heiltidskultur. Ein har likevel delteke på dei større samlingane i høve det overordna oppdraget med å løyse framtidas behov for helsepersonell. Dette er ei viktig satsing som i høgre grad blir prioritert dei neste åra.

## Tenestekvalitet

## Tenestekvalitet

- Det er jamn tilstrøyming av pasientar til dei kommunale fysioterapeutane, men dei lange ventelistene er primært hos fysioterapeutane med kommunale driftstilskot. Særskild stor er behovet/etterspurnaden i høve psykomotorisk fysioterapi tilbod.
- Ventelistene til ergoterapeutane opplever ein som aukande år for år. Dette er som forventa når fleire med behov for tilpassingar- og hjelpemiddel skal bu heime så lenge som mogeleg. Dette medfører også auka arbeidsmengd på driftsteknikarane, som skal bringe hjelpemiddel i eit demografisk utfordrande miljø. I tillegg opplever ein at fleire heimar ikkje er optimalt tilrettelagde i høve til å møte alderdomen på ein berekraftig måte.
- I kommunen har vi god kapasitet både ved korttidsavdelinga og på sjukeheim. I 2024 har ein hatt fleire ledige langtidsplassar, noko som medførte at kommunestyret vedtok å fase ut 8 plassar frå 2025.
- Det er ein godt rigga organisasjon med inntaksmøter og ventelistegjennomgangar, som sikrar at innbyggarane får rett teneste på rett nivå. Det er godt samarbeid på tvers mellom forvaltning og dei andre deltenestene.

## Utvalde resultat

## Utvalde resultat

- Tenestetildeling - forvaltningskontoret i samarbeid med tenestene har jobba mykje med å auke fokuset på å tildele rett teneste på rett nivå, dette i lys av å oppnå berekraftige tenester i framtida. Det er jobba mykje med å finne rett organisering og struktur av inntaksmøta, i tillegg til tydeleg styring og leiing. Eit solid forvaltningskontor som er rigga for framtida er avgjerande for å møte veksten både i tal yngre og eldre.
- Førebygging - det er viktig at vi rettar innsatsen på å førebygge og utsetje behovet for helsetenester. Då må vi ha gode lågterskeltilbod, og stadig vere på leit etter nye måtar å drifte-/organisere tenestetilboda våre på. Vi har ei sterk faggruppe med fysioterapeutar, ergoterapeutar og sjukepleiarar knytt til det førebyggande arbeidet i Volda.
- Innbyggardialog - det er viktig å rette blikket mot innbyggarane våre, kva er det dei kan gjere sjølv for å utsette behovet for kommunale tenester. Det blir jobba godt med dette internt inn mot avdelingar og seksjonar, i tillegg til deltaking i ulike lag og organisasjonar. Planlegging av temadag “bu trygt heime” starta hausten 2024, og ei samansett gruppe frå avdelinga har vore aktive i utforminga av denne dagen. Temadagen blir gjennomført 6 mars 2025.

## Omstilling og digitalisering

### Gjennomførte omstillingsprosessar

- I 2022 vart det vedteke at ein skulle redusere kjøkkendrifta i Hornindal, og kjøkkenet har sidan då drifta med ei stilling frå mandag-fredag i vekedagar. Det er i budsjett 2025 vedteke å legge ned drifta i Hornindal og flytte produksjonen til Volda.
- Seksjon forvaltning gjennomførte i 2023 endringar i høve innhald-/oppgåver i 2,4 årsverk konsulentstillingar ved kontoret. Dette var tilsette som gjekk av med pensjon. Nokre av oppgåvene vart fordelt utover i organisasjonen, og innhaldet i dei resterande stillingane vart meir spissa i høve oppgåver og ansvar. Ved å gjere denne omstillinga vart det rekruttert inn ein spesialkonsulent og ein barnekoordinator innanfor eksisterande ramme. I 2024 vart konsulentstillinga knytt til vederlag flytta til økonomiavdelinga, dette for å mellom anna gjere denne mindre sårbar samt plassere den i rett fagmiljø.
- I 2023 vart seksjonsleiarstillinga i førebygging og rehabilitering omdisponert til å dekke opp deltidsstillingar, samt opprette ei fagutviklingssjukepleiestilling. Arbeidet i høve kvardagsrehabilitering, satsing på tverrfagleg rehabiliteringsteam og ergoterapi vart såleis styrka.
- I 2023 vart det gjennomført ei storsatsing på arbeidet ved korttidsavdelinga, og endringar i høve haldningar knytt til rehabilitering vart styrka gjennom teamarbeid. Omdisponering av ressursar frå ergo- og fysioterapitenesta gjorde dette mogeleg.
- 

### Digitalisering

- Det har blitt jobba mykje med å digitalisere søknadsskjema i høve helse- og omsorgstenester.
- “Berntsen Beinlaus” er ei digital teneste som strukturerer kvardagen til brukarane, minner dei om kvardagsaktivitetar, og speler av personleg tilpassa treningsprogram.

2017: Tok på oss ansvar for aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år og oppretta **Styrk-aktiv**

- 2018: Etablering av **Myra bufellesskap**. Flytta 100% stilling frå Rustenesta, 80% stilling frå ambulerande og 40% stillingsressurs frå Gnisten.
- 2019: Styrking av **nattevaktene** med flytting av våre nattevakstressursar til heimetenestene tilsvarande 2 årsverk.
- 2020: Kommunesamanslåing og omlegging av drift grunna krav om likeverdige tenester til innbyggjarar i **Hornindal** utan tilføring av ressursar.
- 2020: Frå stadleg bemanna omsorgsbustader til **ambulerande drift**; oppgåvekartlegging , endring og flytting av personalressursar mellom seksjonar og omorganisering av tenestene (**TØRN**)
- 2020: Etablering av **inntaksmøte** i samarbeid med forvaltningskontoret for raskare og betre avklaring av tilvisingar, kartlegging, spissing av tenester, tidsavgrensing av helsehjelpa
- 2022: Oppretting av **pårørandekontakter** og **tilbod til pårørande i grupper**

## Påbegynt omstillingsprosessar

- Skulering av tilsette for etablering av gruppetilbod pasientar, eks. "Tankevirus"
- Heiltidskultur
- Ynskje og behov for å sjå på på lokalisering av Utetenesta så ein kan spare ressursar på å krevje oppmøte på kontor for samtale. Ville effektivisert drifta mykje, ein får meir "ansikt til ansikt tid" og mindre tid i bil, samt spare bilressursar og kostnader knytt til bilhald. Pr. i dag deler alle tilsette kontor, så let seg ikkje gjennomføre i praksis.

## Digitalisering

- Vurdere digitale samtaleverkty

## Årsverk

| | **Faktiske årsverk 2024** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Stab Helse og Forvaltning | 3,70 | 0,00 | 0,00 | 3,70 |
| Teknisk drift, Helse og omsorg | 2,00 | 0,00 | 0,00 | 2,00 |
| Forvaltningskontor, Helse og omsorg | 7,19 | 0,13 | 0,96 | 8,28 |
| Førebygging og rehabilitering | 1,40 | 0,07 | 0,24 | 1,71 |
| Fysioterapi | 4,40 | 0,03 | 0,00 | 4,43 |
| Ergoterapi | 2,89 | 0,68 | 0,00 | 3,57 |
| Forvaltningskontor oppdragstakar | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| **Total** | **21,58** | **0,91** | **1,20** | **23,69** |

## Status årsverk

Endringar:

Teknisk drift 2

Forvaltningskontor 8,4

Kjøkkendrift 7,34

Førebygging og rehabilitering 1,8

Fysioterapi 4

Ergoterapi 2,8

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 24 | 10 | 7 | - | 13 | 8 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 47 807 | 40 438 | 47 929 | 122 | 0,3 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 23 036 | 24 250 | 24 888 | 639 | 2,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 14 880 | 15 710 | 13 342 | -2 369 | -17,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 10 575 | 11 907 | 9 216 | -2 691 | -29,2 % |
| Overføringsutgifter | 17 428 | 22 154 | 23 605 | 1 451 | 6,1 % |
| Finansutgifter | 121 | 21 | 200 | 179 | 89,7 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **66 040** | **74 042** | **71 251** | **-2 791** | **-3,9 %** |
| Salgsinntekter | -21 000 | -21 938 | -19 454 | 2 484 | -12,8 % |
| Refusjoner | -4 094 | -4 231 | -3 768 | 463 | -12,3 % |
| Overføringsinntekter | -43 | -20 | 0 | 20 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | -16 | -47 | -100 | -53 | 53,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-25 153** | **-26 236** | **-23 322** | **2 914** | **-12,5 %** |
| **Netto resultat** | **40 886** | **47 807** | **47 929** | **122** | **0,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

Det er eit samla negativt avvik i helse og forvaltning på kr 636.504,- ved utgangen av året.

Årsak til meirforbruket er i hovudsak knytt til auka utgifter for felles Nav kontor med Ørsta. Vidare er det som forventa, og meldt om i oktober, meirforbruk på matvarer, forbruksmateriell, driftsutgifter, serviceavtalar og medisinsk forbruksmateriell.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
20 579
11 907 384
24 249 743
74 042 131
15 710 429
22 153 995
Lønn
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Finansutgifter


Driftsinntekter
-20 000
-47 000
-4 231 037
-26 235 596
-21 937 559
Salgsinntekter
Refusjoner
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.** | Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne. | Tal aktive Aktivitetsvennar | | 40,0 | | |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. | Alt i alt, kor fornøgd er du med helse- og omsorgstenestene du har hatt siste året | | 5,5 | | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Befolkning** | | | | | |
| Befolkning - Personer som bor alene, 45 år + | 23,6 | | | | |
| **Prioritet** | | | | | |
| Aktivisering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 5,8 % | 6,1 % | 4,0 % | 4,5 % | 4,7 % |
| Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B) | 40,5 % | 37,1 % | 37,2 % | 36,5 % | 32,5 % |
| Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) | 692 | 727 | 2 338 | 2 402 | 1 983 |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B) | 6,7 % | 6,1 % | 5,1 % | 5,8 % | 6,4 % |
| Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B) | 8 523 | 8 806 | 7 510 | 8 209 | 8 419 |
| **Oppvekst og levekår** | | | | | |
| Oppvekst og levekår - Trives på skolen, 10. klasse | 86,0 | | | | |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) | 61 655 | 66 924 | 148 575 | 62 387 | 69 540 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B) | 52,8 % | 47,9 % | 41,7 % | 37,4 % | 34,0 % |
| Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) | 4,2 % | 4,8 % | 4,1 % | 4,7 % | 4,9 % |

### Helsetilstand

| | |
|---|---|
| Helsetilstand - Overvekt og fedme, 17 år | 24,0 |

### Andre nøkkeltal

Effektivitet Sosiale tjenester

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Sakshandsamingstid helsetenester i heimen | 0,0 | 25,0 | 24,0 | 24,0 | 23,0 |
| Tal brukarar helsetenester i heimen | 0,0 | 309,0 | 325,0 | 325,0 | 326,0 |
| Tal brukarar praktisk bistand/daglege gjeremål | 0,0 | 185,0 | 179,0 | 179,0 | 180,0 |
| Andel 80 åringar som har nytta tilbodet om førebyggande heimebesøk | 0,0 % | 75,0 % | 0,0 % | 80,0 % | 85,0 % |
| Tal brukarar som har fått tenesta kvardagsrehabilitering i løpet av året | 43,0 | 50,0 | 43,0 | 54,0 | 60,0 |
| Tal brukarar som har fått teneste av tverrfagleg rehabiliteringsteam | 0,0 | 4,0 | 4,0 | 6,0 | 8,0 |
| Tal brukarar som har fått tenesta koordinator i løpet av året | 0,0 | 40,0 | 12,0 | 45,0 | 50,0 |
| Sakshandsamingstid for søknader om praktisk bistand/daglege gjeremål | 0 | 25 | 28 | 23 | 22 |
| Tal brukarar som har individuell plan | 0,0 | 42,0 | 36,0 | 42,0 | 45,0 |

Vi starta å rapportere på aktivitetsnøkkeltala i 2023, så dette forklarer kvifor vi har høg sum dette året, og lågare no i 2024, då årets tal kun er auke frå førre år.

Førebyggande heimebesøk har 0 besøk i 2024. Årsaka til dette er at ein no prøvar ut ein annan måte å organisere tilbodet på. I 2024 fekk difor alle 80 åringar brev og invitasjon til open temadag: Bu trygt heime. Temadag vert arrangert 6 mars 2025.

Tala i høve sakshandsaming helsetenester i heimen/praktisk bistand, daglege gjeremål, gir oss ikkje kvalitativt gode nok tal, og fagprogrammet vi nyttar per i dag er ikkje tilstrekkeleg for å få til dette. Vi vel difor å ta vekk desse tala for 2025.

Nytt aktivitetsnøkkeltal er tal brukarar helsetenester i heimen og tal brukarar praktisk bistand/daglege gjeremål.

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 2,34 % | 5,55 % | 7,89 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 1,30 % | 4,26 % | 5,56 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,91 % | 7,19 % | 9,10 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Legeteneste

### Skildring av tenesteområde

Avdeling for legetenesta i Volda har ansvaret for drifta ved seksjonane Volda Legesenter og Hornindal Legekontor. I tillegg er Volda kommune vertskommune for Søre Sunnmøre Legevakt, og denne seksjonen inngår også i avdeling for legeteneste. Vidare er avdelinga ansvarleg for kommunale legeoppgåver, som kommuneoverlege, sjukeheimslege, helsestasjonslege, smittevern og liknande.

I Volda har vi i dag 14 fastlegar, fordelt mellom 12 legar i Volda sentrum og 2 i Hornindal. Fram til i dag har vi rekruttert godt, og greidd å erstatte legar som sluttar og å utvide med ekstra heimlar når det har vore behov for det. Sjølv om vi sist utvida med ny heimel i 2022, så er fastlegelistene fulle i kommunen og det er vidare behov for å auke. Volda legesenter har ikkje meir kapasitet mtp. legekontor, og listelengdene er ikkje mindre enn det som er i regionen elles. Både Ulstein og Volda skil seg ut med at dei har høgt tal “gjesteinnbyggjarar”. I praksis medfører dette at vi må tilby mange fastlegetenester til hovudsakleg dei som bur i Ørsta, Stryn eller i noko mindre grad andre deler av landet. I tillegg til fastlegane har vi i Volda to LIS1 (legar i spesialisering, tidlegare kalla turnuslegar); 1 i Volda og 1 i Hornindal.

- Volda Legesenter
  - 12 fastlegar, 1 LIS1 (turnuslege)
  - 8,9 årsverk hjelpepersonell, fordelt på 11 tilsette
- Hornindal Legekontor
  - 2 fastlegar, 1 LIS1 (turnuslege)
  - 1,8 årsverk hjelpepersonell (inkludert seksjonsleiar), fordelt på 3 tilsette
- Søre Sunnmøre Legevakt
  - Legevakttenester på kveld, natt og helg for Søre Sunnmøre
  - 15,2 årsverk sjukepleier/ambulansearbeider/leiar
  - Omkring 80 legar tilknytt ordninga for 2024

Legane i Volda sentrum har hatt ei overordna avtale med kommunen frå 2013. Denne avtalen seier at legane får utbetalt basistilskotet og deretter leiger lokalar og tenester av Volda kommune, herunder lokalane i Stormyra 6 med tilhøyrande inventar, datautstyr og medisinsk utstyr, tenester frå

hjelpepersonell, drift av lokala (straum, reinhald og vedlikehald), administrative tenester frå løn, personal og økonomi og IKT-støtte. Kostnadene for dette dekkast av legane etter ein eigen fordelingsnøkkel. Av desse kostnadene dekker kommunen likevel 1,2 årsverk hjelpepersonell, 0,3 årsverk for dagleg leiar og IKT-ansvarleg og 15 % av dei øvrige kostnadane som ein kompensasjon for at fastlegane driver legevakttenester på dagtid. Vidare dekker kommunen 0,7 årsverk hjelpepersonell på grunnlag av at LIS1 driver frå legesenteret.
Legane i Hornindal har ei enklare avtale, ei såkalla «nullavtale», der kommunen beheld basistilskotet og i staden dekker heile kostnadane knytt til husleige og drift. I løpet av 2024 har ein framforhandla ny økonomisk samarbeidsavtale med alle fastlegane i kommunen, som er meir lik "nullavtalen" som Hornindal hadde tidlegare. Denne legg til rette for mindre kompleks overgang økonomisk frå fratredande fastlege til ny lege, meir samhandling, førstseielege kostnadar for legen og favoriserer i større grad næring enn fastløn for legen. Denne avtalen trer i kraft 1.1.25.

Legevakt på kveld, natt og helg er organisert med interkommunal legevakt i Hovdebygda, med Volda kommune som vertskommune. På Søre Sunnmøre Legevakt er legane timelønte arbeidstakarar. Den interkommunale avtalen har gjort at presset for å dekke inn vakter er lavare enn før og legane er generelt godt nøgde med legevakta og avtalane som er gjort der. Legevakta tilbyr også tenester av svært god kvalitet. Legane framforhandla ny avtale for timeløn på kveld og helg (ikkje natt), noko som har gjort legevakta meir attraktiv for legane i regionen. Ein tenkjer at dette kan gi betre rekrutteringstilhøve for legar knytt til legevaktsamarbeidet.

## Viktige hendingar

Ny sjukeheimsoverlege ved Volda omsorgssenter frå november 2024, Sunniva Seim Flote. Legen kjem frå spesialisthelsetenesta og har høg kompetanse innan geriatri (sjukdommar hos eldre).

Framforhandling av ny økonomisk samarbeidsavtale med fastlegane i Volda kommune. Lik avtale for Hornindal og Volda sentrum, der ein har som formål om å sikre stabilitet, rekruttering og minimere bruk av vikarbyrå på sikt. Legesenteret i Volda går fra delvis privat drift til kommunal drift. Trer i kraft 1.1.2025.

I samarbeid med sektor samfunnsutvikling og legetenesta har ein via ei arbeidsgruppe utarbeida eit politisk avgjerdsgrunnlag for framtidig lokalisering av legesenter i Volda sentrum. Den løysinga som er best tenleg for framtida var etablering av nytt legesenter, framfor å splitte i to legesenter eller å utvida i eksisterande bygg.

Volda Sjukehus skifta gikk på Helseplattformen i 2024, og dette har medført konsekvensar for tenesta. Fastlegane fortel om meir vanskar knytt til kommunikasjon (epikriser) med foretaket, lengre ventelister og ringare tilbod for pasientane (fleire spesialistar har sagt opp). Ein har i starten meldt inn fleire avvik knytt til samhandlinga, og kommunen er i dialog med foretaket omkring temaet og har etablert arbeidsprosessar.

## Tenestekvalitet

Legevakta:
I samband med den utfordrande økonomiske situasjonen i samarbeidande kommunar har ein gått gjennom drift i legevakta. Her leverer ein gode tenester, og legevaktordninga har stor anerkjennelse hos deltakande hjelpepersonell. Dette er ei teneste med bemanning 24 timar i døgnet med høgt

kompetansenivå på både sjukepleiarar og legar. Svartidene er omtrent i tråd med tilrådingar, og ein har ingen klagesaker som har gått vidare til Statsforvalteren. Høg kvalitet på denne tenesta kjem også deltakande kommunar til gode.

Legeteneste :
Ein har hatt god rekruttering ila 2024 og har auka kompetansenivå (spesialister/legar i spesialisering) enn tidlegare år. Dette gir betre kvalitet på tenestene og meir tryggleik for innbyggarane. Meir like økonomiske og organisatoriske rammer trur ein gir betre arbeidstilhøve og stabilitet i tenesta.

## Utvalde resultat

Fastlegelister:
Kommunen har meir pasientar på fastlegelistene enn det er registrerte innbyggarar i kommunen.

Volda har innbyggarar frå andre fylke/kommunar som tek opp plassen på fastlegelistene. Kommunen får kompensert (basistilskot - gjesteinnbyggar) for omtrentleg 340 pasientar frå Stryn, 260 frå Ørsta, 90 frå Vanylven, 40 frå Herøy og 40 frå Stranda i betaling direkte frå desse kommunane.

Gjennomsnittleg listelengde hos fastlegane i Volda er 836 (mot t.d. 704 i Ørsta).

## Omstilling og digitalisering

Omstilling:
Overgang frå delvis privat drift ved legesenteret i Volda sentrum, til kommunal drift. Fastlegane er likevel sjølvstendig næringsdrivande.

Eiga anskaffing av legevikarar i samarbeid med Ålesund kommune.

Digitalisering:
Digitalisert basistilskotoverføring og praksiskompensasjon for den einskilde fastlegen, slik at ein er ajour kvar mnd og ikkje etterskotsvis i året etter.

På veg til å ta i bruk transkribrering og generering av samtale ved legekontor og kommunal legeteneste (under arbeid).

Innkjøp og oppstart av journalsystemet (Pridok) ved bruk til sesongvaksinering, og høvesvis smittevernarbeid.

Folkehelserapporten i framsikt.

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Legetenester kommunal | 4,34 | 0,87 | 2,96 | 8,17 |
| Volda legesenter | 6,11 | 0,84 | 0,00 | 6,95 |
| Hornindal legekontor | 2,16 | 0,46 | 0,17 | 2,79 |
| **Total** | **12,61** | **2,17** | **3,13** | **17,91** |

## Status årsverk

Modellen til Volda legesenter har vore delvis privat drift. Dette har medført at nokre stillingar har vore plassert på 4201 (kommunal legeteneste) og mesteparten av stillingane på 4202 (Volda legesenter). I praksis har dette medført at det har vore 8,9 stillingar hjelpepersonell fordelt på 11 stillingar (inkludert leiar). Ved rapportering i 2025 blir det ei overføring av stillingar frå 4201 til 4202.

Hornindal legesenter har grunnbemanning av hjelpepersonell (inkludert leiing) på 1,8 stillingar. I praksis vil dette medføre at dei er 2 hjelpersonell, alle dagar unnateke fredag då dei er kun ein. Det er totalt to turnuslegar (LIS1) i løpet av eit år (halvt år kvar) i 100% stilling. Sjukeheimslegen har 30% stilling, og veileder har 10 % stilling x 2 for å vere rettleiar for LIS1 og ALIS (allmennlege i spesialisering).

For legevakta er det 50% legevaktoverlege, og seksjonsleiar på 100% som ikkje er inkludert i turnus. Seksjonsleiar deltek likevel med vakter ved behov. Det er totalt 15,1 årsverk utanom legane. Det er ca. 80 legar som er innom legevakta ila. eit år.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 26 | 11 | 13 | 6 | 15 | 6 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 28 430 | 27 484 | 27 476 | -954 | -3,5 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 17 853 | 19 195 | 19 150 | -46 | -0,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 3 641 | 3 874 | 3 048 | -826 | -27,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 17 398 | 19 594 | 18 382 | -1 212 | -6,6 % |
| Overføringsutgifter | 318 | 416 | 326 | -89 | -27,4 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **39 209** | **43 079** | **40 906** | **-2 173** | **-5,3 %** |
| Salgsinntekter | -733 | -759 | -930 | -171 | 18,3 % |

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Refusjoner | -10 720 | -13 827 | -12 438 | 1 390 | -11,2 % |
| Overføringsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansinntekter og finansieringstransaksjoner | 0 | -62 | -62 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-11 453** | **-14 649** | **-13 430** | **1 219** | **-9,1 %** |
| **Netto resultat** | **27 757** | **28 430** | **27 476** | **-954** | **-3,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Det er auka kostnadar frå legevakt som er grunn til at ein har auka utgifter, men ein får delvis dekt dette via administrasjonsutgifter som ein får tilbakebetalt når ein er vertskommune.

For legevakta så har ein hatt auke i lønsutgifter på 4207 (legevakt kveld/helg) på 1,8 millionar som i hovudsak skyldast lønsauke etter lokale forhandlingar til vaktlegane. Avtalen hadde ikkje vore reforhandla på fleire år (2021). Ein tok høgde for dette ved revidert budsjett, noko som gjorde at ein heldt seg innanfor ramma og ikkje hadde meirforbruk.

4203: Lønskostnadar hadde eit avvik på 4,2 %, i hovudsak frå fastløn og overtidsløn. Det er kjent høgt beløp på overtid for legevakta, men dette var mindre enn året før. Legevakta har høgt spesialiserte sjukepleiarar, og det hovudtyngda av turnusen er plassert på ugunstig arbeidstid (kveld, natt, helg). Dette medfører at det er utfordringar med å dekkje opp grunnturnusen og ein må nytte alternative løysingar.

Totalt sett for 4203 så ser ein at rekneskapet for 2024 opp mot 2023 viser ei kostnadsauke på kr 3,7% (kun løn og utgifter).

## Oppsummering tiltak

Ein deltek og utarbeider grunnlag for utvida eigarmøte ved legevakta, for å avklare om det er mogleg å gjere noko med dei auka utgiftene.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*







## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger (B) | 136 | 36 | 182 | 432 | 528 |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B) | 98,6 | 101,9 | 100,2 | 99,3 | 99,0 |
| **Grunnlagsdata (Nivå 3)** | | | | | |
| Fastlønnet kom.helsetj. kn. til fysioterapi- og legeårsv. avt. fysio.årsv. per 10 000 innbyggere (årsv.) | 5,8 | 5,7 | 5,3 | 4,3 | 4,4 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Fastlønnet Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.) | 6,4 | 6,4 | 5,9 | 117,9 | 256,7 |
| Tilskudd Kommunehelsetj. knyttet til fysioterapi- og legeårsv. Avt. fysio.årsv. (årsv.) | 5,6 | 5,6 | 5,4 | 136,6 | 274,9 |
| **Andre nøkkeltal** | | | | | |
| Gjennomsnittlig listelengde (B) | 823,4 | 835,8 | 706,2 | 867,1 | 922,6 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 1,54 % | 6,36 % | 7,90 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,24 % | 8,12 % | 11,36 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 1,88 % | 2,65 % | 4,53 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Institusjonstenester

## Skildring av tenesteområde

### Volda Omsorgssenter er inndelt i 4 seksjonar :

- **Selje /Hasletunet :** seksjon for personar med ei demens diagnose, med 19 bebuarar fordelt på to bu grupper
- **Pile /Kleppetunet :** skjerma demens seksjon, plass til 18 bebuarar fordelt på to bu grupper. Seksjonen er tilrettelagt for personar som har behov for ekstra skjerming.
- **Otta /Karvestova :** somatisk langtids-seksjon med 19 rom.
- **Kaptein / Klokkarstova** : korttids-seksjon, 18 rom , men kan ha 3 dobbeltrom. Vi har samla 21 korttidsplassar, som ein og nyttar til avlastingsopphald

**Hornindal Omsorgssenter er ein seksjon :**

- Er fordelt på 3 grupper,  til saman 23 langtidsplassar og 1 avlastingsplass
- **Elvakrokjen :** gruppe for 6 bebuarar med demens
- **Utsikta** : gruppe med 8 bebuarar og eit avlastingsrom
- **Årestova** : gruppe med 9 bebuarar

**Vaskeritenester for pasienttøy:**

- Vaskeri teneste for pasient tøy er lagt under institusjon er fordelt på to vaskeri**.**

**Legedekning :**

- Institusjonane har tilsynslegeordning for begge institusjonane.

## Viktige hendingar

**Felles for institusjonstenestene**

- Seksjonane har i 2024 hatt jamlege bebuararmøter , personal-møter for ulike grupper ( dag/kveld+natt+ spl gruppe) og STIM møter.
- Alle seksjonane utførte vernerundar i feb /mars 24
- Prosjekt «servicevakter» sommaren 23 var stor suksess. I 2024 hadde vi annonse på dette og fekk inn 120 søkarar. Vi tilsette 25 stk fordelt på 5 seksjonar, dette har også i år fungert godt. Positivt at vi har rekruttert inn fleire av dei som no fyller 18 år i ordinære pleiestillingar på helg
- Det er lyst ut 8 stk 100 % sjukepleie/vernepleiestillingar siste året , har gjort tilsetjing på 3 stk, men manglar fortsett denne kompetansen. Dette vil medføre bruk av vikarbyrå også denne hausten, og i starten av 2025
- Mai 24 arrangerte vi opne pårørande-møter , eit for Hornindal Omsorgssenter og eit på Volda Omsorgssenter. greit oppmøte. Orientering om institusjonane , og dei ulike seksjonane fortalte om sitt arbeid. Frivilligkoordinatorane fekk fortelje om sitt arbeid, og dei ulike aktivitetane dei har gjennomført ved institusjonane siste året. Kommunalsjef deltok på desse møta.

**Volda Omsorgssenter** :

- Alle seksjonane starta opp med nye grunnturnusar frå 2 sept 24.
- Tilsette har i ny grunnturnus fått auka sine faste stillingar  ved at vi fordelte mesteparten av dei vakante stillingane, i tillegg vart det redusert på tal kortvakter, noko som må til skal ein få gjennomført heiltidskultur. .
- Korleis skal vi fortsatt greie å levere dei gode tenestene som vi gjer pr idag
- Gjennomført aktivitetar som vanleg i 2024
- Gjennomført Rulatormaraton 7 mai 24
- Grillfest for bebuarar juni 24
- Volda Omsorgssenter har via eigedom fått oppgradert dei fleste bebuaroma og bad

**Hornindal Omsorgssenter:**

- Hornindal Omsorgssenter er pilot på turnusprogrammet Dynamon
- Dei starta med langvaktturnus på helg sept 24
- Gjennomført aktivitetar som vanleg i 2024 ( Andakt, erindringsgruppe med demensforeininga , Kløvertur v/sanitetsforeininga, besøk av barnehagane.
- Ut over dette prøvar personale å aktivisere med gåturar, trappetrening, fellestrening/styrkeøvelsar, motiview syklar, puslespel, sangstunder mm når dei rekk det i kvardagen
- Sansehagen rundt 30 august 24

## Tenestekvalitet

- Korttids seksjonen, har i 2024 nådd målet med å utvide tal korttidsplassar , dei jobbar fortsett med korleis skal ein fortsette å levere dei gode tenestene, når ein no har auka tal korttidsplassar opp til 21.
- Ein har i korttids seksjonen både Ergoterapeut og Fysioterapeut, noko som gir ei positiv utvikling av seksjonen. Dei er der og gir rettleiing til dei tilsette.
- Pasientane som kjem inn no både på korttidsavdelinga og på langtidsavdelingane er meir komplekse enn tidlegare og krev meir fagkompetanse.

**Men vi ser utfordringar som:**

- Stadig fleire, nye og komplekse oppgåver innan helse og omsorg skal løysast på kommunalt nivå
- Markant auke i tal eldre over 80 år i åra framover.
- Ei aktiv korttidsavdeling treng og meir ressursar, skal ein få ein god pasientflyt, og få pasientane ut til heimen att.
- Det er aukande tal yngre menneske med demens diagnose ( alkohol demens) som har behov for ekstra skjerming
- Det vil vere fleire brukarar med psykiske helse utfordringar og / eller rus utfordringar, som vert eldre og kan ha behov for institusjonsplass, ofte på skjerma eining

## Utvalde resultat

Korttids seksjonen, har i 2024 nådd målet med å utvide tal korttidsplassar , dei jobbar fortsett med korleis skal ein fortsette å levere dei gode tenestene, når ein no har auka tal korttidsplassar opp til 21.

Vi har i 2024 ikkje hatt betalingsdøgn på sjukehus, dette indikera på at korttidsavdelinga vår pr no er rett dimensjonert.

Vi starta opp ny grunnturnus på Hornindal Omsorgssenter, med langvakter på helg for å møte det med heltidskultur

## Omstilling og digitalisering

I 2024

**Digitalisering :**

- Fått montert  somnofy på alle pasientrom rom i Hornindal, dette for at N-vaktene skal få ei betre oversikt og ikkje har behov for å gå innom alle bebuarane på faste runde.
- Er ein plan for vidare montering på Volda Omsorgssenter i 2025
- Tatt i bruk elektroniske dør låsar Pile- /Kleppe-tunet, slik bebuarane kjem seg inn berre på eige rom og ikkje kan gå inn til naboen.
- Vi har med to deltakarar frå institusjon i arbeidsgruppe Velferdteknologi

**Omstillingsprosessar :**

- Vi arbeider med  heltidskultur, slår saman små stillingar.
- Lyser ut 100 % stillingar, nyttar sjuke vikarbudsjett til å auke opp stillingane
- Oppgåve kartlegging/fordeling
- Innføring av langvakter i turnus.
- Starta prosessen med å etablere sjukepleie-/vernepleieteam i institusjonstenestene.

## Årsverk

| | **Faktiske årsverk 2024** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Kjøkkendrift | 7,26 | 0,00 | 0,00 | 7,26 |
| Seljetunet/Hasletunet | 13,61 | 0,77 | 0,26 | 14,64 |
| Piletunet/Kleppetunet | 17,11 | 0,11 | 0,34 | 17,56 |
| Klokkarstova/Kapteinstova | 19,19 | 0,00 | 0,24 | 19,43 |
| Ottarstova/Karvestova | 13,21 | 0,00 | 0,01 | 13,22 |
| Hornindal omsorgsenter | 15,52 | 0,35 | 0,00 | 15,87 |
| Vaskeri | 1,15 | 0,00 | 0,00 | 1,15 |
| **Total** | **87,05** | **1,23** | **0,85** | **89,13** |

## Status årsverk

Av dei årsverka som ligg her er det kun ansvar 4306 som stemmer. Det som er korrekt utifrå grunnturnusar og innspel til budsjett vedtak i 2025, i høve heltidskultur og langvakter

4301 : 17.30

4302: 20,98

4303 : 22,65  ( avdelingsleiar 1 årsverk er ein del av desse )

4304 : 17,5  -> (Frivillig koordinator 40 % st er og ein del av desse årsverka)

4305 : 21,86

4306 : 1,15

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| **Kjønnsbalanse** | | **Midlertidige tilsette** | | **Faktisk deltid** | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 127 | 14 | 17 | - | 98 | 11 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 106 270 | 103 494 | 104 151 | -2 119 | -2,0 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 106 534 | 108 350 | 106 789 | -1 561 | -1,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 8 948 | 9 044 | 7 740 | -1 304 | -16,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 774 | 2 253 | 2 699 | 447 | 16,6 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 82 | 0 | -82 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **117 256** | **119 728** | **117 228** | **-2 500** | **-2,1 %** |
| Salgsinntekter | -6 266 | -6 926 | -6 542 | 385 | -5,9 % |
| Refusjoner | -5 774 | -6 352 | -6 356 | -4 | 0,1 % |
| Overføringsinntekter | -113 | -180 | -180 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-12 153** | **-13 458** | **-13 078** | **381** | **-2,9 %** |
| **Netto resultat** | **105 103** | **106 270** | **104 151** | **-2 119** | **-2,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

**4301 :** Merforbuk på fastløn, her kan det vere feilføring ved innleie .Mindreforbruk på faste tillegg .Meirforbruk på overtid , pga fag-dekning, bruk av vikarbyrå 8 veker sommar 24

**4302 :**Meirforbruk på drift -> her under lisensar , forbruksmateriell , kjøp av nye mobilar , ellers i balanse
**4303:** Meirforbruk på overtidslønn, her forskyvingar og overtid for å sikre sjukepleie dekning 24/ 7 , meirforbruk ekstrahjelp slik sjukepleiar kan gå på topp, når dei er åleine på huset.
**4304 :** Meirforbruk på overtid , sjuke vikar og variable tillegg vikarar. Har i tillegg hatt inne ein sjukepleiar frå vikarbyrå frå juli 24 til ut des 24 **4305:** Meirforbruk på overtid for å sikre fag-dekning. Har i tillegg hatt inne 2 sjukepleiarar frå vikarbyrå frå juni 24 til des 24.

**4306 :**Meirforbruk på fast løn, vac vikar som har vore inne anna løn enn den som er ute i permisjon utan løn.Meirforbruk på ekstra innleie, opplæring av nye vikarar

Samla viser slutt linja eit meirforbruk på ca 1,4 mill. I hovudsak skyldast dette bruk av vikar byrå i 3 seksjonar og meirforbruk på bruk av overtid for å sikre fag dekninga ein har krav om.

## Oppsummering tiltak

- Korttids seksjonen, har i 2024 nådd målet med å utvide tal korttidsplassar til 21 på Volda omsorgssenter, og 1 plass på Hornidal Omsorgssenter
- Korttids-seksjonen jobbar fortsett med korleis ein kan fortsett levere dei gode tenestene, når ein no har nådd tal korttidsplassar til 21.
- Ein har i korttids seksjonen både Ergoterapeut og Fysioterapeut, noko som gir ei positiv utvikling av seksjonen. Dei er der og gir rettleiing til dei tilsette.

- Pasientane som kjem inn, gjeld både på korttidsavdelinga og på langtidsavdelingane er meir komplekse enn tidlegare og krev meir fagkompetanse.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
82 286
2 252 644
9 043 918
119 728 498
108 349 650
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-180 300
-6 351 711
-13 458 469
-6 926 459
Salgsinntekter
Refusjoner
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Årleg auke i heiltidsandel for turnustilsette i helse og omsorg | | 5,0 % | 8,5 % | Institusjonstenestene har auka snitt stilling % frå 70 % st til 75,6 % st i 2024<br><br>35 av 98 stillingar er 100 % stilling i 2024 (36 % heiltidsandel )<br><br>27 av 115 stillingar er 100 % stilling i 2023 ( 23 % heiltidsandel)<br><br>4301 : 11 av 17 tilsette over 80 % st<br><br>4302 : 14 av 23 tilsette over 80 % st<br><br>4303 : 18 av 24 tilsette over 80 % st<br><br>4304 : 12 av 16 tilsette over 80 % st<br><br>4305: 11 av 18 tilsette over 80 % st |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 36,4 % | 35,5 % | 41,9 % | 39,4 % | 38,8 % |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) | 1 335 509 | 1 341 490 | 1 628 304 | 1 566 217 | 1 623 737 |
| **Økonomi** | | | | | |
| Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B) | 13,0 | 13,6 | 12,4 | 11,7 | 11,5 |

Vi ligg under både på netto og brutto driftsutgifter pr kommunal plass , samanlikna med Kostragruppe 7, Ørsta kommune og Møre og Romsdal

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal betalingsdøgn sjukehus | 31 836 | 5 508 | 0 | 0 | 0 |
| Tal institusjonsplasser og bustader med heildøgnsomsorg i forhold til tal eldre 80 år og over (dekningsgrad). | 0,0 % | 27,0 % | 27,0 % | 27,0 % | 0,0 % |
| Tal KAD innleggelser | 71 | 47 | 88 | 88 | 0 |
| tal korttidsplassar på instistusjon | 0 | 21 | 22 | 21 | 22 |
| Tal langtidsplassar institusjon | 0 | 80 | 79 | 80 | 79 |
| Tal personar med innvilga vedtak satt på venteliste langtidsplass | 0 | 8 | 0 | 0 | 0 |
| Tal vedtak på innvilga korttidsplass | 0,0 | 400,0 | 416,0 | 416,0 | 0,0 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,86 % | 10,64 % | 14,50 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 4,69 % | 6,43 % | 11,12 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 4,14 % | 8,44 % | 12,58 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Heimetenester

## Skildring av tenesteområde

Avdelinga består av seks seksjonar med kvar sin seksjonsleiar som har personalansvar og ansvar for den daglege drifta.

**Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2:**

- Om lag 31 årsverk
- Felles base ved Volda omsorgssenter
- Gruppe 2 inkluderer Folkestadtun med 11 leilegheiter med døgnbemanning

- "Heimetrenarar" i Kvardagsrehabiliteringsteam er tilsett her

**Ambulerande heimetenester gruppe 3:**

- Om lag 10 årsverk med base ved Hornindal omsorgssenter.
- Yter tenester i distriktet Hornindal, Bjørke, Viddal, Leira, Osdalen og Kalvatn.

**Dagsenter for eldre:**

- 4,8 årsverk
- driftar dagaktivitetstilbod i Volda sentrum, i Hornindal og på Folkestad

**Fjordsyn omsorgsbustader:**

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 17,81 årsverk og 29 leiligheiter

**Barstadtun omsorgsbustader:**

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 17,62 årsverk og 25 leiligheiter

I tillegg er hukommelsesteam og koordinator for velferdsteknologi organisert direkte under avdelingsleiar.

**Utfordringar**

- Hovedtyngda av brukarane er eldre med fleire sjukdomar, såkalla multisjuke eldre.
- Fleire skal bu lengre heime og ein ser at omfanget av tenester til den enkelte tenestemottakar aukar og stadig fleire har behov for samansette tenester. Frå hausten 2024 til hausten 2025 har tal mottakarar av heimesjukepleie knytt til basen i Volda sentrum auka ein del, og er no stabilisert på ca 210 brukarar med aktive helsetenester i heim.
- Stadig fleire eldre innbyggarar og dermed også personar med demens. Heimetenestene opplever aukande etterspørsel og større press på både ambulerande tenester, dagaktivitetstilbod, hukommelsesteam og omsorgsbustadar for eldre.
- Brukarar som får plass på bemanna omsorgsbustad har større pleie- og omsorgsbehov når dei får tildelt plass. Personalressursane på bustad har ikkje vore tilstrekkeleg justert i takt med dette.
- Tal oppdrag som krev sjukepleiarkompetanse auker i omfang og tid, då den medisinske behandlinga held fram etter utskriving frå spesialisthelsetenesta og/ eller institusjon.
- Samhandlingsavtalane med helseføretaket gir kort tid på førebuing til å ta i mot pasientar med behov for nye eller utvida tenester
- Det er eit aukande tal brukarar i private heimar som vert ivaretatt av heimetenestene i siste fase av livet.
- Geografien med lange avstandar og til dømes manglande nattferjer gir ekstra utfordring for drifta i heimetenestene.
- Rekruttere og behalde fagkompetanse, dette gjeld spesielt sjukepleiarar ved bemanna omsorgsbustadar

**Strategi**

- Satsing på alternative buformer, kommunikasjon og informasjon om kva den enkelte sjølv kan gjere for å planlegge eigen alderdom vil vere viktige strategier for å oppnå målet om at fleire skal bu heime lenger
- Tenestene må halde fram med tverrfagleg tilnærming, tidleg innsats, bruk av validerte kartleggingsverkty, eigenmeistring, samt brukar- og pårørendeinvolvering.
- Kontinuerleg kompetanseheving av personalet
- Vi må utvikle alternative arbeidsmetoder. Enkelte oppgåver som ikkje treng helsekompetanse må kunne løysast av andre yrkesgrupper. Eit døme er transportering av mat/middag til heimebuande. Denne oppgåva ligg i dag på heimesjukepleia, men burde vore lagt til andre å utføre for å sikre heimetenesta si kapasitet til å handtere stadig aukande mengde helseoppdrag.
- Sikre bærekraft i tenestene og tilstrekkeleg tid til å utøve leiing ved ta å i bruk digitale verkty for å lette og effektivisere manuelt planleggingsarbeid. Dette kan til dømes vere optimaliseringsprogram for utarbeiding av turnus og optimaliseringsverkty for køyrelister i dei ambulante heimetenestene
- Større bruk av velferdsteknologiske løysingar for å støtte tryggleik og meistring og for å sikre at vi bruker fagressursane der det trengst mest

## Viktige hendingar

Avdelinga består av seks seksjonar med kvar sin seksjonsleiar som har personal-ansvar og ansvar for den daglege drifta.

**Ambulerande heimetenester gruppe 1 og 2:**

- Om lag 31 årsverk
- Felles base ved Volda omsorgssenter
- Gruppe 2 inkluderer Folkestadtun med 11 leilegheiter med døgnbemanning
- "Heimetrenarar" i Kvardagsrehabiliteringsteam er tilsett her

**Ambulerande heimetenester gruppe 3:**

- Om lag 10 årsverk med base ved Hornindal omsorgssenter.
- Yter tenester i distriktet Hornindal, Bjørke, Viddal, Leira, Osdalen og Kalvatn.

**Dagsenter for eldre:**

- 4,8 årsverk
- driftar dagaktivitetstilbod i Volda sentrum, i Hornindal og på Folkestad

**Fjordsyn omsorgsbustader:**

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 17,81 årsverk og 29 leiligheiter

**Barstadtun omsorgsbustader:**

- Døgnbemanna omsorgsbustad for eldre, har 17,62 årsverk og 25 leiligheiter

I tillegg er hukommelsesteam og koordinator for velferdsteknologi organisert direkte under avdelingsleiar.

**Utfordringar**

- Hovedtyngda av brukarane er eldre med fleire sjukdomar, såkalla multisjuke eldre.
- Fleire skal bu lengre heime og ein ser at omfanget av tenester til den enkelte tenestemottakar aukar og stadig fleire har behov for samansette tenester. Frå hausten 2023 til hausten 2024 har tal mottakarar av heimesjukepleie knytt til basen i Volda sentrum auka ein del, og er no stabilisert på ca 210 brukarar med aktive helsetenester i heim.
- Stadig fleire eldre innbyggarar og dermed også personar med demens. Heimetenestene opplever aukande etterspørsel og større press på både ambulerande tenester, dagaktivitetstilbod, hukommelsesteam og omsorgsbustadar for eldre.
- Brukarar som får plass på bemanna omsorgsbustad har større pleie- og omsorgsbehov når dei får tildelt plass. Personalressursane på bustad har ikkje vore tilstrekkeleg justert i takt med dette.
- Tal oppdrag som krev sjukepleiarkompetanse auker i omfang og tid, då den medisinske behandlinga held fram etter utskriving frå spesialisthelsetenesta og/ eller institusjon.
- Samhandlingsavtalane med helseføretaket gir kort tid på førebuing til å ta i mot pasientar med behov for nye eller utvida tenester
- Det er eit aukande tal brukarar i private heimar som vert i varetatt av heimetenestene i siste fase av livet.
- Geografien med lange avstandar og til dømes manglande nattferjer gir ekstra utfordring for drifta i heimetenestene.
- Rekruttere og behalde fagkompetanse, dette gjeld spesielt sjukepleiarar ved bemanna omsorgsbustadar

**Strategi**

- Satsing på alternative buformer, kommunikasjon og informasjon om kva den enkelte sjølv kan gjere for å planlegge eigen alderdom vil vere viktige strategier for å oppnå målet om at fleire skal bu heime lenger
- Tenestene må halde fram med tverrfagleg tilnærming, tidleg innsats, bruk av validerte kartleggingsverkty, eigenmeistring, samt brukar- og pårørendeinvolvering.
- Kontinuerleg kompetanseheving av personalet
- Vi må utvikle alternative arbeidsmetoder. Enkelte oppgåver som ikkje treng helsekompetanse må kunne løysast av andre yrkesgrupper. Eit døme er transportering av mat/middag til heimebuande. Denne oppgåva ligg i dag på heimesjukepleia, men burde vore lagt til andre å utføre for å sikre heimetenesta si kapasitet til å handtere stadig aukande mengde helseoppdrag.
- Sikre bærekraft i tenestene og tilstrekkeleg tid til å utøve leiing ved ta å i bruk digitale verkty for å lette og effektivisere manuelt planleggingsarbeid. Dette kan til dømes vere optimaliseringsprogram for utarbeiding av turnus og optimaliseringsverkty for køyrelister i dei ambulante heimetenestene
- Større bruk av velferdsteknologiske løysingar for å støtte tryggleik og meistring og for å sikre at vi bruker fagressursane der det trengst mest

## Tenestekvalitet

## Omstilling og digitalisering

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Ambulerande heimetenester | 28,63 | 1,78 | 0,14 | 30,55 |
| Ambulerande heimetenester Hornindal | 9,22 | 0,77 | 0,45 | 10,44 |
| Dagsenter for eldre | 4,73 | 0,23 | 0,08 | 5,04 |
| Fjordsyn omsorgbustadar | 16,63 | 0,00 | 0,00 | 16,63 |
| Barstadtun omsorgbustadar | 17,52 | 1,78 | 0,01 | 19,31 |
| **Total** | **76,73** | **4,56** | **0,68** | **81,97** |

## Status årsverk

Tala som er nemn ovanfor stemmer ikkje overeins med tal årsverk som vi har ramme for. Dette fordi enkelte vikarar har fast lønn, i tillegg til personar som er ute i permisjon har fast lønn. Så då viser det litt feil i tala. Eg legg ved ei oversikt over det eg har budsjett til i %.

| seksjon | Årsverk |
|---|---|
| 4401 | 31,26 |
| 4402 | 10,53 |
| 4403 | 4,8 |
| 4404 | 17,81 |
| 4405 | 17,62 |
| | |
| Sum totalt | 82,02 |
| | |
| | |

Stillinga til Kari Anne Orvik ligg på budsjettet til 4401

Tilført meir ressursar 02.09 24, då 4402 gruppe 3 Hornindal gjor om turnusen sin med langvakter på helg.

4403 Odd Rudi (sjåfør) ligg  på budsjettet for dagsenteret med 100% stilling.

Astrid Dimmen (100%)+ Manuela Erlbeck (40%) ligg på budsjettet til 4405.

Alle årsverk er inkludert seksjonsleiar

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 123 | 11 | 18 | - | 104 | 8 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 80 341 | 76 987 | 77 655 | -2 686 | -3,5 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 80 864 | 83 273 | 80 786 | -2 488 | -3,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 834 | 1 127 | 694 | -432 | -62,3 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 223 | 1 620 | 1 620 | 0 | 0,0 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 12 | 0 | -12 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **82 921** | **86 032** | **83 100** | **-2 932** | **-3,5 %** |
| Salgsinntekter | -54 | -39 | -36 | 2 | -5,7 % |
| Refusjoner | -4 955 | -5 603 | -5 359 | 244 | -4,6 % |
| Overføringsinntekter | -87 | -49 | -49 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-5 095** | **-5 691** | **-5 445** | **246** | **-4,5 %** |
| **Netto resultat** | **77 826** | **80 341** | **77 655** | **-2 686** | **-3,5 %** |

## Kommentar til status økonomi

Dette er andre året at avdeling heimetenester ender opp med eit meirforbruk i høve budsjett. Dei fleste seksjonane har holdt seg innan ramma til trass for periodar med behov for auka bemanning (ekstrahjelp) grunna enkeltbrukarar med stort tenestebehov. Andre periodar er det spart med å unngå innleie, omprioritere ressursar, eller rett og slett at ein ikkje har fått tak i vikar.

Sommaren 2024 nytta vi vikar frå vikarbyrå i 2-3 mnd: tre i ambulerande heimetenester og ein på Folkestadtun. Dette er nok og grunnen til det store meirforbruket dette året for 4401. Men og o Hornindal har dei gått med mykje bakevakter for å kunne drifte forsvarleg som har gjort at dei har brukt meir peng.

Ved Barstadtun ser ein høgare inntekter enn budsjettert. Det er tilskot frå NAV i høve løns tilskot og varig tilrettelagt arbeid. Det er også ein del refusjon frå fylkeskommunen som er dekking av løn til ein av våre tilsette som er medlem i Fag prøvenemnda, og har permisjon med løn for oppdrag for Fylkeskommunen. Aktiviteten i prøvenemnda har vore høgare enn ein hadde rekna med.

Når det gjeld lisensar for velferdsteknologi som medisindispensere og digitalt tilsyn, så har utgiftene blitt ført på litt ulike postar, difor ser det ut som det er meirforbruk på nokre postar og mindreforbruk på andre.  Budsjett for medisindispensar er lagt på "Leie av driftsmidlar" medan faktura har blitt kontert på "Avgifter, gebyrer, lisensar" og "Kjøp og finansiell leasing av driftsmidlar".

Ved Fjordsyn og Barstadtun skuldast meirforbruket i hovudsak fråvær, og dermed høgt forbruk av overtid og forskyvingar for å halde drifta på fagleg forsvarleg nivå.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
12 176
1 126 545
1 620 024
86 032 130
83 273 385
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-38 559
-49 361
-5 691 209
-5 603 289
Refusjoner
Overføringsinntekter
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Årleg auke i heiltidsandel for turnustilsette i helse og omsorg | | 5,0 % | | |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. | Andel 80 åringar som takkar ja til førebyggande heimebesøk | | 78,0 % | | |
| | | Sakshandsamingstid for søknader om heimebaserte tenester og praktisk bistand | | 20,0 | | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prioritet** | | | | | |
| Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo (B) | 57,5 % | | | | |
| **Produktivitet** | | | | | |
| Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) | 355 196 | | | | |
| **Dekningsgrad** | | | | | |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B) | 19,1 % | 20,2 % | 16,8 % | 21,4 % | 19,3 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B) | 14,0 % | 17,5 % | 19,0 % | 21,2 % | 19,6 % |
| Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B) | 26,1 % | 22,8 % | 21,8 % | 17,7 % | 19,1 % |

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Snitt timetal utført teneste per veke per bebuar i døgnbemanna omsorgsbustad | 0,0 | 24,0 | 24,0 | 19,0 | 19,0 |
| Tal brukarar av dagaktivitetstilbod for eldre per 31.12 (totalt) | 0,0 | 40,0 | 40,0 | 60,0 | 60,0 |
| Tal brukarar av dagaktivitetstilbod tilrettelagt for personar med demens, per 31.12 | 0,0 | 20,0 | 20,0 | 20,0 | 20,0 |
| Tal brukarar med vedtak om Helsetenester i heimen i løpet av året (ambulerande tenester) | 0,0 | 275,0 | 275,0 | 275,0 | 275,0 |
| Tal brukarar med vedtak om Helsetenester i heimen per 31.12 (ambulerande) | 0,0 | 215,0 | 215,0 | 215,0 | 215,0 |
| Tal brukarar som har elektronisk medisineringsstøtte per 31.12 | 0,0 | 25,0 | 25,0 | 25,0 | 25,0 |
| Tal brukarar som har fått oppfølging av hukommelsesteam i løpet av året | 0,0 | 60,0 | 60,0 | 60,0 | 60,0 |
| Tal personar med digitalt tilsyn pr 31.12 | 0,0 | 150,0 | 150,0 | 150,0 | 150,0 |
| Tal personar som har lokaliseringsteknologi (GPS) utlånt frå kommunen | 0,0 | 25,0 | 25,0 | 25,0 | 25,0 |
| Tal personar utanfor omsorgsinstitusjon som har tryggleiksalarm pr 31.12 | 0,0 | 200,0 | 200,0 | 200,0 | 200,0 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,51 % | 11,12 % | 14,63 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 3,57 % | 5,37 % | 8,94 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,12 % | 5,63 % | 8,74 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Bu- og habiliteringstenester

### Skildring av tenesteområde

**Seksjon Bu og habilitering har ansvar for fylgjande tenesteområde:**

- Fire sam-lokaliserte bustadar for personar med utviklingshemming som lokalisert i Volda eller Hornindal sentrum.
- Barnebustad er eit bu - og tenestetilbod til barn med omfattande omsorg- og eller oppfølgingsbehov som følgje av store funksjonsnedsetjingar. Foreldra har ansvaret, men tilsette i barnebustaden ivareteke den dagleg omsorga for barnet på vegne av foreldra.
- Avlasting er for born og unge funksjonshemma som framleis bur heime. Føremålet er at pårørande får naudsynt kvile og fritid. I Volda kommune er barnebustaden og avlastinga lokalisert i Blåbærhaugen. Avlastinga er den tenesta som er mest uforutsigbar. På kort varsel kan ein få beskjed frå forvaltningskontoret om at det er eit behovet for å legge til rette eller auke avlastingstilbodet i forhold til eit barn eller ein person med nedsett funksjonsevne.
- Hamna dagsenter er eit interkommunalt tilbod mellom Volda og Ørsta kommune. Senteret er eit tilrettelagt arbeids- og aktiviseringstilbod for personar med ulik grad av psykisk utviklingshemming. Det er eit dagtilbod der arbeidsdagen og arbeidsoppgåvene er tilpassa den enkelte brukar. Eit overordna mål er at brukarane skal oppleve meistringskjensle, og utvikle seg igjennom aktivitetar og arbeidsoppgåver. Hamna har faste arbeidsoppdrag, i tillegg legg ein til rette for fysisk, kulturell og kreativ aktivitet.

Tenesta yter teneste til 68 tenestemottakarar.

### Tenestekvalitet

### Omstilling og digitalisering

- Seksjonen Kleppevegen har vore Tørn pilot som eit ledd i heilttidkulturprosjektet
- Tenesta har hatt gjennomgang av brukarvedtak

- Nokre brukarar har bytta tenestestad innanfor avdelinga Dette var gjennomført for å utnytte ressurs betre til gode for brukargruppa, og for å utjamne storleiken mellom ulike seksjonar

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Kleppevegen | 12,03 | 0,00 | 0,00 | 12,03 |
| Bømarka | 14,10 | 0,41 | 0,38 | 14,89 |
| Sevrinhaugen | 18,88 | 0,40 | 0,00 | 19,28 |
| Verslavegen | 8,31 | 0,63 | 0,00 | 8,94 |
| Blåbærhaugen | 8,88 | 0,79 | 0,23 | 9,90 |
| Hamna dagsenter | 10,52 | 0,53 | 1,23 | 12,28 |
| **Total** | **72,72** | **2,76** | **1,84** | **77,32** |

## Status årsverk

Rett årsverk er:

Kleppevegen 14,52

Bømarka 15,54

Sevrinhaugen 25,65

Verslavegen 8,82

Blåbærhaugen 10,47

Hamna dagsenter 13,19

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 88 | 26 | 11 | - | 65 | 20 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 90 412 | 85 216 | 86 975 | -3 438 | -4,0 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 90 591 | 93 707 | 91 006 | -2 701 | -3,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 2 391 | 2 296 | 2 305 | 9 | 0,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 20 423 | 36 340 | 37 808 | 1 468 | 3,9 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **113 405** | **132 344** | **131 119** | **-1 224** | **-0,9 %** |
| Salgsinntekter | -131 | -116 | -266 | -150 | 56,4 % |
| Refusjoner | -38 400 | -41 800 | -43 864 | -2 063 | 4,7 % |
| Overføringsinntekter | 0 | -15 | -15 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-38 531** | **-41 931** | **-44 144** | **-2 213** | **5,0 %** |
| **Netto resultat** | **74 874** | **90 412** | **86 975** | **-3 438** | **-4,0 %** |

## Kommentar til status økonomi

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
2 296 187
36 340 042
132 343 542
93 707 313
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-15 000
-115 744
-41 931 125
-41 800 382
Refusjoner
Salgsinntekter
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Årleg auke i heiltidsandel for turnustilsette i helse og omsorg | | 5,0 % | | |

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Antall personer med dagsenterplass i interkommunalt tiltak (Bu og habilitering) | 0 | 30 | 30 | 30 | 30 |
| Antall personar som bur i bufelleskap (Bu og habilitering) | 0 | 26 | 23 | 24 | 24 |
| Antal personar i privat eller kommunal bustad som får teneste frå ein samlokalisert base (Bu og habilitering) | 0 | 27 | 24 | 28 | 29 |
| Antal personar med avlastning tildelt i kommunal avlastningsbustad | 8 | 8 | 9 | 10 | 11 |
| Antal personar på venteliste avlastingstilbod | 0 | 2 | 0 | 2 | 0 |
| Antal personar med tvangsvedtak (Bu og habilitering) | 6 | 6 | 5 | 5 | 4 |
| Antal personar med BPA | 0 | 8 | 10 | 10 | 11 |
| Antal ressurskrevande brukarar | 0,0 | 19,0 | 21,0 | 20,0 | 21,0 |
| Antall timar gitt til ressurskrevjande brukarar | 0,0 | 1 000,0 | 147 000,0 | 127 000,0 | 130 000,0 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,73 % | 10,63 % | 14,35 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 4,11 % | 8,53 % | 12,64 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 4,34 % | 10,35 % | 14,69 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Rus- og psykisk helse

### Skildring av tenesteområde

Rus og psykisk helseteneste har fire seksjonar; lågterskeltilboda Styrk-arbeid og Gnisten i Prestegarden, dagtenester, ambulerande heimebaserte tenester og 7 omsorgsbustader i Myra bufellesskap. Tenesta har til saman knappe 30 årsverk fordelt på desse fire seksjonane.

Psykisk helse- og rusarbeid skal bidra til fleire friske leveår for innbyggjarane og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den enkelte, tredjepart og for samfunnet. Arbeidet skal bidra til å betre levekåra for personar som har eit rusmiddel- og/eller psykisk helseproblem, førebyggje og redusere problemutviklinga og fremje meistring i eige liv. Pårørande til menneske med rusmiddel- og/eller psykiske helseproblem skal sikrast nødvendig støtte eller avlasting.

#### Seksjon Lågterskeltilbod

- Møteplassen Gnisten er eit lågterskeltilbod som har eller har hatt rus- og/eller psykiske vanskar/lidingar. Her møtes ein i ei trygg atmosfære og driv ulike aktivitetar.
- Styrk-arbeid er eit arbeidstreningstiltak for unge vaksne som droppar ut av utdanning eller jobb. Ein legg til rette for meistring, både praktisk og sosialt, slik at vegen tilbake til arbeid eller skule blir enklare. Ein får tett oppfølging og kan og få bistand til jobbsøking og/eller ekstern praksisplass.
- Styrk-aktiv tilbyr aktivitet for sosialhjelpsmottakar under 30 år med vilkår om aktivitet etter sosialtenestelova i samarbeid med NAV Ørsta Volda. Gjennom tiltaket skal ein styrke den enkelte si moglegheit for overgang til arbeid eller utdanning, eller å bli sjølvforsørga på anna måte.

#### Seksjon Utetenester og Seksjon ambulerande tenester

- Utetenesta tilbyr bistand på dagtid, medan seksjon for ambulerande tenester yter helsehjelp både på dag og kveldstid til brukarar med meir omfattande bistandsbehov. det er og i samarbeid med nattevaktsprosjektet mogleg å få helsetenester på natt.

- Tenestene tilbyr støttesamtaler for å styrke brukaren og pårørande sine meistringsstrategiar, nettverksarbeid, praktisk hjelp og støtte i heimen, samt medikamentadministrasjon. Ein tilbyr vidare bistand til søknad om tverrfagleg spesialisert rusbehandling og behandling innan psykisk helsevern, og tenester i påvente av behandling eller etter utskriving.

**Seksjon Myra bufellesskap**

- 7 bemanna omsorgsbustader (forsterka bustader) med særleg kompetanse på alvorlege, langvarige samtidige rus og psykiske lidingar. Ein kan også få bistand på natt, dersom det er behov for helsehjelp då. Helsehjelpa ein får tilsvara helsehjelpa som ein elles tilbyd i andre seksjonar i avdelinga.

Det er særs viktig at alle seksjonane samarbeider godt med spesialisthelsetenesta om å styrke psykisk helsearbeid og rusarbeid i kommunen, samt å få til eit godt samarbeid med pårørande. Vi gir generell informasjon til pårørande om rettigheiter, vanleg praksis på området, sakshandsaming, moglegheit for opplæring og fagleg informasjon om rus og psykiske lidingar og vanleg behandling ved å halde jamlege pårørandesamlingar og pårørandekurs.

## Viktige hendingar

## Lågterskeltilbod Gnisten og Styrk-arbeid

Av viktige hendingar i 2024 er det på sin plass å nemne kafeen som vi gjennomfører ein gong i månaden i Prestegarden. Vi ser deltakarane tek større og større ansvar og kafeen er etter kvart godt besøkt av publikum. Vi har godt sal frå Hjartekråa, der produkta til deltakarane blir selde. Dette har blitt ein flott mestringsarena og eit ansikt uta, som vi også trur har gjort at fleire søkjer seg til desse tiltaka. I tillegg opplever vi at andre samarbeidande tenesteområde er meir bevisst tilbodet. Det er ca. 15 deltakarar som aktivt nyttar tilbodet på Gnisten kvar veke gjennom året. I tillegg er det nokon som brukar tilbodet i periodar når behovet er der. I 2024 var det totalt 31 brukarar som fekk tilbod om dagsenteraktvitet. Lågtersketilbodet på dagsenteret Gnisten har kapasitet til fleire og der er ikkje ventetid.

Den største hendinga i 2024 er likevel tal deltakarar vi har fått tilvist til Styrk-arbeid gjennom 2024. Dei som blir tilvist manglar skuleplass og/eller arbeid, har svak tilknytning til utdanningsarenaer og/eller arbeidslivet. Gjennom 2024 har ein hatt 20 deltakarar innom tiltaket. I 2024 fekk vi på plass igjen faste møter med NAV, som fell ut gjennom Covid. Ein har også starta samarbeide tettare med Furene, og tilbyr aktivitet til personar som ikkje klarer nyttiggjere seg ordinere tiltak gjennom NAV og Furene. Dei fleste som blir tilvist frå NAV og Furene har tilbod om arbeidstrening 3 til 5 dagar i veka. Nokre dagar i veka er ein opptil 11 deltakarar. Lokala ein delar med Gnisten dagsenter, spesielt i høve garderobefasilitetar, er utfordrande når det har kome til så mange fleire i Styrk-arbeid. I tillegg slit ein med bilparken i Styrk-arbeid med tanke på arbeidet ein utfører og transport av deltakarar ut på oppdraga.

## Resskurskrevjande tenester

Tenesta har måtte anskaffa to einetiltak frå privat leverandørar som er *svært* kostnadsdrivande. Det eine med oppstart februar 2023, det andre november 2023. Begge desse tiltaka var i full drift gjennom heile 2024. Vi klarer ikkje levere desse tenestene sjølv av ulike årsaker; der tilstrekkeleg rekruttering av kvalifisert personell og eigna bu-tilbod er den største lokale utfordringa.

Tenesta har opplevd ein bratt auke i tilviste saker frå 2018. Med bakgrunn i dette såg vi oss nøydde til å gjere ei omorganisering av tenestene, då vi opplevde tenestemottakarar i omsorgsbustadar som friskare enn heimebuande. Avdelinga gjorde ei grundig oppgåvekartlegging og la om drifta frå stadleg bemanning til ambulerande drift, og har sidan 2020 kun hatt 7 stadleg bemanna ROP bustader. Totalt sett tilbyr vi likare tenester ut i frå behov, der brukaren bur, men det er større sjanse for at vi blir meir avhengig av dyre einetiltak når vi som kommune ikkje har tilbod om stadleg bemanna omsorgsbustader innan psykisk helse og rusfeltet.

## Tenestekvalitet

## Volum på tilvisningar

Vi opplevde at tilvising av nye brukarar held seg på eit høgt nivå, med 128 nye totalt i 2024. Noko lågare enn dei to føregåande åra. Grunna nivået på tilvisingar og etterslep på saker, har vi dei siste tre åra hatt om lag 3 månaders ventetid på nye tilvisingar. Vi avslår oftare helsehjelp, for eksempel knytt til kost/nytte/høg alder eller at dei har andre kommunale tenester og dette blir vurdert som "godt nok". Vi har i andre enden valt å prioritere raskare hjelp til dei yngste vaksne (18-25 år) og vaksne med små born. Som enkeltgruppe peikar flyktningar og studentar/skuleelevar seg ut med den største auken. Funn frå rapportar som Ungdata og studentane sin helse og trivselsundersøking (SHoT) gir oss eit bilete av den eigenrapporterte psykiske helsa i dei ulike aldergruppene nasjonalt og lokalt.

Ved utgangen av 2024 var det 23 tilvisningar som fortsatt ikkje var tildelt helsetenester, og desse må tildelast tenester så snart der er kapasitet i 2025. Det blir sendt ut forvaltningsmelding, og vi har stort sett klart halde fristen vi har på tre månader.




Ventetida kan forklarast med at det kjem inn fleire saker enn vi klarer å avslutte i same periode. Kapasiteten er sprengd med dei ressursane vi har til rådigheit pr. no. I Utetenesta, som har opplevd den største auken, er det også utfordringar å rekruttere personell med nødvendig kompetanse. Vi har gjennom 2024 leigd inn eit årsverk ekstra, delvis finansiert gjennom Ukrainamidlar og delvis av sjukefråværsrefusjonar.

Ei viktig presisering og nyansering av biletet er at vi ikkje har ventetid ved lågterskeltilboda våre. I både Styrk-arbeid og på Møteplassen Gnisten har vi hatt jamn god aktivitet og nye har kunne starta opp ved tilvising. Vi har også her fått yngre deltakarar og tilpassar tilbodet til dei som blir tilvist. Vi har etter pandemien, når mykje av dei formelle samarbeidsfora fall bort, fått gjennomretta eit godt samarbeid både ned NAV, Furene og velferdsgruppa ved Høgskulen i Volda.

**Ressurskrevjande saker**

Vi ser ei generell endring der mange av brukarane som blir tilvist er yngre enn før, dei har meir omfattande og komplekse problemstillingar og treng tenester frå fleire aktørar for å hindre utanforskap og betre den psykiske helsa. Vi har også fleire brukarar som har tenester frå fleire av seksjonane våre samtidig, som for eksempel lågterskelaktivtet som dagsenter eller arbeidstrening, i tillegg til samtaletilbod eller praktisk bistand med opplæring, miljøterapeutisk oppfølging og medisinadministrasjon. Fleire av brukarane fyller krav til koordinator, og primærkontakten våre blir ofte oppnemnt til koordinator, noko som krev ekstra innsats frå tilsette i vår avdeling.

Utan at vi har ei god forklaring på det, ser vi ein knekk oppover i tilvisningspraksis frå 2018. Ein kan legge ein linjal på kurva, så ser ein at denne stig jamnt og bratt frå 2018 til 2022, med unntak av ein dett første

året med pandemi. I 2020 gjennomførte vi ein god omorganiseringsprosess i avdelinga der alle tilsette bidrog saman med STIM gruppa. Vi kjørte både prosess på oppgåvekartlegging og korleis organisere arbeidet og forvalte ressursane betre. Frå å bruke mesteparten av ressursane på brukarar i "forløp 3", brukarar med alvorlege og langvarige lidingar, kunne vi med ny organisering tilby helsehjelp etter behov - ikkje etter kva butilbod dei hadde. Det har vore heilt avgjerande å lukkast med denne omorganiseringa for å løyse oppdraget vi har med å tilby forsvarlege helsetenester innan psykisk helse og rus i kommunen, utan å få tilført nye ressursar i takt med tal tilvisingar. Ei utfordring vi med denne organiseringa ikkje har klart å ta høgde for og ha ei løysing på, er at vi har mykje større risiko for å bli "avhengig" av einetiltak, eller kjøp av helsetenester, der brukarar er alvorleg og langvarig sjuke og i behov av helsetenester gjennom døgnet med personale tett på, eller blir dømt til tvunge psykisk helsevern.

## Utvalde resultat

### Dom til psykisk helsevern

Helse Møre og Romsdal rapporterte i september 2023 at dei har 60% av pasientar dømt til psykisk helsevern i Midt Noreg. Sjukehuset ser aukande behov for døgnplassar og har færre og færre plassar til andre pasientar som er i behov av døgntilbod som ikkje er dømt. Ved utgangen av 2023 hadde Helse Møre og Romsdal 30 domfelte pasientar, men berre 14 øyremerka døgnplassar til denne gruppa.

Kommunane må ruste seg til å ta i mot pasientar som er på dom og vurdert som utskrivingsklare frå regional eller lokal sikkerheitspost. Kommunen har førebels ikkje mange på dom til tvunge psykisk helsevern, men dette er svært kostnadsdrivande tiltak som må på plass og vi har lite påverknad på kva som skal leverast av helsetenester. Dette vil utfordre kommunen på prioriteringar om vi får fleire og trenden vi ser no fortset.

## Omstilling og digitalisering

### Gjennomførte omstillingsprosessar i rus og psykisk helseteneste

- 2017: Tok på oss ansvar for aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år og oppretta **Styrk-aktiv**
- 2018: Etablering av **Myra bufellesskap**. Flytta 100% stilling frå Rustenesta, 80% stilling frå ambulerande og 40% stillingsressurs frå Gnisten.
- 2019: Styrking av **nattevaktene** med flytting av våre nattevakstressursar til heimetenestene tilsvarande 2 årsverk.
- 2020: Kommunesamanslåing og omlegging av drift grunna krav om likeverdige tenester til innbyggjarar i **Hornindal** utan tilføring av ressursar.
- 2020: Frå stadleg bemanna omsorgsbustader til **ambulerande drift**; oppgåvekartlegging , endring og flytting av personalressursar mellom seksjonar og omorganisering av tenestene (**TØRN**)
- 2020: Etablering av **inntaksmøte** i samarbeid med forvaltningskontoret for raskare og betre avklaring av tilvisingar, kartlegging, spissing av tenester, tidsavgrensing av helsehjelpa
- 2022: Oppretting av **pårørandekontakter** og **tilbod til pårørande i grupper**

## Påbegynt omstillingsprosessar i rus og psykisk helseteneste

- Skulering av tilsette for etablering av gruppetilbod pasientar, eks. “Tankevirus”
- Heiltidskultur
- Ynskje og behov for å sjå på på lokalisering av Utetenesta så ein kan spare ressursar på å krevje oppmøte på kontor for samtale. Ville effektivisert drifta mykje, ein får meir “ansikt til ansikt tid” og mindre tid i bil, samt spare bilressursar og kostnader knytt til bilhald. Pr.  i dag deler alle tilsette kontor, så let seg ikkje gjennomføre i praksis.

## Digitalisering i rus og psykisk helseteneste

- Vurdere digitale samtaleverkty

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Lavterskeltilbod rus og psykisk helse | 5,29 | 0,63 | 0,80 | 6,72 |
| Dagteneste rus og psykisk helse | 9,80 | 1,79 | 0,83 | 12,42 |
| Heimbasert rus og psykisk helse | 7,70 | 0,57 | 0,23 | 8,50 |
| Myra bufellesskap | 1,69 | 2,41 | 1,07 | 5,17 |
| **Total** | **24,48** | **5,40** | **2,93** | **32,81** |

## Status årsverk

Dei faste årsverka stemmer ikkje. Det har nok samanheng med nokre uløna permisjonar og utfordringar med å tilsette fast i ledige stillingar. Det har ikkje vore gjennomført innsparingar i rus og psykisk helseteneste sidan ein flytta over nattevaktsressursen frå rus og psykisk helseteneste til heimetenestene. Ved etablering av Myra bufellesskap i 2018 flytte vi internt i eiga avdeling over 1 årsverk frå Rustenesta, 1 årsverk frå Ambulerande (Sevrinhaugen 7) og 0,5 frå lågterskeltilboda i Prestegarden, resterande vart tilført som friske midlar for å kunne oppfylle minimumsbemanning med 2 på dag, kveld og helg.

I 2022 fekk vi tilført 1 100 000,- for ein ressurskrevjande brukar vi delte med bu og habilitering til ambulerande tenester, der vi tok ansvar for helsehjelp knytt til dagvaktene x 7 medan Bu og Habilitering tok ansvar for helsehjelp på kveldsvaktene x 7.

Eit halvt mellombels årsverk ligg til stillingsressursane og ramma til Rus og psykisk helseteneste av Ukrainamidlar. Eit årsverk er knytt opp til prosjektmidlar frå Helsedirektoratet i “Kommunalt rusarbeid” og 2024 var prosjektår 2 av inntil 4 år ein kan få støtte til.

**Faktiske årsverk 2024**

| Org.eining | Faste årsverk | Vikarar | Mellombels | Total |
|---|---|---|---|---|
| Avdelingsleiar RPHT | 1,0 | | | |
| Lavtersketilbod | 5,5 | | | 5,5 |
| Dagteneste RPHT | 8,0 | | 1,5 | 9,5 |
| Heimebasert RPHT | 8,57 | | | |
| Myra bufellesskap | 5,7 | | | 5,7 |
| **Total** | **28,77** | | **1,5** | **30,27** |

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 39 | 12 | 14 | 6 | 24 | 8 |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 26 957 | 29 212 | 28 848 | 1 891 | 6,6 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 30 145 | 30 672 | 33 192 | 2 520 | 7,6 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 934 | 804 | 400 | -404 | -101,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 178 | 207 | 207 | 0 | -0,1 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 2 | 0 | -2 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **31 257** | **31 685** | **33 798** | **2 113** | **6,3 %** |
| Salgsinntekter | -100 | -111 | -120 | -9 | 7,2 % |
| Refusjoner | -2 466 | -4 606 | -4 820 | -213 | 4,4 % |
| Overføringsinntekter | -35 | -10 | -10 | 0 | -0,4 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-2 601** | **-4 728** | **-4 950** | **-222** | **4,5 %** |
| **Netto resultat** | **28 656** | **26 957** | **28 848** | **1 891** | **6,6 %** |

## Kommentar til status økonomi

Eit knapt meirforbruk i lågterskeltilboda. Dette skuldast høgt fråvær og mindre refusjonar frå NAV enn venta og budsjettert med.

Dei andre tre seksjonane har gjennom året slite med rekruttering av personell som har ført til noko mindreforbruk i dagtenestene, heimebasert og Myra bufellesskap. Avdelinga har jobba med heiltidskultur og fått bort alle små stillingar på helg i ambulerande. Ein har klart å lage ein turnus kun av faste tilsette og vi har fått rekruttert i alle vakansar. Ikkje same jobben er gjennomført i Myra då det er vedteke å kutte fleire årsverk der. Med bakgrunn i kuttet vil stadleg bemanning og turnusdrift vil falle bort ved desse omsorgsbustadane. Ein vil såleis berre sitte att med 100% stillingar. Det er såleis ikkje venta same utfordringar med rekruttering i 2025.

Ein leiar ute i 11 av 12 månader i 2024. Det var ikkje sett inn vikar som mellom anna forklarer det store mindreforbruket i dagtenestene (4602).

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
2 100
206 911
803 794
31 684 847
30 672 043
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon
Overføringsutgifter


Driftsinntekter
-10 035
-111 317
-4 727 787
-4 606 435
Refusjoner
Salgsinntekter
Overføringsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og klimagassutslepp ved nye utbyggingar. | | | | | |
| | Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | | | | | |
| | Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane | | | | | |

## KOSTRA Nøkkeltal

| Prioritet | Volda 2023 | Volda 2024 | Ørsta | Møre og Romsdal | Kostragruppe 07 |
|---|---|---|---|---|---|
| Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) | 465 | 338 | 380 | 400 | 397 |

**Volda ligg godt under i driftsutgifter i tilbod til personar med rusproblem pr. innbyggar 20-66 år, i kostragruppe 7, Møre og Romsdal og Ørsta kommune. Kommunen har 3 faste årsverk til kommunalt rusarbeid. I tillegg kjem 1 årsverk som ikkje er fast knytt til prosjekt. Dette prosjektårsverket låg inne i stillingsoversikta nokon år, som gjer at kostrautgifter varierer litt i Volda. Vi er no i prosjektår 3. Bustadane i Myra bufellesskap er bemanna omsorgsbustader og er ikkje knytt til kommunalt husarbeid i Kostra.**

## Aktivitetsnøkkeltal

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunal eining for russaker | 0,0 | 1,0 | 0,0 | 3,0 | 6,0 |

| Nøkkeltal/indikator | Resultat 2022 | Resultat 2023 | Resultat 2024 | Planlagt 2024 | Planlagt 2025 |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal vaksne som mottek individuell oppfølging frå Rustenesta | 39,0 | 48,0 | 46,0 | 50,0 | 50,0 |
| Tal vaksne som mottek individuell oppfølging psykisk helseteneste | 253 | 196 | 227 | 190 | 190 |
| Tilrettelagt butilbod for vaksne (bufellesskap, omsorgsbustader) | 25,0 | 26,0 | 26,0 | 26,0 | 26,0 |
| Ventetid på psykisk helsehjelp | 12,0 | 12,0 | 13,0 | 8,0 | 4,0 |
| Ventetid på rustenester | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 4,51 % | 10,47 % | 14,98 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 4,84 % | 10,42 % | 15,25 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 3,41 % | 13,77 % | 17,17 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Personal

## Skildring av tenesteområde

Personalavdelinga har fagansvar for løn og lønsforhandlingar, tilsettingar, arbeidsreglement sjukepengar og refusjon, pensjon og generell personalforvaltning. I tillegg har avdelinga eit overordna fagansvar for personalsaker og arbeidsmiljøsaker. Dette inneber alt frå utforming av rutine og reglement, deltaking i dialogmøter og handtering av disiplinærsaker, til deltaking og/eller prosessleiing av større arbeidsmiljøprosessar.

Ansvaret for partssamarbeid og samarbeidet med arbeidstakarorganisasjonane og hovudverneombodet, samt frikjøp av tillitsvalde ligg til avdelinga.  Det er kontaktmøte med dei tillitsvalde og hovudverneombod kvar månad. Personalsjef er ansvarleg for møta, men ofte møter heile eller deler av leiargruppa også.

Avdelinga har også ansvar for det overordna arbeidet med helse, miljø og sikkerheit (HMS), samt systemansvaret for dokument- og avvikssystemet Compilo. Avdelinga er sakshandsamar til saker i Arbeidsmiljøutvalet og IA-utvalet, samt ansvarleg for kontakt med bedriftshelsetenesta.

Personalavdelinga har saman med økonomiavdelinga gjennom heile året tilbod om leiaropplæring på ulike tema. Desse føregår som regel på teams. I tillegg har personalsjefen ansvar for å ta initiativ og igangsetje leiarutviklingsprosessar i organisasjonen.

Personalavdelinga har  det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, og personalsjef sitt som styreleiar i Opplæringskontoret Søre Sunnmøre.

Avdelinga har 6,3 årsverk fordelt på 7 personar.

## Viktige hendingar

**HMS**
I 2024 har vi hatt stort fokus på å auke kvaliteten i det systematiske HMS-arbeidet, slik at vi jobbar førebyggande mot belastningar, sjukdom og skade. Volda kommune nyttar Compilo som sitt kvalitets-system og dokumentarkiv. Her er det i løpet av året gjort store forbetringar, som gjer det lettare for leiarar og tilsette å navigere i systemet og finne relevant HMS-informasjon. Det er jobba tett opp mot AMU for å betre AMU sin rolle og funksjon i HMS-arbeidet og for å sikre at vedtak i AMU kjem ut i organisasjonen og vert iverksett. Det har og vore eit godt samarbeid med bedriftshelsetenesta for opplæring og utføring av ROS-analyser. Alle våre arbeidsplassar skal gjennomføre ei overordna grunnleggande kartlegging av risikofaktorar i arbeidsmiljøet, og i tillegg har fleire tenester andre lovpålagde risikoanalyser dei må gjennomføre. Det er derfor svært viktig at vi har gode verkty for gjennomføring. Dette arbeidet vil fortsette i 2025.

**Heiltidskultur**
Personalavdelinga har vore godt involvert i arbeidet med heiltidskultur. Prosjektet er eit stort omstillingsprosjekt som krev god forankring blant både leiarar og tillitsvalde, samt øvrige tilsette. Personalavdelinga har vore ansvarleg for to delprosjekt, permisjonspraksis og rekrutteringspraksis. Formålet er å sjå om vår praksis på dei to områda på nokon måte hemmar eller fremmer heiltid/deltid. Prosjekta vert avslutta i 2025.

**Leiarforventingar og medarbeidarplattform**
I løpet av 2024 vart leiarforventingane våre revidert. Først vart det gjennomført ei stor evaluering blant alle våre leiarar. Evalueringa viste at dei aller fleste meiner slike forventingar er viktige, men at dei kan gjerast enda meir tydeleg. Dette vart så jobba med, blant anna i smågrupper på tvers av avdeling og sektor. Nye reviderte forventningar vart sendt ut på staten av 2024. I samband med dette arbeidet kom det og fram at fleire ønskte at vi hadde liknande forventningar til dei tilsette. Med utgangspunkt i verdiane våre, vart det utarbeida ein medarbeidarplattform som vart sendt ut til alle tilsette på slutten av året.

**Informasjonsside på intranett**
Det er alltid vanskeleg å sørgje for at alle både får riktig informasjon og at den er tilgjengeleg for den som treng det. Det har derfor vore lagt ned eit stort arbeid i å utarbeide gode sider på intranett, der tilsette kan finne informasjon om alt frå verdiar, medarbeidarplattform og organisasjonskart, til arbeidsreglement, permisjonsreglement og gåvereglement, til løn og lønsfastsetting, forsikring og pensjon. I 2025 skal det jobbast med liknande sider for leiarar.

**Nytt gåvereglement**
Fleire tillitsvalde tok initiativ til revisjon av kommunen sitt gåvereglement. I det gamle reglementet ga arbeidsgjevar merksemd til 50- og 60-åringar, til tilsette med 25 års tenesteansiennitet og til alle som slutta i stillinga si. I det nye reglementet med verknad frå 01.01.2025 var det eit ønske å kunne verdsette tilsette gjennom heile karrieren, og ikkje berre på slutten. No får alle som har 5, 10, 20 og 30 års samanhengande tenesteansiennitet ei merksemd/gåve, samt alle som går av med pensjon.

## Omstilling og digitalisering

Med innføring av Visma Enterprise i 2022 har stadig fleire operasjonar vorte digitalisert. Det har ført til betre kvalitet i tenesta. Det har og frigjort kapasitet til å utføre kontrolleroppgåver, særleg knytt til lønsutbetaling.

**Kunstig intelligens i personalarbeidet**
Personalavdelinga har tatt i bruk KI i arbeidet. Gjennom tenesta LawAI, som er ei spesialteneste for bruk av KI innan området arbeidsrett, har ein spart tid på å finne svar på komplekse problemstillingar, og ein har utført kontroll av eigne rutine knytt til arbeidsmiljølova.

Vi er heilt i starten med å bruke KI i HR, og dette ønskjer vi å utforske vidare. Digitaliseringsarbeidet vil fortsette, og neste tema på agendaen er det vi kan kalle “ombordstigningsprosessar” for nye tilsette.

## Internkontroll og statleg tilsyn

Personalavdelinga er ansvarleg for internkontroll på eigne tenester, samt at vi har eit overordna ansvar for internkontroll på helse, miljø og sikkerheit (HMS). Dette arbeidet har blitt styrka i 2024. Internkontrolldokumenta er no på plass, men ein manglar eit godt rapporteringssystem som gjer det enkelt å kontrollere at internkontrollen er fylgd. Dette skal på plass i løpet av 2025.

Personalavdelinga har ikkje hatt tilsyn frå eksterne, men vi har vore delaktig i etterarbeid etter tilsyn frå Arbeidstilsynet fleire stader i organisasjonen.

## Beredskap og samfunnssikkerheit

## Årsverk

| | **Faktiske årsverk 2024** | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Personal | 6,23 | 0,00 | 22,54 | 28,77 |
| **Total** | **6,23** | **0,00** | **22,54** | **28,77** |

## Status årsverk

Totalt hadde personalavdelinga 28,77 årsverk i 2024.

Løn og personal er budsjettert med 6,3 faste årsverk. Ei 100 % stilling stod vakant i januar månad, derfor vart forbrukte årsverk 6,23.

Det er 3,07 midlertidige årsverk i frikjøpte hovudtillitsvalde og hovudverneombod, og det er 19,27 midlertidige årsverk knytt til lærlingar. Lærlingane er budsjettert med 50 % løn, men ligg inne som heile årsverk. Det faktiske talet er derfor 9,6 årsverk.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| 36 | 8 | 30 | 8 | 10 | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 51-Personal | 12 132 | 12 544 | 12 289 | 157 | 1,3 % |
| 52-Fellestenester personal | 2 396 | 2 695 | 2 811 | 414 | 14,7 % |
| **Sum** | **14 528** | **15 238** | **15 100** | **572** | **3,8 %** |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 11 780 | 13 927 | 13 244 | -683 | -5,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 334 | 2 836 | 3 369 | 533 | 15,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 120 | 120 | 100,0 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 34 | 0 | -34 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **16 113** | **16 797** | **16 732** | **-65** | **-0,4 %** |
| Salgsinntekter | 0 | -1 | 0 | 1 | 0,0 % |
| Refusjoner | -2 143 | -2 267 | -1 633 | 635 | -38,9 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-2 143** | **-2 269** | **-1 633** | **636** | **-39,0 %** |
| **Netto resultat** | **13 970** | **14 528** | **15 100** | **572** | **3,8 %** |

## Kommentar til status økonomi

Personalavdelinga har hatt eit lite mindreforbruk på fastløn.

Volda kommune har i løpet av 2024 hatt 36 lærlingar. Ikkje alle har vore her heile året, men omrekna vert dette 22,25 årsverk. Vi har hatt fleire lærlingar enn budsjettert for og dette utgjer eit meirforbruk på kr. 249 889. Lærlingane er budsjettert for på 5102 Lærling, men årsverka er budsjettert for ute på avdelingane. Vi har fått lærlingstilskot på kr. 966 654, som er kr. 84 654 meir enn budsjettert. Dette gjev totalt eit meirforbruk på kr. 166 080 på området lærling.

Det er eit mindreforbruk på 5201 Fellestenester på kr. 414 370. Dette skuldes delvis at det er gjort ei endring i korleis interkommunale samarbeid skal kostnadsføre stab/støtte-tenester, og som har gitt ei meirinntekt frå interkommunal barnevernsteneste og interkommunal legevakt. Vidare ser vi at vi har hatt mindre aktivitet på områder som vert kostnadsført 5201.

## Grafar Økonomi

### Driftsutgifter og inntekter (graf)




### Detaljvisning drift (graf)







## Status hovudmål

- Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.
- Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar
- Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | Ei drift i samsvar med budsjettramme | 87,1 % | 100,0 % | 96,2 % | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Sjukefråvær i avdeling | | 8,7 % | 5,4 % | |
| | | Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt | 5,0 % | 5,0 % | | |

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,89 % | 3,25 % | 7,14 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,76 % | 2,29 % | 5,05 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,68 % | 1,65 % | 4,33 % |

## Status sjukefråvær og HMS

Samla sett var det svært lågt sjukefråvær på 5001 Personal.

Personalavdelinga hadde omtrent ikkje fråvær, det hadde var det heller ikkje blant frikjøpte hovudtillitsvalde eller hovudverneombod.

Lærlingane hadde eit samla sjukefråvær på 5,83 %. Dette er svært lågt samanlikna med dei avdelingane dei stort sett jobbar i.

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




## Personal

### Tenestekvalitet

### Omstilling og digitalisering

### Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Personal | 6,23 | 0,00 | 0,20 | 6,43 |
| Lærling | 0,00 | 0,00 | 19,27 | 19,27 |
| HTV og verneombud | 0,00 | 0,00 | 3,07 | 3,07 |
| **Total** | **6,23** | **0,00** | **22,54** | **28,77** |

### Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 36 | 8 | 30 | 8 | 10 | - |

### Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 12 132 | 12 544 | 12 289 | 157 | 1,3 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 11 778 | 13 924 | 13 244 | -680 | -5,1 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 329 | 340 | 601 | 261 | 43,4 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 70 | 70 | 100,0 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **12 107** | **14 264** | **13 915** | **-350** | **-2,5 %** |
| Salgsinntekter | 0 | -1 | 0 | 1 | 0,0 % |
| Refusjoner | -1 806 | -2 131 | -1 626 | 505 | -31,1 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-1 807** | **-2 133** | **-1 626** | **507** | **-31,2 %** |
| **Netto resultat** | **10 301** | **12 132** | **12 289** | **157** | **1,3 %** |

## Kommentar til status økonomi

Volda kommune har i løpet av 2024 hatt 36 lærlingar. Ikkje alle har vore her heile året, men omrekna vert dette 22,25 årsverk.

Vi har hatt fleire lærlingar enn budsjettert for og dette utgjer eit meirforbruk på kr. 249 889. Vi har fått lærlingstilskot på kr. 966 654, som er kr. 84 654 meir enn budsjettert. Dette gjev totalt eit meirforbruk på kr. 166 080 på området lærling.

## Oppsummering tiltak

Tal på lærlingar vil svinge gjennom året. Vi budsjettera med det talet på lærlingar som er vedteken Volda kommune til ei kvar tid skal ha. Rekneskapen vil vise korleis dette har fordelt seg gjennom året. Som medlemmar i Søre Sunnmøre opplæringskontor deltek vi i diskusjonar runt rekruttering for å sikre at vi får dei lærlingane vi ønskjer.

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




***Detaljvisning drift (graf)***


Driftsutgifter
340 363
14 264 379
13 924 016
Lønn
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-1 380
-2 132 595
-2 131 215
Refusjoner
Salgsinntekter

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner. | | | | | |
| | Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru | | | | | |
| | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | | | | | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt | | 5,0 % | | |
| | Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. | | | | | |
| | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | | | | | |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | | | | | |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Vi skal ha eit aldersvenleg samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. | | | | | |
| | Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggande arbeid. | | | | | |
| | Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen. | | | | | |
| | Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik, og tilgang til aktivitets- og friluftslivsområde | | | | | |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt. | | | | | |
| | Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, frilufts- og landbruksverdiar. | | | | | |
| | Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og klimagassutslepp ved nye utbyggingar. | | | | | |
| | Vi reduserer forbruket, gjer | | | | | |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | klimavenlege innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | | | | | |
| | Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane | | | | | |

## Samandrag status investeringar

## Sjukefråvær

| Fråvær | Korttid | Langtid | Samla fråvær |
|---|---|---|---|
| Årleg sjukefråvær 2022 | 3,89 % | 3,25 % | 7,14 % |
| Årleg sjukefråvær 2023 | 2,76 % | 2,29 % | 5,05 % |
| Årleg sjukefråvær 2024 | 2,68 % | 1,65 % | 4,33 % |

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Fellestenester personal

## Tenestekvalitet

## Omstilling og digitalisering

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Sum | 2 396 | 2 695 | 2 811 | 414 | 14,7 % |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | 1 | 3 | 0 | -3 | 18845,5 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 4 005 | 2 495 | 2 768 | 272 | 9,8 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 0 | 0 | 50 | 50 | 100,0 % |
| Overføringsutgifter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Finansutgifter | 0 | 34 | 0 | -34 | 0,0 % |
| **Sum Driftsutgifter** | **4 006** | **2 533** | **2 818** | **285** | **10,1 %** |
| Salgsinntekter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0,0 % |
| Refusjoner | -336 | -136 | -7 | 129 | -1911,1 % |
| **Sum Driftsinntekter** | **-336** | **-136** | **-7** | **129** | **-1911,1 %** |
| **Netto resultat** | **3 670** | **2 396** | **2 811** | **414** | **14,7 %** |

## Kommentar til status økonomi

## Grafar Økonomi

### *Driftsutgifter og inntekter (graf)*




### *Detaljvisning drift (graf)*


Driftsutgifter
460
2 999
33 928
2 532 606
2 495 219
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon
Finansutgifter
Lønn
Overføringsutgifter
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon


Driftsinntekter
-136 154
-136 154
Refusjoner

## Status måltabell

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Volda kommune er ein føreseieleg og tydeleg aktør i alle sine relasjonar, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.** | Volda kommune har ein tillitskultur med tydelege ansvarsliner. | | | | | |
| | Meistringsorienterte leiarar bygger ein kultur og eit meistringsklima der tilsette har høg grad av meistringstru | | | | | |
| | Volda kommune forvaltar sin økonomi i tråd med politiske prioriteringar og innanfor økonomiske løyvingar. | | | | | |
| | Volda kommune utviklar ein heiltidskultur, som har fokus på kvalitet i tenestene, god rolleklarheit og helsefremmande arbeidsplassar | Årleg auke i heiltidsandel for Volda totalt | | 5,0 % | | |
| | Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar. | | | | | |
| | Volda kommune styrkar demokratiet ved å byggje avgjerdene på kunnskap og involvering, der konsekvensane er belyste | | | | | |
| **Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar** | Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap. | | | | | |
| | Vi skal ha eit aldersvenleg | | | | | |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | samfunn, og innbyggjarar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim. | | | | | |
| | Vi prioriterer tidleg innsats, helsefremmande og førebyggande arbeid. | | | | | |
| | Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen. | | | | | |
| | Vi skal ha gode bu- og oppvekstmiljø, meir leik, og tilgang til aktivitets- og friluftslivsområde | | | | | |
| **Volda kommune skal redusere klimagassutsleppa og tilpasse seg konsekvensane av klimaendringane. Voldasamfunnet sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.** | Vi gjer det meir attraktivt å gå, sykle, reise kollektivt og køyre utsleppsfritt. | | | | | |
| | Vi legg til rette for eit kortreist kvardagsliv og tek i vare og utviklar viktige kultur-, natur-, frilufts- og landbruksverdiar. | | | | | |
| | Vi energieffektiviserer eksisterande bygg, legg til rette for fornybare energiløysingar og legg vekt på lågt energibruk og klimagassutslepp ved nye utbyggingar. | | | | | |
| | Vi reduserer forbruket, gjer klimavenlege | | | | | |

| Hovudmål | Mål | Indikator | 2023 | Ønska resultat 2024 | Oppnådd resultat | Statusbeskriving indikator |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | innkjøp og sikrar at avfall gir verdi. | | | | | |
| | Vi arbeider målretta med samfunnstryggleik og beredskap og gjer samfunnet i stand til å handtere klimaendringane | | | | | |

## Samandrag status investeringar

## Sjukefråvær

## Sjukefråver per eining/ansvar (graf)




# Økonomi

## Skildring av tenesteområde

Økonomi har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Frå og med år 2024 har avdelinga og tatt over ansvaret med vederlagsberekning knytt til opphald i institusjon. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd.

I avdelinga har vi 6,5 årsverk fordelt på 7 tilsette.

## Viktige hendingar

**Avklaring roller og ansvarsområder**

Fokus på rolleavklaring, ansvarsområdet og kompetanseheving på tvers i avdelinga har framleis høg prioritet. Dette gjer vi for å sikre at vi får utnytta nye system optimalt ift prosess, rutinar og internkontroll.

Arbeidet som er gjort her i Volda vart presentert til dei andre kommunane i Møre og Romsdal på den årlege Vismasamlinga.

**Vederlagsberekning**

Økonomiavdelinga har fått overført eit årsverk frå helse og omsorg og har tatt over ansvaret med vederlagsberekning for opphald institusjon. For å redusere sårbarheita på fagområdet har vi sørga for at det er to tilsette i avdelinga som har kompetanse på området. Dette ser vi allereie resultat av ved at vi no er raskare ut til bebuarane med melding om endringar. Etter regelverket skal det gjerast nye berekningar etter nytt skatteoppgjer og endringar etter lønnsoppgjer (pensjon).

**Startlån**

I 2024 er det motteke 37 søknadar. 11 søknader er innvilga, 11 søknadar har fått avslag, ein søknad er trekt og  14 er framleis under handsaming og overført til år 2025.

Det er utbetalt i  totalt kr. 24 387 601 i år 2024 . Pr 31.12.24 er der tilsegn på kr. xxx som ikkje er utbetalt.

Det er utbetalt kr. 305.873 i tilskott til etablering og tilpassing fordelt på 3 søknadar.

For 2025 har vi kr 58,7 mill kr. til tildeling:

- Nytt lån til utlån kr. 20.000.000
- Bunde investeringsfond kr. 28 123 301
- Unytta lånemidlar kr. 10 607 953

## Tenestekvalitet

**Kompetanseheving ut til leiarar i kommunen**

Den faglege kompetansen i avdelinga knytt til fagområdet rekneskap og økonomistyring er viktig å få formidla ut til våre leiarar og andre tilsette. Vi gjennomfører difor fleire digitale kurs på dei ulike fagområda. Kursa vert tatt opp og ligg tilgjengeleg framover i tid slik at ein i atterkant kan gå inn å sjå dei på nytt.

Skal kommunen klare å få levere rekneskap, årsrapport, økonomiplan og budsjett på dei lovpålagde tidsfristar er det viktig at der ligg gode rutinar og tidsplanar i eit årshjul som er godt kjent for leiarane ute som er ein del av desse leveransane. Avdelinga har arbeidd mykje med struktur for å få dette på plass og kjent. Dette ser vi resultatet av då vi klarer å levere frå oss produkt med god kvalitet og innanfor tidsfristar.

## Omstilling og digitalisering

Innføring av Framsikt i år 2021 og Visma Enterprise i år 2022 har endra fleire arbeidsprosessar knytt til rekneskap og økonomistyring. Arbeidsprosessar der vi tidlegare hadde dokumentasjon på papir, rekneark med meir er no digitale. Dette medfører mellom anna at vi har meir tid og kan bruke ressursar inn mot internkontroll, opplæring og kvalitetskontrollar. I tillegg ser vi at no har historikk samla i systema vi brukar og at vi ikkje brukar tid til å leite i arkiv, rekneark m.m.

## Internkontroll og statleg tilsyn

Internkontrollen i økonomiavdelinga handlar mykje om kontroll opp i mot forskrift av ny kommunelov, momsreglar og rutinar i økonomireglementet.

I samband med arbeidet med rolleklarheit inn mot arbeidsoppgåver er det og laga eigne skjema for internkontrolloppgåver inn mot kvar rolle. Internkontrollen vert fylgt opp inn mot kvar månads-, tertial- og årsavslutning med ulik grad av kontrollar i forhold til regelverk.

## Beredskap og samfunnssikkerheit

## Årsverk

| | Faktiske årsverk 2024 | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Org.eining** | **Fast** | **Vikar** | **Midlertidig** | **Total** |
| Økonomi | 6,01 | 0,75 | 0,00 | 6,76 |
| **Total** | **6,01** | **0,75** | **0,00** | **6,76** |

## Status årsverk

Økonomistaben har 7,5 årsverk. I år 2024 har vi hatt nokre månadar med vakant stilling då det tok tid å få inn vikar for rekneskapsansvarleg som har vore i permisjon halve året.

## Likestilling - Deltid og midlertidigheit

| Kjønnsbalanse | | Midlertidige tilsette | | Faktisk deltid | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** |
| 7 | 1 | - | - | - | - |

## Status økonomi i rammeområdet

*Beløp i 1000*

| Avdeling | Rekneskap 2024 | Opph. bud. 2024 | Rev. bud. 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| 61-Økonomi | 6 138 | 5 075 | 6 182 | 44 | 0,7 % |
| 62-Fellestenester økonomi | -23 080 | 4 347 | -20 797 | 2 284 | 11,0 % |
| **Sum** | **-16 942** | **9 422** | **-14 615** | **2 328** | **15,9 %** |

## Rekneskap

*Beløp i 1000*

| | Rekneskap 2023 | Rekneskap 2024 | Budsjett 2024 | Avvik i kr | Avvik i % |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønn | -43 841 | -16 454 | -13 801 | 2 653 | -19,2 % |
| Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon | 1 675 | 1 934 | 1 860 | -74 | -4,0 % |
| Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon | 1 311 | 2 859 | 1 591 | -1 268 | -79,7 % |
| Overføringsutgifter | 30 462 | 30 693 | 33 210 | 2 516 | 7,6 % |
| Finansutgifter | 67 970 | 76 000 | 76 009 | 9 | 0,0 % |
